DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 1

(2005–2006)

**FOR BUDSJETTÅRET 2006**

Utgiftskapittel: 1400–1472 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4472, 5322 og 5621

# Om Miljøverndepartementets budsjettproposisjon

St.prp. nr. 1 (2005-2006) frå Miljøverndepartementet består av 3 delar:

Del I presenterer hovudprioriteringar innafor Miljøverndepartementets budsjett i 2006, og hovudutfordringane i miljøvernpolitikken. Vidare blir det gitt eit kort oversyn over miljøvernpolitiske satsingar i andre departement. Del I gir òg ei omtale av organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling samt oppføljing av oppmodninsvedtak frå Stortinget.

Del II presenterer mål, status og verkemiddel for dei 11 resultatområda i miljøvernforvaltninga.

Del III presenterer budsjettframlegget frå Miljøverndepartementet fordelt på programkategoriar, kapittel og postar.

Inndelinga av miljøvernpolitikken i resultatområde slik det er presentert i del II, heng saman med at miljøvernproblema er komplekse og at årsakene til miljøproblema er samansette. Dei omfattar ofte meir enn ein sektor i samfunnet, og kjeldene til ei miljøbelastning kan vere mange. Av dei 11 områda utgjer resultatområda 1-8 dei miljøvernpolitiske resultatområda med utgangspunkt i miljøutfordringane. Resultatområda 9 og 10 handlar om det forvaltningsansvaret miljøvernforvaltninga har for plandelen av plan- og bygningslova og kart- og geodatapolitikken på nasjonalt nivå. Under resultatområde 11 er omtalt fellesoppgåver og miljøvernpolitisk arbeid som går på tvers av resultatområda. Dei 11 resultatområda er som følgjer:

1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald
2. Friluftsliv
3. Kulturminne og kulturmiljø
4. Overgjødsling og oljeforureining
5. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar
6. Avfall og gjenvinning
7. Klimaendringar, luftforureining og støy
8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda
9. Regional planlegging
10. Kart og geodata
11. Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Inndelinga i resultatområde gjer det mogleg å sortere og samle alle dei ulike problemstillingane i ulike typar kategoriar eller temaområde på ein praktisk måte. Kvart resultatområde inneheld dermed anten eitt miljøvernpolitisk tema eller eit knippe av tema som står så nær kvarandre at dei bør omtalast i samanheng. Inndelinga i resultatområde legg òg til rette for ein effektiv struktur for formuleringar av mål og resultatoppfølging, både i forhold til andre sektorar og internt i miljøvernforvaltninga. Samtidig skal inndelinga i resultatområde sikre konsistens gjennom klare definisjonar og tydelege avgrensingar mellom dei ulike temaområda. Det er gitt ein definisjon og ei avgrensing av kvart resultatområde i del II.

Det enkelte resultatområdet rettar fokus mot dei viktigaste miljøutfordringane og synleggjer Regjeringas miljøvernpolitiske satsing. Dette speglar seg i strategiske mål, nasjonale mål og sektorvise arbeidsmål.

– *Strategiske mål* uttrykkjer ein ønskt tilstand på overordna nivå i eit langsiktig perspektiv
– *Nasjonale resultatmål* er fastsette på bakgrunn av dei strategiske måla, og skal vere meir konkrete, tidfesta og moglege å etterprøve, og vise kva slags resultat ein skal oppnå på nasjonalt nivå. Dei nasjonale resultatmåla representerer dermed det øvste operative nivået i målhierarkiet.
– *Dei sektorvise arbeidsmåla* er avleidde frå dei nasjonale måla, og vil saman med desse danne ein heilskapleg struktur ved at ein skal kunne aggregere arbeidsmåla i dei ulike sektorane til nasjonale mål.

# Innhald


**Del I**

Innleiing ... 11

**1 Hovudprioriteringar og hovudutfordringar** ... 13

1.1 Hovudprioriteringar innafor MDs budsjett ... 13

1.2 Berekraftig utvikling og hovudfelt innafor miljøvernpolitikken ... 15

**2 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område** ... 23

**3 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling** .. 26

3.1 Organisering ... 26

3.2 Oversikt over fornyingsarbeidet ... 26

3.3 Rapport om likestilling i miljøvernforvaltninga ... 27

**4 Om oppfølging av oppmodningsvedtak frå Stortinget** ... 30

**5 Oversiktstabellar** ... 31

5.1 Merknader til budsjettframlegget ... 31

5.2 Utgifter: ... 31

5.3 Inntekter: ... 33

**Del II**

Omtale av Miljøverndepartementets mål og verkemiddel ... 37

**6 Innleiing til del II** ... 39

**7 Resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald** ... 40

**8 Resultatområde 2: Friluftsliv** ... 58

**9 Resultatområde 3: Kulturminne og kulturmiljø** ... 62

**10 Resultatområde 4: Overgjødsling og oljeforureining** ... 69

**11 Resultatområde 5: Helse- og miljøfarlege kjemikaliar** ... 73

**12 Resultatområde 6: Avfall og gjenvinning** ... 78

**13 Resultatområde 7: Klimaendringar, luftforureining og støy** ... 82

13.1 Klimaendringar ... 82

13.2 Nedbryting av ozonlaget ... 86

13.3 Langtransporterte luftforureiningar ... 87

13.4 Lokal luftkvalitet ... 90

13.5 Støy ... 92

**14 Resultatområde 8: Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord – og polarområda** ... 95

14.1 Internasjonalt miljøvernsamarbeid ... 95

14.2 Miljøvern i nord- og polarområda ... 101

**15 Resultatområde 9: Regional planlegging** ... 109

**16 Resultatområde 10: Kart og geodata** ... 115

**17 Resultatområde 11: Område-overgripande verkemiddel og fellesoppgåver** ... 119

**Del III**

Miljøverndepartementets budsjettforslag for 2006 ... 127

*Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m.* ... 129

Kap. 1400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400) ... 129

Kap. 4400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400) ... 139

Kap. 1410 Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 4410) .. 139

Kap. 4410 Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 1410) .. 142

*Programkategori 12.20 Biomangfald og friluftsliv* ........ 143
Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425) ..... 143
Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425) 147
Kap. 1426 Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426) ........ 151
Kap. 4426 Statens naturoppsyn (jf. kap. 1426) ........ 153
Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427) ........ 154
Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427) ........ 167

*Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø* ........ 168
Kap. 1429 Riksantikvaren (jf. kap. 4429) ......... 168
Kap. 4429 Riksantikvaren (jf. kap. 1429) ......... 176
Kap. 1432 Norsk kulturminnefond (jf. kap. 4432) ........ 176
Kap. 4432 Norsk kulturminnefond (jf. kap. 1432) ........ 177

*Programkategori 12.40 Forureining* ........ 178
Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441) ........ 179
Kap. 4441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441) ........ 184
Kap. 1444 Produktregisteret ........ 184
Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart ........ 185
Kap. 2422 Statens miljøfond ........ 186
Kap. 5322 Statens miljøfond, avdrag ........ 186
Kap. 5621 Statens miljøfond, renteinntekter ... 186

*Programkategori 12.50 Kart og geodata* ........ 187
Kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk ........ 187
Kap. 2465 Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603) ........ 188
Kap. 5465 Statens kartverk ........ 191

*Programkategori 12.60 Nord- og polarområda* ........ 192
Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 4471) ........ 192
Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 1471) ........ 194
Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond (jf. kap. 4472) ........ 195
Kap. 4472 Svalbards miljøvernfond (jf. kap. 4472) ........ 196

**Forslag til vedtak om løyving for budsjettåret 2006, kapitla 1400-1472 og 2465, 4400-4472, 5322 og 5621** ........ 198

# Tabelloversikt

Tabell 2.1 Miljøverntiltak i statsbudsjettet 2006. (i mill. kroner) ........ 25
Tabell 5.1 Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2005 under Miljøverndepartementet ........ 36
Tabell 6.1 Miljøverndepartementets budsjett fordelt på resultatområde i åra 2005 og 2006.. ........ 39
Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald ........ 40
Tabell 7.2 Oversikt over område verna etter naturvernlova pr. 1. januar 2005. . 43
Tabell 7.3 Verna produktiv skog fordelt på regionar og vegetasjonssoner (jf. Moen 1998) Tal i km$^2$ ........ 45
Tabell 8.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 Friluftsliv ........ 58
Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø ........ 62
Tabell 10.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining ........ 69
Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar ........ 73
Tabell 11.2 Liste over prioriterte kjemikaliar som er omfatta av det nasjonale resultatmål 1 (Prioritetslista) ..... 74

Tabell 12.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6: Avfall og gjenvinning ... 78
Tabell 13.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Klimaendringar ... 82
Tabell 13.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Nedbryting av ozonlaget ... 86
Tabell 13.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Langtransporterte luftforureiningar ... 88
Tabell 13.4 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Lokal luftkvalitet ... 91
Tabell 13.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Støy ... 93
Tabell 14.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernsamarbeid ... 95
Tabell 14.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Miljøvern i nord- og polarområda ... 102
Tabell 15.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 9 Regional planlegging ... 109
Tabell 16.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 10 Kart og geodata ... 115
Tabell 17.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 11 Område-overgripande verkemiddel og fellesoppgåver ... 119
Tabell 18.1 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar ... 131
Tabell 18.2 Garantifullmakter under kap. 1400 post 77 ... 136
Tabell 18.3 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2006 (tal i heile kroner): ... 148
Tabell 18.4 Berekning av kapital i Viltfondet i 2006: ... 148
Tabell 18.5 Samla refusjonar frå Viltfondet i 2006: ... 149
Tabell 18.6 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2006: ... 150
Tabell 18.7 Samla refusjonar frå Statens fiskefond i 2006: ... 150
Tabell 18.8 Bestandssituasjonen for laks januar 2005, talet på elvar. ... 155
Tabell 18.9 Kartverkets driftsinntekter ... 189
Tabell 18.10 Kartverkets kapitalbalanse ... 190
Tabell 18.11 Kartverkets gjeld og eigenkapital ... 191
Tabell 18.12 Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel ... 192

DET KONGELEGE
MILJØVERNDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 1

(2005–2006)

**FOR BUDSJETTÅRET 2006**

Utgiftskapittel: 1400–1472 og 2465

Inntektskapittel: 4400–4472, 5322 og 5621

*Tilråding frå Miljøverndepartementet av 7. oktober 2005,*
*godkjend i statsråd same dagen.*
*(Regjeringa Bondevik II)*

# *Del I*
# *Innleiing*

# 1 Hovudprioriteringar og hovudutfordringar

## 1.1 Hovudprioriteringar innafor MDs budsjett

### Grunnlag og rammer for budsjettet

Kvar generasjon har eit ansvar for å ta vare på og forvalte naturen til gagn for sine etterkommarar. I sin *Human Development Report* har FN i fleire år på rad framheva Noreg som det beste landet i verda å bu i. Som eitt av dei rike landa i verda har Noreg eit særskilt ansvar for å delta aktivt i arbeidet med globale utfordringar knytte til miljø, ressursutnytting og kamp mot fattigdom.

FNs toppmøte i Johannesburg hausten 2002 framheva særskilt miljø og utvikling som store globale utfordringar. Semja om FNs tusenårsmål og oppfølginga av desse representerer eit globalt partnarskap for utvikling som forpliktar både fattige og rike land til betydelege reformer. Regjeringa vil bidra til ein klarare samanhang og betre samsvar mellom dei internasjonale miljø- og utviklingsmåla som er sette opp og rammeverket for utvikling.

Vi står overfor store utfordringar knytte til naturen sine tolegrenser og fordelinga av ressursar. Den vidare velferdsutviklinga i rike land vil måtte dreie seg om dei ikkje-materielle og mellommenneskelege verdiane og kvalitetane i samfunnet, meir enn dei materielle verdiane. Samarbeidsregjeringa vil føre ein offensiv miljø- og ressurspolitikk basert på målet om berekraftig utvikling. Dette krev at globalt ansvar blir omsett i lokal handling. Regjeringa legg stor vekt på det lokale miljøvernet.

Miljøvernpolitikken er basert på desse viktige prinsippa: Vi må respektere tolegrensene i naturen. Vi må vere føre var og ikkje bruke kunnskapsmangel som grunn til ikkje å handle. Vi må la forureinaren betale og ikkje akseptere at rekninga blir send til naboar, til fellesskapen og til kommande generasjonar.

Miljøverndepartementets budsjett finansierer mange av dei mest sentrale verkemidla og tiltaka i miljøvernpolitikken. Dette kapitlet omtaler dei viktigaste prioriteringane for 2006. Det gir vidare ein kort gjennomgang av hovudutfordringane i miljøvernpolitikken, og hovudtrekka i Regjeringas politikk også utover dei konkrete budsjettsatsingane for neste år.

Miljøvernpolitikken byggjer på at alle samfunnssektorar og aktørar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for verksemda si. Prinsippet om sektoransvar har lenge vore sentralt i norsk miljøvernpolitikk, og er vidareutvikla i stortingsmeldingane om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Det er derfor òg gitt ein omtale av miljøsatsingar på budsjetta til andre departement i kapittel 2.

Budsjettforslaget for Miljøverndepartementet for 2006 er på 3 413,1 mill. kroner. 57,2 mill. kroner av dette er løyvde på statsforvaltningas felleskapittel for meirverdiavgift, og går derfor ikkje fram av denne proposisjonen. Sjå nærare forklaring i Del I, kapittel 5. Satsingane følgjer opp hovudområde som er omtalte i sentrale meldingar og proposisjonar som denne Regjeringa har lagt fram:

- St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav*
- St.meld. nr. 15 (2001-2002) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 54 (2000-2001) *Norsk klimapolitikk*
- St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder*
- St.prp. nr. 79 (2001-2002) *Om nasjonale laksevassdrag og laksefjorder*
- St.prp. nr. 49 (2001-2002) *Om samtykke til ratifikasjon av Kyotoprotokollen av 11. desember 1997 til FNs rammekonvensjon om klimaendring av 9. mai 1992*
- St.meld. nr. 30 (2002-2003) *«Norge digitalt» – et felles fundament for verdiskaping*
- St. meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*
- St. meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*
- St. meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*
- St. meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*

### Hovudprioriteringane i 2006-budsjettet

I 2006 gjer Regjeringa framlegg om at løyvingane til kulturminneføremål blir auka med om lag 50,7 mill. kroner (inkl. mva. og avkastning av kulturminnefondet). Stortinget gav si støtte til hovudtrekka i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kul-*

*turminner*. Stortingsmeldinga inneheld ein tiltakspakke fram mot 2020 og varslar ei nyorientering av kulturminnepolitikken med auka vekt på kulturminne som ressurs for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Betre rammevilkår for private og frivillige er ein viktig del av satsinga. Regjeringa vil følgje opp meldinga, blant anna med auka løyvingar. Midlane skal gå til å auke innsatsen for vern og sikring av freda bygningar og anlegg i privat eige, til å dekkje kostnader ved arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak, tilskot til stavkyrkjene, dei norske verdsarvsområda og tekniske og industrielle kulturminne. Eit anna høgt prioritert tiltak er å starte opp eit verdiskapingsprogram med utgangspunkt i kulturminne og kulturmiljø. Her vil satsingar med utgangspunkt i kystkulturen bli prioriterte. I tillegg gjer Regjeringa framlegg om å auke kulturminnefondets grunnkapital med 400 mill. kroner, til i alt 800 mill. kroner. Løyvinga til kulturminneforsking vil auke med 1,5 mill. kroner.

Regjeringa fører vidare den auka løyvinga til arbeidet med betre tilgjenge på alle samfunnsområde for personar med nedsett funksjonsevne. Arbeidet følgjer handlingsplanen for universell utforming for 2005-2009, og er samordna av Miljøverndepartementet i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet.

I 2006 legg Regjeringa opp til ein auke i løyvingane til miljøretta forsking og overvaking. God miljøvernpolitikk må byggje på kunnskap. Denne kunnskapen hentar vi i all hovudsak inn gjennom miljøovervaking og forsking, men òg gjennom anna innsamling av data som statistikk og ulike former for rapportering. Prioriteringa følgjer hovudutfordringane i miljøvernpolitikken. Det er ein auke på i alt 9,5 mill. kroner til forskingsprogram om klima, biologisk mangfald, kjemikaliar, kulturminne og Barentshavet, og til førebuing av Det internasjonale polaråret 2007-2008. I tillegg aukar basisløyvingane til miljøforskingsinstitutta med 9 mill. kroner. Auken på om lag 13,1 mill. kroner til miljøovervaking og miljøstatistikk skal bl.a. styrkje overvakinga langs kysten, i Barentshavet, av biologisk mangfald og av farleg forureining.

Klimaproblemet er den største globale miljøutfordringa vi står overfor. Etter Russlands ratifikasjon av Kyotoprotokollen er protokollen no trådd i kraft. Regjeringa vil føre ein offensiv klimapolitikk internasjonalt og nasjonalt. Med klimakvotesystemet på plass har Noreg eit tilnærma heildekkande verkemiddelapparat for utslepp av klimagassar. I dette budsjettet aukar Regjeringa løyvingane til klimaforsking som ledd i ei opptrapping av miljøvernforskinga. Gjennom opprettinga av Gassteknologifondet har Regjeringa styrkt innsatsen for utvikling av teknologi som reduserer utsleppa av $CO_2$ og andre klimagassar. Eit utval sett ned i 2005 utgreier korleis Noreg kan bli eit «lågutsleppssamfunn» i løpet av tida fram til midten av dette hundreåret. Utvalet vil leggje fram utgreiinga si mot slutten av 2006. Det vil i 2006 òg bli arbeidd vidare med ein strategi for tilpassingstiltak til klimaendringar. Regjeringa vil vidare i 2006 leggje til rette for ein meir offensiv lokal klimapolitikk, som ledd i arbeidet med å utvikle miljøvernpolitikken på lokalt nivå.

Regjeringa vil styrkje kommunane si rolle i miljøvernpolitikken, blant anna gjennom ei løyving på 10 mill. kroner til eit femårig utviklingsprogram for lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn i samarbeid med kommunane og KS. Programmet vil bli etablert i 2006, og er ei oppfølging av St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.*

Regjeringa prioriterer tiltak for å stanse tapet av biologisk mangfald i Noreg innan 2010. Dei store rovdyra er ein viktig del av dette mangfaldet. I høve til saldert budsjett for 2005 aukar løyvinga til førebyggjande tiltak på rovvilt med 5 mill. kroner, og løyvinga til overvaking av rovvilt aukar med 4,2 mill. kroner i 2006. Ei ny erstatningsordning for rovviltskadar skal gjelde frå 2006.

Innafor naturvern gjer ein auke på 5,4 mill. kroner i tilsegnsfullmakta knytt til nasjonalparkplanen det mogleg å halde framdrifta i verneplanarbeidet. Midlane til utarbeiding av forvaltningsplanar, oppsyn og lokal forvaltning aukar med vel 6 mill. kroner. Det skal blant anna opprettast oppsynsstillingar i nye verneområde. Løyvinga til nytt skogvern er styrkt med 11 mill. kroner i 2006. Midlane vil bli brukte til vern av prioriterte frivillig vern-område. Prosessen for vern av området Trillemarka Rollag-Østfjell blir ført vidare med sikte på vern i 2006. I løpet av funksjonstida til denne regjeringa er storleiken på det verna arealet i Noreg auka med om lag to tredelar.

Det er viktig å sikre det biologiske mangfaldet også utanfor verneområda, ikkje minst dei truga artene. Løyvinga til tiltak for å ta vare på dei truga artene i norsk natur blir auka i 2006.

Løyvinga til forsking om biologisk mangfald aukar med 1,5 mill. kroner, og løyvinga til kartlegging og overvaking av sjøfugl over Miljøverndepartementets budsjett aukar med 4 mill. kroner.

Regjeringa la i samband med Friluftslivets år inn ekstra løyvingar til friluftsføremål i 2005. For å følgje opp dei gode erfaringane og tiltaka frå 2005 og utvikle dei vidare, er satsinga ført vidare i 2006. Arbeidet med å sikre viktige friluftsområde i kystsona og grøntområde i nærleiken av byar og tettstader er høgt prioritert, og regjeringa fremjar for-

slag om å auke tilsegnsfullmakta til dette med 2 mill. kroner.

Regjeringa vil styrkje innsatsen mot helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Den stadige spreiinga av miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar er eit alvorleg trugsmål mot miljøet, menneskas framtidige helse og matforsyninga vår. I 2005 vart løyvingane til opprydding i forureina grunn og sediment auka med om lag 14 mill. kroner. Løyvingane til opprydding blir auka med ytterlegare 8,2 mill. kroner i 2006, og løyvinga til kartlegging av miljøgifter blir auka med 3 mill. kroner. Regjeringa vil i 2006 utgreie eit totalforbod mot miljøgifter i forbrukarprodukt. Løyvinga til forsking på miljøskadelege kjemikaliar blir òg auka. Innsatsen for å redusere utslepp og spreiing av prioriterte miljøgifter frå andre kjelder vil òg vere høg.

Ei meir heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av vassførekomstane og dei kystnære områda følgjer av EUs rammedirektiv for vatn. Regjeringa vil vidareføre dette viktige arbeidet i 2006.

Regjeringa tek sikte på å leggje fram forvaltningsplanen for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten i vårsesjonen 2006. Forvaltningsplanen skal vere heilskapleg og økosystembasert. Ein viktig del av oppfølginga vil vere å rapportere i høve til miljøkvalitetsmål for ulike element i økosystemet. Dette vil krevje auka innsats innan kartlegging, overvaking og forsking. Midlane til forsking om desse havområda skal aukast med 1,5 mill. kroner, og midlane til overvaking skal òg aukast.

Det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet MAREANO skal vidareførast. MAREANO vart starta i 2005 som ei felles satsing mellom Miljøverndepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet. Av løyvinga i 2006 går om lag 7,9 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett.

Statsoppdraget til Statens kartverk er auka med 8 mill. kroner for å dekkje inntektsbortfallet ved at kommunane frå 1. januar 2006 skal sleppe å betale for elektronisk oppkopling til grunneigedoms-, adresse- og bygningsregister (GAB). Dette forslaget frå Regjeringa må sjåast i samanheng med arbeidet for å gjere offentleg informasjon lettare tilgjengeleg for brukarane.

Det internasjonale polaråret (IPY) 2007–08 er ei stor internasjonal satsing innan polarforsking der mange nasjonar har gjort kjent at dei vil delta og der store ressursar blir sette inn. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gå sterkt inn i dette samarbeidet og ta mål av seg til å ha ei førande rolle. Regjeringa foreslår å løyve til saman 5 mill. kroner til Forskingsrådet til arbeidet med IPY i 2006. Løyvinga skal dekkje eit norsk sekretariat og investeringar som må vere på plass før sjølve forskinga startar. Løyvinga er fordelt mellom budsjetta til Utdannings- og forskingsdepartementet (2 mill. kroner), Miljøverndepartementet (2 mill. kroner) og Justisdepartementet (1 mill. kroner).

## 1.2 Berekraftig utvikling og hovudfelt innafor miljøvernpolitikken

### Politikk for berekraftig utvikling

I *Nasjonal strategi for bærekraftig utvikling*, som Regjeringa la fram i juni 2002, er det overordna målet formulert slik:

> «Den overordnede målsetningen for det norske samfunnet, og for verdenssamfunnet, er at utviklingen skal være økologisk, økonomisk og sosialt bærekraftig. Grunnlaget for vedvarende bruk av naturen og dens ressurser skal bevares. Innenfor disse rammene skal vi fremme en stabil og sunn økonomisk utvikling og et samfunn med høy livskvalitet, og bidra til at også verdens fattige får mulighet til materiell velferd og økt livskvalitet.»

Politikk for ei berekraftig utvikling er å forvalte dei menneskelege ressursane, dei menneskeskapte ressursane og natur- og miljøressursane slik at kommande generasjonar skal ha eit minst like godt grunnlag for framtidig velferd som vi har.

Dei største miljøtruslane verda står overfor i dag er:

- Aukande konsentrasjon av klimagassar i atmosfæren. Vitskapen finn stadig sterkare haldepunkt for aukande temperatur og endringar i klimaet som følgje av menneskeleg aktivitet og særleg bruk av fossilt brensel.
- Rask reduksjon i det biologiske mangfaldet på jorda som følgje av klimaendringar og forureining, endra arealbruk og skadelege landbruksmetodar som fører til blant anna avskoging og ørkenspreiing, innføring av fremmande arter og overhausting. Det biologiske mangfaldet er grunnlaget for produksjon av ei rekkje økosystemtenester som til dømes mat frå planter og dyr, medisinar, tømmer og fiber, energi, flomdemping, klimaregulering og kulturelle verdiar knytte til natur. Biologisk mangfald styrkjer òg motstandskrafta i økosystema mot bråe endringar.
- Stadig veksande bruk og aukande utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, som berre svært sakte let seg bryte ned i naturen og derfor hopar seg opp i næringskjedene. Dette tru-

gar både det biologiske mangfaldet, matforsyninga og helsa til kommande generasjonar.

Regjeringa følgjer no opp den nasjonale strategien med ein handlingsplan for berekraftig utvikling – Nasjonal Agenda 21 – som var eit eige kapittel i Nasjonalbudsjettet for 2004. Regjeringa har oppretta eit fast statssekretærutval leia av Finansdepartementet, og har styrkt og vidareutvikla samarbeidet med alle sektorar og samfunnsaktørar, som næringsliv, lokalforvaltning og frivillige organisasjonar. Eit eige utval la i 2005 fram NOU 2005:5 *Enkle signaler i en kompleks verden*, med eit førebels sett av indikatorar for berekraftig utvikling.

### Kampen mot menneskapte klimaendringar

Klimaproblemet er den største miljøutfordringa verda står overfor i dag. Målingar som dekkjer fleire hundre år viser at konsentrasjonen av klimagassar har auka med over 30 pst. Jamvel om det framleis er usikkert kor mykje andre faktorar enn klimagassutslepp verkar inn, er det stor vitskapleg semje om at vi er inne i ein periode med global oppvarming og endring av klimaet. Korleis og kvar på jorda dette vil slå ut i langsame klimaendringar, og endra styrke og frekvens av episodar som orkanar og flaumar, har ein dårlegare haldepunkt for å seie noko om.

ACIA-rapporten, som vart lagt fram hausten 2004, syner at klimaendringane i Arktis kan bli meir omfattande og vanskelegare å føreseie enn ein har trudd før, og at klimaendringane i nordområda allereie er i gang.

Det langsiktige målet i Klimakonvensjonen er å stabilisere konsentrasjonen av klimagassar på eit nivå som vil hindre farleg menneskeskapt påverknad av klimasystemet. Kyotoprotokollen frå 1997 er eit viktig første steg mot dette målet. Russland ratifiserte protokollen i november 2004, og 16. februar 2005 kunne den trå i kraft. Noreg arbeider aktivt for å starte prosessen for ytterlegare reduksjonar og eit meir globalt klimaregime etter 2012. Det har så langt synt seg vanskeleg å få i gang slike diskusjonar under Klimakonvensjonen.

Regjeringa har sett ned eit utval som skal utgreie korleis Noreg kan utviklast til eit «lågutsleppssamfunn», med sikte på utsleppsreduksjonar tilsvarande 50-80 pst. innan 2050. Utvalet held fram med arbeidet i 2006 og vil leggje fram utgreiinga si mot slutten av året. På bakgrunn av konklusjonane vil Regjeringa starte ein politisk prosess med sikte på å utforme langsiktige nasjonale mål for reduksjon av klimagassutsleppa.

Klimagassutsleppa i Noreg var i 2003 54,8 millionar tonn $CO_2$-ekvivalentar, 2,4 pst. høgare enn året før. Utsleppa er venta å auke i åra framover. Regjeringa gir høg prioritet til arbeidet med å redusere klimagassutslepp både globalt og nasjonalt, og det er teke nye, viktige steg framover i den nasjonale klimapolitikken. I 2004 la Regjeringa fram Ot.prp. nr. 13 (2004-2005) med framlegg til ei klimakvotelov for perioden 2005-2007. Dette fekk tilslutning i Stortinget, og lova trådde i kraft 1. januar 2005. Norske styresmakter har eit konstruktivt samarbeid med EU-kommisjonen med sikte på ei praktisk kopling av det norske og EU sitt system for kvotehandel. Regjeringa vil at ein vesentleg del av utsleppsreduksjonane våre etter Kyotoprotokollen skal oppnåast gjennom nasjonale tiltak.

Kvotelova vart utforma i dialog med industrien sine organisasjonar. I 2004 vart det oppnådd semje med prosessindustrien om eit opplegg for betydelege utsleppsreduksjonar i perioden fram til 2007, for avgiftsfrie utslepp innafor og utanfor det nye kvotesystemet. Regjeringa tek òg sikte på å forby deponering av organisk avfall frå 2009, noko som blant anna vil redusere utsleppa av klimagassen metan. Noreg har no på plass eit tilnærma heildekkande verkemiddelapparat for utslepp av klimagassar.

Eit anna viktig område for Regjeringa er utvikling av teknologi som reduserer utsleppa av $CO_2$ og andre klimagassar. Regjeringa har styrkt innsatsen for utvikling av slik teknologi, blant anna gjennom opprettinga av Gassteknologifondet.

### Vidare reduksjon av sur nedbør

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse miljøproblema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. Gøteborgprotokollen frå 1999 trådde i kraft 17. mai 2005, etter at 16 partar hadde ratifisert han. Noregs plikter etter protokollen er reflekterte i våre nasjonale mål for utslepp av svoveldioksid, nitrogenoksid, ammoniakk og flyktige organiske sambindingar. Med full effekt av protokollen vil område i Noreg der tolegrensene for forsuring er overskridne, bli om lag halverte frå 2000 til 2010.

For å overhalde kravet i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av $NO_x$ med 29 pst. i høve til 2004. Dette krev sterkare verkemiddel enn dei som er vedtekne til no. Det vil blant anna bli sett krav til utslepp av $NO_x$ frå skip i norsk innanriksfart, fiskefartøy, energianlegga på sokkelen og industrianlegg. Regjeringa vil utgreie aktuelle verkemiddel, blant anna ei $NO_x$-avgift.

For dei andre utsleppa som er regulerte i Gøteborgprotokollen vil Noreg venteleg klare krava med dei tiltaka som er vedtekne og planlagde.

## Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

Mangfaldet av liv i naturen er grunnlaget for vår eksistens og avgjerande for verdiskaping, velferd og livskvalitet. Dei siste 50 åra har menneskja endra økosystema raskare og meir ekstremt enn i nokon annan periode i vår historie. FN-utgreiinga «Millennium Ecosystem Assessment» viser at verdas økosystem er i ferd med å bli så overbelasta at livsvilkåra for millionar av menneske kan bli alvorleg truga dei kommande åra. Utgreiinga dokumenterer bl.a. at 60 pst. av dei verdiane og tenestene som økosystema gir er forringa, eller systema blir ikkje brukte på ein berekraftig måte. Alt i dag har dette store konsekvensar for kva val vi har og vil få.

Som ei oppfølging av toppmøtet i Johannesburg (2002) har ei rekkje land vedteke å redusere tapet av biologisk mangfald betydeleg innan 2010. I St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* la regjeringa fram tiltak for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald i Noreg innan 2010, blant anna for sikre viktige økosystemtenester.

Vern av naturområde er eit viktig verkemiddel for å stanse tapet av biologisk mangfald og sikre verdiar som er viktige blant anna for vidare utvikling i distrikts-Noreg. Per 2. september 2005 er 12,5 pst. av fastlandsarealet i Noreg verna etter naturvernlova. Til samanlikning utgjorde den verna delen 7,6 pst. av fastlandsarealet i 2001. På fire år er det verna arealet auka med om lag 65 pst, dvs. nær 16 000 $km^2$. Inga regjering har tidlegare stått for ei så stor utviding av vernearealet på så kort tid. Sju nye nasjonalparkar er oppretta. Pr. 1. september 2005 er 31 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen gjennomførte. I 2006 er det planlagt vernevedtak for alle gjenståande tematiske verneplanar.

Natur- og bruksverdiane i dei verna områda er òg under press. Statens naturoppsyn er no til stades i mange av dei store verneområda i Sør-Noreg, men enno er nokre av dei nye parkane utan tilstrekkeleg oppsyn. Om lag 500 verneområde manglar forvaltnings- og skjøtselsplanar. Regjeringa aukar derfor løyvinga til forvaltning av verneområde, og systematisk overvaking i utvalde verneområde skal etter planen ta til i 2006. Tre nye nasjonalparksenter vart opna i 2005.

Skogområda er viktige for mange nordmenn, blant anna som kjelde til verdiskaping og naturopplevling og friluftsliv. Velfungerande skogøkosystem gir òg viktige tenester som reint drikkevatn, flomdemping, klimaregulering og energi. Om lag halvparten av artane i Noreg lever i skog. Dei norske skogtypane er svært varierte; fleire er sjeldne internasjonalt. I arbeidet for auka skogvern legg Regjeringa stor vekt på samarbeidet med Noregs Skogeigarforbund om frivillig vern. Samtidig tar ein i 2006 sikte på å verne området Trillemarka-Rollag Østfjell. Dette er eitt av dei største gammalskogsområda som er att i Sør-Noreg

Tiltak for å stabilisere og hindre utdøying av truga og sårbare arter er særs viktig i arbeidet for å stoppe tapet av biologisk mangfald innan 2010. Det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er her eit viktig tiltak. I løpet av 2005 har stort sett alle kommunane gjennomført ei kartlegging av område med stor verdi for det biologiske mangfaldet. Resultata frå kartlegginga blir lagra i databasar som er offentleg tilgjengelege på internett. Den nasjonale raudlista er eit viktig verkemiddel både for å vite kva arter som treng ekstra vern, og for å kunne måle i kva grad vi er på rett veg for å nå målet om å stanse tapet av biologisk mangfald. Neste revisjon av raudlista skal etter planen liggje føre i 2006.

Ny erstatningsordning for rovviltskadar skal gjelde frå beitesesongen 2006 og frå reindriftsåret 2006/2007. Det er oppnemnt åtte regionale rovviltnemnder med hovudansvaret for oppfølginga av rovviltpolitikken i åtte regionar. Det er fastsett nasjonale bestandsmål for alle rovviltarter i kvar enkelt rovviltregion, og det er fastsett ny forskrift om forvaltning av rovvilt med verknad frå 1. april 2005.

Det regjeringsoppnemnde Lovutvalet for biologisk mangfald leverte innstillinga si, NOU 2004:8 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold*, i desember 2004. Utvalet foreslår blant anna nytt regelverk for å regulere introduksjonar av framande arter og fremjar forslag til endringar i erstatningsordninga ved vern etter naturvernlova. Arbeidet med å revidere lovverket på naturforvaltningsområdet er høgt prioritert.

## Oppfølging av Friluftslivets år

Friluftsliv er eit fellesgode som er kjelde til god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelse og berekraftig utvikling. I 2005 vart *Friluftslivets år* arrangert. Det er viktig å følgje opp og utvikle vidare dei gode erfaringane og tiltaka som engasjerte blant anna barn og unge, etniske minoritetar og funksjonshemma i dette året. Regjeringa fører derfor vidare nivået på løyvingane frå 2005. Evaluering av Friluftslivets år blir eit viktig grunnlag for å fremje nye, treffsikre tiltak. Undersøkingar viser at ungdom si deltaking i friluftsliv er betydeleg redusert dei seinaste åra. Dette er urovekkjande både i eit miljø- og i eit helseperspektiv. Det blir derfor særs viktig å følgje opp satsinga frå 2005.

Ved utgangen av 2004 var 1916 område sikra til friluftsformål ved kjøp eller avtaler om bruk av eigedom. I femårsperioden 2000-2004 er til saman 146 område sikra, i hovudsak langs kysten i Sør-Noreg. Det er særleg viktig å sikre område i kystsona for friluftsfolket, blant anna dei eigedommane som Forsvaret, Kystverket og andre statlege eigarar ikkje lenger har trong for. Det er òg viktig å sikre overordna og samanhengande grønstruktur i byar og tettstader. Regjeringa har no auka slik innsats gjennom fleirårige samarbeidsprosjekt med byane Stavanger, Oslo og Trondheim.

### «Leve med kulturminne»

Kulturminne og kulturmiljø representerer store verdiar både for den enkelte og for samfunnet. Eit viktig mål for Regjeringa er å redusere tapet av kulturminne og å ta kulturminna i bruk som bidrag til kunnskap og opplevingar for den enkelte, og som ressurs i samfunnsutviklinga.

25. februar 2005 la Regjeringa fram St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Regjeringa vil leggje til rette for ein gjennomføringstakt som sikrar ei tilstrekkeleg opptrapping. Det mest optimale vil vere ei opptrapping over fire år. I tillegg skal det etablerast eit verdiskapingsprogram for kulturminne og kulturmiljø. Regjeringa har som mål at grunnkapitalen i kulturminnefondet skal aukast gradvis. Regjeringa vil gjennomføre tiltak som byggjer opp om privat verneinnsats og sikrar at staten oppfyller nasjonale og internasjonale krav på ein effektiv måte. Private eigarar og frivillige som forvaltar kulturminne skal få betre rammevilkår. Staten skal dekkje ein større del av meirutgiftene i samband med antikvarisk sikring og istandsetjing av freda kulturminne, og dekkje ein større del av utgiftene til arkeologiske undersøkingar ved mindre, private tiltak. Meldinga inneheld tiltak for å sikre kulturhistoriske eigedommar i statleg eige, og at kunnskap og oppleving knytte til kulturminne skal bli tilgjengelege for alle. Den offentlege forvaltninga skal kunne utøve rolla si som pådrivar i forvaltninga av kulturminna. Internasjonalt samarbeid og utviklingssamarbeid skal bli styrkt. Hovudtrekka i meldinga fekk brei støtte i Stortinget (Innst. nr. 227 (2004-2005)).

Tilskotsmidla på kulturminnefeltet skal i første rekkje nyttast til freda og fredingsverdige kulturminne. Regjeringa ønskjer at mangfaldet av kulturminne skal blir brukt som grunnlag for levande lokalsamfunn i heile landet. Kulturminne, kulturmiljø og landskap langs kysten vil bli prioriterte i den første fasen av verdiskapingsprogrammet.

### Samordna arealpolitikk for utvikling og bevaring

I St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* har Regjeringa trekt opp mål for ei samordna arealforvaltning som tek vare på natur- og kulturmiljø, landskap og kvalitetar i miljø med busetnad. Fjellområda skal forvaltast som landskap der kultur- og naturressursar, næringsutvikling og friluftsliv blir sikra og utfyller kvarandre. Landskapsverdiane skal få auka fokus, og leveområda for villreinen skal sikrast. Den årlege omdisponeringa av dyrka mark skal halverast. Strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, med god tilgang for allmenta. Vassdrag skal forvaltast gjennom samordna planar. Område for fritidsbustader skal planleggjast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Kommunane og fylkeskommunane har eit særleg ansvar for å følgje opp måla i si kommune- og fylkesplanlegging etter plan- og bygningslova. Denne planlegginga gjeld heile landet, og skal sikre avveging mellom bruk og vern i eit samordna, langsiktig perspektiv. Skal ressursane knytte til natur, kultur og landskap kunne nyttast berekraftig, er det naudsynt med auka innsats for langsiktige arealavklaringar utanfor byar og tettstader. Slik planavklaring vil vere eit viktig effektiviseringsverktøy for lokal næringsutvikling.

### Kampen mot helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Spreiing av miljøgifter frå produkt, industri, transport og avfallsbehandling fører til ei gradvis forureining av luft, jord og vatn. Stadig fleire kjemikaliar inngår i stadig fleire produkt og produksjonsprosessar, utan av vi kjenner til kva følgjer bruken kan få. Samtidig viser kartleggingar i miljøet at miljøgifter blir funne igjen over stadig større delar av kloden, i menneske, planter og dyr, i for høge konsentrasjonar. Regjeringa vil derfor styrkje innsatsen for å beskytte både helse og miljø mot miljøgifter.

Trusselen frå helse- og miljøfarlege kjemikaliar er ein global trussel. Dårleg kontroll med bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i utviklingsland fører til lokale skadar på helse og miljø. Samtidig blir miljøgifter transporterte langt frå kjeldene, og nordområda er ein «utslagsvask» for utslepp som skjer andre stader i verda. Internasjonalt arbeid er derfor heilt naudsynt for å redusere utsleppa til norsk natur. Regjeringa vil påverke kjemikalieregelverket i EU og vere pådrivar for å styrkje internasjonale avtaler om miljøgifter både regionalt og globalt. Samtidig legg Regjeringa vekt på å sikre eit høgt vernenivå nasjonalt og vere i forkant av den internasjonale utviklinga.

Det overordna målet i kjemikaliepolitikken er å unngå helseskadar eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Over tid skal konsentrasjonen av dei farlegaste stoffa bringast ned mot naturlege bakgrunnsverdiar. Dette skal sikrast både ved å hindre nye utslepp og å hindre at gamle foureiningar skader helse og miljø.

Regjeringa har ambisiøse mål om å stanse og redusere utsleppa av miljøgifter. Regjeringa har konkret mål om å vesentleg redusere eller stanse utsleppa av prioriterte miljøgifter innan 2005 eller 2010. Innan 2020 skal alle utslepp av miljøgifter vere stansa. Bruk og utslepp av miljøgifter skal kontinuerleg reduserast for å nå dette målet. Dei samla utsleppa av miljøgiftene på prioritetslista er reduserte frå 1995 til i dag, men det er likevel naudsynt med framhalden innsats. For å kunne nå 2020-målet om å stanse utslepp av miljøgifter utgreier Regjeringa eit mogleg generelt forbod mot miljøgifter i forbrukarprodukt. Kartlegging av miljøgifter i naturen og i produkt vil bli prioritert.

Mange stader på land og i sjøen ligg det miljøgifter som stammar frå gamle industriutslepp, avfallsfyllingar og liknande. Slike forureiningar trugar både miljøet og menneske si helse. Miljøgiftene blir tekne opp i planter og dyr og kan ende i våre eigne matfat. Grunnlaget for verdiskaping blir redusert i berørte område og forureiningane fører også til auka kostnader ved utbygging. Regjeringa vil føre vidare arbeidet med å få stansa eller redusert vesentleg spreiing av miljøgifter frå forureina grunn på land. For om lag 600 utpeikte lokalitetar med forureina grunn vil det i løpet av 2005 vere gjennomført naudsynte undersøkningar og oppryddingstiltak. Regjeringas heilskaplege og ambisiøse strategi for forureina sediment (i vatn) blir òg følgt aktivt opp, med blant anna tiltak i utpeikte høgrisikoområde og avslutning av fleire pilotprosjekt. I løpet av 2005 skal det òg vere utarbeidd fylkesvise tiltaksplanar for 17 av dei høgast prioriterte kystområda. Desse planane vil bli følgde opp vidare i 2006. Staten vil medverke med midlar til opprydding der det ikkje er mogleg å identifisere dei ansvarlege, eller der det ikkje er rimeleg å påleggje dei ansvarlege dei fulle kostnadane, og til kunnskapsoppbygging og naudsynt overvaking på feltet. Midlar til dette er auka betydeleg i perioden.

## Reint og rikt hav – forvaltningsplan for Barentshavet

I St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav* foreslo Regjeringa ein ny og meir heilskapeleg havmiljøpolitikk, blant anna med forvaltningsplanar for alle norske havområde. Miljøverndepartementet har det overordna ansvaret for å utvikle ein heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten, som er den første planen. Denne planen skal etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere ulike næringsinteresser innafor rammene av ei berekraftig utvikling. Regjeringa tek sikte på å leggje forvaltningsplanen fram for Stortinget i vårsesjonen 2006. Erfaringane frå arbeidet med denne planen vil vere viktige for utvikling av tilsvarande forvaltningsplanar for dei andre norske havområda.

Utvidinga av territorialgrensa frå 4 til 12 nautiske mil, som trådde i kraft 1. januar 2004, gir høve til å føre skipstrafikken lenger ut frå kysten enn i dag. Regjeringa ser dette som eit viktig tiltak, særleg i lys av den auka oljetransporten frå Russland. Den aukande oljetransporten set blant anna det reine og fiskerike Barentshavet under press. I det bilaterale miljøvernsamarbeidet med Russland vil Noreg særleg arbeide for å sikre ei berekraftig forvaltning av Barentshavet. Atomsamarbeidet med Russland er eit viktig ledd i arbeidet med å avgrense radioaktive utslepp og faren for ulykker som kan føre til forureining i norske havområde.

## God økologisk kvalitet i vassførekomstane

I ferskvatn og kystnære område vert det lagt opp til ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning etter EUs rammedirektiv for vatn. Regjeringa har bestemt at Miljøverndepartementet skal ha det koordinerande ansvaret for gjennomføringa av direktivet, med fylkesmannsembetet som regional ansvarlig myndigheit. Direktivet set som mål at ein skal oppnå «god kvalitet» i vassførekomstane, både når det gjeld biologisk mangfald og forureining, i utgangspunktet innan 2015. Utkast til forskrift som gjer direktivet til norsk rett, vert etter planen sendt på brei høyring hausten 2005. Ei innleiande kartlegging har identifisert dei områda innafor kvar vassregion der ein vil ha størst problem med å oppfylle måla i direktivet. I 2006 tek ein sikte på å ta fatt på den meir fullstendige kartlegginga av tilstandar i vassførekomstane, og starte arbeidet med miljømål, overvakingsprogram, tiltaksprogram og forvaltningsplanar for dei første vassområda.

Direktivet vil òg vere utgangspunktet for revisjonen av resultatmålet for overgjødsling, som i dag berre gjeld Nordsjøområdet. Utsleppa frå kommunal avløpssektor skal regulerast av nytt avløpsregelverk som blant anna er bygd på EUs avløpsdirektiv. Siktemålet er at regelendringane skal vere fastsette i løpet av 2005.

### Reduserte skadar frå avfall og auka ressursutnytting

Det er eit mål å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og miljø, samtidig som ressursane i avfallet skal utnyttast. Miljøvernforvaltinga skal medverke til rammevilkår som fører til at minst 75 pst. av den genererte avfallsmengda går til attvinning innan 2010, med ei vidare opptrapping til 80 pst. Dermed vil miljøbelastningane bli reduserte, samtidig som avfallet kan utnyttast som den ressursen det faktisk er. Det kan visast til ei svært positiv utvikling på avfallsfeltet dei siste åra. I dag blir opp mot 70 pst. av avfallet anten gjenvunne som material eller utnytta til energi, mens utsleppa frå avfall er betydeleg reduserte.

Likevel gjenstår det viktige utfordringar. Farleg avfall utgjer ei særleg utfordring, både i høve til å redusere mengda farleg avfall som oppstår, såkalla kvalitativ avfallsreduksjon, og ikkje minst i høve til å redusere mengda farleg avfall som blir dumpa eller behandla utanom styresmaktene sin kontroll. Regjeringa vil derfor forsterke innsatsen knytt til farleg avfall.

Framleis blir det deponert om lag 1 million tonn nedbryteleg avfall, og det skaper store utslepp av klimagassen metan. Regjeringa vil gi avfallsfeltet ei meir sentral rolle i klima- og energipolitikken, og tek blant anna sikte på å forby deponering av alt nedbryteleg avfall frå 2009. Avfall som blir nytta til energi kan erstatte fossilt brensel og samtidig redusere klimagassutslepp frå deponering.

### Likeverd og tilgjenge, ein del av eit berekraftig samfunn.

Likeverd for alle grupper i samfunnet er ein viktig dimensjon i eit berekraftig og demokratisk samfunn. Som oppfølging av St.meld. nr. 40 (2002 – 2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer* la Regjeringa i november 2004 fram *Handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne – plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder*. Handlingsplanen gjeld for perioden 2005 – 2009.

Handlingsplanen inneheld meir enn 100 tiltak og skal utviklast vidare. 15 departement har ansvar for å setje i verk tiltak innafor sin sektor. Tiltak innafor transport, bygg, uteområde og IKT er høgt prioriterte. Tiltaka er retta mot ulike forvaltningsnivå, offentlege og private instansar og organisasjonar. Nokre tiltak vil gjelde internasjonalt arbeid. Døme på sektorovergipande og fleirårige tiltak i handlingsplanen er opplæring innafor offentleg sektor på alle nivå, fjerning av hindringar som lokalsamfunna opplever som alvorlege, og pilotkommunar som utviklar universell utforming som lokal strategi.

Miljøverndepartementet i samråd med Arbeids- og sosialdepartementet samordnar oppfølginga av planen. Statssekretærutvalet for den sameinte politikken for funksjonshemma gir rammer. Handlingsplanen skal evaluerast.

Innafor Miljøverndepartementets resultatområde er det sett i verk tiltak som gjeld universell utforming og betre tilgjenge innafor felta friluftsliv, kulturminne, forureining, kommunal planlegging gjennom utvikling av regelverk og rettleiing, lokalt arbeid med berekraftig utvikling, by- og tettstadutvikling, geografiske data og informasjon.

### Betre miljø i byar og tettstader

St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder* blir følgt opp gjennom pilotprosjekt på sentrale område. Arbeidet omfattar byomforming, utvikling av sentrumsområde og miljøsoner i større byar. Det skjer i samarbeid med kommunar, lokalt næringsliv og befolkninga. Regjeringa legg opp til å føre vidare innsatsen for å betre miljøet i Groruddalen, blant anna med tiltak for meir miljøvennleg transport og forbetring av grøntområde og kulturmiljø. Formidling av erfaringane frå programmet for utvikling av miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta skal halde fram etter avslutninga i 2005. Regjeringa vil setje i verk tiltak for å måle miljøtilstanden i dei største byane. Arbeidet med Bymiljøprisen vil halde fram.

### Eit meir effektivt lokalt miljøvern

Ein styrkt lokal miljøinnsats er ein viktig del av Regjeringas miljøvernpolitikk. Gjennom blant anna MIK-satsinga og LA 21-arbeidet i kommunane finst det mykje røynsle og kunnskap. Regjeringa ønskjer å vidareutvikle og overføre denne kunnskapen til flest mogleg kommunar, slik at dei ser handlingsrommet og gjennomfører miljøretta tiltak. Prioriterte tema er blant anna arealpolitikken, innkjøpspolitikken, klima og energi, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og livskvalitet, folkehelse og friluftsliv.

Som varsla i St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* vil arbeidet med å etablere læringsnettverk starte i 2006. Nettverksgrupper av kommunar skal arbeide med konkrete tiltak innafor dei prioriterte miljøområda i mindre nettverk leia av KS, med miljøfagleg bistand frå ei rekkje aktørar. Arbeidet vil skje etter modell frå effektiviseringsnettverka. Det vil bli lagt vekt på formidling av gode eksempel og å

utvikle verktøy og verkemiddel som integrerer miljøvern i kommunanes ordinære plan- og styringssystem.

### Internasjonal innsats for miljøvern

Stadig fleire avgjerder som er viktige for den norske miljøtilstanden og den norske miljøvernpolitikken, blir tekne utanfor landets grenser. Samtidig er dei alvorlegaste miljøutfordringane globale, og for å løyse dei er det naudsynt å styrkje det forpliktande internasjonale samarbeidet både i og utanfor organisasjonar som har miljø som hovudoppgåve. Regjeringa vil leggje vekt på å sjå dei internasjonale utfordringane samla.

Omsynet til å oppfylle og vidareutvikle internasjonale plikter i miljøvernavtaler skal ha høg prioritet. Dette gjeld særleg innafor klima, biologisk mangfald og miljøgifter, og det vil vere eit viktig samarbeidsområde både i internasjonale organisasjonar og i høve til samarbeidslanda våre. Det er viktig å bruke dei internasjonale miljøfora til å identifisere mål og verkemiddel, til å vurdere miljøtilstand og til å gjere analysar. Det er vidare viktig å sikre at andre internasjonale organisasjonar og avtaler utanfor miljøfeltet integrerer omsynet til miljøet, og ikkje avgrensar våre plikter og våre moglegheiter til å setje i verk nasjonale miljøtiltak.

EU er vår viktigaste samarbeidspartnar på miljøområdet. Noreg overtek 80 pst. av EUs miljølovgjeving gjennom EØS-avtala. Miljøverndepartementet legg derfor vekt på å kunne påverke regelverk som er under utvikling i EU. Noreg vil arbeide for å styrkje miljøprogrammet i FN (UNEP) for på sikt å kunne oppgradere programmet til ein særorganisasjon. Det er viktig blant anna for å gjere UNEP betre i stand til å ha ei sterkare politisk rolle i det globale miljøsamarbeidet. Regjeringa skal syne verdien av å satse på miljø i kampen mot fattigdom, og her vil Miljøkonvensjonane blant anna vere viktige instrument. Miljø er òg eit satsingsområde i vårt bilaterale og regionale miljøsamarbeid gjennom EØS-finansieringsordningane, «Miljø for Europa»-arbeidet og miljøbistand.

Ei viktig satsing i 2006 vil vere den norske formannskapen i Nordisk Ministerråd. Prioriterte miljøområde vil vere Arktis og lokaldemokrati og medverking i miljø- og berekraftarbeidet.

Oppfølging av St.meld. nr. 30 (2004-2005) *Muligheter og utfordringer i nord*, vil vere ei spesielt prioritert oppgåve. Berekraftig utvikling i nord inneber ei fornuftig forvaltning av ressursane og bevaring av biologisk mangfald. Regjeringa vil møte miljøutfordringane med strenge miljøkrav og høge standardar for ressursutnytting og annan aktivitet i nordområda. I lys av den auka oljetransporten frå Nordvest-Russland og forventingane om omfattande petroleumsverksemd i Barentshavet, vil det bli lagt særleg vekt på samarbeid med Russland om økosystembasert forvaltning av havmiljøet og innføring av miljøstandardar.

### Samfunnstryggleik og beredskap

I beredskapssamanheng har miljøvernforvaltninga i hovudsak ei sekundær rolle. Hovudoppgåva er å gi informasjon til statlege eller private aktørar om korleis ulike hendingar og situasjonar kan påverke det ytre miljøet. Ein stor katastrofe fører ofte til ei informasjonskrise. Departementet har teke eit heilskapleg grep om beredskapsarbeidet, og er i dialog med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap for å vere best mogleg budd på ein slik situasjon. Departementet arbeider med å oppgradere infrastrukturen og planverket, og med gjennomføringa av ei intern kriseøving. Etatane arbeider med å oppdatere varslingslistene sine og gjere ferdig beredskapsplanane sine.

### Rett til miljøinformasjon

Rett til miljøinformasjon er gitt eit særskilt vern i grunnlova og er eit heilt sentralt verkemiddel i miljøvernpolitikken. For å styrkje denne retten vart det vedteke ei ny samla lov om rett til miljøinformasjon og deltaking i offentlege avgjerdsprosessar med innverknad på miljøet (miljøinformasjonslova), som trådde i kraft 1. januar 2004. Lova inneber ei plikt for både offentlege styresmakter og offentlege og private verksemder til å gi ut miljøinformasjon.

For å bidra til å sikre at lova blir overhalden har Regjeringa oppnemnt ei eiga uavhengig klagenemnd som trådde i funksjon 1. januar 2004. Klagenemnda for miljøinformasjon behandlar klager over avslag på innsyn hos private verksemder. Klage over avslag på miljøinformasjon frå offentlege organ følgjer offentleglovas system med klage til overordna organ.

### Kunnskapsbasert miljøvernpolitikk

Arbeidet for berekraftig utvikling krev eit godt kunnskapsgrunnlag om naturressursar og miljø. Kartlegging, overvaking og forsking gir ny kunnskap, samtidig som ulike aktørar må dele kunnskap om samanhengar og trugsmål. Oppbygging av kunnskap gjennom forsking og overvaking har vore viktig for mange nyvinningar på miljøområdet, f.eks. for det forpliktande internasjonale samarbeidet for reduksjon av sur nedbør.

Miljøforskinga gjer oss merksame på nye miljøtrugsmål og set søkjelyset på samanhengar mellom menneskeleg aktivitet og miljøtilstanden. Forskingsresultat er derfor viktige for utviklinga av miljøvernpolitikken, så vel nasjonalt som internasjonalt. Det blir derfor lagt stor vekt på at forskingsresultata blir formidla på ein god måte både til forvaltning og andre. Forskinga er òg eit viktig fundament for å utvikle miljøovervakinga, ved at denne kan skje målretta og kostnadseffektivt.

### Miljøverndepartementets rolle i miljøvernpolitikken

Ei vellukka gjennomføring av miljøvernpolitikken avheng både av at dei einskilde sektorane tek ansvar og av at Miljøverndepartementet får fylle si rolle som sektorovergripande samordnar av Regjeringas miljøvernpolitikk. Regjeringa legg vekt på å styrkje og føre vidare denne rolla.

Sektoransvaret inneber at alle departementa har ansvar for at verkemiddel og tiltak på eige område ikkje gir unødige miljøbelastningar og for at miljøomsyn blir integrerte i den fortløpande politikken på sektoren. (Sjå kapittel 2 for ei nærare omtale av miljøtiltak under andre departement)

Dei sektorovergripande verkemidla skal medverke til at miljøtiltaka i dei ulike sektorane blir sett i samanheng. Slike overgripande verkemiddel er til dømes tillagt miljøstyresmaktene gjennom ansvaret for forureiningslova, naturvernlova, for utarbeiding av ei ny biomangfaldlov og for ei lov om kvotesystem for klimagassar.

Dei sektorovergripande verkemidla skal òg gi legitimitet og tillit til avgjerdsprosessar der sterke særinteresser er involverte.

Det er ei særlig viktig oppgåve å utforme sektorovergripande miljøkvalitetsmål og å avverge og samordne dei ulike interesser innafor rammene av desse miljømåla. Dette kjem t.d. klart fram ved at Miljøverndepartementet har fått hovudansvaret for å utarbeide heilskaplege forvaltningsplanar, i første omgang heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet og havområda utenfor Lofoten.

# 2 Miljøpolitiske satsingar på andre departement sine område

Miljøomsyn må integrerast i alle delar av samfunnet dersom vi skal få til ei berekraftig utvikling med lågare miljøbelastning og redusert ressursbruk. Dette stiller krav både til utforminga av den overordna økonomiske politikken og til politikken i dei einskilde samfunnssektorane. Samstundes må tiltak og verkemiddel i sektorane samordnast og tilpassast kvarandre. På denne måten har alle departementa eit miljøpolitisk ansvar og eit ansvar for at aktiviteten på deira område ikkje gir unødige miljøbelastningar.

Departementa skal drive miljøarbeid på grunnlag av Regjeringas overordna miljøvernpolitiske mål. Desse måla er nærare omtalt i Del II. Alle departementa utarbeidde i åra 1998 – 2002 eigne miljøhandlingsplanar der dei m.a. gjer greie for korleis dei vil bidra i arbeidet for å verkeleggjere måla.

Tabellen nedanfor viser departementsvis fordeling av utgifter til miljøverntiltak i statsbudsjettet for 2006. Miljøverntiltak er i denne samanhengen definert og avgrensa på følgjande måte:

- utgiftene må i sin heilskap nyttast til miljøforbetringar, eller
- miljøomsynet må vere avgjerande for at tiltaket/prosjektet blir gjennomført, eller
- utgiftene skal motverke negative miljøeffektar av sektorpolitiske tiltak elles (førebyggjande tiltak)

I departementa sine eigne budsjettproposisjonar blir det gjort greie for miljøsatsingane på dei einskilde sektorane i 2006. For nærare omtale blir det vist til desse.

Miljøvernpolitikken kjem til uttrykk ikkje berre gjennom løyvingar og budsjettpostar. Arbeid for eit betre miljø omfattar òg avgjerder som ikkje har direkte budsjettkonsekvensar. Dette kan vere å hindre miljøskadelege inngrep i naturen, reformer og regelendringar som skal gjere det lettare å ta miljøomsyn i offentleg og privat planlegging, skattar og avgifter på miljøskadeleg produksjon og forbruk m.m. Det vil dessutan alltid vere eit betydeleg innslag av skjønn i slike oppstillingar. Mange tiltak har fleire grunngjevingar og skal medverke til å nå ulike mål, noko som kan gjere det vanskeleg å skilje ut miljødelen på ein eintydig måte. Endra definisjonar eller omorganiseringar i departementa kan òg føre til at tala ikkje fullt ut kan jamførast frå eitt år til det neste. Tala i tabellen må derfor tolkast med varsemd.

På dette grunnlaget er dei samla løyvingane til miljøverntiltak i statsbudsjettet for 2006 sett til 20 586,1 mill. kroner. Dette er ein auke på 1 433,7 mill. kroner frå 2005, da dei tilsvarande løyvingane utgjorde 19 152,4 mill. kroner.

På *Fiskeri- og kystdepartementets* budsjett er det sett av 605,6 mill. kroner til miljøtiltak i 2006. Dette er ein auke på vel 20 mill. kroner i høve til 2005. Det vil bli lagt vekt på kartlegging og overvaking av biologisk mangfald. Dette er ei oppfølging av Regjeringas handlingsplan for biologisk mangfald, jf. St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold – Sektoransvar og samordning* og EUs rammedirektiv for vatn. Fiskeri- og kystdepartementet vil i samarbeid med Miljøverndepartementet etablere eit overvakings- og evalueringsprogram for å følgje opp ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar. Arbeidet med forvaltningsplanen for Barentshavet blir ført vidare. Fiskeri- og kystdepartementet prioriterer òg å styrkje tryggleiken til sjøs for å redusere risikoen for forureiningar frå sjøtransporten. I samarbeid med Miljøverndepartementet og oppdrettsnæringa vil departementet arbeide for å redusere bruken av kjemikaliar i denne næringa.

*Landbruks- og matdepartementet* aukar den budsjetterte miljøinnsatsen i 2006 til 4 396 mill. kroner. I 2005 var tilsvarande tal 4 342,5 mill. kroner. Den langt største delen av desse løyvingane (88 pst.) går over jordbruksavtala. Her utgjer areal- og kulturlandskapstilskotet den største einskildposten.

På *Samferdselsdepartementets* budsjett er det sett av 7 625 mill. kroner til miljørelaterte tiltak i 2006, mot 7 142 mill. kroner i 2005. Regjeringas satsing på kollektivtransport held fram. Til vedlikehald og investeringar i jernbanenettet blir det brukt 4,36 mrd. kroner i 2006. Nytt dobbeltspor for jernbanen på strekninga Sandvika-Asker vart teke i bruk i august i år. Den vidare utbygginga vest for Oslo vil halde fram, i første omgang med prosjektet

Lysaker stasjon. I 2006 vil T-baneringen i Oslo, der staten har medverka økonomisk, bli fullførd. Arbeidet med Bybanen i Bergen vil starte opp. Her er òg staten inne på investeringssida. Det blir i tillegg oppstart av arbeidet med dobbeltspor for jernbanen mellom Stavanger og Sandnes. Alle desse tiltaka vil styrke kollektivtrafikken i storbyområda, noko som er heilt avgjerande for å redusere miljøproblema frå vegtrafikken. Løyvinga til statleg kjøp av persontransporttenester frå NSB vil få ein liten auke i 2006. Beløningsordninga for byar som kan vise til gode resultat i arbeidet med å styrkje kollektivtransporten vil bli ført vidare med 150 mill. kroner.

Arbeidet med å avdekkje og å motverke miljøkriminalitet er ei viktig oppgåve for *Justisdepartementet* og heile justissektoren. Politiet skal førebyggje og halde oppsyn og reagere raskt på brot på miljøvernlovgivinga. Alvorleg miljøkriminalitet skal ha høg prioritet. Politidirektoratet har utarbeidd ein tiltaksplan for kampen mot miljøkriminalitet. Samarbeid med andre etatar, organisasjonar og institusjonar vil vere ein viktig del av politiarbeidet på dette feltet. I 2006 vil miljøspørsmål stå særleg sentralt i fleire av Justisdepartementets lovgjevingsarbeid, m.a. om norsk oppfølging av EU-kommisjonens forslag til direktiv om høve til domstolprøving i miljøsaker (COM (2003) 624) Samla bruker Justisdepartementet knapt 77 mill. kroner til miljøtiltak i 2006. Denne summen omfattar óg det miljøretta arbeidet til Sysselmannen på Svalbard, som har viktige oppgåver i forvaltninga av det strenge miljøregelverket som gjeld her.

På *Olje- og energidepartementets* budsjett er det sett av vel 405 mill. kroner til miljøtiltak i 2006, mot vel 337 mill. kroner i 2005. Den største auken kjem på Gassnova, verksemda som koordinerer statleg satsing og stønad til utvikling av miljøvenleg, framtidsretta og kostnadseffektiv gasskraftteknologi. Det er òg ein auke i løyvingane til energi- og miljøforsking i regi av Noregs forskingsråd.

På *Forsvarsdepartementets* budsjett er det sett av til saman 611,3 mill. kroner til miljøtiltak i 2006, mot vel 506 mill. kroner i 2005. Auken kjem i hovudsak frå omfattande tiltak mot støy ved Bodø hovudflystasjon.

*Barne- og familiedepartementet* aukar sine miljøløyvingar frå 4 mill. kroner i inneverande år til 5 mill. kroner i 2006. Prioriterte oppgåver er m.a. arbeidet med miljømerking og best mogleg samordning mellom miljømerkeordninga Svanen og EU-blomsten. Ein vil óg vurdere prosjekt som sikter mot å gje forbrukarane informasjon om etiske og miljømessige aspekt ved varer og tenester. Dette er viktig i samband med arbeidet for berekraftig produksjon og forbruk.

Tabell 2.1 Miljøverntiltak i statsbudsjettet 2006. (i mill. kroner)

| *Departement:* | *Budsjett 2005*[1] | *Forslag 2006* |
|---|---:|---:|
| Arbeids- og sosialdepartementet [2] | - | – |
| Barne- og familiedepartementet | 4,0 | 5,0 |
| Finansdepartementet | 7,1 | 7,8 |
| Fiskeri- og kystdepartementet | 584,9 | 605,6 |
| Forsvarsdepartementet | 506,7 | 611,3 |
| Helse- og omsorgsdepartementet | 103,0 | 103,0 |
| Justisdepartementet | 73,3 | 76,9 |
| Kommunal- og regionaldepartementet | 63,0 | 59,0 |
| Kultur- og kyrkjedepartementet | 549,9 | 631,1 |
| Landbruks- og matdepartementet | 4 342,5 | 4 396,0 |
| Miljøverndepartementet [3] | 2 506,5 | 3 174,5 |
| Moderniseringsdepartementet [4] [5] | 160,0 | 171,4 |
| Nærings- og handelsdepartementet | 271,2 | 252,2 |
| Olje- og energidepartementet | 337,3 | 405,4 |
| Samferdsledepartementet | 7 142,0 | 7 625,0 |
| Utanriksdepartementet [6] | 2 016,0 | 1 963,7 |
| Utdannings- og forskingsdepartementet | 485,0 | 498,5 |
| *Sum alle departementa* | 19 152,4 | 20 586,1 |

1 Denne kolonnen inneheld tal både frå budsjettproposisjonen 2005 og frå saldert budsjett. For nokre departement kan det vere visse avvik mellom desse tala.
2 Arbeids- og sosialdepartementet har ikkje budsjettpostar som fell inn under miljøomgrepet slik det her er definert.
3 Miljøverndepartementets budsjettal omfattar her berre halvdelen av utgiftene til Statens Kartverk. Årsaka til dette er at denne etaten tenar ei rekkje føremål i tillegg til dei miljøfaglege.
4 Tala omfattar ikkje Statsbygg/rehabilitering av verneverdige statlege bygningar. Enøk-tiltak i regi av Statsbygg er tekne med.
5 Omfattar òg utgifter til drift av fylkesmannens miljøvernavdeling (for 2006 ca. 160 mill. kroner)
6 Norsk bistandspolitikk byggjer på standardar som er fastsette i OECD/DAC. Definisjonen av miljøverntiltak avvik noko frå Miljøverndepartementets definisjon.

Miljøverntiltak på andre departement sine budsjett er nærare omtalt i budsjettproposisjonane frå dei einskilde departementa. Her vil ein finne ei omtale av:

- utfordringar knytte til miljø- og ressursforvaltning på departementet sitt ansvarsområde
- mål for departementet sitt arbeid med desse utfordringane
- oppnådde resultat i 2004
- ressurs- og miljøtiltak i budsjettforslaget for 2006.

# 3 Organisasjonsendring, fornyingsarbeid og likestilling

## 3.1 Organisering

Miljøverndepartementet er overordna styresmakt for Statens kartverk, Statens forureiningstilsyn, Direktoratet for naturforvaltning, Riksantikvaren, Norsk Polarinstitutt, Produktregisteret og Norsk kulturminnefond. Det statlege miljøvernarbeidet blir regionalt ivareteke av miljøvernavdelingane hos Fylkesmannen og sysselmannen på Svalbard. Etatar som Statens strålevern, Sjøfartsdirektoratet og Innovasjon Noreg har oppgåver innafor miljøvernområdet som Miljøverndepartementet styrer.

Det har ikkje vore store endringar i organiseringa av miljøvernforvaltninga i perioden, men organisasjonen til Statens kartverk har hatt ei stor omlegging frå hausten 2003 fram til våren 2004, jf. St.meld. nr. 30 (2002-2003) *«Norge digitalt» – et felles fundament for verdiskaping*. Konsekvensane er gjort greie for under programkategori 12.50 om Kart og geodata.

Produktregisteret har som hovudoppgåve å samle inn informasjon om innhald av farlege kjemikaliar i kjemiske produkt. Statens forureiningstilsyn er den største brukaren av registeret. Ei nærare tilknyting mellom registeret og den største brukaretaten er venta å gi betre og meir effektiv drift av registeret og bidra til auka effektivitet i kjemikalieforvaltninga.

Produktregisteret og Statens forureiningstilsyn skal derfor vurdere høvet til å integrere Produktregisteret i Statens forureiningstilsyn. Aktuelle aktørar vil bli konsulterte i denne prosessen.

### Årsverksoversikt

Ei samla årsverksoversikt pr. 1. mars 2005, fordelt på Miljøverndepartementet og underliggjande etatar, finst i tabell 5.1 under kap. 5.

## 3.2 Oversikt over fornyingsarbeidet

### Enklare regelverk

Rydding og samordning av regelverk gjer det meir tilgjengeleg for den enkelte brukar, noko som igjen kan medføre spart tid og vinst for miljøet. Miljøverndepartementet har gjennomført eit omfattande forenklingsarbeid innafor sitt eige regelverk ved at det 1. juli 2004 trådde i kraft tre forskrifter om forureining, produkt og avfall. Forskriftene erstattar 50 tidlegare forskrifter på området. Forureiningsstyresmaktene vil oppdatere kommentarstoff og rettleiingar til regelverket for å gjere regelverket endå meir brukarvennleg.

Miljøverndepartementet er i ferd med å utarbeide generelle forureiningskrav til industrien som skal erstatte fleire hundre enkeltløyve. Det vil bli stilt spesifikke bransje- og prosesskrav. Arbeidet er svært omfattande og er av den grunn forseinka. Det er teke sikte på at høyring av føresegnene kan skje i løpet av 2005.

Det er fremja endringar i føresegnene om konsekvensutgreiing som følgje av EU-direktiv på området. Lovendringane og nye forskrifter er sette i verk i 2005. Regjeringa har vedteke at det skal startast eit arbeid med ein lovproposisjon om ein ny plandel i plan- og bygningslova. Det er ikkje fastsett ein endeleg tidsplan for arbeidet, men ein proposisjon vil bli fremja for Stortinget tidlegast våren 2006.

### Byggsøk Plan

I 2006 vil det bli sett i verk ei driftsløysing for Byggsøk Plan i Statens Bygningstekniske etat, som vil leggje til rette for elektronisk planlegging i kommunar og hos private planleggjarar. Samtidig blir det no arbeidd med å utvikle gode løysingar for å gi tilgang på digitale plandata og anna nødvendig temainformasjon.

### Omstrukturering av Statens kartverk

Statens kartverk har hovudansvaret for å gjennomføre dei fleste tiltaka som vart lagt fram i St.meld. nr. 30 (2002-2003) «Norge Digitalt – et felles fundament for verdiskaping». Eit hovudgrep er å etablere *Noreg digitalt* som driftsløysing, der datainnhald, medverkande partar, økonomi og avtaler blir avklarte, slik at *Noreg digitalt* er fullt ut operativt og inne i budsjetta til medverkande etatar frå 2005. Kartverket har følgt opp St.meld. nr. 30 (2002-2003) ved å effektivisere verksemda, bl.a. ved å redusere talet på distriktskontor frå 18 til 12 og

redusere bemanninga sentralt og regionalt frå 600 til 450. Dette skal etter kvart gi rom for auka kjøp av tenester og større fleksibilitet i arbeidet med produksjon av data.

Arbeidet med innføringa av tinglysinga i Statens kartverk blir ført vidare, og skal vere sluttført i 2007.

### Vidareutvikling av produktregisteret

Produktregisteret og Giftinformasjonen samarbeider om å utarbeide elektronisk deklarering av farlege kjemikaliar. Vidare samarbeider dei nordiske produktregistra om deklarering og formidling av data.

### Grøn stat

*Grøn stat* er eit prosjekt for å integrere miljøomsyn i drifta av statlege verksemder gjennom eit enkelt system for miljøleiing, integrert i det generelle styringssystemet. Fire hovudsatsingsområde er: innkjøp, transport (IKT), energi og avfallshandtering. Tilsvarande prosjekt er sette i gang i fleire OECD-land. Miljøleiing blir i aukande grad brukt også i det private næringslivet.

Målet er at innan utgangen av 2005 skal alle statlege etatar og verksemder ha innført miljøleiing som ein integrert del av styringssystemet. Gjennom prosjektet skal verksemdene enklare kunne ta miljøomsyn i eiga drift og oppfylle pliktene sine etter lov om offentlege kjøp og ny lov om miljøinformasjon. For nærare omtale sjå resultatområde 11.

### Forenkling av rovviltforvaltninga

Rovviltforvaltninga er siste året forenkla og effektivisert gjennom oppfølginga av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 74 (2003-2004). All regional mynde er frå 1. april 2005 samla i åtte nye rovviltnemnder, mens tidlegare fylkesvise rovviltutval, jervenemnder og gaupenemnder er lagt ned.

Miljøverndepartementet har utarbeidd ei samordna forskrift om forvaltning av rovvilt. Dette forvaltningsområdet var tidlegare regulert i fleire ulike forskrifter.

### Forenkling og effektivisering i forvaltninga av vilt- og innlandsfiskeressursar som kan haustast

Målet er at forvaltninga av desse ressursane i størst mogleg grad skal utøvast lokalt, slik at rettshavarane får eit større ansvar for forvaltninga av vilt- og fiskeressursar innafor rammer som sikrar nasjonale målsetjingar. Forskriftene på dette området skal bli færre, enklare og kortare og skal i større grad fokusere på overordna mål som berekraftig hausting, fordelingspolitikk, kultur- og næringsutvikling. Som del av omlegginga skal den offentlege forvaltninga i større grad drive med målstyring, kvalitetssikring og kontroll i forhold til oppsette mål.

### Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering på kulturminneområdet

Forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering er sette i gang i kommunane Bergen, Stavanger og Kristiansand. Målet med forsøka er å prøve ut modellar som kan gi ei betre og meir effektiv kulturminneforvaltning. Forvaltningssystemet skal forenklast, ansvar skal gjerast tydeleg og det skal ytast betre service til brukarane. Frå 1. januar 2004 er det overført ansvar og oppgåvemynde frå fylkeskommunen og staten til dei tre utvalde forsøkskommunane på heile kulturminneområdet. Forsøksordninga varer til 31. desember 2007.

## 3.3 Rapport om likestilling i miljøvernforvaltninga

Miljøvernforvaltninga er gjennom likestillingslova pålagt ei målretta og planmessig rolle for likestilling.

### Likestilling internt i Miljøverndepartementet

*Fordeling kvinner og menn*

Kjønnsfordelinga i Miljøverndepartementet er 60 pst. kvinner og 40 pst. menn. Kjønnsfordelinga i avdelingane er stort sett jamn, men innan enkelte fagområde er det overrepresentasjon av eitt av kjønna. Ei forklaring kan vere at enkelte fagområde tradisjonelt er kvinne- eller mannsdominerte.

Det er noko fleire menn i leiarstillingar i departementet. På toppleiarnivå (departementsråd og ekspedisjonssjefar) er det tre (43 pst.) kvinner og fire (57 pst.) menn. På mellomleiarnivå (avdelingsdirektør og underdirektør) er det 48 pst. kvinner og 52 pst. menn. I gruppa høgtlønte rådgivarar (spesialrådgivar og seniorrådgivar) er det 45 pst. kvinner og 55 pst. menn. På saksbehandlarnivå (rådgivar, førstekonsulent og arkivleiar) er det 65 pst. kvinner og 35 pst. menn. For kontorstillingar er fordelinga 88 pst. kvinner og 12 pst. menn.

Rekruttering og omorganisering er viktige verkemiddel for å få jamnare fordeling av kjønn på ulike fagområde og nivå i organisasjonen.

*Rekruttering*

Ein gjennomgang av alle eksternt kunngjorde stillingar i 2004 viste at av den totale søkjarmassen var 58 pst. kvinner og 42 pst. menn. Av kandidatane som vart kalla inn til intervju var 71 pst. kvinner og 29 pst. menn. Av desse vart 12 kvinner og 2 menn tilsette. Departementet tilsette 2 kvinner i eksternt utlyste leiarstillingar i 2004.

*Lønn*

Leiarar på ekspedisjonssjef- og avdelingsdirektørnivå har jamn fordeling av lønn mellom kvinner og menn. Tilsvarande jamn fordeling finn vi for høgtlønte rådgivarar og saksbehandlarnivå. Det er heller ikkje lønnsforskjellar mellom kvinner og menn på kontornivå.

Totalt i departementet har menn ei gjennomsnittleg årslønn som er noko høgare enn kvinnene. Differansen i lønn mellom kvinner og menn skuldast hovudsakleg at det er fleire kvinner enn menn i lågare lønte stillingar som på kontornivå, og at det er fleire menn i høglønte seniorrådgivarstillingar. I lokale lønnsforhandlingar etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.3 hausten 2004 gjekk 50,1 pst. av forhandlingspotten til kvinnene. Det vart i 2004 forhandla for 16 kvinner og 4 menn etter hovudtariffavtala pkt. 2.3.4. For 10 kvinner og 4 menn medførte forhandlingane omgjering til høgare stillingskode.

*Arbeidstid*

85 pst. av dei som jobbar deltid er kvinner. Mange av desse har mellombels redusert fulltidsstillinga si. Overtidsbruken fordeler seg jamt mellom kvinner og menn.

*Tiltak som er sette i verk*

Eit hovudmål i lønns- og personalpolitikken er å medverke til likestilling mellom kjønna. Under dei lokale lønnsforhandlingane er det prioritert å skape jamn lønnsfordeling mellom kvinner og menn. Rekruttering er eit viktig verkemiddel for jamnare fordeling av kjønn på ulike nivå i organisasjonen. I utlysingstekst som gjeld leiarstillingar blir kvinner oppmoda til å søkje dersom kvinner er i mindretal.

Miljøverndepartementet deltek i mentorprogram for yngre kvinnelege leiarar i regi av Statskonsult. Programmet tek sikte på å utvikle unge leiarar gjennom ein dialog med ein meir erfaren leiar. Metoden legg vekt på rettleiing og vekst gjennom diskusjon og samtale om leiarutfordringar.

*Planlagde tiltak*

Vi vil vidareføre og utvikle dei tiltaka som er sette i verk og som er nemnde ovanfor. I tillegg vil departementet vurdere å bruke utlysingstekstar som oppmodar anten menn eller kvinner til å søkje ledige stillingar innafor fagområde der kjønnet deira er underrepresentert.

Departementet vil også vurdere å utvikle eit rapporteringssystem som viser bruk av midlar til kompetansehevande tiltak fordelt på kjønn.

## Kjønnsfordeling i statlege råd og utval

*Lågutslepputvalet*

Lågutslepputvalet vart oppnemnt i mars 2005. Hovudoppgåva for utvalet er å greie ut korleis Noreg kan oppnå betydelege reduksjonar av dei nasjonale utsleppa av klimagassar på lang sikt. Utvalet skal skissere scenario der dei nasjonale utsleppa blir reduserte med 50-80 pst. innan 2050. Utvalet har ei tidsramme på 18 månader. Det er like mange kvinner som menn i utvalet

*Naturforvaltningsområdet*

Ved innføring av ny ordning med 8 regionale rovviltnemnder frå desember 2004 vart det stilt krav frå Miljøverndepartementet om at alle nemndene skulle ha minimum 40 pst. kvinner. Dette er oppfylt. Ei kartlegging viser likevel at kvinner deltek i liten grad i andre statlege råd og utval på naturforvaltningsområdet. I 13 av totalt 23 villreinnemnder er det berre menn. Kvinnerepresentasjonen ligg på 40 pst. i 2 av nemndene, 25 pst. i 5 av nemndene og under 20 pst. i dei andre 3 nemndene.

Direktoratet for naturforvaltning har ansvar for tilsynsutval for verneområda på Hardangervidda, eitt i kvart av fylka Hordaland, Telemark og Buskerud. Tilsynsutvalet i Hordaland har totalt 9 representantar. Av desse er 3 kvinner. Buskerud har 5 representantar, av dei er 1 kvinne, og i Telemark er alle 5 representantane menn.

Fylkesmannen i dei ulike fylka har i varierande grad oppnemnt rådgivande utval eller tilsynsutval for ulike verneområde og forskjellige typar samarbeidsråd og kontaktutval. Det er kommunar og organisasjonar som foreslår medlemmer til desse utvala. Av totalt 21 ulike råd/tilsynsutval fordelte på 11 fylke tilfredsstiller 2 av utvala kravet om 40 pst. kvinner. I 3 av utvala er det berre menn. I 12 av utvala er kvinnerepresentasjonen under 20 pst. Det er gjennomgåande noko betre kvinnerepresentasjon blant varamedlemmene.

I alle dei råd og utval som er kartlagt er det kommunar og organisasjonar som foreslår med-

lemmene. Det er i dag i lita grad lagt føringar for koordinering mellom kommunar og organisasjonar for å sikre likestillingsspørsmål. Dette er noko av årsaken til at det ikkje alltid er lett for Direktoratet for naturforvaltning og Fylkesmannen å følje opp likestillingslova. For å få velfungerande råd og utval med høg grad av legitimitet lokalt og regionalt er det viktig at forslag til medlemmer framleis kjem frå brukarar og interessentar for det arbeidet rådet/utvalet skal gjennomføre. Det er likevel nødvendig å leggje inn føringar i denne prosessen som også sikrar oppfølging av likestillingslova. Ein utveg er å be kommunar og organisasjonar om alltid å foreslå ei kvinne og ein mann.

Kartlegginga viser at det er behov for å betre oppfølginga frå departementet overfor ytre etatar og fylkesmannen for å sikre at likestillingslovas krav til representasjon av kvinner i statlege råd og utval oppnemnde at ytre etatar og fylkesmenn blir oppfylt i større grad. Departementet vil ta dette opp i styringsdialogen med Direktoratet for naturforvaltning og med fylkesmennene.

### Likestilling i Miljøverndepartementets underliggjande etatar

Miljøverndepartementets underliggjande etatar har likestillingskrav i sine tildelingsbrev med tilhøyrande rapportering, bl.a. på sine måltal for kvinner i leiande stillingar.

# 4 Om oppfølging av oppmodningsvedtak frå Stortinget

*Vedtak nr. 339, 13. mai 2004*

Erstatningsordninga for rovviltskadar skal framleis liggje i Miljøverndepartementet. Ordninga skal innrettast slik at ein betydeleg del av erstatningane skal givast som førehandsutbetaling, som incentiv til å setje i verk førebyggjande tiltak, men det skal framleis givast skjønnsmessig erstatning for udokumentert tap.

Stortinget ber Regjeringa komme tilbake med endringar og utviding av den ordninga Regjeringa har foreslått, som tek omsyn til at det framleis er behov for skjønnsmessige erstatningsutbetalingar, basert på at mykje tap er vanskeleg å dokumentere på trass av at førebyggjande tiltak er sette i verk.

Stortinget ber Regjeringa komme tilbake til Stortinget med ei eiga sak om dette, seinast i samband med statsbudsjettet for 2006. Inntil ny ordning blir gjennomført, vil dagens ordning blir vidareført.

Miljøverndepartementet uttaler i brev 19. august 2004: «Regjeringen vil utvikle en ny erstatningsordning for rovviltskader i tråd med Stortingets føringer, og komme tilbake til spørsmålet senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2006».

Regjeringa har, i tråd med Stortingets føringar i Innst. S. nr. 174 (2003-2004) om rovvilt i norsk natur presentert ordninga i Del II, omtale av resultatområda, resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Den nye erstatningsordninga for husdyr og tamrein, tekne av rovvilt, blir presentert. Ein viser også til omtale under post 1427.71 og 1427.72.

*Vedtak nr. 428, 8. juni 2005*

Stortinget har den 8. juni 2005 vedteke ei oppmodning til Regjeringa om å gjennomføre ei opptrapping av fondskapitalen i Norsk kulturminnefond slik at fondskapitalen kjem opp i 1,4 mrd. kroner i løpet av kommande stortingsperiode.

Miljøverndepartementet uttaler i brev av 26. august 2005: «Fondskapitalen ble fordoblet fra 200 til 400 mill.kroner i RNB 2005. Videre opptrapping vil skje på vanlig måte gjennom budsjettprosessene».

Fondskapitalen vart auka med 200 mill. kroner i samband med Stortingets behandling av St.prp. nr. 65 (2004-2005) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett medregnet folketrygden 2005*. Fondskapitalen blir no foreslått auka med ytterlegare 400 mill. kroner og blir på i alt 800 mill. kroner.

*Vedtak nr. 431, 8. juni 2005*

Stortinget har den 8. juni 2005 vedteke ei oppmodning til Regjeringa som eit ledd i gjennomføringa av rammedirektivet for vatn, å leggje til rette for interkommunale prosjekt for å betre vasskvaliteten i forureina vassdrag i Noreg, og komme tilbake til Stortinget med dette i statsbudsjettet for 2006.

Miljøverndepartementet uttaler i brev 26. august 2005: «Regjeringen vil komme tilbake til saken i forbindelse med statsbudsjettet for 2006».

Utkast til regelverk for implementering av rammedirektivet for vatn vert etter planen sendt på høyring hausten 2005, og vil leggje til rette for aktiv lokal deltaking, og kommunar, representantar for interkommunalt samarbeid, lokale lag og foreiningar o.a. vil vere viktige aktørar. I denne samanhengen vil det i mange tilfelle vere naturleg å opprette lokale vassområdeutval som eit supplement til organiseringa på det regionale nivået.

Saka er nærare omtalt i under resultatområde 4 Overgjødsling og forureining –Verkemiddel.

# 5 Oversiktstabellar

## 5.1 Merknader til budsjettframlegget

Regjeringa foreslår ei samla løyving til Miljøverndepartementet på 3 413,1 mill. kroner. Nominelt er budsjettet auka med om lag 24,5 pst. Dette inkluderar auka grunnkapital til Norsk kulturminnefond på 400 mill. kroner som blir løyvd på 90-post.

Frå 2006 blir det innførd ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2005–2006) frå Finansdepartementet. Dette inneber ei generell nettoordning for budsjettering og rekneskapsføring av meirverdiavgift avgrensa til alle ordinære statlege forvaltningsorgan. Nettoordninga omfattar budsjettpostane 01-29 (untatt post 24) for statens eigne driftsutgifter mv. og budsjettpostane 30-49 for nybygg og anlegg mv. Ordninga er innretta slik at meirverdiavgifta knytta til innkjøp ol. under desse budsjettpostane frå og med 2006 blir budsjetterte på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga, kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter. Det er rammeoverført 57,2 mill. kroner frå Miljøverndepartementet til dette utgiftskapitlet.

Framlegg til budsjett 2006 eksklusiv meirverdiavgift finst i tabellane under avsnitt 5.2. Den samla løyvinga til Miljøverndepartementet eksklusiv meirverdiavgift er på 3 355,9 mill. kroner.

## 5.2 Utgifter:

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1400 | Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400) | 344 600 | 334 667 | 456 808 | 36,5 |
| 1410 | Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 4410) | 313 408 | 315 412 | 333 485 | 5,7 |
| | Sum kategori 12.10 | 658 008 | 650 079 | 790 293 | 21,6 |

Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1425 | Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425) | 66 033 | 70 200 | 65 885 | -6,1 |
| 1426 | Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426) | 91 810 | 100 656 | 97 317 | -3,3 |
| 1427 | Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427) | 464 397 | 537 772 | 512 632 | -4,7 |
| | Sum kategori 12.20 | 622 241 | 708 628 | 675 834 | -4,6 |

## Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1429 | Riksantikvaren (jf. kap. 4429) | 226 834 | 252 313 | 294 930 | 16,9 |
| 1432 | Norsk kulturminnefond (jf. kap. 4432) | 13 405 | 13 000 | 416 700 | 3 105,4 |
| | Sum kategori 12.30 | 240 239 | 265 313 | 711 630 | 168,2 |

## Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1441 | Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441) | 599 279 | 605 213 | 633 657 | 4,7 |
| 1444 | Produktregisteret | 13 888 | 14 637 | 13 354 | -8,8 |
| 1445 | Miljøvennleg skipsfart | | 2 000 | 1 922 | -3,9 |
| 2422 | Statens miljøfond | 200 | | | |
| | Sum kategori 12.40 | 613 367 | 621 850 | 648 933 | 4,4 |

## Utgifter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1465 | Statens kjøp av tenester i Statens kartverk | 355 848 | 336 323 | 350 788 | 4,3 |
| 2465 | Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603) | 7 364 | 12 000 | 12 000 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.50 | 363 212 | 348 323 | 362 788 | 4,2 |

## Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1471 | Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 4471) | 123 522 | 140 912 | 161 054 | 14,3 |
| 1472 | Svalbard miløvernfond (jf. kap. 4472) | | 5 400 | 5 400 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.60 | 123 522 | 146 312 | 166 454 | 13,8 |

## 5.3 Inntekter:

### Inntekter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4400 | Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400) | 5 863 | 1 473 | 1 521 | 3,3 |
| 4410 | Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 1410) | 4 000 | 4 000 | 4 000 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.10 | 9 863 | 5 473 | 5 521 | 0,9 |

### Inntekter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4425 | Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425) | 67 500 | 70 200 | 67 885 | -3,3 |
| 4426 | Statens naturoppsyn (jf. kap. 1426) | 198 | 118 | 122 | 3,4 |
| 4427 | Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427) | 19 968 | 10 983 | 11 861 | 8,0 |
| | Sum kategori 12.20 | 87 666 | 81 301 | 79 868 | -1,8 |

### Inntekter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4429 | Riksantikvaren (jf. kap. 1429) | 8 691 | 4 337 | 4 475 | 3,2 |
| 4432 | Norsk kulturminnefond (jf. kap. 1432) | 13 405 | 13 000 | 16 700 | 28,5 |
| | Sum kategori 12.30 | 22 096 | 17 337 | 21 175 | 22,1 |

### Inntekter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4441 | Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441) | 99 348 | 59 407 | 121 060 | 103,8 |
| 4444 | Produktregisteret (jf kap 1444) | 377 | | | |
| 5322 | Statens miljøfond, avdrag | 29 062 | 10 300 | 13 200 | 28,2 |
| 5621 | Statens miljøfond, renteinntekter | 5 373 | 3 500 | 3 400 | -2,9 |
| | Sum kategori 12.40 | 134 161 | 73 207 | 137 660 | 88,0 |

## Inntekter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 5465 | Statens kartverk | 10 338 | | | |
| | Sum kategori 12.50 | 10 338 | | | |

## Inntekter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 4471 | Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 1471) | 28 171 | 35 769 | 26 026 | -27,2 |
| 4472 | Svalbard miljøvernfond (jf. kap. 4472) | | 5 400 | 5 400 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.60 | 28 171 | 41 169 | 31 426 | -23,7 |

### *Utgifter fordelte på postgrupper*

(i 1 000 kr)

| Post-gr. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 01-01 | Driftsutgifter | 709 162 | 717 285 | 691 533 | -3,6 |
| 11-23 | Varer og tenester | 578 681 | 557 225 | 614 290 | 10,2 |
| 24-24 | Driftsresultat | 732 | | | |
| 30-49 | Nybygg, anlegg m.v. | 210 814 | 294 673 | 287 268 | -2,5 |
| 50-59 | Overføringar til andre statsrekneskaper | 227 857 | 230 102 | 252 302 | 9,6 |
| 60-69 | Overføringar til kommunar | 7 541 | 5 500 | 5 000 | -9,1 |
| 70-89 | Overføringar til private | 885 802 | 935 720 | 1 105 539 | 18,1 |
| 90-99 | Utlån, avdrag m.v. | | | 400 000 | |
| | Sum under departementet | 2 620 588 | 2 740 505 | 3 355 932 | 22,5 |

### *Inntekter fordelte på postgrupper*

(i 1 000 kr)

| Post-gr. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 01-29 | Sal av varer og tenester m.v. | 170 366 | 109 787 | 162 165 | 47,7 |
| 30-49 | Nybygg, anlegg m.v. | 109 | | | |
| 50-91 | Skattar, avgifter og andre overføringar | 121 820 | 108 700 | 113 485 | 4,4 |
| | Sum under departementet | 292 295 | 218 487 | 275 650 | 26,2 |

## Oversikt over bruk av stikkordet «kan overførast»

Det blir foreslått å knyte stikkordet «kan overførast» til dei postane som er viste i tabellen nedanfor. Dette er postar der det knyter seg stor uvisse til utbetalingsår. For å kunne sikre utbetaling av tilsegn om tilskot gitt i 2005 og tidlegare år, må posten tilføyast stikkordet «kan overførast».

Under Miljøverndepartementet blir stikkordet foreslått knytt til desse postane:

(i 1 000 kr)

| Kap. | Post | Nemning | Overført til 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 1400 | 72 | Miljøverntiltak i nordområda | 800 | 7 000 |
| 1400 | 73 | Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk | | 21 200 |
| 1400 | 74 | Tilskot til AMAP | | 2 200 |
| 1400 | 75 | Miljøvennleg byutvikling | 1 017 | 5 000 |
| 1400 | 76 | Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak | 16 | 9 046 |
| 1400 | 78 | Miljøtiltak til nikkelverka på Kola | 79 236 | 109 000 |
| 1400 | 80 | Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle | | 20 000 |
| 1400 | 81 | Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn | | 10 000 |
| 1425 | 61 | Tilskot til kommunale vilttiltak | 710 | 5 000 |
| 1425 | 70 | Tilskot til fiskeformål | 360 | 6 500 |
| 1425 | 71 | Tilskot til viltformål | 1 957 | 30 500 |
| 1426 | 30 | Tiltak i nasjonalparkane | 1 369 | 8 272 |
| 1426 | 31 | Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde | 289 | 20 467 |
| 1426 | 32 | Skjergardsparkar o.a. | 351 | 13 139 |
| 1427 | 30 | Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde | 31 306 | 34 180 |
| 1427 | 32 | Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar | 9 428 | 17 976 |
| 1427 | 33 | Statlege tileigningar, barskogvern | 38 817 | 42 664 |
| 1427 | 34 | Statlege tileigningar, nasjonalparkar | 1 128 | 4 700 |
| 1427 | 35 | Statlege tileigningar, nytt skogvern | 6 617 | 66 708 |
| 1427 | 70 | Tilskot til kalking og lokale fiskeformål | 96 | 70 000 |
| 1427 | 71 | Risikoerstatning i rovviltområde | | 56 970 |
| 1427 | 73 | Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga | 2 240 | 37 000 |
| 1427 | 74 | Tilskot til friluftslivstiltak | | 15 520 |
| 1427 | 77 | Tilskot til nasjonalparksentre | 2 | 12 700 |
| 1427 | 78 | Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd | | 6 000 |
| 1429 | 72 | Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø | 3 925 | 145 030 |
| 1429 | 73 | Brannsikring og beredskapstiltak | | 10 953 |
| 1429 | 74 | Fartøyvern | 620 | 29 004 |
| 1429 | 75 | Internasjonalt samarbeid | 28 | 1 100 |
| 1429 | 77 | Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet | | 6 000 |
| 1441 | 39 | Oppryddingstiltak | 1 889 | 67 162 |

(i 1 000 kr)

| Kap. | Post | Nemning | Overført til 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 1465 | 21 | Betaling for statsoppdraget | | 350 788 |
| 1471 | 21 | Spesielle driftsutgifter | | 50 491 |
| 1472 | 70 | Tilskot | | 5 400 |
| 2465 | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald | 3 652 | 12 000 |

Tabell 5.1 Oversikt over talet på årsverk pr. 1. mars 2005 under Miljøverndepartementet

| Kapittel | Nemning | Tal årsverk |
|---|---|---|
| 1400 | Miljøverndepartementet | 223 |
| 1427 | Direktoratet for naturforvaltning | 181 |
| 1429 | Riksantikvaren | 127 |
| 1441 | Statens forureiningstilsyn | 251 |
| 1444 | Produktregisteret | 20 |
| 2465 | Statens kartverk | 533 |
| 1471 | Norsk polarinstitutt | 116 |
| 1432 | Norsk kulturminnefond | 2 |
| Sum | | 1 453 |

# *Del II*
# *Omtale av Miljøverndepartementets mål og verkemiddel*

# 6 Innleiing til del II

Tabell 6.1 viser planlagt disponering av Miljøverndepartementets budsjett innafor det enkelte resultatområde på tvers av ulike programkategoriar og kapittel. Tabellane inneheld planlagt disponering av budsjetta for 2005 og 2006. Dei endringane som går fram av tabellen er ikkje berre eit resultat av opp- eller nedprioritering, men skuldast òg tekniske endringar.

Miljøverndepartementets budsjett aukar med 24,5 pst. samanlikna med saldert budsjett 2005. Regjeringas største satsingar på Miljøverndepartementets budsjett for 2006 er innafor området kulturminne og kulturmiljø, med ein auke på 197,6 pst. Dette inkluderar framlegg om å auke kulturminnefondets grunnkapital med 400 mill. kroner. Satsinga på kulturminneområdet er i samsvar med intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Auken på internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda kjem hovudsakleg som følgje av tekniske justeringar knytte til nikkelverket på Kola.

Tabell 6.1 Miljøverndepartementets budsjett fordelt på resultatområde i åra 2005 og 2006.

(i 1000 kr)

| Resultatområde | Saldert budsjett 2005 | Budsjett-forslag 2006[1] | Endring siste år i pst. |
|---|---|---|---|
| 1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald | 621 813 | 609 751 | - 1,9 pst. |
| 2. Friluftsliv | 95 588 | 97 113 | 1,6 pst. |
| 3. Kulturminne og kulturmiljø | 227 912 | 678 290 | 197,6 pst. |
| 4. Overgjødsling, oljeforureining og akutte utslepp | 32 931 | 34 342 | 4,3 pst. |
| 5. Helse- og miljøfarlege kjemikaliar | 146 379 | 157 604 | 7,7 pst. |
| 6. Avfall og gjenvinning | 360 480 | 403 333 | 11,9 pst. |
| 7. Klimaendringar, luftforureining og støy | 150 696 | 141 156 | -6,3 pst. |
| 8. Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda | 181 586 | 321 646 | 77,1 pst. |
| 9. Regional planlegging | 62 303 | 58 110 | -6,7 pst. |
| 10. Kart og geodata | 313 257 | 328 612 | 4,9 pst. |
| 11. Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver | 547 560 | 583 157 | 6,5 pst. |
| Sum | 2 740 505 | 3 413 114 | 24,5 pst. |

1 Budsjettforslaget for Miljøverndepartementet for 2006 er på 3 413,1 mill. kroner. 57,2 mill. kroner av dette er løyvde på statsforvaltningas felleskapittel for meirverdiavgift, og går derfor ikkje fram av denne proposisjonen. Sjå nærare forklaring i Del I, kapittel 5.

# 7 Resultatområde 1: Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar bevaring av biologisk mangfald gjennom berekraftig bruk, vern og restaurering. Hovudårsakene til tap av biologisk mangfald er knytte til tap av biologiske nøkkelområde og endringar i arealbruk, klimaendringer, forureining, spreiing av framande arter og overutnytting. Resultatområdet omfattar derfor òg arbeidet med å motverke negative miljøeffektar på det biologiske mangfaldet av desse påverknadene, med unntak av klimaendringer og forureining som blir dekt av resultatområde 4-8. Bevaring av verdifulle geologiske førekomstar og ulike landskapskvalitetar inngår òg i resultatområdet. I tillegg dekkjer resultatområdet internasjonalt arbeid, blant anna oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale prosessar og avtaler for å sikre berekraftig bruk, vern og rettferdig fordeling av biologisk mangfald.

### Strategisk mål

Naturen skal forvaltast slik at arter som finst naturleg blir sikra i levedyktige bestandar, og slik at variasjonen av naturtypar og landskap blir halden ved lag og gjer det mogleg å sikre at det biologiske mangfaldet får halde fram med å utvikle seg. Noreg har som mål å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål og resultatindikatorar, og statusbeskriving

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 1. Eit representativt utval av norsk natur skal vernast for kommande generasjonar. | 1.1. Implementere arbeidsprogram om områdevern frå Konvensjonen om biologisk mangfald (vedteken på COP7 i 2004) ved å etablere nettverk av terrestriske verneområde innan 2010. | Kvalitativ vurdering av arbeidet. |
| | 1.2. Sluttføre fylkesvise/ tematiske verneplanar i løpet av år 2006. | Talet på vedtekne fylkesvise verneplanar. |
| | 1.3. Auke skogvernet i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, jf. Innst. S. nr. 46 (2003-2004). | Sum verna areal produktiv skog fordelt på naturgeografiske regionar.<br>Talet på nye skogvernområde som er vedtekne (etter 2002). |
| | 1.4. Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 40 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010. | Sum verna areal fordelt på naturgeografiske regionar.<br>Talet på nye verneområde som er vedtekne. |

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 1.5. Etablere eit nettverk av marine område som er verna innan dei ulike biogeografiske regionane i kyst- og havområda innan 2012. | Talet på representative, særeigne, truga og sårbare naturtypar som inngår i dei marine verna områda i kvar biogeografiske region. |
| | 1.6. Sikre at naturverdiane i verneområda blir oppretthaldne. | Del av verneområde som har tilfredsstillande forvaltningsplan.<br>Del av verneområde med tilfredsstillande skjøtsel.<br>Del av verneområde som har tilfredsstillande oppsyn/tilsyn. |
| 2. I truga naturtypar skal ein unngå inngrep, og i omsynskrevjande naturtypar skal ein halde oppe viktige økologiske funksjonar. | 2.1. Leggje til rette for kartlegging og overvaking av svært viktige område (A-område) og viktige område (B-område) for biologisk mangfald. | Areal og talet på A- og B-område for biologisk mangfald som er kartlagde.<br>Areal av A- og B-område fordelt på naturgeografisk variasjon. |
| | 2.2. I samarbeid med sektorane (jf. St.meld. nr. 42 (2000-2001) og St.meld 21 (2004-2005) gjennomføre eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, | Kvalitativ vurdering av arbeidet.<br>Auka mengd kvalitetssikra data i forhold til det talfesta målet om lokalitets-opplysingar i naturbasen |
| | 2.3. Sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på. | Areal av inngrepsfrie naturområde. |
| | 2.4. Medverke til å halde ved lag truga, sårbare og omsynskrevjande marine naturtypar. | Talet på truga, sårbare og omsynskrevjande naturtypar som er blitt kartlagde.<br>Omfang av marine naturtypar som er dokumentert skadde eller øydelagde (kvalitativ vurdering). |
| | 2.5. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at forvaltninga av vassdrag tek vare på omsynet til biologisk mangfald. | Overvakingsparameter under vassramme-direktivet |
| | 2.6. Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø, ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område. | Talet på dispensasjonar som er gitt.<br>Talet på personar som er melde for brot på motorferdslelova. |
| 3. Forvalte kulturlandskapet slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgjenge blir halde ved lag. | 3.1. Medverke til at verdifulle kulturlandskap blir tekne vare på og haldne ved lag. | Tilstand og utvikling for dei nasjonalt prioriterte kulturlandskapa.<br>Tilstand og utvikling i kulturlandskapet innan jordbruket. |

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 4. Hausting og annan bruk av levande ressursar skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir utrydda eller truga. | 4.1. Sikre at fastsetjing av forsvarlege nasjonale, regionale og lokale rammer for hausting av vilt- og fiskeressursane blir baserte på best mogeleg kunnskap om arter og bestandar. | Omfanget av bestandar som er truga av overutnytting. |
| | 4.2. Sikre at forvaltninga av vilt- og fiskeressursar som kan utnyttast innan 2006 som hovudregel blir basert på driftsplanar utarbeidde i samarbeid mellom rettshavarar, kommunar og brukarar. | Delen av hjortevilt felt på vald med driftsplan/ bestandsplan.<br>Talet på driftsplanar for laksefisk som er lagt til grunn for forvaltninga. |
| 5. Menneskeskapt spreiing av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema skal ikkje skade eller avgrense økosystema sin funksjon. | 5.1. Førebyggje utilsikta introduksjonar av framande arter og negative effektar av eksisterande og tilsikta nye introduksjonar gjennom meir dekkjande regelverk, tiltak, informasjon og sektorsamarbeid. | Talet på kjende introduksjonar som er årsak til skade på miljøet. |
| | 5.2. Handtere reguleringa av utsetjing, under dette omsetning av genmodifiserte organismar, ut frå best mogleg kunnskap slik at det ikkje oppstår skade på miljø og helse. | Kvalitativ vurdering av arbeidet. |
| 6. Halde oppe eller byggje opp att truga arter og ansvarsarter til livskraftige nivå. | 6.1. Medverke til å redusere presset på truga arter og ansvarsarter gjennom samarbeid med andre involverte partar. | Talet på raudlistearter totalt og raudlistearter som endrar raudlistekategori i utvalde naturtypar.<br>Talet på truga arter med utarbeidd handlingsplan.<br>Inngrep i villreinområde. |
| | 6.2. Sikre levedyktige bestandar av rovvilt gjennom målet om 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850-1200 årlege hekkingar av kongeørn. | Talet på dokumenterte ynglingar av gaupe, jerv, bjørn og ulv siste år fordelt på dei åtte rovviltregionane.<br>Talet på hekkingar av kongeørn siste år fordelt på dei åtte rovviltregionane.<br>Talet på dokumenterte ulovlege fellingar av rovvilt fordelt på rovviltart |
| | 6.3. Byggje opp att bestanden av fjellrev til eit livskraftig nivå. | Talet på vaksne individ av fjellrev.<br>Talet på ynglingar av fjellrev. |
| | 6.4. Sikre dei ville laksebestandane. | Endringar i bestandstilstand etter kategorisystemet for laksevassdrag.<br>Talet på beslag av ulovlege garn mv. |

Tabell 7.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 7. Arbeidsmål som dekkjer alle dei nasjonale resultatmåla 1-6 | 7.1. Medverke til sektordepartementa sitt arbeid med vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald | Kvalitativ vurdering av arbeidet. |
| | 7.2. Leie og samordne det norske arbeidet med Konvensjonen om biologisk mangfald og andre internasjonale konvensjonar og prosessar som er relevante for å ivareta biologisk mangfald. | Kvalitativ vurdering av arbeidet. |
| 8. Disponere dei jordressursane som har potensial for produksjon av matkorn slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov. | | |

## Statusbeskriving

Regjeringa prioriterer høgt å ta vare på norsk natur og verne om det biologiske mangfaldet. Av dei ca. 15 000 artene som er vurderte i arbeidet med den norske raudlista vart 20 pst. plassert på raudlista. Omlag 45 pst. av desse er knytte til skog, 30 pst. til kulturlandskap, 20 pst. til ferskvatn og våtmark/ myr, 7 pst. til kyst og 3 pst. til fjell. Vern av eit representativt utval område etter naturvernlova er eit viktig verkemiddel for å sikre framtida for artene.

Pr. 2. september 2005 er om lag 12,5 pst. av fastlands-Noreg verna etter naturvernlova.

Tabell 7.2 Oversikt over område verna etter naturvernlova pr. 1. januar 2005.

| | Tal | Areal km$^2$ (inkl. ferskvatn)[1] | pst. av Noregs landareal [2] |
|---|---|---|---|
| Nasjonalparkar | 2 | 21 650 | 6.7 |
| Landskapsvernområde | 153 | 14 071 | 4.3 |
| Naturreservat | 1 701 | 3 418 | 1.1 |
| Naturminne | 102 [3] | 2 | 0.0 |
| Andre fredingsområde [4] | 98 | 125 | 0.0 |
| Sum | 2078 | 39266[5] | 12.1 |

1 Frå og med 01.01.2004 er arealtala basert på ein digital arealanalyse mellom verneområda og kartgrunnlaget N50. Dette gir meir nøyaktige arealtal.
2 Fastlandet ekskl. Svalbard (verneområde på Svalbard er oppretta i medhald av svalbardmiljølova)
3 99 av desse naturminna er geologiske. I tillegg er ca. 180 tre/tregrupper freda som botaniske naturminne
4 Gjelder plante-, fugle- og dyrefredingsområde med biotopvern. Artsfreding utan biotopvern er innført på enkelte andre lokalitetar
5 I tillegg kommer 12 område som er verna etter viltlovens §7 på totalt om lag 300 km$^2$

*Arbeidsmål 1.1. Implementere arbeidsprogram om områdevern frå konvensjonen om biologisk mangfald (vedteke på COP7 i 2004) ved å etablere nettverk av terrestriske verneområde innan 2010.*

Arbeidsprogrammets overordna mål er å etablere og halde ved lag effektivt forvalta og økologisk representative nasjonale og regionale system av verneområde. Dette skal vere på plass innan 2010 for landlege (terrestre) område og innan 2012 for marine område. Systema av verneområde er sentrale i arbeidet for å nå målet om stans i tapet av biologisk mangfald innan 2010.

Partslanda er bedt om å utarbeide måltal som kan etterprøvast. Biologisk mangfald skal bevarast, både innafor og utafor verneområda, ved å fremje berekraftig bruk av naturressursane. Etablering, forvaltning og overvaking av verneområde bør skje med full og effektiv deltaking og respekt for urfolk og lokale samfunn.

Ei rekkje tiltak står sentralt i Noregs oppfølging av vedtaket om områdevern, i hovudsak knytt til gjennomføring av dei fylkesvise/tematiske verneplanane, gjennomføring av auka skogvern, gjennomføring av nasjonalparkplanen, arbeidet med bevaring av marine område, sikring av naturverdiane i verneområda og analyse av gjennomført vern av naturtypar.

Arbeidet med analyse av gjennomført vern av naturtypar vart starta i 2005, og er planlagt avslutta i 2006. Arbeidet vil omfatte alt vern, og tar utgangspunkt i måla for naturvernarbeidet i St.meld. nr. 68 (1980-81) *Vern av norsk natur*:

- Å sikre eit utval av naturområde som til saman utgjer eit representativt utsnitt av variasjonsbreidda i norsk natur.
- Bevaring av økologiske nøkkelområde, ved å verne område som har ein særdeles viktig funksjon for store konsentrasjonar av arter eller individ.
- Bevaring av artsmangfaldet i naturen, ved å sikre leveområda for truga dyre- og plantearter.

Oppfølginga av områdevernet og gjennomføring av nytt vern er omtalt under arbeidsmåla 1.2 – 1.6.

Internasjonale plikter i andre konvensjonar står òg sentralt for å følgje opp dette arbeidsprogrammet, blant anna Ramsarkonvensjonen om våtmarker, Bernkonvensjonen om vern av europeisk natur og konvensjonen om vern av det marine miljø i det nordlege Atlanterhavet (OSPAR). Direktoratet for naturforvaltning står sentralt i dette arbeidet i Noreg.

Det er brei europeisk semje om å opprette gode europeiske nettverk av verneområde. Under Bernkonvensjonen om vern av europeisk natur er dette følgt opp gjennom at partane skal peike ut område til eit europeisk nettverk av verneområde kalla *Emerald Network*. Noreg starta eit systematisk arbeid med dette i 2003, blant anna ved å gjennomgå aktuelle norske arter og naturtypar med sikte på innmelding av norske område. Nettverket har mykje til felles med EUs nettverk av verneområde kalla *Natura 2000*, som er viktig for oppfølging av deira habitat- og fugledirektiv. I 2005 vil Direktoratet for naturforvaltning ferdigstille eit pilotprosjekt om dette. Pilotprosjektet vil danne grunnlag for vidare fagleg utvikling og for å vurdere talet på norske område som bør meldast inn.

Innan den paneuropeiske biomangfald- og landskapsstrategien (PEBLDS) under «Miljø for Europa»-prosessen pågår arbeid for å etablere eit paneuropeisk økologisk nettverk (PEEN). På nasjonalt nivå skal det blant anna gjerast analysar av kva slags naturtypar som er mangelfullt dekte opp av vern. Det skal rapporterast på dette i 2006.

### *Arbeidsmål 1.2. Sluttføre fylkesvise/tematiske verneplanar i løpet av år 2006.*

I 2004 vart det fatta vernevedtak for verneplan kyst i Troms, verneplan for myr i Sogn og Fjordane og einskildområda Kvitsanden i Sør-Trøndelag og Nord-Talgje i Rogaland. I 2005 er det pr. september fatta vernevedtak for verneplan sjøfugl for Sør–Trøndelag, og for einskildområdet Slevdalsvann. Det er for resten av 2005 planlagt vedtak for: Verneplan for Oslofjorden (delplanar for Buskerud, Telemark og Vestfold og ein samordna sjøfugldelplan for alle fylka), verneplan for Hovedøya (Oslo), verneplan for Smøla (Møre og Romsdal) og verneplan for Hasseltangen-Ruakerkilen (Aust-Agder).

Målet om gjennomføring av fylkesvise verneplanar er blitt utsett eitt år frå 2005 til 2006. Fem delplanar – verneplan for myr i Finnmark, verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane, verneplan for sjøfugl i Møre og Romsdal og verneplanane for rike lauvskogar i Troms og i Finnmark er planlagt vedtekne i 2006. I tillegg vil verneplan for Oslofjorden (delplanar for Østfold og Oslo og Akershus) og enkeltområdet Vikanbukta i Nord-Trøndelag òg bli sluttført i 2006. Då vil ein ha nådd målet i St.meld. nr. 68 (1980-81) om gjennomføring av fylkesvise, tematiske verneplanar for tema edellauvskog, myr, våtmark og sjøfugllokalitetar – totalt 70 verneplanar.

I medhald av St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold* og St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand er* det i 2005 sett i gang ei evaluering av korleis ulike naturtypar er fanga opp i det tematiske vernearbeidet. Evalueringa vil gi grunnlag for internasjonal rapportering blant anna til Konvensjonen om biologisk mangfald, til Bern-konvensjonen og PEBLDS (Pan-european biodiversity and landscape diversity strategy).

### *Arbeidsmål 1.3. Auke skogvernet i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, jf. Innst. S. nr. 46 (2003-2004).*

I 2005 har Regjeringa pr. 2. september vedteke vern av 16 «meldepliktområde» og 30 skogområde

på statsgrunn. Hausten 2005 er dei første vernevedtaka planlagt i samband med frivillig vern av skog. Hovudstrategien i arbeidet for auka skogvern er å sikre kvalitet i vernearbeidet. I dette arbeidet blir dialog og samhandling med skogeigarar og andre partar vektlagt. For 2006 vil følgjande bli prioritert:

– Vernevedtak for området Trillemarka-Rollag Østfjell.
– Vidareføring av samarbeidet med Noregs Skogeigarforbund om frivillig vern. I 2006 er det planlagt vernevedtak for nye frivilligvernområde, blant anna i kystgranskog. Ein vil også i 2006 starte opp arbeid med nye frivilligvernområde.
– Det skal gjennomførast kartlegging av skog eigd av Opplysningsvesenets fond med sikte på vern.
– Nye systematiske naturfaglege registreringar i prioriterte skogtypar, jf. St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.*

Det er verna i overkant av 1000 km$^2$ produktiv skog i Noreg pr. september 2005, tilsvarande ca. 1,4 pst. av skogarealet i landet. For talet på produktiv skog fordelt på naturgeografiske regionar, sjå tabellen under.

Tabell 7.3 Verna produktiv skog fordelt på regionar og vegetasjonssoner (jf. Moen 1998) Tal i km$^2$

| | Aust-Noreg | Vest-Noreg | Midt-Noreg | Nord-Noreg | Finnmark |
|---|---|---|---|---|---|
| Nemoral og boreonemoral | 98 | 18 | 2 | - | |
| Sørboreal | 15 | 6 | 15 | 0 | |
| Mellomboreal | 132 | 44 | 71 | 30 | |
| Nordboral og alpin | 51 | 18 | 16 | 126 | 100 |
| Samla | 296 | 86 | 104 | 156 | 100 |

*Arbeidsmål 1.4. Gjennomføre nasjonalparkplanen gjennom å opprette 40 nye og utvide 14 eksisterande verneområde innan 2010.*

Pr. 1. september 2005 er 31 av i alt 54 verneframlegg i nasjonalparkplanen gjennomførte. I 2004 vart det fatta vernevedtak for Blåfjella-Skjækerfjella og Lierne (Verdal/Snåsa/Lierne – Hartkjølen), Junkerdal, Skarvan/Roltdalen samt utviding av Gutulia og Ånderdalen nasjonalparkar. I tillegg vart det fatta vernevedtak for Bleia-området og Geiranger – Hedalen (desse inngår i verdsarvområdet Vestnorske fjordar som vart innskrivne på UNESCOs liste i juli 2005), Lyngsalpan og Nordkvaløya – Rebbenesøy. I 2005 (pr. 1. september) er følgjande område verna: Folgefonna som nasjonalpark og kystområda i Flekkefjord og Oksøy-Ryvingen som landskapsvernområde. I tillegg er følgjande verneplanar under behandling med sikte på sluttføring i 2005: Seiland, Varangerhalvøya, Naustdal/Gjengedal, Ålfotbreen, Reinheimen og Rondane Sør. I 2006 er det lagt opp til vern av følgjande område: Øvre Dividal (utviding), Hyllingsdalen, Sylane, Sørdalen/Isdalen, Lomsdal/Visten, Hallingskarvet og Ytre Hvaler. Arbeidet med gjennomføring av enkeltplanane er tidkrevjande og kan i fleire høve vere konfliktfylt. Det kan derfor oppstå forseinkingar i planlagd framdrift. Ein legg stor vekt på å gjennomføre demokratiske og tillitvekkjande planprosessar. Det er blant anna starta opp eit samarbeid med Sametinget for å sikre at samiske interesser på best mogleg måte skal komme inn i planlegginga, i tråd med avtala om konsultasjon mellom Staten og Sametinget.

Statens naturoppsyn (SNO) er no til stades i mange av dei store nasjonalparkane og landskapsvernområda i Sør-Noreg. Oppsyn blir òg utført gjennom tenestekjøp frå Statskog Fjelltenesta og frå fjelloppsynet til fjellstyra. Nokre av dei nye nasjonalparkane og store verneområda har likevel ikkje tilstrekkeleg oppsyn.

Pr. 1. september 2005 er det autorisert 13 nasjonalparksenter. Etter den nasjonale gjennomføringsplanen står det att å etablere eitt slikt senter i Lierne. Styrkinga av løyvinga til nasjonalparksenter i 2005 har gjort det mogleg å betre framdrifta i arbeidet med å etablere nye senter, slik at det i 2005 vart autorisert og opna heile tre nye nasjonalparksenter. Det er utarbeidd ein revidert politikk for nasjonalparksentra som ligg til grunn for statens vidare deltaking i utbygging og drift av slike senter.

*Arbeidsmål 1.5. Etablere eit nettverk av marine område som er verna innan dei ulike biogeografiske regionane i kyst- og havområda innan 2012.*

Arbeidet med ein marin verneplan vart sett i gang i 2001. Det nasjonale rådgivande utvalet la fram ei førebels tilråding om område og restriksjonsnivå i februar 2003, og den endelege tilrådinga si i juni 2004. Endeleg framlegg til verneplan skal utarbeidast av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med blant anna Fiskeridirektoratet. Det er teke sikte på ferdigstilling i 2006/2007.

*Arbeidsmål 1.6. Sikre at naturverdiane i verneområda blir oppretthaldne.*

Per 2. september 2005 er 12,5 pst. av Noregs fastlandsareal verna etter naturvernlova. Dette vil seie at verna areal er økt med to tredelar i løpet av fire år. I same periode har talet på verneområde auka med ca. 500. Auka innsats i oppsyn og skjøtselstiltak har derfor vore prioritert dei siste åra.

For å sikre verneverdiane i etablerte verneområde og følgje opp CBDs arbeidsprogram om områdevern, er det nødvendig å byggje opp betre og meir omfattande *forvaltningssystem*. Det er eit udekka behov for forvaltnings- og skjøtselsplanar i anslagsvis 500 norske verneområde. Dessutan treng ei rekkje av dei om lag 300 eksisterande forvaltningsplanane revisjon. Regjeringa styrkjer derfor arbeidet med utarbeiding av forvaltningsplanar.

Noreg manglar eit landsdekkjande system for overvaking av verneområde. Vidare manglar det for mange verneområde kunnskap om biologisk mangfald ut over det som låg til grunn for vernevedtaket. Direktoratet for naturforvaltning har i løpet av 2005 utarbeidd eit forslag til eit samla overvakingsprogram for verneområde. Regjeringa vil sikre at systematisk overvaking i verneområde kan starte frå 2006.

Alle kommunar i landet har tidlegare fått tilbod om å overta forvaltningsansvar for naturreservat, naturminne og landskapsvernområde. Fram til mai 2005 hadde Direktoratet for naturforvaltning delegert forvaltningsansvar for verneområde i om lag 50 kommunar som utan atterhald hadde takka ja til tilbodet. I tillegg er det som eit prøveprosjekt delegert forvaltningsmynde til kommunar for nokre større verneområde i nasjonalparkplanen. Til saman er det om lag 70 kommunar som har fått delegert forvaltningsmynde for verneområde. Interessa frå nye kommunar synest no liten, med unntak av nokre få kommunar med store landskapsvernområde i nasjonalparkplanen, blant anna Brattefjell-Vindeggen, Frafjordheiane og Lyngsalpan.

Regjeringa viser òg til omtalen av bruk av verneområda i lokal næringsutvikling og verdiskaping i St.prp. nr. 65 (2002-2003). Regjeringa går inn for at desse områda skal kunne nyttast meir i turistutvikling. Forvaltningsplanar for nasjonalparkar og andre verneområde skal gi nærare retningslinjer for på kva måte dette best kan skje innafor det enkelte verneområdet. Det er òg gjennomført fleire prosjekt med utgangspunkt i vern i nokre fylke. Departementet har i 2005 støtta blant anna prosjektet *Nasjonalparkriket* økonomisk. Sju av 25 nasjonalparkar har godkjende forvaltningsplanar, og 7 nye planar er under utarbeiding. Det finst forvaltningsplanar for ti andre store verneområde og verneområde som ligg inntil nasjonalparkar. I 2005 blir det utført naturoppsyn i 1558 verneområde anten av SNO eller gjennom tenestekjøp av Fjelltenesta og andre. Av desse blir det gjennomført skjøtsel i 255 område. I tillegg kjem oppsyn og skjøtsel organisert gjennom fylkesmennene og kommunane.

*Arbeidsmål 2.1. Leggje til rette for kartlegging og overvaking av svært viktige område (A-område) og viktige område (B-område) for biologisk mangfald.*

I St.meld. nr. 42 (2000-2001) *Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning* er det lagt opp til å etablere eit nytt kunnskapsbasert forvaltningssystem for biologisk mangfald. Systemet inneber ei statleg samordning av juridiske og økonomiske verkemiddel, der desse er retta mot dei viktigaste områda for biologisk mangfald.

I løpet av 2005 har stort sett alle kommunane gjennomført ei kartlegging av område med stor verdi for biologisk mangfald. Kartlegginga i kommunane er supplert med ei felles tverrsektoriell satsing frå 6 departement på spesielle område der kommunane berre delvis har dekt kunnskapsbehovet (jf. Nasjonalt program for kartlegging og overvaking). I tillegg kjem den fortløpande kartleggings- og overvakingsaktiviteten. Desse aktivitetane er vedtekne vidareført, jf. St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.*

Det står enno att mykje kartleggingsarbeid på lokalitetar for raudlistearter, særleg i saltvatn og i ferskvatn, før målsetjinga er nådd. Data frå kartlegginga skal inngå i nasjonale fagsystem og vere offentleg tilgjengelege. Det blir viktig i tida framover å få kvalitetssikra desse data. Utviklinga av det nye forvaltningssystemet vil leggje til rette for at kommunane blir endå meir sentrale i forvaltninga av biologisk mangfald i Noreg, blant anna gjennom behandling av planar og enkeltsaker etter plan- og bygningslova.

Når kommunane er ferdige med kartlegginga si, blir områda lagt inn i Naturbasen. Det er førebels lagt inn naturtypedata frå 200 kommunar i Naturbasen. Det ligg pr. 1. september 2005 inne data frå 65 000 lokalitetar spreidd over heile landet i Naturbasen. Av dette er om lag 2/3 artsdata, og 1/3 er naturtypedata. Dei fleste artsdata stammar frå viltkartlegginga. Datagrunnlaget er førebels for lite til å vise fordelinga av A- og B-område på naturgeografiske regionar. I kartlegginga er areal som er truga av inngrep prioriterte, og det er derfor kartlagt lite i fjellområda.

*Arbeidsmål 2.2 I samarbeid med sektorane gjennomføre eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald.*

Eit nytt forvaltningssystem for biologisk mangfald byggjer på at stadfesta kunnskap om førekomsten og verdien av mangfaldet skal liggje til grunn for bruk av juridiske og økonomiske verkemiddel. Eit nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald er etablert. Programmet initierer kartleggingsaktivitetar både på land, i ferskvatn og i saltvatn (sjå òg pkt. 2.1). Resultata frå kartleggingsaktivitetane vil bli lagra i databasar som er offentleg tilgjengelege over Internett. Artsdatabanken, som vart etablert i januar 2004, vil spele ei sentral rolle i arbeidet med å samordne og gjere dei viktigaste data om biologisk mangfald tilgjengelege for brukarar i areal- og ressursforvaltninga.

Gjennom overvaking av naturtypar og viktige areal for truga arter vil styresmaktene få eit bilete av utviklinga i det biologiske mangfaldet, om verkemidla fungerer etter formålet og om Noreg klarer å ivareta målet om å stoppe tapet av biologisk mangfald innan 2010.

Våren 2005 starta Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet sjøfuglprogrammet SEAPOP. Sjøfuglane er ein viktig del av kystnaturen og det marine økosystemet, og sjøfuglartene er sikre indikatorar på miljøtilstanden i havet. Målet er å skaffe betre kunnskap om sjøfuglarter i Noreg, særleg med omsyn til utbreiinga deira, tilstand og utvikling. Programmet vil gi eit betre grunnlag for å ta avgjerder i spørsmål som gjeld tilhøvet mellom sjøfugl og menneskeleg aktivitet i havområda og kystsona, til dømes innafor petroleumsverksemda.

Det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet MAREANO som vart starta i 2005 skal vidareførast. MAREANO er ei felles satsing mellom Miljøverndepartementet, Fiskeri- og Kystdepartementet og Nærings- og handelsdepartementet gjennom Statens Kartverk Sjø, Havforskingsinstituttet og Noregs Geologiske Undersøkingar (NGU). MAREANO har som mål å kartleggje og gjennomføre grunnleggjande studiar av havbotnens fysiske, biologiske og kjemiske miljø. Dette skal systematiserast i ein marin arealdatabase for norske kyst- og havområde. Som ein del av Regjeringas nordområdesatsing blir innsatsen under SEAPOP- og MAREANO-programma styrkt i 2006.

*Arbeidsmål 2.3. Sikre at attverande naturområde med urørt preg blir tekne vare på.*

St.meld. nr. 21 (2004-2005) slår fast at nedbygging, bruk og bruksendring av areal blir rekna som dei største truslane mot det biologiske mangfaldet i Noreg. Summen av mange ubetydelege inngrep kan få alvorlige følgjer for arters og populasjonars evne til å overleve og for produksjonsevna i økosystema. Fragmentering og oppsplitting av areal kan gjere livsvilkåra for arter som treng store, samanhengande område å leve på vanskelege.

Status for inngrepsfrie naturområde (område som ligg meir enn ein kilometer unna tyngre tekniske inngrep) i Noreg (INON) vart sist oppdatert i januar 2003, og ajourførte kart og statistikk vart lagt ut på nettet i 2004 (www.dirnat.no/inon). Denne oversikta blir ajourført med jamne mellomrom, og viser blant anna utviklinga for desse områda og kva for sektorar som er ansvarlege for bortfall av område. Dei siste hundre åra er villmarksprega område i Noreg reduserte frå omkring halvparten av landarealet til 12 pst. i Nord-Noreg og 5 pst. i Sør-Noreg i 2003.

*Arbeidsmål 2.4. Medverke til å halde ved lag truga, sårbare og omsynskrevande marine naturtypar.*

Metode for kartlegging av marine naturtypar etter handbok for kommunane er under utvikling. Handboka omfattar 17 naturtypar. Kartlegginga vil medverke til at kommunane kan ta omsyn til desse naturtypane. Så langt er kartlegginga starta gjennom pilotprosjekt i nokre kommunar og det blir arbeidd med å utvikle eit godt kartgrunnlag.

Det er gjort lite kartlegging av skadar på marine naturtypar. Havforskingsinstituttet arbeider med kartlegging av korallrev langs norskekysten. Ut frå kunnskap innhenta gjennom denne kartlegginga er det estimert at 30-50 pst. av *Lophelia*-reva i norske farvatn er øydelagt av fiskeriaktivitetar.

*Arbeidsmål 2.5. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at forvaltninga av vassdrag tek vare på omsynet til biologisk mangfald.*

I samarbeid med relevante sektorar skal miljøstyresmaktene ivareta *Samla plan* for vassdrag og ordninga med nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjordar. Ved oppfølging gjennom planrettleiing både ved kommuneplanlegginga og den regionale planlegginga, er det eit mål at verneverdiane i verna vassdrag blir tekne omsyn til. Gjennom konsesjonssystemet vil miljøstyresmaktene både sentralt og regionalt arbeide for at biologisk mangfald blir teke omsyn til i ulike former for bruk av vassressursane. Dette gjeld òg ved revisjon av eldre konsesjonar. Det vil bli starta eit arbeid med å betre avgjerdsgrunnlaget for miljømessige vurderingar av små vasskraftprosjekt. Som del av dette vil det ansvaret tiltakshavar har for å skaffe nødvendige opplysningar for ei effektiv saksbehandling bli avklart.

Gjennom arbeidet med å karakterisere vassførekomstar i EUs rammedirektiv for vatn vil ein få fram mykje god kunnskap om biologisk mangfald knytt til vatn. Dette arbeidet tok til i 2002. I 2003 vart det gjennomført karakterisering av åtte vassområde, som eit prøveprosjekt. I 2004 starta ei grovkarakterisering av alle vassførekomstar, med utgangspunkt i nasjonale datasett. Arbeidet med grovkarakterisering blir fullført i 2005.

*Arbeidsmål 2.6. Avgrense motorferdsel i utmark og vassdrag med sikte på å minimalisere påverknaden på naturmiljø ved at ferdsla i større grad blir kanalisert til bestemte trasear og område.*

Det totale talet på snøskuterar pr. 31. desember 2003 var 53 599. Pr. 31. desember 2004 hadde talet stige til 54 362. Det har vore ein jamn auke i talet på snøskutarar i fleire år. Talet på barmarkkøyretøy (All Terrain Vehicles – ATV) har òg auka kraftig, frå 295 nyregistrerte køyretøy i 1995 til 10 401 pr. 31. desember 2004 (alle tal frå Opplysningsrådet for vegtrafikk). Dette indikerer at omfanget av motorferdsel i utmark har auka.

Talet på dispensasjonar gitt i medhald av motorferdselslova og den nasjonale forskrifta er tilgjengeleg som KOSTRA-rapportering. Det er god grunn til å gi barmarkkøyringa større merksemd framover. Statens naturoppsyn har gjennomført målretta oppsyns- og kontrolltiltak, oftast i samhandling med lokalt politi. Barmarkskøyring har hatt særleg prioritet. I 2004 vart 140 tilfelle av ulovleg motorferdsel meldt til politiet, etter kontrollar av SNO (inkl. Fjelltenesta i Nord-Noreg). Av desse var det 16 tilfelle av ulovleg barmarkskøyring. Kontrollen med barmarkskøyring skal styrkjast i samarbeid mellom politiet og Statens naturoppsyn.

Åtte kommunar har delteke i ei forsøksordning med planstyrt motorferdselforvaltning. Forsøket vart avslutta 1. mai 2005, og blir no evaluert av Norsk institutt for naturforsking (NINA). Forsøkskommunane har fått høve til å vidareføre forsøksregelverket mens evalueringa og vurderinga av moglege endringar i regelverket held fram.

Det er skipa eit prosjekt, *Motorferdsel og samfunn*, som skal identifisere viktige føresetnader for å utvikle den framtidige politikken for motorferdsel. Målet med prosjektet er å etablere eit best mogeleg kunnskapsbasert avgjerdsgrunnlag for utforming av strategiar, regelverk og verkemiddel for regulering av motorferdsle i utmark, med vekt på avveging mellom nytte- og verneverdiar. Arbeidet skal femne ferdsle i utmark til lands, i innlandsvassdrag og i luftrommet. Prosjektet er planlagt avslutta sommaren 2006.

*Arbeidsmål 3.1. Medverke til at verdifulle kulturlandskap blir tekne vare på og haldne ved lag.*

Ei oppdatert oversikt over dei høgast prioriterte områda (ca. 300) i *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap* er gjort lettare tilgjengeleg for andre sektorar gjennom Internett og Naturbasen. Det har vore sterkt fokus på den supplerande kartlegginga av biologisk mangfald i kulturlandskapet (Nasjonalt program for kartlegging og overvaking) i 2005. Dette vil halde fram i 2006. Mykje av arbeidet knytt til å halde ved lag verdifulle kulturlandskap er elles integrert i andre resultatmål og oppgåver.

*Arbeidsmål 4.1. Sikre at fastsetjing av forsvarlege nasjonale, regionale og lokale rammer for hausting av vilt- og fiskeressursane er baserte på best mogeleg kunnskap om arter og bestandar.*

Vilt- og fiskeressursane i Noreg er forvalta etter føre var-prinsippet og ut frå eit berekraftperspektiv. Det er få, om nokon, av dei artene som det blir hausta av som er truga av overutnytting.

Etter at gebyr på manglande rapportering frå jegerar vart innført i 2001, har rapporteringa no komme opp i 95 pst. Dette er med på å betre kunnskapsgrunnlaget.

Gjennom nasjonalt overvakingsprogram for hjortevilt og helseovervakingsprogram for hjortevilt følgjer ein bestandsutviklinga i eit representativt utval av bestandar. I tillegg er hjorteviltregisteret eit viktig verkemiddel for dei som skal ta avgjerder.

Regulering av laksefisket er i dag basert på vitskapeleg rådgiving, kunnskap om tilstanden til

bestandane, fagleg skjønn og erfaringar. I 2003 vart det innført eit nytt reguleringsregime som skal gjelde for fem år. Det vart gjennomført mindre justeringar i 2004.

*Arbeidsmål 4.2. Sikre at forvaltninga av vilt- og fiskeressursar som kan utnyttast, innan 2006 som hovudregel blir basert på driftsplanar utarbeidde i samarbeid mellom rettshavarar, kommunar og brukarar.*

Den driftsplanbaserte forvaltinga av vilt- og fiskeressursane krev at rettshavarane er organiserte i høvelege einingar som kan ivareta interessene deira. Slike einingar må vere juridisk og økonomisk forpliktande, slik at styresmaktene kan opptre formelt i høve til eit driftsplanområde. I følgje ei oversikt utarbeidd av Norske Lakseelvar og Noregs Skogeigarforbund hausten 2004 var det sett i gang driftsplanarbeid eller utarbeidd ferdige driftsplanar for i overkant av 70 pst. av laksevassdraga med årleg fangst på 100 kg eller meir.

I jaktåret 2003/2004 var det når det gjeld elg 1 000 vald av totalt 2 278 som hadde driftsplanar. Driftsplanbasert elgforvaltning skjer først og fremst innan dei store valda, dvs. vald med fellingskvote over 20 dyr.

*Arbeidsmål 5.1. Førebyggje utilsikta introduksjonar av framande arter, og negative effektar av eksisterande og tilsikta nye introduksjonar gjennom meir dekkjande regelverk, tiltak, informasjon og sektorsamarbeid.*

Vi står overfor store utfordringar knytte til introduksjon og spreiing av framande arter. Auka handel, turisme, reising og nedbygging av grensekontroll mellom land og kontinent gjer at mange artar blir spreidde til nye område der dei ikkje høyrer heime. Globalt er menneskeskapt spreiing av arter i dag ein av dei største truslane mot mangfaldet i naturen. FN-konvensjonen om biologisk mangfald pålegg oss, så langt det er mogleg og formålstenleg, å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde arter som trugar økosystem, leveområde eller arter.

Det regjeringsoppnemnde lovutvalet for biologisk mangfald har foreslått nytt regelverk på dette området.

Framande arter kan ha effektar som grip over mange sektorar. Regjeringa vil i løpet 2005 utarbeide ein tverrsektoriell nasjonal strategi med tiltak som varsla i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Strategien vil vere ei felles plattform for korleis sektorane skal handtere både tilsikta og utilsikta introduksjonar av framande arter. Som nemnt i meldinga vil strategien blant anna innehalde tiltak mot spreiing av framande treslag i skogbruket, mot spreiing av framande plantearter langs vegar og andre samferdselsanlegg, og mot spreiing av framande arter og bestandar via akvakultur. Artsdatabanken er òg i gang med utarbeiding av ei «svarteliste» over framande arter som trugar eller kan komme til å truge økosystem, habitat eller arter i Noreg.

Det vil bli lagt auka vekt på tiltak og informasjon til allmenta om kva reglar som gjeld ved innførsel av dyr og planter til Noreg, og kva for konsekvensar innførsel og spreiing kan føre med seg.

Ei mengd ulike arter gjer meir eller mindre skade eller kan komme til å utvikle seg til problemarter økologisk og/eller økonomisk. I ferskvatn har *Gyrodactylus salaris,* furunkulose, krepsepest, pungreke, vasspest og ørekyte gjort stor skade. Marint er kongekrabbe, amerikansk hummar og japansk drivtang eksempel på problemarter. På land er canadagås, mårhund, bisamrotte, mink, tromsøpalme/kjempebjørnekjeks, platanlønn og lupinar eksempel på problemartar der ein må følgje med utviklinga og setje inn tiltak om naudsynt. Nyare forsking tyder på at rømt farmrev har kryssa seg med fjellrev i Sør-Noreg.

Konvensjonen om kontroll og behandling av ballastvatn i skip og sediment krev at skip skal gjennomføre utskifting av ballastvatn for å redusere risikoen for introduksjon av framande organismar. Utskifting av ballastvatn er berre eit mellombels tiltak, og alle skip skal frå eit gitt tidspunkt oppfylle krav til reinsing av ballastvatn etter ein nærare definert standard. Krav til slik reinsing av ballastvatn vil bli fasa inn i perioden frå 2009 til 2016. Noreg vil ratifisere IMO-konvensjonen så raskt som mogleg, og arbeide for at konvensjonen snart trer i kraft internasjonalt. Noreg deltek òg aktivt i samarbeidet for å lage ein regional strategi for behandling av ballastvatn for området Nordsjøen/Vest-Europa.

*Arbeidsmål 5.2. Handtere reguleringa av utsetjing og omsetning av genmodifiserte organismar ut frå best mogleg kunnskap, slik at det ikkje oppstår skade på helse og miljø.*

Talet på land som set ut genmodifiserte organismar (GMO) i miljøet aukar. I 2004 vart genmodifisert soya, mais, bomull, raps, squash og papaya dyrka på 81 millionar hektar fordelt på 17 land. Meir enn ein tredel (26,7 mill. hektar) blir dyrka i utviklingsland. Det er framleis stor usemje om bruk og regulering av GMO mellom dei landa som produserer og eksporterer GMO og andre land. På

partsmøtet under Cartagena-protokollen om GMO (sjå nærare omtale under arbeidsmål 7.2) i mai i år medførte dette at ein ikkje kom fram til eit endeleg vedtak om detaljerte reglar for merking av GMO ved transport over landegrensene.

Noregs GMO-regelverk og -politikk er blant dei mest restriktive i verda. Både genteknologilova og våre internasjonale plikter (EØS-avtala, Cartagena-protokollen og WTO-avtala) stiller strenge krav til vitskapeleg risikovurdering for vedtak om godkjenning av eller forbod mot GMO.

Av 42 omsøkte produkt i EU/EØS under direktivet om utsetjing av GMO i miljøet (tidlegare 90/220/EØF, no 2001/18/EF) er 16 godkjende i EU. Noreg har gjennom ei tilpassing i EØS-avtala sagt nei til åtte produkt. Produkta er forbodne hovudsakleg fordi dei inneheld genar som kan gi resistens mot antibiotika. Noreg har såleis eit anna syn på antibiotikaresistensgenar i GMO enn EUs rådgivande vitskapelege organ European Food Safety Authority (EFSA) som meiner at slike genar berre inneber minimal risiko. EU godkjende i fjor den første GMO sidan 1998, og vil truleg i løpet av dei næraste månadene godkjenne fleire. Noreg må då ta stilling til om desse skal vere forbodne eller ikkje etter genteknologilova.

EU har vedteke nye reglar om utsetjing i miljøet av GMO, bruk av GMO til mat og fôr, merking og høve til sporing av GMO og høve til sporing av genmodifisert mat og fôr. EU-reglane har nærma seg dei norske i vesentleg grad. Regjeringa går inn for å forhandle med EU om å innlemme desse reglane i EØS-avtala med ei vidareføring av EØS-tilpassinga vi har i dag. Tilpassinga gir oss rett til å forby GMO som EU godkjenner, dersom vi meiner det er nødvendig ut frå genteknologilova.

Globalt er Cartagena-protokollen om GMO det sentrale verkemiddelet for å sikre at handel med og bruk av levande GMO ikkje skader biologisk mangfald eller helse. Sjå òg omtale under arbeidsmål 7.2.

*Arbeidsmål 6.1. Medverke til å redusere presset på truga arter og ansvarsarter gjennom samarbeid med andre involverte partar.*

I den nasjonale raudlista blir det ført oversikt over arter som er truga av utrydding, arter som er sårbare og arter som krev omsyn. Artsdatabanken, som vart etablert i januar 2004, vil vere viktig i raudlistearbeidet framover. Arbeidet med revisjon av raudlista er starta opp i Artsdatabanken, og er planlagt ferdig i 2006. Raudlista skal godkjennast av Direktoratet for naturforvaltning.

Gjennom den gradvise utbygginga av Statens naturoppsyn er kontrollen med ulovleg jakt på sårbare og truga arter blitt stadig betre.

Gjennom Stortingets behandling av St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* blir det nasjonale programmet for kartlegging og overvaking ført vidare. Gjennom dette blir truga og omsynskrevjande arter og naturtypar kartlagde, og kunnskapen blir gjort tilgjengeleg for forvaltningsstyresmaktene på alle nivå.

Det er laga ein handlingsplan for fjellrev, og det er sett av midlar til oppfølging i tråd med denne, sjå omtale under 6.3. For rovvilt og laks viser ein til eigne omtaler. Det blir elles drive ei minimumsovervaking av dverggås (på viltfondsmidlar), ferskvasskreps og elvemusling. Ferskvasskrepsen er lista som omsynskrevjande i den norske raudlista, og den er på liste III i Bern-konvensjonen. I 1998 utarbeidde Østlandsforskning eit forslag til forvaltningsplan for kreps. Dette forslaget ligg til grunn for forvaltninga av bestandane av ferskvasskreps, og det er utarbeidd eit forslag til overvaking av 27 representative krepsebestandar. I 2005 vart det påvist krepsepest i Glomma, og det er satt i gang tiltak for å hindre vidare spreiing av sjukdommen.

Elvemuslingen er lista som sårbar i den norske raudlista, og den er på liste III i Bern-konvensjonen. Bortsett frå tre-fire elvar i Skottland og eit par i Russland er Noreg det einaste landet i verda som har igjen gode, livskraftige bestandar av elvemusling.

Noreg er det einaste landet i Europa som framleis har intakte høgfjellsøkosystem med bestandar av villrein. Villrein hadde opphavleg ei meir eller mindre samanhengande utbreiing i Sør-Noreg. I dag blir villreinen forvalta i 23 villreinområde. Ulike arealinngrep, men først og fremst vegar, jernbane og kraftutbyggingar, har medverka til fragmenteringa av leveområdet for villreinen. Dei største utfordringane i dag er knytte til inngrep i randsonene til fleire av villreinområda. Vidare avgrensar ferdsel inn i områda villreinen si utnytting av beiteressursane.

På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning vart det i 2004 gjennom prosjektet *Villrein og Samfunn* gjennomført ein brei gjennomgang av kunnskapsstatus og eksisterande tiltak og verkemiddel i villreinforvaltninga, i nært samspel mellom forsking, forvaltning og brukarar. Rådgjevingsgruppa i prosjektet har komme med klare tilrådingar gjennom NINA Temahefte 27: *Villrein og Samfunn – En veiledning til bevaring og bruk av Europas siste villreinfjell.* Det er blant anna tilrådd at forvaltninga må fokusere på villreinfjella for å få det naudsynte heilskapsperspektivet, og det er

gjort framlegg om å opprette nasjonale villreinområde og europeiske villreinregionar. Departementet har følgt opp dei arealpolitiske tilrådingane frå prosjektet gjennom St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*.

I regi av Direktoratet for naturforvaltning blir det i 2005 gjennomført eit arbeid med å digitalisere informasjon om leveområda for villreinen. Informasjonen kan koplast saman med annan tilgjengeleg informasjon om t.d. planar og inngrep i fjellområda gjennom ei databaseløysing, og systemet vil bli tenleg for blant anna arealplanlegginga i kommunar og fylkeskommunar.

Statens naturoppsyn samarbeider med villreinutvala og lokalt politi om kompetansebygging og gjennomføring av oppsynet, slik at dette kan skje på ein effektiv og einsarta måte i alle område.

Plan- og bygningslova vil vere eit sentralt verkemiddel for å ta vare på leveområda til arter som ikkje er sikra i eigne verneområde. Kommunar og sektorar er usikre på korleis dei kan bruke den lova vi har i dag. Ein del kommunar har hausta erfaringar med dette arbeidet, og ved å overføre dei gode erfaringane kan ein i større grad oppnå at kommunane legg kartlegginga til grunn for sine vedtak og planar.

*Arbeidsmål 6.2. Sikre levedyktige bestandar av rovvilt gjennom målet om 65 årlege ynglingar av gaupe, 39 årlege ynglingar av jerv, 15 årlege ynglingar av bjørn, 3 årlege ynglingar av ulv og 850-1200 årlege hekkingar av kongeørn.*

Det nasjonale bestandsovervakingsprogrammet for rovvilt rapporterer at det i 2004 var tre ynglingar av ulv i Noreg, av totalt 12 i Skandinavia. Det nasjonale målet er sett til tre årlege ynglingar i Noreg innafor eit nærare definert forvaltningsområde for ynglande ulv i Hedmark, Akershus, Østfold og Oslo. Grensebestandar kjem i tillegg. Dei norske ynglingane skjedde i 2004 på Koppang, i Gråfjell og i Julussa. Tre av dei tolv ynglingane i Skandinavia skjedde i grensebestandar mot Sverige med hovudvekt på svensk side. For 2005 er det venta 11-15 ynglingar i Skandinavia. Vinteren 2005 vart paret i Koppangskjølen, leiartispa i Gråfjellreviret og eit par i Åsta-området felt under lisensfelling. Innafor det fastsette forvaltningsområdet for ulv er det pr. 1. september 2005 registrert ei familiegruppe (Julussa), og ingen nye par. DNA-analysar av dei skandinaviske ulvane viser eit nært slektskap, noko som på lang sikt kan gi innavlsdefektar dersom det ikkje år om anna kjem inn nye individ gjennom naturleg innvandring frå Finland/Russland. Forskarane ventar likevel dei næraste åra ein vekst i den skandinaviske ulvebestanden.

Det nasjonale målet for bjørn er sett til 15 årlege ynglingar. Registreringar kan tyde på ein viss vekst i bestanden, men det er enno langt igjen til bestandsmålet er nådd. Reproduktive binner er påviste i Finnmark (Sør-Varanger), Nord-Trøndelag (Lierne) og Hedmark (Trysil).

For jerv viser bestandsregistreringane at det i 2004 vart dokumentert 47 ynglingar i Noreg. Av desse var 26 i Sør-Noreg. Det nasjonale målet er sett til 39 årlege ynglingar. Tala tyder på ein klar auke i bestanden av jerv i Sør-Noreg og ein liten nedgang i Nord-Noreg.

For gaupe viser rapporten frå NINA frå august 2005 at det vinteren 2005 var 51-56 familiegrupper før gaupejakta starta i februar, mens det nasjonale målet er sett til 65 årlege ynglingar. Bestanden har siste året auka med 20-25 pst. i heile landet.

Bestanden av kongeørn er på landsbasis rekna for å vere stabil på omlag 850-1200 hekkande par. Frå og med 2005 inngjekk kongeørn i det nasjonale overvakingsprogrammet for rovvilt.

Frå og med 1. april 2005 gjeld nytt regime for forvaltninga av rovvilt der åtte regionale rovviltnemnder har ein viktig funksjon i forvaltinga. Ny erstatningsordning for rovvilt blir omtalt under punktet om Verkemiddel.

*Arbeidsmål 6.3. Byggje opp att bestanden av fjellrev til eit livskraftig nivå.*

Fjellreven sin situasjon i Noreg er svært alvorleg. I Noreg (utanom Svalbard) er det færre enn 50 vaksne fjellrevar att, og arta er klassifisert som «direkte truga» på raudlista.

Regjeringa har sett i gang tiltak for å hindre at fjellreven blir borte frå den norske fjellnaturen. I 2005 vart det sett av om lag 4,9 mill. kroner til formålet, det same som i 2004. Arbeidet med fjellreven skjer med utgangspunkt i ein handlingsplan som er utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning (2003).

Eitt av tiltaka er eit prosjekt med innfanging og avl av fjellrev for seinare utsetjing i naturen. Dei eldste dyra vart fanga inn i 2001. Ein eigen avlsstasjon for formålet blir bygd på Oppdal i 2005. I første omgang vil arbeidet bli konsentrert om å få fram kvelpar på den nye avlsstasjonen.

Seks kvelpar fødde på Langedrag og tre vaksne er førebels tekne ut av avlsprosjektet, då det er sannsynleg at desse dessverre har farmrevgener i seg. Sikker dokumentasjon på dette vil ein få i løpet av 2005. Ytterlegare forsking på fjellrevgenetikk er påkravd og vil bli prioritert. I 2004 vart det sett i gang eit fleirårig forsøk med raudrevkontroll på

Varangerhalvøya. Prosjektet har som målsetjing å få redusert raudrevbestanden slik at raudreven sin konkurranse med fjellreven på Varangerhalvøya blir mindre. Ei målsetjing i prosjektet er også at uttak av raudrev som metode kan bli grundig evaluert. Uttak av raudrev i prosjektområdet starta i slutten av mars 2005. Det er òg planlagt gjennomført ei kartlegging av førekomsten av raudrev i Børgefjell i 2006.

Overvaking av fjellrevbestanden blir gjennomført årleg. Det er oppretta ein nasjonal database over hi for fjellrev.

*Arbeidsmål 6.4. Sikre dei ville laksebestandane.*

Laksefisket dei siste åra har totalt sett vore betre enn på mange år som følgje av betre temperaturforhold i havet og gode føresetnader for oppvandring i elvane i fiskesesongen. Sesongen 2004 gir likevel inntrykk av at den positive utviklinga har stogga, men dette vil bli klarare dei nærmaste åra. Det er i all hovudsak dei bestandane som har vore i rimeleg god forfatning også i dei seinare åra som har gitt grunnlag for auka fangst. Omlag ein femdel av bestandane er framleis truga eller sårbare, mens 45 bestandar har gått tapt.

Lakseforvaltninga har dei seinare åra fått nye krav og premissar gjennom nasjonale politiske vedtak og gjennom vedtak i NASCO (North Atlantic Salmon Conservation Organisation). Stortingsvedtaket om å innføre ordninga med nasjonale lakselvar og -fjordar vart gjort for å gi dei viktigaste laksebestandane i Noreg eit betre vern (Innst. S. nr. 134 (2002-2003)). Det inneber auka vernetiltak og overvaking i dei elvane og fjordane som får nemninga «nasjonale». I samband med Stortingsvedtaket er det stilt krav om at ordninga skal evaluerast. Dette vil skje gjennom eit eige evaluerings- og overvakingsprogram som vart sett i gang i 2005.

I 2005 har Direktoratet for naturforvaltning utarbeidd ein heilskapleg plan for den framtidige lakseovervakinga innafor eige sektoransvar. Denne planen tek vare på dokumentasjonskrava i samband med den konkrete gjennomføringa av føre var-tilnærminga, og tek også opp i seg naturforvaltninga sin del av programmet for overvaking og evaluering av nasjonale laksevassdrag og -fjordar.

NASCO har vedteke å gjennomføre føre var-prinsippet i lakseforvaltninga, og har gitt detaljerte retningslinjer for korleis dette skal gjerast. Noreg vil følgje opp NASCOs retningslinjer. Retningslinjene inneber at forvaltninga av laksen skal baserast på konkrete målsetjingar for ønskt lakseproduksjon og bestandstilstand, og at bestandstilstanden skal overvakast og evaluerast regelmessig.

Arbeidet med å utrydde *Gyrodactylus salaris* held fram i 2006 i samsvar med handlingsplanen til Direktoratet for naturforvaltning og Mattilsynet. I 2005 starta utryddingsaksjonen i Lærdalsvassdraget i Sogn og Fjordane. Det vart gjennomført to behandlingar av vassdraget, ei om våren og ei om hausten. Metoden som vart nytta var tilsetjing av aluminiumsulfat kombinert med rotenon på område der det var lite formålstenelig å nytte aluminium. Parallelt med utryddingsaksjonen i Lærdalsvassdraget starta kartlegging og planarbeid i Romsdalsregionen. I 2006 vil hovudfokus bli retta mot avsluttande behandling i Lærdalsvassdraget og oppstart av kjemisk behandling i Romsdalsregionen. Det føregår i dag kalking i 22 laksevassdrag i Sør-Noreg. Dette har ført til at laksebestanden er bygd opp att i mange forsuringsskadde elvar, og til ein vesentleg auke i laksefangstane på Sør- og Sørvestlandet. Det er viktig at kalkingsaktiviteten blir halden oppe og justert i høve til den aktuelle forsuringssituasjonen i desse områda.

Statens naturoppsyn har styrkt lakseoppsynet gjennom organisatoriske endringar og effektivisering. Gjennom samarbeid og samordning med politiet, Kystvakta og andre aktørar vil utviklingstrekk i viktige lakseområde bli fanga betre opp, og kontrollen med ulovleg fiske bli styrkt. Totalt vart det av Statens naturoppsyn meldt til politiet 328 tilfelle av brot på lakse- og innlandsfisklova i 2004.

*Arbeidsmål 7.1. Medverke til sektordepartementa sitt arbeid med vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald.*

Miljøverndepartementet har ei viktig oppgåve i å medverke til dei andre departementa sitt arbeid med vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald. Hovuddelen av det biologiske mangfaldet finst utanfor verneområda og blir forvalta av andre sektorar enn miljøvernforvaltninga. Bevaring av biologisk mangfald er derfor ei sektorovergripande utfordring som krev samordning og forpliktande samarbeid på tvers av sektorane. Dei siste åra har fleire sektorar gjort viktige framsteg i å medverke til ei berekraftig forvaltning av det biologiske mangfaldet. Bl.a. er departementa si deltaking i det nasjonale programmet for å kartleggje og overvake verdifulle naturtypar og truga arter svært verdifull. Sektorane har ansvar for miljøretta kunnskapsinnhenting innafor ansvarsområdet for eigen sektor, både langsiktig kompetanseoppbygging og meir forvaltningsretta forskingsaktivitetar.

Miljøverndepartementet vil halde fram med arbeidet for betre samordning av blant anna verkemiddelbruk og kunnskap i arbeidet med å ta vare på det biologiske mangfaldet.

*Arbeidsmål 7.2. Leie og samordne det norske arbeidet med Konvensjonen om biologisk mangfald, og å sikre at Noreg følgjer opp sine nasjonale plikter under denne og andre internasjonale konvensjonar og avtaler som er relevante for å ivareta biologisk mangfald.*

Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) har tre målsetjingar; bevaring av biologisk mangfald, berekraftig bruk av biologisk mangfald og rettferdig fordeling av utbyttet av genetiske ressursar. Sentralt i arbeidet står korleis konvensjonen best kan følgje opp si leiande rolle i å nå målet om ein betydeleg reduksjon i tapet av biologisk mangfald innan 2010, jf. semje om dette på verdstoppmøtet i Johannesburg i 2002 (WSSD) om berekraftig utvikling.

Som ei viktig oppfølging av WSSD vart det oppretta ei arbeidsgruppe som skal forhandle fram eit internasjonalt regime for tilgang til og rettferdig utbyttefordeling av genetiske ressursar. Noreg vil delta aktivt i arbeidet med å utvikle ordningar som kan sikre ei meir rettferdig fordeling av goda frå utnyttinga av genressursar, med særleg sikte på å støtte velferdsutviklinga i fattige land.

Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar (GMO) skal sikre at handel og bruk av levande GMO ikkje skader biologisk mangfald eller helse. Protokollen trådde i kraft 11. september 2003. Protokollen har no ca. 120 partar. Det første partsmøtet for protokollen vart halde i februar 2004. Partsmøtet styrkte globale reglar for korleis GMO skal merkjast og identifiserast ved transport over landegrensene. Landa vart likevel ikkje samde om detaljerte merkereglar på det andre partsmøtet i juni 2005. Saka vert teken opp att på neste partsmøte. Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal forhandle fram internasjonale reglar om ansvar og erstatning for skadar som skuldast GMO. Det er òg sett ned ein komité som skal kontrollere at protokollen blir etterlevd i praksis. Noreg er valt inn som medlem av denne komiteen for perioden 2005-2006. Noreg vil i samarbeid med EU halde fram med å vere pådrivar for å styrkje protokollen, bl.a. gjennom særeigen merking og identifikasjon av GMO og reglar om ansvar og erstatning.

Noreg har medverka aktivt til ei operasjonalisering og vidareutvikling av CBD, blant anna gjennom «Trondheimskonferansane». Regjeringa tek sikte på å halde ein ny Trondheimskonferanse om biologisk mangfald i 2007, knytt til målet om ein betydeleg reduksjon i tapet av biologisk mangfald innan 2010 og med fokus på kva rolle biologisk mangfald har i fattigdomsreduksjon og oppfølging av FNs tusenårsmål. Noreg arbeider for å knyte desse tema tettare saman på den internasjonale dagsordenen, jf. St.meld. nr. 35 (2003 –2004) *Felles kamp mot fattigdom*, der det bl.a. blir vist til at negative endringar i naturtilhøva er ein trussel mot redusert fattigdom. Det er framleis ei hovudutfordring å samordne arbeidet mellom relevante internasjonale fora og konvensjonen om biologisk mangfald. Det globale utgreiingsprosjektet Millennium Ecosystem Assessment (2005) gir ein samla kunnskap om økosystema i verda. Målet med det globale prosjektet er å bidra til heilskapleg forvaltning av økosystema slik at menneskeleg helse og trivsel kan bli oppretthalden i generasjonar. Noreg vil arbeide for at denne kunnskapen blir brukt i relevante fora, og bidra til at denne typen vitskapelege vurderingar blir fast etablerte for å betre internasjonale avgjerder.

Noreg har medverka aktivt i det internasjonale samarbeidet for å beskytte kaldtvasskorallrev og andre sårbare marine naturtypar, blant anna gjennom International Coral Reef Initiative (ICRI). Regjeringa vil vidareføre dette arbeidet.

### Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 609,8 mill. kroner. Finansieringa er i hovudsak dekt av budsjettramma for Direktoratet for naturforvaltning, jf. kap. 1427, og fagkapitla 1425 og 1426, men òg kapitla 1400, 1410, 1429 og 1441 inneheld budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i 2006. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 1. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta under Moderniseringsdepartementets budsjett.

Naturvernlova, viltlova, lakse- og innlandsfisklova, genteknologilova og plan- og bygningslova er dei viktigaste juridiske verkemidla for miljøvernforvaltninga innan resultatområdet. Friluftslova har innverknad på arealforvaltning og naturbruk. Vernearbeidet etter naturvernlova skjer i det alt vesentlege gjennom tematiske fylkesvise verneplanar, nasjonalparkplanen, marin verneplan og verneplanar for utvida skogvern. Område med særleg store natur- og kulturverdiar kan òg fredast etter kulturminnelova, eventuelt i kombinasjon med naturvernlova og plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova er det viktigaste generelle verkemidlet for å ta vare på omsynskrevjande naturtypar og arter på dei ca. 85 pst. av areala som ikkje blir omfatta av vern. Lov om statleg naturoppsyn har som mål å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. Lova har lagt grunnlaget

for etablering av Statens naturoppsyn. Evalueringa av Statens naturoppsyn våren 2005 peiker på nye tiltak for å styrkje og utvikle organisasjonen vidare, jf. omtale av evalueringa i Del III under kap. 1426.

Administrasjonen av storviltjakt i statsallmenning vart overført frå Statskog SF til fjellstyra i 2004.

Motorisert ferdsel i utmark og vassdrag er regulert av motorferdsellova og nasjonal forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark. Også her er det stort behov for målretta og samordna oppsyns-, kontroll- og førebyggingstiltak.

Framstilling og bruk av genmodifiserte organismar (GMO) er regulert i genteknologilova, i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling. Forvaltninga i Miljøverndepartementet skjer i samråd med andre aktuelle departement.

I utgreiing NOU 2004:28 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold* (naturmangfaldlova) fremja Biomangfaldlovutvalet forslag til endringar i erstatningsordninga ved vern etter naturvernlova. Miljøverndepartementet har i brev av 4. januar 2005 bestemt at grunneigarar og rettshavarar som har fått område verna som nasjonalpark eller landskapsvernområde, og der den ordinære fristen for å krevje erstatning ikkje har gått ut 1. januar 2002, skal få utsetjing av fristen til 31. desember 2006, jf. naturvernlova 20b.

Ulike internasjonale konvensjonar og avtaler står sentralt i utvikling og oppfølging av norsk arbeid med biologisk mangfald, med konvensjonen om biologisk mangfald som den mest sentrale av desse. Det er no stort fokus på oppfølging av konvensjonen for å nå 2010-målet om å stanse tapet av biologisk mangfald. Konkretisering av nødvendige tiltak og rapportering er derfor prioritert. Gjennom arbeidet i PEBLDS og EEA er det ei regional tilnærming til dette arbeidet som Noreg også vil prioritere. Resultatområde 8 gir ei omtale av anna internasjonalt samarbeid som òg omfattar biologisk mangfald, bl.a. i høve til arktisk samarbeid, naturvernsamarbeid med Russland og miljøretta bistand.

Internasjonalt blir det arbeidd i ulike fora med problema kring avskoging i tropiske land, og ulovleg og ikkje berekraftig hogst og handel med tropisk tømmer. Det er bestemt at staten ikkje skal kjøpe inn produkt av tropisk tømmer som anten er ulovleg eller produsert på ein ikkje berekraftig måte. Dette betyr at tropiske tømmerprodukt som blir kjøpte inn av staten må vere sertifiserte gjennom ei godkjent sertifiseringsordning.

Ved behandlinga av budsjettet for 2005 viste eit fleirtal i Energi- og miljøkomitéen til problemet med avlingstap på visse jordbruksareal på grunn av gjæser. Komitéfleirtalet bad

> «Regjeringen vurdere om en kompensasjon til de mest rammede bøndene gjennom en leieordning kan være et aktuelt tiltak å videreføre som en permanent ordning.»

Tiltak knytte til beiteskadar av gjæser vart vurderte under jordbruksforhandlingane i 2005, og det vart semje om følgjande:

> «Det avsettes midler til skadeforebyggende og konfliktdempende tiltak for beiteskader forårsaket av trekkende gjess f.o.m. 2006. Dette finansieres med 2 mill. kroner over jordbruksavtalen til tilskudd for friarealer for gjess. Tilskuddet gis som et fast arealtilskudd, og ordningen forvaltes av fylkesmannen. Detaljene utarbeides i samråd med avtalepartene. Innenfor rammen av budsjettet for 2006 tar Miljøverndepartementet sikte på å avsette 2 mill. kroner til tiltak vedr. forvaltning av artene, forebygging av skader og FoU-tiltak. Dette inkluderer bl.a. registrering og overvåking av bestandene, kartlegging av landingsmønster osv. som grunnlag for utpeking av egnede friområder.»

#### *Ny erstatningsordning for husdyr og tamrein tekne av rovvilt*

I samsvar med Stortingets vedtak, er det Regjeringas målsetjing i rovviltpolitikken å vidareføre eit aktivt landbruk og ei aktiv reindrift, samtidig som det blir lagt til rette for eit nærare angitt måltal for førekomstar av rovvilt i norsk natur. Etter Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur* våren 2004 jf. S. nr. 174 (2003–2004), er det etablert ei ny rovviltforvaltning med åtte regionale rovviltnemnder. Desse nemndene har hovudansvaret for felling, jakt og førebyggjande og konfliktdempande tiltak innafor rammene av nasjonale måltal for bestandar av kvar rovviltart i den enkelte regionen.

Eit sentralt element i ei ny heilskapleg rovviltforvaltning er endringar i dagens erstatningsordning for rovviltskade. I St.meld. nr. 15 (2003-2004) foreslo Regjeringa at dagens erstatningsordning må dreiast mot ei ordning som klarare stimulerer til aktive driftsmessige tilpassingar i dei mest rovviltutsette områda. I eit langsiktig perspektiv vil dette bidra til lågare tap og mindre lidingar for dyra.

*Stortingets behandling av ny erstatningsordning i Innst. S. nr. 174 (2003-2004)*

Ved behandlinga av St.meld. nr. 15 (2003-2004) fatta Stortinget følgjande vedtak med omsyn til ei ny erstatningsordning:

> «Erstatningsordningen for rovviltskader skal fortsatt ligge i Miljøverndepartementet. Ordningen skal innrettes slik at en betydelig del av erstatningene gis som forhåndsutbetaling som insentiv til iverksettelse av forebyggende tiltak, men det skal fortsatt gis skjønnsmessig erstatning for udokumentert tap.
>
> Stortinget ber Regjeringen komme tilbake med endringer og utvidelse av Regjeringens foreslåtte ordning, som tar hensyn til at det fortsatt er behov for skjønnsmessige erstatningsutbetalinger, basert på at mye tap er vanskelig å dokumentere på tross av iverksettelse av forebyggende tiltak.
>
> Stortinget ber Regjeringen komme tilbake til Stortinget med en egen sak om dette, senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2006. Inntil ny ordning gjennomføres, videreføres dagens ordning.»

*Utkast til forskrift*

For å følgje opp Stortingets signal om ei revidert ordning for rovvilterstatningar sende Miljøverndepartementet 24. februar 2005 eit utkast til forskrift på høyring med høyringsfrist 25. mai 2005.

Formålet med den nye erstatningsordninga er todelt. For det første er det eit mål at driftseiningar med husdyr og tamrein skal få full erstatning for økonomiske tap når rovvilt skader eller drep beitedyr. Dette er i tråd med viltlova § 12a. For det andre skal erstatningsordninga motivere driftseininga til å setje i verk effektive førebyggjande tiltak. Erstatningsordninga er utforma på ein slik måte at det skal vere lønnsamt for den enkelte driftseininga å tilpasse seg slik at rovviltskade blir redusert mest mogleg.

*Nærare om ny erstatningsordning*

Det tapet driftseininga har som følgje av rovvilt skal erstattast gjennom ei samla og heilskapleg erstatningsordning som vil bestå av følgjande tre hovudelement:

1. Førehandsutbetalt risikoerstatning
2. Erstatning for dokumentert rovviltskade
3. Erstatning for udokumentert rovviltskade

Element 1 og 3 vil vere statens samla utbetaling til udokumenterte tap av husdyr og tamrein grunna rovvilt. Dette kan samanliknast med dagens erstatningsutbetaling for udokumenterte tap, som i 2004 utgjorde vel 90 pst. av dagens erstatningsutbetalingar. Element 2 dekkjer dei tapa som blir dokumenterte ved hjelp av feltpersonell frå Statens naturoppsyn. Dette kan direkte samanliknast med dagens utbetaling for dokumenterte tap, som i 2004 utgjorde knapt 10 pst. av samla utbetaling av erstatningar for husdyr og tamrein.

*Førehandsutbetalt risikoerstatning*

Stortingets fleirtal uttalte ved behandlinga av St.meld. nr. 15 (2003-2004) at erstatningsordninga for rovviltskadar *«skal innrettes slik at en betydelig del av erstatningene gis som forhåndsutbetaling som insentiv til iverksettelse av forebyggende tiltak…»* (Innst. S. nr. 174 (2003-2004). Dette er også i tråd med tidlegare vedtak i energi- og miljøkomiteen om at det er behov for å utgreie alternative erstatningsordningar, jf. Innst. S. nr. 301 (1996-97). Forskriftsutkastet inneheld reglar om slik erstatning, som etter forskrifta er omtalt som «risikoerstatning». Sjølve omgrepet «risikoerstatning» er i utkastet definert som «forhåndserstatning for rovviltskade, beregnet på grunnlag av risikoen for rovviltskade som erfaringsmessig oppstår i områder med forekomst av rovvilt».

Risikoerstatninga blir fastsett ved beitesesongens eller reindriftsårets start. Erstatninga givast for rovviltskade som ut frå erfaringsgrunnlaget er venta å oppstå, men utan at skaden må dokumenterast konkret i etterkant. Risikoerstatninga blir utbetalt på eit tidspunkt som gjer driftseininga i stand til å setje i verk førebyggjande tiltak så langt det er mogleg.

Risikoerstatning blir fastsett for den enkelte driftseininga, og utrekninga av risikoerstatninga skal følgje av ei eiga forskrift som er under utarbeiding. Utrekninga skal byggje på ein risikofaktor for eit konkret område og ein sats pr. beitedyr.

I tillegg til risikoerstatninga kan vedkommande driftseining, som i dag, søkje om midlar til førebyggjande tiltak uavhengig av risikoerstatninga.

*Erstatning for dokumentert rovviltskade*

St.meld. nr. 15 (2003-2004) har som utgangspunkt at *«dagens ordning med full erstatning for alle dokumenterte rovvilttap skal videreføres»*. Dette følgjer også av viltlova § 12a. Reglane i forskriftsutkastet om erstatning for dokumentert rovviltskade er såleis ei vidareføring av gjeldande reglar om dette. I motsetning til risikoerstatninga, blir erstatning

for dokumentert rovviltskade fastsett og utbetalt etter at skaden har oppstått.

*Erstatning for udokumentert rovviltskade*

Stortinget uttalte ved behandlinga av St.meld. nr. 15 (2003-2004), jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004), at Regjeringa i tillegg til ei ordning med førehandsutbetalt erstatning og erstatning for dokumenterte tap også kjem tilbake med

> «.. endringer og utvidelse av Regjeringens foreslåtte ordning, som tar hensyn til at det fortsatt er behov for skjønnsmessige erstatningsutbetalinger, basert på at mye tap er vanskelig å dokumentere på tross av iverksettelse av forebyggende tiltak»

Ei slik ordning er også nedfelt i forskriftsutkastet. Ordninga skal for det første dekkje udokumenterte rovviltskadar der det ikkje er truleg at det vil oppstå rovviltskade, og der det derfor ikkje er utbetalt risikoerstatning i forkant av beitesesongen. For det andre skal ordninga dekkje udokumenterte rovviltskadar der det er gjennomført førebyggjande tiltak, men der det likevel har oppstått rovviltskade som ikkje kan dokumenterast.

Som ved dokumentert rovviltskade, blir erstatning for udokumentert rovviltskade fastsett og utbetalt *etter at* skaden har oppstått.

*Kort oppsummering av høyringsrunden*

Høyringsinstansane vart bedt om å gi sitt syn på hovudinnretninga av den foreslåtte erstatningsordninga, og den nærare utforminga av den enkelte paragraf. Det kom inn vel 80 høyringssvar. Mange moment frå høyringsrunden vil bli innarbeidde i den endelege forskrifta i løpet av vinteren 2005-2006. Berørte næringsorganisasjonar i landbruket er i hovudsak kritiske til å endre dagens erstatningsordning ved å innføre ei førehandsutbetalt risikoerstatning. Blant anna uttaler dei at det er staten som har ansvaret for å setje i verk og finansiere førebyggjande tiltak mot skadar på bufe av freda rovvilt, og at forslaget er ei ansvarsfråskriving frå styresmaktene si side. Vidare blir det uttalt at det ikkje finst forsvarlege førebyggjande tiltak mot rovviltskade som dyreeigarar kan setje i verk, og at utrekningar som er baserte på bestandsregistreringar vil bli svært konfliktfylte. Det blir òg uttalt at forslaget vil medføre mindre målretta bruk av midlar. Blant anna på denne bakgrunnen konkluderer desse instansane med at ei ny erstatningsordning bør forkastast eller utsetjast i tid. Departementet vil her vise til energi- og miljøkomiteens eiga høyring i samband med behandlinga av St.meld. nr. 15 (2003-2004) våren 2004, der tilsvarande prinsipielle merknader frå næringsorganisasjonane til ny erstatningsordning også vart uttalte.

Dyrevernstyresmaktene ved Mattilsynet sluttar seg i all hovudsak til forslaget til ny erstatningsmodell med det utgangspunktet at ei slik innretning vil bidra til betre dyrevelferd i dei besetningane som i dag har kroniske og store tap til rovvilt. Også miljøvernorganisasjonane er generelt positive til den foreslåtte ordninga. Reindriftsstyret har forventningar til at den foreslåtte erstatningsmodellen vil gjere erstatningsordninga meir føreseieleg for reindriftsutøvarane. Elles har ei rekkje høyringsinstansar meir konkrete merknader til dei enkelte paragrafane.

*Departementets konklusjonar*

Ei ny erstatningsordning inngår som eit sentralt element i den nye rovviltpolitikken, slik det òg går fram av St.meld. nr. 15 (2003-2004) og Innst. S. nr. 174 (2003-2004). Ein heilskapleg rovviltpolitikk skal med utgangspunkt i Stortingets føringar på den eine sida sikre aktiv og rask felling av rovvilt med utgangspunkt i dei nasjonale bestandsmåla for kvar region, og på den andre sida sikre ei aktiv næringsutøving også i område med store, årlege tap. Ein nødvendig føresetnad for å få til eit slikt heilskapsgrep er innføringa av ei ny erstatningsordning som gir økonomisk stimulans til gradvise driftstilpassingar i område der det med utgangspunkt i Stortingets bestandsmålsetjingar skal opprettHaldast faste bestandar av rovvilt.

Miljøverndepartementet kan ikkje sjå at det gjennom høyringa har komme fram nye prinsipielle moment som ikkje var oppe til vurdering under Stortingets behandling av rovviltmeldinga. Hovudinnretninga i den nye erstatningsordninga er i tråd med Stortingets klart uttalte intensjonar, og bør etter departementets syn liggje til grunn også for den endelege forskrifta. Når det gjeld merknader til enkeltføresegner vil departementet gjere dei nødvendige justeringane i forskriftsutkastet. Det er òg lagt til grunn at bestandsovervakingsprogrammet for rovvilt blir styrkt. Ei god bestandsovervaking, med høg kvalitet som sikrar lokal legitimitet, er avgjerande. Dette gjeld både av omsyn til dei nye nemndene som skal fatte vedtak om fellingskvotar, og ved berekninga av risiko for rovviltskade i tilknyting til den nye erstatningsordninga.

Departementet vil understreke at den foreslåtte ordninga framleis sikrar full erstatning for dokumentert skade. Ordninga sikrar òg høvet til erstatning basert på skjønn for udokumentert

skade ut over den førehandsutbetalte risikoerstatninga. Vidare vil ordninga også innehalde høve til dispensasjon for å hindre at den enkelte dyreeigar skal komme utilsikta uheldig ut ved overgangen til den nye erstatningsordninga.

Departementet føreset elles at besetningar med store tap blir prioriterte av regionale styresmakter (rovviltnemnder og fylkesmenn) ved tildeling av midlar til førebyggjande tiltak. Det blir presisert at desse midlane kjem i tillegg til tildelte midlar til risikoerstatning og eventuell erstatning for dokumentert og udokumentert skade som driftseiningane har krav på. På denne måten vil driftseiningar med store, årlege tap grunna rovvilt få ein klar økonomisk stimulans til å gjennomføre nødvendige tilpassingar, mens staten framleis vil bidra til å dekkje kostnadene med iverksetjing av effektive førebyggjande tiltak.

Departementet vil gjennomføre ei nærare avgrensing av risikoområde, utrekning av risikopoeng og fastsetjing av satsar for dei ulike erstatningselementa i ny erstatningsordning vinteren 2005-2006. I dette arbeidet vil berørte styresmakter, organisasjonar og næringar bli trekte med. Miljøverndepartementet tek sikte på at ny erstatningsordning skal gjelde frå beitesesongen 2006 og frå reindriftsåret 2006/2007.

Det blir elles vist til samla framstilling av den økonomiske satsinga på rovvilt i innleiinga til kap. 1427 og omtale under kap. 1427 postane 71 Risikoerstatning i rovviltområder og post 72 Vederlag for rovviltskade (Del III).

# 8 Resultatområde 2: Friluftsliv

## Definisjon og avgrensing

Arbeidet på dette resultatområdet skal sikre areal og rettar til ferdsel, opphald og aktivitetar, og stimulere til miljøvennleg friluftsliv. Areal for friluftsliv, grunnlaget for jakt og fiske og natur- og kulturopplevingar ved friluftsliv blir òg tekne vare på gjennom arbeidet på resultatområda 1, 3 og 9. Andre miljøkvalitetar som har innverknad på friluftslivet er ivaretekne gjennom resultatområda 1, 3, 4, 6 og 7. Friluftsliv i polare område er dekt av resultatområde 8.

## Strategisk mål

Alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles.

## Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 8.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 Friluftsliv

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 1. Friluftsliv basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av folket. | 1.1. Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med relevante partar, under dette frivillige organisasjonar. | Statistikk om folks deltaking i friluftsliv, under dette:<br>Dagsturar og overnattingsturar i naturomgivnader.<br>Bruk av nærområde i byar og tettstader.<br>Bærplukking, fritidsfiske og jakt. |
| 2. Barn og unge skal få høve til å utvikle dugleik i friluftsliv. | 2.1. Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark. | Kunnskap om allemannsretten, fjellreglane og sjøvettreglane innan fylte 18 år.<br>Prosentdelen av barn og unge under 18 år som har delteke i friluftsaktivitetar dei siste 12 månadene.<br>Talet på medlemmer i ungdomsorganisasjonar dominerte av aktivitetar retta mot natur- og friluftsliv som f.eks. speidarforeiningar og turistforeiningas ungdomsgrupper. |
| 3. Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsel, opphald og hausting blir fremja og naturgrunnlaget teke vare på. | 3.1. Viktige område for friluftsliv skal vere sikra for formålet ved kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde. | Talet på nye område pr. år. |
| | 3.2. Alle statleg sikra friluftslivsområde (inkl. skjergardsparkar) og markaområde i alle større kommunar, skal innan år 2006 inngå i forvaltningsplanar. | Prosentdelen av friluftsområde med slikt forvaltningsopplegg (ikkje operativ før 2006). |

Tabell 8.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 2 Friluftsliv

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 3.3. Viltressursar og fiskeressursar i ferskvatn som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta. | Prosentdelen av område som kan utnyttast (dvs. fiskeførande vatn og vassdrag og jaktterreng for småvilt) i eit utval kommunar med sal av kort for fiske og småviltjakt. |
| 4. Ved bustader, skular og barnehagar skal det vere god tilgang til trygg ferdsel, leik og annan aktivitet i ein variert og samanhengande grønstruktur med godt samband til naturområde omkring. | 4.1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 pst. av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknyting til ein samanhengande grønstruktur. | Prosentdelen slike bygningar med rekreasjonsareal og tilknyting til grønstruktur innan 500 meter. |

## Statusbeskriving

Stortinget behandla våren 2002 St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet.* Meldinga gir ei brei oversikt over verdiar, utbreiing, trendar, mål og tiltak i friluftslivet. Hovudarbeidet innan friluftsliv i 2006 vil vere å følgje opp dei tiltaka som ligg i meldinga. I 2005 vart *Friluftslivets år* arrangert, og det er viktig å følgje opp og vidareutvikle dei gode røynslene frå tiltak retta mot barn og unge i dette året. Regjeringa vil i 2006 halde oppe det aktivitetstilbodet på friluftsliv som Friluftslivets år bidrog til. Evalueringa av Friluftslivets år blir eit viktig grunnlag for dette.

Undersøkingar viser at ungdom sin deltaking i friluftsliv er betydeleg redusert dei seinaste tiåra. Dette gjer ungdom til ei svært viktig målgruppe for motivasjonsarbeidet. Det blir derfor viktig i 2006 å følgje opp den vellukka ungdomssatsinga frå Friluftslivets år. Ein vil òg følgje opp arbeidet i forhold til etniske minoritetar og funksjonshemma.

I 2006 vil prosjektet *Motorferdsel og samfunn* vere ein viktig premissleverandør for friluftslivet gjennom dei tiltaka som blir foreslått for å ivareta høve til stille og ro.

Verkemiddel må vidare setjast inn der vi ser at allemannsretten er under press. Det vil derfor vere ekstra fokus på utviklinga i strandsona framover.

### *Arbeidsmål 1.1. Stimulere til utøving av miljøvennleg friluftsliv i samarbeid med relevante partar, under dette frivillige organisasjonar.*

Landsomfattande undersøkingar om friluftsliv er blitt gjennomførte ei rekkje gonger sidan 1970. Statistisk sentralbyrås levekårsundersøking i 2001 syner relativt stabil oppslutning om dei mest sentrale friluftslivsaktivitetane. Samla sett har den delen av befolkninga som utøvar friluftsliv auka med fire prosentpoeng dei siste 30 åra til 90 pst. i 2001, men denne tilsynelatande stabiliteten i aktivitetsmønsteret skjuler to sterke utviklingstrekk med motsett forteikn. Den positive utviklinga er at eldre over 55 år er mykje meir aktive no enn for 30 år sidan. I aldersgruppa 55–64 år har deltakinga i friluftsliv auka med heile 20 prosentpoeng til 91 pst. i 2001. Utviklinga blant ungdom (16–24 år) gir derimot grunn til bekymring. Her har oppslutninga falle frå 98 pst. til 86 pst. i 2001.

### *Arbeidsmål 2.1. Barn og unge skal meistre trygg og miljøvennleg ferdsel i utmark*

Medviten satsing ved ei rekkje førskular og skular har ført til at fleire barn no tek del i friluftslivsaktivitetar. Bak denne satsinga står blant anna helse- og miljøstyresmaktene og friluftsorganisasjonane. Fleire av friluftslivsorganisasjonane har eigne barneorganisasjonar, til dømes Barnas Turlag, Fiskeklubben, KFUM-KFUK-speiderne og Norske 4H.

Undersøkingar viser at kunnskap og dugleik aukar med målretta stimulering, og at grunnlaget for gode friluftslivsvanar i vaksen alder blir lagt i barndommen. Neste levekårsundersøking vil for første gong gi tal for barn og unge si deltaking i friluftsliv.

*Forum for friluftsliv i skulen* er etablert og kan bidra til at friluftsliv i større grad blir nytta som pedagogisk og helsefremjande verkemiddel i skulen.

Oppslutninga om tradisjonelle friluftsaktivitetar blant *ungdom* har minka sidan 1970-tallet. Oppslutninga om skiturar, bær- og sopplukking og fiske har

falle kraftig. Fotturane, som samla sett er den mest populære friluftsaktiviteten, er også noko redusert blant dei unge. Samstundes er andre aktivitetar i vekst. Oppslutninga om sykkelturar og bruken av alpinanlegg har til dømes auka. I tillegg har ei rekkje nye og spesialiserte aktivitetar som frikøyring på ski og snøbrett, terrengsykling, skisegling og elvepadling fått auka oppslutning. Denne auken i dei nye aktivitetane blant ungdom er likevel ikkje nok til å kompensere for fråfallet frå dei tradisjonelle friluftslivsaktivitetane. Samla sett har ungdommens deltaking i friluftsliv minka med 12 prosentpoeng frå 1970 til 2001. Departementet har starta eit samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet om felles innsats til fremje av friluftsliv og fysisk aktivitet blant barn og unge.

*Arbeidsmål 3.1 Viktige område for friluftsliv skal vere sikra for formålet ved kjøp, bandlegging og avtalt fleirbruk av naturområde.*

Pr. september 2005 var i alt 1939 område sikra til friluftslivsformål ved kjøp eller avtaler om bruk av eigedom. Fleire område er sikra ved omstillingar i staten, bl. a ved overtaking av forsvarseigedommar og fyrstasjonar. I perioden frå 2000 til september 2005 er det sikra til saman 169 område, i hovudsak langs kysten i Sør-Noreg.

Regjeringa prioriterer høgt arbeidet med å sikre nye friluftsområde. Særleg er det viktig at område i kystsona blir sikra. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar. Dette er òg eit positivt verkemiddel som er konfliktdempande. I Friluftslivets år har ein prioritert dette arbeidet høgt, og det vil ein også gjere i kommande år. I tillegg til å auke innsatsen for sikring, tilrettelegging og drift av særskilte friluftsområde, vil det òg bli lagt stor vekt på å opne ulike typar statseigedom for allmenta. Det blir særleg viktig å sikre for friluftslivet dei områda som Forsvaret og andre statlege grunneigarar ikkje lenger har bruk for.

I tilknyting til Stortingets behandling av Dok. Nr. 8:82 (2003-2004) *Om salg av Østre Bolærne* er Regjeringa gjennom oppmodingsvedtak nr. 539 (2003-2004) blant anna beden om å stå for ein gjennomgang av statlege eigedommar som skal avhendast. I 2005 har Direktoratet for naturforvaltning gjennomgått Skifte Eigedoms portefølje for å identifisere eigedommar som framleis bør vere i offentleg eige, med utgangspunkt i allmenne friluftslivsinteresser. Gjennom behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2005 vart det stilt ekstra midlar til disposisjon for statleg kjøp av eit utval eigedommar. Direktoratet følgjer avhendingsprosessen tett og vil bidra til sikring av ytterlegare eigedommar. Etter nye rutinar for offentleg avklaring kan dette gjerast gjennom kjøp av heile eigedommar, gjennom kjøp av delar av eigedommar og gjennom klausuleringar formulert i kjøpekontrakten. Eit døme på klausulering kan vere at ein privat kjøpar forpliktar seg til å la kommunen leggje ein kyststi over eigedommen.

Direktoratet for naturforvaltning vurderer fortløpande friluftslivsinteressene knytte til fyreigedommar med tanke på å sikre dei for allmenne friluftsformål. Prosjektsamarbeidet mellom Friluftsrådas Landsforbund og Direktoratet for naturforvaltning, med sikte på å få fram gode sikringsprosjekt, vil halde fram. Som ei oppfølging av St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder* er det innleia eit samarbeid med Stavanger, Bergen, Oslo og Trondheim kommunar for å sikre viktig grønstruktur. Det kan òg vere aktuelt å gå inn i eit slikt samarbeid med andre større byar og tettstader.

*Arbeidsmål 3.2. Alle statleg sikra friluftslivsområde (inkl. skjergardsparkar) og markaområde i alle større kommunar skal innan år 2006 inngå i forvaltningsplanar.*

For å skape tilgjenge for fleire brukargrupper, blant anna funksjonshemma har fylkesmennene, i samarbeid med friluftsråd og kommunar, utarbeidd enkle planar for forvaltninga av dei viktigaste statleg sikra friluftslivsområda i kvart fylke. I tillegg er det utarbeidd heilskaplege forvaltningsplanar som blant anna omtaler behovet for tilrettelegging og skjøtselsnivå for ein overvegande del av friluftslivsområda i Oslofjorden, skjergardsparkane på Sørlandet og Vestkystparken. Skjergardstenesta er etablert med uniformerte båtar og mannskap langs heile kysten frå Østfold til og med Hordaland. Denne tenesta er resultatet av eit samarbeid mellom fleire aktørar på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå. Statlege bidrag utgjer ein viktig del av grunnlaget for verksemda, knytt til både driftsmidlar og investeringsmidlar til båt.

Kysten byr på gode høve til naturopplevingar og friluftsliv. Kystlandskapet har særpreg og det er mange kulturhistoriske spor som er svært attraktive for friluftslivet. Kjenneteiknet på kystfriluftslivet er aktivitetar som bading, soling, båtliv og fritidsfiske, men her som i innlandet er det likevel fotturar som er den vanlegaste aktiviteten.

Kystleiprosjektet i regi av Den norske turistforeining (DNT), Friluftsrådas Landsforbund (FL) og Forbundet Kysten er eit tiltak for å stimulere til og leggje til rette for eit ikkjemotorisert friluftsliv langs kysten.

Det er utarbeidd ein «Marka-rettleiar» som eit tilbod til dei kommunane som forvaltar viktige bymarker.

Status for bygging i strandsona er gitt omtale under resultatområde 9 – resultatmål 2 om kommunal arealplanlegging.

*Arbeidsmål 3.3. Viltressursar og ressursar av ferskvassfisk som kan utnyttast skal vere tilgjengelege for allmenta.*

Organiseringa av jakt og fiske varierer mellom kommunar og fylke. Gjennom eit konstruktivt samarbeid med rettshavarane blir fleire og fleire område organiserte og opna for allmenta. Dette fører til at aktiviteten aukar på dette feltet.

Som eit tiltak for å auke tilgjenget til innlandsfisk vart fiskeavgifta for denne type fiske (unnateke fiske etter anadrom laksefisk) fjerna frå og med 2002.

Talet på jegerar aukar svakt for kvart år. Delen kvinner aukar mest og utgjer snart 6 pst. av jegerane. Talet på dei som har løyst jegeravgiftskort har stabilisert seg omkring 190 000 norske og 2 000 utanlandske jegerar. I jegerregisteret er det no registrert over 400 000 personar.

Arbeid med å betre tilgangen for allmenta til jakt og innlandsfiske vil i aukande grad skje ved at rettshavarane utarbeider driftsplanar for dei vilt- og fiskeressursane som kan haustast, jf. arbeidsmål 4.1 under resultatområde 1.

*Arbeidsmål 4.1. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for at minst 30 pst. av bustader, skular og barnehagar i eit utval byar og tettstader har trygt og tilgjengeleg rekreasjonsareal innan 500 meters avstand og i tilknyting til ein samanhengande grønstruktur.*

Stortingsmeldinga om friluftsliv foreslår at kartlegging av grønstrukturen blir lagt til grunn i den kommunale planlegginga og forvaltninga, og blir ein premiss for vidare tettstadutvikling. Statistisk sentralbyrå har nyleg utvikla ein metode for å overvake arealstorleikar og tilgjenget til slike nære, grøne lunger. Resultat frå dette arbeidet underbyggjer at dette målet er naudsynt. Tilgangen til slike areal er god på landsbasis, men tilgangen til nærturterreng minkar ved aukande storleik på tettstaden.

Arbeidet med kartlegging og rettleiing blir ført vidare som ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet og St.meld. nr. 23 (2001-2002) Bedre miljø i byer og tettsteder.*

## Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 97,1 mill. kroner. Finansieringa blir i hovudsak dekt av Direktoratet for naturforvaltnings budsjettramme jf. kap. 1427, og delar av kapitla 1425 og 1426. Vidare inneheld delar av Miljøverndepartementets budsjettkapittel 1400 og 1410 òg budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i år 2006. Fylkesmannen har òg oppgåver under resultatområde 2. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er frå og med 2001 budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementets budsjett.

Statlege midlar er med å sikre regionalt og nasjonalt viktige friluftslivsområde. Statlege midlar er òg viktige for å motivere kommunane til å realisere vedtekne planar for å bevare grønstruktur og leggje til rette for friluftsliv, jf. St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder.* Løyvingane til sikring av friluftslivområde vart auka både i statsbudsjettet for 2003 og for 2004. Også for 2006 blir det auka løyvingar til sikring av område og til andre tiltak for å fremje friluftslivet.

Plan- og bygningslova er det generelle verkemidlet som kommunane har for å utvikle gode område for friluftsliv for alle folkegrupper og interesser.

Staten medverkar dessutan, i samarbeid med kommunane, til finansiering av driftsordningar for skjergardsparkane. I kystsona frå Østfold til og med Hordaland er dette samordna gjennom Skjergardstenesta, der staten gjennom Statens naturoppsyn har det nasjonalt overordna ansvaret og gir økonomiske bidrag til driftsutgifter, båtinvesteringar mv. Statens naturoppsyn arbeider òg med å integrere naturoppsyn i den daglege drifta av skjergardstenesta.

Det blir vidare gitt driftsstøtte til Friluftslivets fellesorganisasjon (FRIFO), Den Norske Turistforening, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Friluftsrådas Landsforbund. Dette gjeld blant anna til arbeidet i Forum for natur og friluftsliv som er organisert i alle fylke. Det blir dessutan gitt tilskot til stimuleringstiltak i regi av dei frivillige organisasjonane. Desse midlane vil vere knytte til aktivitetsretta prosjekt med formål å stimulere nye grupper, især barn og unge, til å utøve friluftsliv.

Det blir òg gitt tilskot til frivillige organisasjonar til tilrettelegging for fritidsfiske og jakt.

I tillegg til plan- og bygningslova er friluftslova, lakse- og innlandsfisklova og viltlova dei viktigaste juridiske verkemidla. Miljøverndepartementet har gitt ut eit rundskriv om friluftslova med oversikt over dei oppgåvene kommunane har når det gjeld å fremje allmenta sine friluftsinteresser.

Informasjon/kommunikasjon er eit viktig strategisk verkemiddel for å nå måla under resultatområde 2 Friluftsliv. Prinsippa for universell utforming er lagt til grunn for resultatområdet.

# 9 Resultatområde 3: Kulturminne og kulturmiljø

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og det kulturhistoriske innhaldet i landskapet. I arbeidet inngår arkeologiske kulturminne på land og under vatn, kulturminne og kulturmiljø som er freda gjennom vedtak etter kulturminnelova, og verneverdige fartøy. Sikring og aktiv bruk av kulturhistoriske verdiar og kvalitetar i våre fysiske omgivnader skjer i stor grad gjennom privat innsats frå eigarar og frivillige, offentleg forvaltning, gjennom kommunalt planarbeid og arbeidet med by- og tettstadsutviklinga, sjå òg resultatområde 9. Resultatområdet dekkjer òg internasjonalt samarbeid og oppfølging av konvensjonar og andre internasjonale avtaler for å sikre kulturminne og kulturmiljø. Landskapsarbeidet er i hovudsak dekt av resultatområde 9. Verknader av luftforureining på kulturminne er dekt av resultatområde 7.

### Strategisk mål

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 1. Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø som følgje av fjerning, øydelegging eller forfall skal minimerast, og skal innan 2020 ikkje overstige 0,5 pst. årleg. | 1.1. Kommunal sektor og andre samfunnsektorar tek auka ansvar for verneverdige kulturminne og kulturmiljø. | Prosentvis årleg tap av SEFRAK-registrerte bygningar.<br>Prosentvis årleg tap av registrerte arkeologiske kulturminne.<br>Del registrerte arkeologiske kulturminne utan nye skadar.<br>Gjennomførte tiltak som bidrar til god forvaltning av kulturhistoriske eigedommar i statleg eige.<br>Talet på kommunar med vedteken kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø.<br>Talet på reguleringsplanar for bevaring. |
| | 1.2. Verdiane og høva som kulturarven representerer i by- og tettstadsutvikling skal ha stor merksemd. | Gjennomførte kartleggingstiltak for avklaring av nasjonale kulturminneinteresser i byar.<br>Talet på kommunar som har drive metodisk stadsutvikling med utgangspunkt i kulturarven.<br>Del av utvalte bygningsgrupper med endra bruk. |

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 1.3. Leggje til rette for aktiv bruk av kulturminne og kulturmiljø som grunnlag for verdiskapingsprogram, bl.a. i kystsona. | Effekten av verdiskapingsprosjekt i pilotområda.<br>Betre og meir dokumentert kunnskap om samanhengar mellom verdiskaping og kulturminne og kulturmiljø. |
| | 1.4. Leggje til rette for at kulturminnefondet skal vere ei viktig finansieringskjelde i forvaltning av kulturminne og kulturmiljø, og at grunnkapitalen i fondet blir auka. | Talet på prosjekt som har fått tilskot over kulturminnefondet og effekten av desse. |
| | 1.5. Styrkje omfang av og tilgang til forvaltningsretta kunnskap om kulturminne. | Gjennomførte tiltak for å styrkje kunnskap om forvaltning av kulturhistoriske eigedommar.<br>Gjennomførte tiltak med opplæring knytt til kulturminne og kulturmiljø.<br>Talet på kommunar med eigen kulturminnefagleg kompetanse.<br>Talet på kommunar og arealbrukande sektorar med tilgang til Askeladden.<br>Talet på kommunar som er à jour med registrerte arkeologiske kulturminne i Askeladden. |
| | 1.6. Auka bruk av kulturminne og kulturmiljø som kjelde til kunnskap og opplevingar. | Gjennomførte tiltak for å styrkje tilgjenget til kunnskap og opplevingar.<br>Gjennomførte tiltak for å betre allment tilgjenge til freda og verneverdige anlegg. |
| 2. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020. | 2.1. Betre rammevilkår for freda kulturminne i privat eige. | Talet på gjennomgåtte fredingsvedtak frå før 1978.<br>Talet på fredingssaker som er sette i gang før januar 2005 og som er ferdig behandla.<br>Delen av freda og fredingsverdige kulturminne som har ordinært vedlikehaldsnivå.<br>Oppdatert behovsanalyse knytt til tilstanden til kulturminne og kulturmiljø. |
| | 2. 2. Betre rammevilkår for forvaltning av arkeologiske kulturminne. | Det er utarbeidd ein strategi og klare faglege kriterium for å sikre arkeologiske kulturminne i eit langsiktig perspektiv. |

Tabell 9.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 2.3. Kompensasjon for utgifter til arkeologiske arbeid som følgjer av mindre private tiltak skal aukast. | Gjennomførte tiltak for å sikre utvikling og oppfølging av retningslinjer knytte til kompensasjon for utgifter. |
| | 2.4. Følgje opp Noregs plikter i forhold til UNESCOs verdsarvkonvensjon gjennom forvaltinga av dei norske verdsarvområda og ved å medverke til betre representativitet på verdsbasis på lista. | Målt tilstand for kulturminne og kulturmiljø på dei norske verdsarvområda. Gjennomførte tiltak for å bidra til å fremje land som er underrepresenterte på verdsarvlista. |
| 3. Den geografiske, sosiale, etniske og tidsmessige breidda i dei vedtaksfreda kulturminna og kulturmiljøa skal betrast, og eit representativt utval kulturminne skal vere freda innan 2020. | 3.1. Utarbeide ein overordna fredingsstrategi for nye fredingar fram til 2020. | Auke i talet på fredingar innafor svakt representerte hovudgrupper, m.a. frå kystkulturen. |
| | 3.2. Samarbeide med andre sektorar for at dei skal ta større ansvar for kulturminne knytte til eiga verksemd. | Talet på ferdigstilte sektorvise verneplanar.<br>Talet på fredingar i samsvar med plan. |

St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* trekkjer opp den nye kulturminnepolitikken og gir nye mål på området. Meldinga vart behandla i Stortinget i juni 2005 og fekk brei tilslutning. Med utgangspunkt i nye mål, prioriteringar i meldinga har Regjeringa og Stortingets behandling, foreslått ein del nye arbeidsmål og resultatindikatorar for 2006, jf. tabell 8.1. Statusbeskriving nedanfor er basert på måla for 2005, jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005) og kan derfor ikkje relaterast til nye mål og indikatorar for 2006.

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Styrkje omfang av og tilgang til forvaltningsretta kunnskap om kulturminna.*

Kulturminnedatabasen Askeladden er sett i funksjon og blir vidareutvikla kontinuerleg. Askeladden er den offisielle databasen over alle typar freda kulturminne og kulturmiljø i Noreg. Databasen er eit viktig verktøy som gjer det enklare å finne fram til opplysningar om dei registrerte kulturminna. Askeladden er tilgjengeleg over Internett og er open for kulturminneforvaltninga, statlege sektorstyresmakter, forskingsinstitusjonar og kommunane. I mai 2005 var det over 1100 registrerte brukarar, fordelt på 205 frå regional forvaltning, 357 frå kommunar og 57 frå andre sektorar. Askeladden leverer data til Noreg Digitalt, noko som gjer det mogleg for eksterne brukarar å hente datasett frå kulturminnedatabasen direkte inn til sine lokale datasystem. I 2005 blir Askeladden utvida med ein modul for å registrere tilstanden for freda bygningar. Ein tilsvarande modul for freda ruiner er under utvikling.

*Arbeidsmål 1.2. I samarbeid med aktuelle partar skal stadene si eigenart og deira kulturhistoriske innhald takast vare på, og estetiske kvalitetar i stadforminga innan kommunal planlegging og byutviklingspolitikk skal leggjast vekt på.*

Arbeid med rettleiing og kunnskapsutvikling er i gang, med særleg vekt på å få fram kvalitetar og historiske verdiar i forminga av byar og tettstader. I den samanhengen blir det utvikla prinsipp for bruk, vern, omforming og nybygging i eksisterande kulturmiljø.

I tida 2002-2005 er det gjennomført pilotprosjekt for å etablere kompetansemiljø i lokalsamfunn og betre kunnskapane om bruk av plan- og bygningslova i kulturminnearbeidet. Dette skjer i samråd mellom kulturmiljøforvaltning, kommunar og andre aktørar. Resultata vil bli formidla i 2005 og 2006. Riksantikvaren og andre statlege etatar har sidan 2001 samarbeidd om å lage kurs i stadsutvikling for kommunar. I 2005 blir det halde tre kurs for til saman sju fylke. Riksantikvaren deltek i oppfølging

av prosjekt angåande bymiljø. Riksantikvaren deltek i det treårige prosjektet Sustainable Historic Towns Urban Heritage as an Asset of Development, som er eit samarbeid mellom nordiske og baltiske land. Prosjektet tek sikte på å utvikle betre verktøy til forvaltning av historiske bymiljø.

I følgje KOSTRA hadde 121 kommunar vedteke plan med spesiell vekt på kulturminne og kulturmiljø i 2004. 134 kommunar hadde knytt til seg kulturminnefagleg kompetanse.

*Arbeidsmål 1.3. Oppgåver innan kulturminneområdet skal leggjast til utvalde byar.*

Prosjektet med lokal kulturminneforvaltning (differensiert oppgåvefordeling) i byane Bergen, Stavanger og Kristiansand som var sett i gang i 2004, er ført vidare. Byane skal ved utgangen av kvart av dei fire åra rapportere korleis forsøka blir gjennomførte og følgde opp.

Riksantikvaren bidrar til at byane har eit godt fagleg grunnlag for å arbeide med dei nye oppgåvene. Rapportering for 2004 viser at delegeringa av oppgåver ikkje førte til at kommunane tilførte auka ressursar til feltet innafor eigne rammer.

*Arbeidsmål 1.4. I samarbeid med aktuelle partar leggje til rette for auka medvit i kommunane om verdien av og høvet til vidare bruk og ombruk.*

Meir enn 70 pst. av realkapitalen i landet er investert i bygningar og anlegg. På årsbasis er ca. 40 pst. av aktiviteten innafor bygg- og anleggsverksemda knytt til eksisterande bygningsmasse.

I løpet av hausten 2005 vil det bli lansert ei nettbasert eksempelsamling som viser korleis bygningar kan takast vare på og brukast på nye måtar. Eksempelsamlinga skal gi eigarar, arkitektar, eigedomsforvaltarar og andre inspirasjon til å sjå på høva i eksisterande bygningsmasse.

Riksantikvaren og Statens bygningstekniske etat (BE) samarbeider om å lage ein temarettleiar for byggjetiltak i eksisterande bygningar.

*Arbeidsmål 1.5. I samarbeid med andre sektorar utvikle verkemiddel (eksisterande og nye) for vern av kulturminne og kulturmiljø.*

Sektorane har stor verknad på kulturminne, kulturmiljø og landskap gjennom næringsverksemd, byggje- og anleggstiltak og eigedomsforvaltning. Det er kontakt mellom Riksantikvaren og sektorar som driv verksemd som kan ha særleg effekt på kulturminna. Siktemålet er å få dei til å ta auka sektoransvar og påverke utforminga av eksisterande og nye verkemiddel.

Riksantikvarens samarbeid med Statens landbruksforvaltning og landbrukssektoren om blant anna *Landbruk pluss*, SMIL-ordninga og oppstart av ordninga med miljøprogram er gode døme på denne innsatsen.

Det er etablert eit samarbeid mellom KKD, FKD og MD og ABM-Utvikling, Fiskeridirektoratet, Kystdirektoratet og Riksantikvaren med sikte på ein felles innsats for vern og bruk av kystkulturen. Det er utarbeidd ein statusrapport som skal vere grunnlag for Regjeringas vidare satsing på kystkultur. Arbeidet med ei eiga forskrift for verneverdige skip er utsett inntil vidare på grunn av flyttinga av Sjøfartsdirektoratet.

Det er teke initiativ overfor sentrale departement, Innovasjon Noreg, næringsliv og aktørar med ansvar for regional utvikling. Formålet er å utvikle arenaer og verkemiddel for verdiskaping med grunnlag i kulturarven. Det blir lagt vekt på verdiskapingsperspektivet i dialogen med kommunane, med sikte på å mobilisere aktørfellesskap mellom lokale og regionale styresmakter, sektorstyresmakter, næringsliv og frivillige.

Det er sett i gang eit samarbeidsprosjekt med Nordland fylkeskommune om verdiskaping med grunnlag i kystkulturen i Nordland, der Lofotenregionen og verdsarvområde Vega er framheva. Prosjektet vil vare fram til 2008.

*Arbeidsmål 2.1. I samarbeid med bl.a. lokale styresmakter og eigarar leggje til rette for å betre tilstanden for verneverdige kulturminne og kulturmiljø.*

Riksantikvaren distribuerer jamleg informasjonsblad med praktiske og faglege råd til eigarar av freda og verneverdige kulturminne. To gonger i året blir det utgitt eit eige informasjonsblad for kommunesektoren. Norsk standard av *Tilstandsanalyse fredete og verneverdige bygninger* vart utgitt i mai 2004. I tilknyting til dette er ein eigen tilstandsmodul i Askeladden under utvikling. Parallelt vil det bli utarbeidd priskatalogar for vedlikehald og utbetring, og meir generelle erfaringsprisar for oppgradering av bygningar til eit ordinært vedlikehaldsnivå.

Sida 2002 har Riksantikvaren, i samarbeid med blant anna Stiftelsen Bryggen, hatt eiga overvaking av kulturlaga under Bryggen i Bergen. Det er konstatert store setningar i grunnen, og det viser seg også at influensområdet for skadar strekkjer seg mykje lengre inn på verdsarvområdet enn ein trudde tidlegare. Skadeomfanget og utviklinga understrekar kor viktig det er å undersøkje årsaksforholda nærare, slik at det kan setjast i verk avbøtande tiltak så snart som mogleg. I 2005 er det òg

sett i gang arbeid med å utvikle ein norsk standard for registrering av tilstanden i kulturlag.

På grunnlag av rapporten *Vern og forvaltning av samiske byggverk* blir det arbeidd vidare for å styrkje forvaltninga av automatisk freda samiske bygningar. Blant anna blir det lagt vekt på opplæring av handverkarar i tilknyting til konkrete istandsetjingsprosjekt.

Stavkyrkjeprogrammet blir vidareført, og i fem stavkyrkjer er arbeida ferdige. Det har vore restaureringsarbeid ved ytterlegare fire kyrkjer i 2005. I stavkyrkjeprogrammet inngår òg konservering av kyrkjekunst, handverkarkurs, dokumentasjon, forsking og formidling.

Stavkyrkjene har automatiske alarm- og sløkkingsanlegg. Brannsikring av utvalte, freda bygningar, Bergstaden Røros og annan verdifull trehusbusetnad er vidareført.

Det er sett i gang konserverings- og skjøtseltiltak på 17 ruinanlegg. Det er gjort førebuingar til eit tiårig prosjekt for å sikre bevaring, tilrettelegging, skjøtsel og pleie av områda rundt viktige ruinar frå middelalderen. Dei 12-15 største anlegga vil bli prioriterte, saman med ruinar som engasjerer lokalmiljøet sterkt.

Om lag 300 bergkunstlokalitetar er dokumenterte i løpet av den siste tiårsperioden gjennom Bergkunstprosjektet. I tillegg har det vore forska på nedbrytingsårsaker og metodeutvikling for å bremse og avgrense skadeutvikling på denne typen kulturminne. I det vidare arbeidet med å sikre bergkunsten skal det leggjast større vekt på skjøtsel og tilrettelegging, men det skal framleis drivast dokumentasjon og metodeutvikling for konservering, skjøtsel og formidling.

Ein eigen rettleiar for forvaltning av automatisk freda kulturminne vart ferdigstilt våren 2005. I 2004 behandla Riksantikvaren 490 dispensasjonssaker for arkeologi. Det vart gitt avslag i ti av desse sakene.

*Arbeidsmål 2.2. Følgje opp Noregs plikter i forhold til UNESCOs verdsarvkonvensjon – gjennom forvaltninga av dei norske verdsarvområda og ved å medverke til betre representativitet i områda på verdsarvlista.*

Dei seks norske verdsarvområda er: Urnes stavkyrkje, Bryggen i Bergen, Røros Bergstad, bergkunsten i Alta, Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap (Geirangerfjorden og Nærøyfjorden) som vart tekne opp på verdsarvlista i juli 2005. I tillegg vart meridianstøtta i Hammerfest og tre andre punkt i Struves triangelkjede tekne opp på verdsarvlista i 2005 som det første teknisk-vitskapelige kulturminnet.

UNESCOs retningslinjer fastset at det skal rapporterast om verdsarvområda sin tilstand og utviklinga deira kvart sjette år. Alle områda med unntak av Vega er blitt evaluerte. Det blir arbeidd med å følgje opp evalueringane. I 2005 blir det gjennomført ei periodisk rapportering på tilstanden til stadene som var innskrivne før 1998.

Det går føre seg store langsiktige istandsetjingsprogram på Røros og ved Bryggen i Bergen. Begge prosjekta har òg stor betydning for kompetanseutvikling blant handverkarar.

Det er utarbeidd ein forvaltningsplan for helleristningsfeltet i Alta, og ein eigen skjøtselplan er under arbeid.

Det er sett i gang eit FoU-prosjekt som omfattar historiske og arkeologiske undersøkingar i nærområdet rundt Urnes stavkyrkje. Riksantikvaren deltek òg i eit prosjekt som tek sikte på å bidra til næringsutvikling på denne sida av Lusterfjorden.

I 2003 vart Noreg valt inn som medlem av UNESCOs verdsarvkomité, og deltok på første medlemsmøte i 2004.

*Arbeidsmål 3.1. I samarbeid med aktuelle partar arbeide for at andre sektorar tek større ansvar for kulturminne knytte til eiga verksemd.*

Sektorstyresmaktene har ansvaret for å setje i stand og halde ved like kulturminne i statleg eige. Staten skal vere eit godt føredøme som eigar og forvaltar av kulturhistorisk verdifull eigedom. Moderniseringsdepartementet har i samarbeid med aktuelle departement sett i gang eit prosjekt for å registrere statlege kulturhistoriske eigedommar (SKE-prosjektet). Dette vil danne grunnlaget for utarbeiding av fleire sektorvise landsverneplanar.

*Arbeidsmål 3.2. Gjennomføre fredingar i samsvar med sektorvise verneplanar.*

Totalt er det utarbeidd fem verneplanar for statlege sektorar, og to er under arbeid. For tre av planane er det gjennomført fredingar.

I samarbeid med Statens vegvesen er det utarbeidd forslag om forskriftsfreding av 19 bygningar i medhald av den nasjonale verneplanen. Forslaget er planlagt vedteke i 2005. Vidare går det føre seg arbeid med forslag om freding av vegar og bruer som inngår i landsverneplanen. Det vil bli utarbeidd forvaltningsplanar knytte til kvart anlegg.

Prosjektet *Kulturminne i norsk kraftproduksjon* blir følgt opp, saman med arbeid med verneplan for Jernbaneverkets anlegg.

Det var elles sluttført og tinglyst 32 fredingar i 2004.

### Verkemiddel

25. februar 2005 la Regjeringa fram St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Hovudtrekka i meldinga fekk brei tilslutning under Stortingets behandling.

Regjeringa fastslår at private eigarar av kulturminne skal få betre rammevilkår, at staten skal ta ein større del av utgiftene ved arkeologiske utgravingar, og at det offentlege si rolle som pådrivar i forvaltninga av kulturminneverdiane skal styrkjast.

Regjeringa vil at kulturarven i større grad skal takast i bruk og danne grunnlag for verdiskaping, og foreslår å opprette eit verdiskapingsprogram.

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 678,3 mill. kroner i 2006-budsjettet. Finansieringa er i hovudsak dekt av Riksantikvarens budsjettramme, jf. kap. 1429 og budsjettramma som omfattar avkastninga frå kulturminnefondet, jf. kap. 1432. Kapitla 1400,1410, 1426 og 1427 inneheld òg budsjettmidlar som medverkar til finansieringa av resultatområdet i 2006.

Regjeringa har som mål å styrkje budsjett på feltet med gjennomsnittleg 175 mill. kroner pr. år ut over nivået for 2005. Det optimale vil vere ei opptrapping over fire år.

Kulturminnelova er det viktigaste verkemiddelet i lovverket for å nå måla i den nasjonale politikken. Miljøverndepartementet vil gi utfyllande føresegner om gjennomføring av lova for å nå målsetjingane i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*.

Regjeringa vil i tillegg gjennom oppfølging av Planlovutvalet arbeide for å skaffe lokale og regionale styresmakter betre verkemiddel for å ivareta kulturminneverdiane på ein føremålstenleg måte.

Dei økonomiske verkemidla på kulturminnefeltet skal i første rekkje nyttast til dei nasjonalt viktige kulturminna: freda hus og anlegg, stavkyrkjer, ruinar, tekniske og industrielle kulturminne, fartøy og verdsarv, samtidig som skjøtsel av arkeologiske kulturminne og brannsikring skal prioriterast. Regjeringa legg vekt på at tilskotsmidla skal gå til konkrete tiltak på kulturminna. Det er kulturminne med private eigarar som skal prioriterast med tilskotsmidlar.

Kulturminne og kulturmiljø gir høve til auka verdiskaping. Gode døme på dette er stavkyrkjene og verdsarvstadene som genererer store reiselivsinntekter i fleire kommunar. Dei mange fyra i landet som har fått ein ny funksjon som ferie- og reisemål, er døme på det same. Kulturminne er såleis viktige ressursar for lokalsamfunna og regionane og har mykje å seie for næringsutvikling på staden. Stader med godt bevarte kulturminne, ei særeigen historie og identitet kan ha konkurransefortrinn med omsyn til reiseliv og anna næringsverksemd. Dette kan bidra til å oppretthalde busetnad og arbeidsplassar lokalt og regionalt.

Gjennom etablering av verdiskapingsprogram med grunnlag i kulturminne og kulturmiljø ønskjer Regjeringa at mangfaldet av kulturminne i bygder, tettstader og byar skal brukast som grunnlag for levande lokalsamfunn i heile landet. Kystens kulturminne, kulturmiljø og landskap vil bli prioriterte i den første fasen av verdiskapingsprogrammet.

Forutan Riksantikvarens eigne økonomiske tilskotsmidlar til eigarane av verneverdige kulturminne og kulturmiljø, har kulturminnefondet òg ei viktig rolle gjennom sin aktivitet og sine økonomiske verkemiddel i høve til eigarar av verneverdige kulturminne. Resultata frå tilskotsfordelinga viser at fondet løyser ut stor eigeninnsats frå eigarane.

Kulturminnefondet er ein viktig reiskap for å sikre utvikling og verdiskaping basert på kulturminneressursane. Fondet skal ha ei rolle som pådrivar for å stimulere og utløyse prosjekt med potensial for verdiskaping. Styret for kulturminnefondet gjer vedtak om tildeling av midlar innafor ramma av gjeldande vedtekter og føresegner. Grunnideen for fondet er å få til eit maksimalt samspel mellom offentlege og private midlar. Føresetnaden er at fondsmidlane skal løyse ut midlar frå privatpersonar, næringsliv og andre. Tilskotstildelinga viser at tilskota frå fondet løyser ut betydeleg meirinnsats og midlar frå dei private aktørane.

Det er eit mål at kulturminnefondet skal vere ei viktig offentleg finansieringskjelde av arbeidet med å ta vare på verneverdige kulturminne og kulturmiljø i privat eige.

Lokal deltaking er eit viktig strategisk verkemiddel for å nå resultatmåla i resultatområde 3. Forvaltninga av det store mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skjer i stor grad innafor rammene av plan- og bygningslova. Det er derfor viktig å få fram opplysningar tidleg i planarbeidet for å unngå dyre og tidkrevjande prosessar, jf. resultatområde 9 Regional planlegging.

Kunnskap om kulturminne og kulturmiljø er grunnleggjande for ei god forvaltning og for å skape forståing for vernearbeidet. Viktige verkemiddel i denne samanhengen er blant anna praktisk opplæring og vidareutdanning av handverkarar, undervisningstilbod i kulturminneforvaltning, rettleiing for kommunane og regelmessig informasjon til eigarar og allmenta. Prinsippa for universell utforming skal vurderast i forhold relevante tilskot og i utviklingsarbeidet på resultatområdet. Internasjonalt samarbeid om bevaring av kulturminne og kulturmiljø skjer gjennom nordiske fora, i norskru-

ssisk samarbeid, innan Europarådet, gjennom EØS-samarbeidet og innafor UNESCO, bl.a. gjennom Den nordiske verdsarvstiftinga (Nordic World Heritage Foundation) i Oslo. Stiftinga skal støtte gjennomføringa av UNESCOs verdsarvkonvensjon (World Heritage Convention) av 1972, og vere med å utvikle modellar for berekraftig forvaltning av kulturminne, jf. arbeidsmål 2.4. Riksantikvaren er fagsenter for kulturminneforvaltning i bistandsarbeidet og skal i samarbeid med NORAD syte for at kulturminneinteressene blir tekne vare på i norske bistandsprosjekt. Ein viser elles til omtale under resultatområde 8.

# 10 Resultatområde 4: Overgjødsling og oljeforureining

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebygggje og redusere utsleppa av partiklar, næringssalt (nitrogen og fosfor) og olje til vassførekomstane. Kravstilling til privat og kommunal beredskap mot akutt forureining frå olje og kjemikaliar er òg dekt av dette resultatområdet. Utsleppa av næringssalt og partiklar kjem i hovudsak frå kommunale avløp, landbruk, fiskeoppdrett og industri, og kan føre til skadar på økosystemet i form av nedslamming og overgjødsling. Overgjødslinga kan resultere i oppblomstring av bl.a. blågrønalgar som under visse høve kan medføre at vatnet ikkje kan drikkast eller badast i. Utsleppa av olje kjem frå landbasert verksemd, skipsfart og petroleumsverksemd, og kan skade organismar og økosystem i havet, på sjøbotnen, i strandsona og i jordsmonnet. Resultatområdet omfattar internasjonalt havmiljøarbeid, slik som oppfølging av bl.a. Nordsjø-deklarasjonane, OSPAR-konvensjonen, London-konvensjonen og konvensjonar innan den internasjonale skipsfartsorganisasjonen (IMO), så vel som relevante EU-direktiv.

### Strategisk mål

Det skal sikrast ein vasskvalitet i ferskvatn og marine område som medverkar til å halde oppe arter og økosystem, og som tek omsyn til helse og trivsel for menneska.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål og resultatindikatorar og statusbeskriving

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei nasjonale resultatmåla og miljøvernforvaltningas eigne sektorvise arbeidsmål og miljøvernforvaltningas resultatindikatorar innafor resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining.

Tabell 10.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 1. Utsleppa av næringssalta fosfor og nitrogen til eutrofipåverka delar av Nordsjøen skal vere reduserte med om lag 50 pst. innan 2005 rekna frå 1985. | 1.1 Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med forslag til nytt avløpsregelverk i forureiningsforskrifta. | Talet på anlegg med gjennomført primær, sekundær og tertiær reinsing blir vurdert mot talet på anlegg som skal ha dei ulike reinsetypane. |
| 2. Operasjonelle utslepp av olje skal ikkje medføre uakseptabel helse- eller miljøskade. Risikoen for miljøskade og andre ulemper som følgje av akutt forureining skal liggje på eit akseptabelt nivå. | 2.1. Operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff til sjø frå petroleumsverksemda skal stansast eller minimerast innan 2005 (nullutslepp). | Mengd utslepp av olje i vatn frå petroleumsverksemda.<br>Talet på og mengd akutte utslepp av olje frå petroleumsverksemd, skip og landbaserte utslepp. |
| | 2.2. Innan 2006 skal det etablerast ordningar som sikrar at utsleppskrav til skipsfarten blir overhaldne i samarbeid med relevante sektorstyresmakter. | Talet på mottaksordningar for avfall frå skip.<br>Talet på og mengd oppdaga ulovlege utslepp av olje frå skip. |
| | 2.3. Verksemd som kan medføre akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining. | Talet på godkjende private og kommunale beredskapsplanar. |

Det nasjonale resultatmålet for overgjødsling byggjer på Nordsjømålet som er 50 pst. reduksjon av utsleppa av næringssalta fosfor og nitrogen til dei eutrofipåverka delane av Nordsjøen. I perioden 1985 til 2003 vart den menneskeskapte fosfor- og nitrogentilførselen til nordsjøområdet redusert med respektive 62 pst. og 42 pst. Målet om 50 pst. reduksjon av utsleppa av næringssalta nitrogen og fosfor til eutrofipåverka delar av Nordsjøen er dermed nådd for fosfor, mens det framleis står att tiltak for å nå målet for nitrogen. Tidsramma for å nå målet går ut i 2005. Utfordringane ved oppfyllinga av EUs avløpsdirektiv og nitratdirektiv har etter kvart fått større fokus enn Nordsjømålet. OSPAR vedtok i 1998 eit mål om at eutrofieringsproblema i det marine miljøet skal vere løyste innan 2010. Samtidig skal det i medhald av EUs nye rammedirektiv for vatn oppnåast god vasskvalitet i vassdrag, grunnvatn og kystvatn innan 2015. På Nordsjøkonferansen i Bergen i mars 2002 la ministrane hovudvekt på forpliktinga til fullt ut å gjennomføre krava i avløps- og nitratdirektiva og å oppfylle OSPAR-målet, samtidig som dei òg stadfeste forpliktinga til å oppfylle 50-prosent-målet for utslepp av nitrogen.

Det nasjonale resultatmålet for overgjødsling vil bli revidert. Dagens nasjonale resultatmål dekkjer berre Nordsjøområdet og er tidsavgrensa til 2005. Ved utarbeidinga av eit nytt resultatmål vil det i større grad bli lagt vekt på at det nasjonale resultatmålet skal sikre vasskvaliteten i alle ferskvassførekomstar og alle marine område i Noreg.

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Utslepp frå kommunal avløpssektor skal vere i samsvar med krava i i forureiningsforskrifta del IV.*

Forslag til nytt avløpsregelverk har vore på høyring i to omgangar. Det første forskriftsforslaget var bl.a. basert på EUs avløpsdirektiv. Avløpsregelverket vart ytterlegare vidareutvikla, og eit meir heilskapeleg og standardisert regelverk var ute på høyring våren 2005. Avløpsreglane vil inngå som ein del av forskrift om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) og siktemålet er at endringane skal fastsetjast i løpet av 2005. Kommunane er tidlegare blitt oppmoda om å setje i gang førebuingar til å gjennomføre tiltak i tråd med direktivet så raskt som mogleg, slik at dei er budde på krava som vil bli stilte i den nye forskrifta.

*Arbeidsmål 2.1. Operasjonelle utslepp av olje og miljøfarlege stoff til sjø frå petroleumsverksemda skal stansast eller minimerast innan 2005 (nullutslepp).*

Den viktigaste kjelda til utslepp av olje frå petroleumsverksemda er produsert vatn. Det vart registrert utslepp på til saman 2 293 tonn olje saman med det produserte vatnet frå operasjonelle utslepp frå petroleumsverksemda i 2004. Dette er ein nedgang samanlikna med utsleppa i 2003. Dei akutte utsleppa frå petroleumsverksemda vart òg reduserte, frå 638 tonn olje i 2003, til 65 tonn olje i 2004. Dei totale operasjonelle utsleppa av offshorekjemikaliar var i 2004 på 102 000 tonn, som er ein reduksjon samanlikna med utsleppa i 2003. Delen av miljøfarlege kjemikaliar som blir nytta og sleppte ut er òg betydeleg redusert dei siste åra. Det vart registrert utslepp av ca. 85 tonn miljøfarlege stoff, hovudsakleg naturleg førekommande miljøfarlege stoff i produsert vatn i 2004.

*Arbeidsmål 2.2. Innan 2006 skal det etablerast ordningar som sikrar at utsleppskrav til skipsfarten blir overhaldne i samarbeid med relevante sektorstyresmakter.*

Det er dei ulovlege utsleppa frå skipsfarten som utgjer hovudutfordringane. I 1998 vart Nordsjøen oppretta som spesielt område under MARPOL 73/78-konvensjonen sitt vedlegg om oljeforureining frå skip. Dette inneber strengare utsleppskrav enn dei generelle reglane for utslepp av olje frå skip. Gjennom Kystverket sitt system for overvaking vart det identifisert ca. 85 ulovlege utslepp frå skip i 2004, mot 74 i 2003. I mengd er utsleppa rekna til å vere i underkant av 363 $m^3$ (309 tonn) olje i 2004, mot 165 $m^3$ (140 tonn) i 2003. Auken skuldast i stor grad utslepp i samband med forliset av lasteskipet Rocknes i Vatlestraumen utanfor Bergen i januar 2004. Ein reknar elles med betydelege mørketal for ulovlege utslepp frå skip. Eit samarbeid mellom Nordsjølanda har som mål å oppnå ei meir effektiv straffeforfølging av slike ulovlege utslepp frå skip.

Forskrift om levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip, som gjennomfører EUs direktiv i norsk rett, pålegg alle hamner å ha tilstrekkeleg mottakskapasitet for avfall frå skip. Alle hamner var pålagt å utarbeide ein handlingsplan for mottaksordningar og avfallshandtering innan 1. juli 2004. Den første statusrapporteringa var samla sett mangelfull, og mange hamner er forseinka i arbeidet med utarbeidinga av planane. Rapporteringa viser likevel at dei hamnene som har utarbeidd avfallsplanar i hovudsak er dei store trafikkhamnene som står for ein stor del av den samla tonna-

sjen. Det vil bli arbeidd vidare med sikte på ei meir fullstendig rapportering i 2006.

*Arbeidsmål 2.3. Verksemd som kan medføre akutt forureining skal til ei kvar tid ha eit akseptabelt beredskapsnivå sett i forhold til risikoen for akutt forureining.*

Alle operatørselskapa på norsk sokkel må etablere ein akseptabel beredskap mot akutt forureining basert på miljø- og risikoanalyse, før leite- og produksjonsverksemd startar. På landsida har ca. 70 bedrifter godkjende beredskapsplanar. Alle høgrisikobedrifter er dekte. Kommunane dekkjer sitt beredskapsansvar gjennom interkommunalt samarbeid, og landet er inndelt i 34 interkommunale samarbeidsregionar som alle har godkjende beredskapsplanar. Dei registerte 126 akutte utsleppa av olje og andre kjemikaliar frå landbasert industriverksemd i 2004 utgjorde 958 $m^3$ (814 tonn).

### Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 34,3 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett for 2006. Finansieringa er i hovudsak dekt over Statens forureiningstilsyns budsjettramme, jf. kap. 1441, men òg kap. 1400, 1410, og 1445 inneheld budsjettmidlar som skal medverke til finansiering av resultatområdet i 2006. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 4. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementets budsjett.

Gjennom lov om kommunale vass- og kloakkavgifter, med tilhøyrande forskrift, er kommunen gitt høve til å dekkje kostnadene sine på avløpssektoren gjennom gebyr. Miljøverndepartementet fører eit overordna tilsyn med korleis denne ordninga fungerer og vurderer behov for eventuelle endringar.

I samsvar med St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav* utarbeider Miljøverndepartementet i samarbeid med andre aktuelle departement ein heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet og havområda utanfor Lofoten. Formålet med forvaltningsplanen er å etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innafor ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanen vil etablere miljøkvalitetsmål og rammer for påverknad i dei enkelte delane av havområdet, og på den måten gi føringar for kva slag krav som må stillast til verksemd i dei ulike delane av havområdet. Planen skal blant anna baserast på utgreiingar av konsekvensar av petroleumsverksemd, fiskeri og sjøtransport som er gjennomførte av Olje- og energidepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet. I tillegg har Miljøverndepartementet hatt ansvaret for utgreiing av konsekvensar for Barentshavet av ytre påverknader, slike som klimaendringar og langtransporterte forureiningar med meir. Desse sektorutgreiingane vart samanstilte av ei faggruppe beståande av ei rekkje aktuelle fagstyresmakter i perioden 2004-2005.

I prosessen har det vore omfattande høyringar av aktuelle interesseorganisasjonar, og Miljøverndepartementet gjennomførte ein stor Barentshavkonferanse i mai 2005. Det er teke sikte på å leggje fram forvaltningsplanen for Stortinget i vårsesjonen 2006. Dei nærare økonomiske og administrative konsekvensane vil bli presenterte i planen. Planen er den første i sitt slag og vil danne utgangspunkt for tilsvarande planar for Norskehavet og Nordsjøen.

I ferskvatn og dei kystnære områda legg St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav* opp til ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning etter EUs rammedirektiv for vatn. Direktivet set som mål at ein skal oppnå såkalla «god tilstand» både når det gjeld biologisk mangfald og forureining i vassførekomstane, i utgangspunktet innan 2015. Utkast til forskrift som skal gjennomføre direktivet i norsk rett, med forslag til inndeling av landet i vassregionar basert på nedbørsfelt og kva for fylkesmannsembete som skal vere ansvarleg styresmakt (vassregionstyresmakt) i kvar region, vert etter planen sendt på vanleg brei høyring hausten 2005. Gjennomføringa av direktivet i regionane skal skje i nært samarbeid med eit vassregionutval oppretta og leia av vassregionstyresmakta med deltaking frå andre aktuelle fylkesmannsembete, sektorstyresmakter, fylkeskommunar og kommunar.

Det innleiande kartleggingsarbeidet etter direktivet vart ferdigstilt i 2005. Basert på resultata av dette arbeidet tek aktuelle styresmakter i 2006 sikte på å ta fatt på den meir fullstendige kartlegginga av tilstanden i vassførekomstane som direktivet krev. Dei skal òg starte arbeidet med miljømål, nødvendige overvakingsprogram, tiltaksprogram og forvaltningsplanar i utvalte vassområde. Dette arbeidet vil krevje aktiv lokal deltaking, og kommunar, representantar for interkommunalt samarbeid, lokale lag og foreiningar o.a. vil vere viktige aktørar. I denne samanhengen vil det i mange tilfelle vere naturleg å opprette lokale vassområdeutval som eit supplement til organiseringa på regionalt nivå. Vassområdeutvalet Morsa, som arbeider for å betre vasskvaliteten i Vansjø i Østfold, er eit døme på dette og allereie utpeikt som eit pilot vassområ-

deutval i arbeidet med direktivet. Ei viktig oppgåve for den regionalt ansvarlege fylkesmannen vil vere å bidra til å leggje til rette for at det blir danna fleire slike samarbeidsprosjekt og å syte for at det arbeidet som blir gjort lokalt blir integrert i det regionale arbeidet på ein formålstenleg måte.

Miljøverndepartementet koordinerer arbeidet med direktivet på nasjonalt nivå, i nært samarbeid med Olje- og energidepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet. Av etatar underlagt Miljøverndepartementet vil arbeidet særleg krevje ressursar i Statens forureiningstilsyn, som koordinerer arbeidet mellom berørte direktorat og bidraga frå miljøvernforvaltninga. Meir langsiktige kostnader som oppstår ved gjennomføringa av tiltak utløyste av direktivet, vil avhenge av resultatet av den kartlegginga av vassførekomstane som er nemnt ovanfor. Det vil bli nødvendig med betydeleg ekstra ressursinnsats til overvaking og tiltak i vassførekomstar som viser seg å ikkje ha tilfredsstillande kvalitet. Miljøverndepartementet og dei aktuelle departementa vil komme tilbake til dette også i budsjettproposisjonar i åra framover.

Innan kommunal avløpssektor og fiskeoppdrett blir det nytta utsleppsløyve/pålegg om reinsing, i medhald av forureiningslova, og bruk av tvangsmulkt for å sikre gjennomføring av pålegga. Departementet vil framleis prioritere arbeidet med å betre vasskvaliteten i Vansjø i Østfold. Vassdraget er drikkevasskjelde for om lag 60 000 menneske og er sterkt overbelasta med næringssalt. Delar av Vansjø har fått ei kraftig algeoppblomstring med innslag av giftige algar. Departementet har styrkt arbeidet med å betre vasskvaliteten i vassdraget ved at SFT er involvert i arbeidet og at det er knytt kontakt med Aksjon Jærvassdrag, som driv eit liknande prosjekt på Jæren. Dette samarbeidet vil fortsetje, og departementet vil òg i budsjettet for 2006 prioritere midlar for å betre situasjonen i desse vassdraga.

Departementet held oppe innsatsen i arbeidet med miljøvennleg skipsfart. Dette arbeidet skjer via Sjøfartsdirektoratet som er fagleg underlagt Miljøverndepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljø. Det vart oppretta eit nytt kapittel 1445 «Arbeidet med miljøvennleg skipsfart i Sjøfartsdirektoratet» post 21 Spesielle driftsutgifter, knytt til arbeidet i direktoratet med bl.a. faren for spreiing av fremmande organismar via ballastvatn i skip, og til arbeid med å redusere avfall, oljeforureining, klima- og $NO_X$-utslepp frå skip, i 2005.

Den som driv verksemd som kan medføre akutt forureining skal i medhald av forureiningslova ha ein tilfredsstillande beredskap. Den offentlege beredskapen (kommunal og statleg) er derfor i prinsippet eit supplement til den private beredskapen. Beredskapen for petroleumsverksemda er basert på miljøvernstyresmaktenes felles regelverk med tryggleiksstyresmaktene (Petroleumstilsynet og Sosial- og helsedirektoratet). Internkontroll, som òg omfattar beredskap, er gjennomført hos alle operatørselskap. Operasjonelle utslepp til sjø frå petroleumsverksemda er regulert gjennom forureiningslova, mens sjødugleikslova regulerer utslepp frå skip. På oppdrag frå Statens forureiningstilsyn har operatørselskapa utgreidd ein strategi med tiltaksplan for nullutslepp av miljøfarlege stoff for kvar enkelt installasjon. Tiltaka omfattar både utslepp frå boring/brønnoperasjonar, produksjon og rørleidningar. Rapportering frå operatørselskapa i 2004 viser framleis ein positiv utvikling, særleg når det gjeld reduksjon av mengda miljøfarlege stoff i tilsette kjemikaliar. Det er likevel viktig at selskapa gjennomfører planlagde tiltak for at målet om nullutslepp skal bli nådd.

Det er brei semje om at kunnskapsgrunnlaget om moglege langtidsverknader av utslepp til sjø frå petroleumsverksemda ikkje er godt nok. På denne bakgrunnen har Regjeringa i samarbeid med industrien sett i gang eit forskingsprogram (PROOF) i regi av Noregs forskingsråd på langtidseffektar av utsleppa til sjø frå petroleumsverksemda.

Miljøvernstyresmaktene arbeider vidare for å nyttiggjere seg data frå satellittovervaking av havområda i den langsiktige miljøovervakinga.

# 11 Resultatområde 5: Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere bruk og utslepp av miljøgifter og andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar til jord, luft og vatn nasjonalt. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid. Det gjeld bl.a. oppfølginga av Stockholm-konvensjonen, Rotterdam-konvensjonen, miljøgiftprotokollar under FNs økonomiske kommisjon for Europa (ECE) og kjemikaliespørsmål innan OSPAR-konvensjonen, Nordsjø-deklarasjonane og FNs miljøprogram UNEP. Kjemikaliar som bryt ned ozon, drivhusgassar og kjemikaliar som medfører grenseoverskridande og lokale luftforureiningar er dekte under resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy.

### Strategisk mål

Utslepp og bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje føre til helseskadar eller skadar på naturen si evne til produksjon og sjølvfornying. Konsentrasjonane av dei farlegaste kjemikaliane i miljøet skal bringast ned mot bakgrunnsnivået for naturleg førekommande stoff, og tilnærma null for menneskeskapte sambindingar.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

| Nasjonale resultatmål: | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål: | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar: |
|---|---|---|
| 1. Utslepp av enkelte miljøgifter (jf. prioritetslista og kriteria i tabell 10.2) skal stansast eller reduserast vesentleg innan år 2000, 2005 og 2010. | 1.1. Sikre stans eller reduksjon i utslepp av kjemikaliane som er omfatta av lista eller kriteria, for dei bruksområda som fell innafor ansvarsområdet[1] til miljøvernforvaltninga, og i samsvar med fristane i det nasjonale målet. | Indeks for utslepp av kjemikaliar på prioritetslista vekta etter fare for helse og miljø. |
| 2. Utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal kontinuerleg reduserast med det mål å stanse utsleppa innan ein generasjon (dvs. innan 2020). | 2.1. Bidra til at generasjonsmålet blir nådd gjennom bl.a. internasjonalt arbeid. | *Nøkkeltala på feltet er til vurdering.* |
| 3. Risikoen for at utslepp og bruk av kjemikaliar blir årsak til skade på helse og miljø skal reduserast vesentleg. | 3.1. Sikre vesentleg reduksjon i risikoen for at utslepp og bruk fører til skade på helse og miljø for dei kjemikaliane og bruksområda som fell innafor ansvarsområdet[1] til miljøvernforvaltninga. | Utvikling i bruk av farlege kjemikaliar fordelte på ulike bransjar (alle fareklassar eller CMR-stoff) |

Tabell 11.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

| Nasjonale resultatmål: | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål: | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar: |
|---|---|---|
| 4. Spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. | 4.1. Sikre stans eller vesentleg reduksjon av spreiing av miljøgifter frå forureina grunn, og sikre ein risikobasert reduksjon i spreiing av andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar. | Talet på kjente lokalitetar med alvorleg grunnforureining [2] |
| 5. Sediment (botnmassar i vatn) som er forureina med helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal ikkje medføre fare for alvorlege forureiningsproblem. | 5.1. Sikre at forureina sediment ikkje medfører fare for alvorlege forureiningsproblem. | *Nøkkeltala på feltet er til vurdering* [3] |

[1] Miljøvernstyresmaktene har ansvaret for den påverknad kjemikaliar har på miljøet generelt. I tillegg har miljøvernstyresmaktene ansvaret for den påverknad kjemikaliar har på helsa til forbrukarane, mens påverknad på helsa til arbeidstakarane er arbeidsstyresmaktenes ansvar. Miljøvernstyresmaktenes ansvar er vidare avgrensa i forhold til bruksområda for kjemikaliane. Eksempel på bruksområde som fell utanfor miljøvernstyresmaktenes ansvarsområde er plantevernmiddel, legemiddel, veterinærprodukt, kosmetikk, næringsmiddel og ei rekkje bekjempingsmiddel. Endeleg er ansvaret òg avgrensa i forhold til enkelte eigenskapar ved kjemikaliar. Brann- og eksplosjonsfare knytt til kjemikaliar fell utanfor miljøvernstyresmaktenes ansvarsområde.

[2] Lokalitetar som er kjende av miljøvernstyresmaktene der det finst eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreiingsfare, eller andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar med spreiingsfare der det ut frå ei risikovurdering er behov for vidare tiltak.

[3] Nøkkeltal for forureina sediment er til vurdering. Det blir arbeidd med å få fram eit sett med nøkkeltal som er eigna til å følgje status og utviklinga på feltet. Arbeidet er bl.a. avhengig av eit betre datagrunnlag. Nye nøkkeltal vil bli lagt fram seinare i ei stortingsmelding eller -proposisjon.

Tabell 11.2 Liste over prioriterte kjemikaliar som er omfatta av det nasjonale resultatmål 1 (Prioritetslista)

| Skal reduserast vesentleg innan 2000 og blir freista stansa innan 2005: | Skal reduserast vesentleg, seinast innan 2010: | Skal reduserast vesentleg innan 2010 også dersom stoffa oppfyller eitt av kriteria under: |
|---|---|---|
| – Høgklorerte, kortkjeda parafinar<br>– PCB<br>– Pentaklorfenol<br>– Nonylfenol og nonylfenoletoksilat*<br>– Oktylfenol og oktylfenoletoksilat*<br>– Enkelte tensid<br><br>* skal stansast innan 2000 | – Arsen<br>– Bromerte flammehemmarar<br>– 1,2 Dikloretan (EDC)<br>– Dietylheksylftalat (DEHP)<br>– Dioksin og furan<br>– Heksaklorbenzen<br>– Høgklorerte mellomkjeda parafinar<br>– Klorerte alkyl benzen (KAB)<br>– Muskxylen<br>– Tetrakloreten (PER)<br>– Triklorbenzen<br>– Trikloreten (TRI)<br>– PAH<br>– PFOS-relaterte sambindingar<br>– Tributyltinnsambindingar<br>– Trifenyltinnsambindingar<br>– Bly<br>– Kadmium<br>– Koppar<br>– Kvikksølv<br>– Krom | 1. Stoff som vanskeleg let seg nedbryte, hopar seg opp i levande organismar og som<br>a) har alvorlege langtidsverknader for helse, eller<br>b) er svært giftige i miljøet.<br>2. Stoff som svært vanskeleg let seg nedbryte og som svært lett hopar seg opp i levande organismar (utan krav til kjende giftverknader)<br>3. Stoff som<br>a) blir funne att i næringskjeda (f.eks. i morsmjølk) i nivå som kan representere ein helse- eller miljørisiko, eller<br>b) gir tilsvarande grunn til bekymring slik som hormonforstyrrande stoff og tungmetall<br>c) Se merknad til tabellen |

### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Sikre stans eller reduksjon i utslepp av kjemikaliane som er omfatta av lista eller kriteria, for dei bruksområda som fell innafor miljøvernforvaltningas ansvarsområde, og i samsvar med fristane i det nasjonale målet.*

Arbeidsmål 1 omfattar miljøgifter som utgjer særlege helse- og miljøproblem i Noreg. I følgje målet skal utsleppa av stoffa på den første delen av lista stansast innan 2005. Utsleppa av dei andre miljøgiftene på lista skal reduserast vesentleg innan 2010 i forhold til nivået i 1995.

Dei samla utsleppa av alle miljøgiftene på prioritetslista er reduserte frå 1995 til i dag. Utsleppa av miljøgiftene på den første delen av lista er vesentleg reduserte, og målet om at utslepp av oktyl- og nonylfenol og etoksilata deira skulle vere stansa innan år 2000 vart etter miljøvernstyresmaktene sitt syn oppfylt så langt som mogleg. Det vil i 2006 bli gjort ein nærmare gjennomgang i høve til 2005-målet. Utsleppa av miljøgiftene på den andre delen av lista er òg reduserte, og for dei aller fleste stoffa sin del er det venta utsleppsreduksjonar i tråd med målet. Det er likevel naudsynt med framhalden innsats for å nå målet om vesentleg reduksjon for alle stoffa på lista innan 2010.

*Arbeidsmål 2.1. Bidra til at generasjonsmålet blir nådd gjennom bl.a. internasjonalt arbeid.*

Målet inneber at utslepp og bruk av kjemikaliar som utgjer eit alvorleg trugsmål mot helse og miljø skal stansast innan ein generasjon (25 år frå 1995 då målet vart vedteke, dvs. innan 2020). Stoffa som er omfatta av generasjonsmålet er dei som er rekna som miljøgifter. Målet er nedfelt i miljøgiftstrategien i OSPAR-konvensjonen. Innan OSPAR er rundt 50 stoff prioriterte for tiltak. Eit liknande mål har òg blitt vedteke i EUs rammedirektiv for vatn. Både Stockholm-konvensjonen om organiske miljøgifter og Rotterdam-konvensjonen om handel med farlege kjemikaliar trådde i kraft i 2004 og styrkte den internasjonale reguleringa av miljøgifter. Reduserte utslepp av stoff omfatta av resultatmål 1 og stoff omfatta av internasjonale konvensjonar og plikter medverkar til at vi kjem nærare dette målet.

*Arbeidsmål 3.1. Sikre vesentleg reduksjon i risikoen for at utslepp og bruk fører til skade på helse og miljø for dei kjemikalia og bruksområda som fell innafor miljøvernforvaltningas ansvarsområde.*

Arbeidsmålet er retta mot det meir generelle arbeidet med å hindre helse- og miljøskade frå kjemikaliar. Målet inneber at stadig mindre helse- og miljøfarlege kjemikaliar skal inngå i produksjon, produkt og avfall, og at kjemikaliar skal nyttast på ein måte som reduserer risikoen for helse- og miljøskade. Det finst ingen enkelt indikator som kan angi samla risiko frå bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Talet på produkt med helse- og miljøfarlege kjemikaliar som er registrerte i Produktregisteret gir likevel ein indikasjon på den totale bruken. Tal frå Produktregisteret syner at talet på produkt ikkje har endra seg vesentleg frå 1999 til 2004.

*Arbeidsmål 4.1. Sikre stans eller vesentleg reduksjon i spreiing av miljøgifter frå forureina grunn, og sikre ein risikobasert reduksjon i spreiing av andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar frå forureina grunn.*

Strategien og status i arbeidet med forureina grunn er omtalt i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Det har vore utpeikt om lag 100 lokalitetar der det skal vere gjennomført tiltak i løpet av 2005 for å sikre at forureininga ikkje utgjer fare for helse eller miljø. Per 1. september 2005 er det gjennomført nødvendige tiltak på ca. 75 av desse lokalitetane. Det er venta at det i løpet av året vil vere gjennomført tiltak på alle dei utpeikte lokalitetane, med unntak av fem lokalitetar på Herøya. Det er venta at desse lokalitetane på Herøya vil vere ferdig undersøkte i løpet av 2005. Dei pågåande undersøkingane skal identifisere potensielle kjeldeområde og dei skal avklare om det skjer spreiing av miljøgifter frå grunnen og ut i fjord og sjøbotn. For desse lokalitetane har det vore nødvendig med ytterlegare grundige undersøkingar for å sikre kvaliteten på avgjerdsgrunnlaget før eventuelle pålegg om tiltak kan rettast. Eventuelle tiltak kan først skje i 2006.

Det har vidare vore utpeikt om lag 500 lokalitetar der det i løpet av 2005 skal vere gjennomført nødvendige undersøkingar om miljøtilstanden og klarlagt eventuelt behov for oppryddingstiltak. Pr. 1. september er nødvendige undersøkingar ferdigstilte på ca. 415 av desse lokalitetane, og det er venta at undersøkingar vil vere ferdigstilte i løpet av året på dei resterande lokalitetane.

Resultata så langt tyder dermed på at delmåla for forureina grunn på det aller næraste vil bli nådd innan tidsfristen. Dette vil vere ein stor milepæl i arbeidet med forureina grunn, der det gjennom fleire år har vore retta inn stor innsats og betydelege ressursar på å gjennomføre nødvendige tiltak og undersøkingar på desse 600 utpeikte, prioriterte lokalitetane innan utgangen av 2005.

For arbeidet med forureina grunn etter 2005 er det lagt til grunn at spreiing av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesent-

leg, mens spreiing av andre helse- eller miljøfarlege kjemikaliar skal reduserast på bakgrunn av ei konkret risikovurdering. Det vil særleg bli prioritert oppfølging av stader der forureininga medfører helserisiko for menneske eller der forureininga lek frå grunnen til område som er prioriterte i samband med arbeidet med forureina sjøbotn (sjå arbeidsmål 5.1.). Det skal òg vurderast nærare korleis ein kan ta omsyn til særleg sårbare grupper, som for eksempel barn.

Per 1. september 2005 er det 433 kjende lokalitetar med alvorleg grunnforureining, dvs. lokalitetar som er kjende av miljøvernstyresmaktene der det finst eller er grunn til å tru at det kan finnast miljøgifter med spreiingsfare, eller andre helse- og miljøfarlege kjemikaliar med spreiingsfare der det ut frå ei risikovurdering er behov for vidare tiltak. Oppfølginga av lokalitetane kan innebere undersøkingar, sikring og overdekning, fjerning av massar, arealbruksrestriksjonar eller liknande. Talet på lokalitetar vil gå ned som resultat av gjennomført oppfølging, men vil òg kunne auke på grunnlag av for eksempel nye undersøkingar, nye utslepp eller revurdering av risiko ved forureininga.

### *Arbeidsmål 5.1. Sikre at forureina sediment ikkje medfører fare for alvorlege forureiningsproblem.*

I St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav* vart det gitt ein brei presentasjon av arbeidet med forureina sediment, og trekt opp ein ny heilskapleg strategi for det vidare arbeidet med opprydding i forureina sediment. Strategien er utforma med tre parallelle løp: 1) å hindre spreiing av miljøgifter frå høgrisikoområde og hamner med spreiingsfare, 2) å sikre heilskaplege grep regionalt gjennom fylkesvise tiltaksplanar, og 3) å skaffe auka kunnskap gjennom pilotprosjekt, forsking, overvaking og etablering av eit nasjonalt råd. Det vart i 2003 sett i verk konkret oppfølging innafor alle tre strategiområda. Dette arbeidet er ført vidare i 2004 og 2005, med bl.a. opprydding i fleire høgrisikoområde, aktivitetar på fire pilotprosjekt og oppfølging av det nyetablerte nasjonale rådet for forureina sediment. Første fase i utarbeiding av fylkesvise tiltaksplanar for forureina sediment er gjennomført i 29 utpeikte område. For 17 av desse er det prioritert å utarbeide ferdige planar i løpet av 2005. For alle andre kystområde skal det vere utarbeidd ferdige planar innan 2009. Det har vore gjennomført ei nasjonal kartlegging av skipsverft o.l., og resultata frå desse undersøkingane vil inngå i oppfølginga av tiltaksplanane når desse går over i tiltaksfasen. Det er òg gjennomført undersøkingar av utvalde småbåthamner i fem fylke, som vil danne grunnlag for ei brei vurdering av forureiningsomfanget og behov for tiltak i større småbåthamner langs kysten. Utover dette går det føre seg viktige forskings- og overvakingsaktivitetar på feltet.

### Verkemiddel

Resultatområde 5 er planlagt finansiert med om lag 157,6 mill. kroner. Finansieringa er i hovudsak dekt over Statens forureiningstilsyns budsjett kap. 1441 og kapitla 1400, 1410 og 1444. Fylkesmannen har òg ansvar for oppgåver under resultatområde 5. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementet sitt budsjett. Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova), Lov om kontroll med produkt og forbrukartenester, og forskrifter gitt i medhald av desse er dei sentrale juridiske styringsverktøya på kjemikalieområdet.

Regjeringa vil vidareføre ein sterk innsats mot miljøgifter i 2006. For å kunne nå målet om stans i utslepp av miljøgifter innan 2020, kan ein ikkje halde fram med å bruke desse i forbrukarprodukt. Regjeringa vil derfor utgreie eit generelt forbod mot miljøgifter i produkt. Regjeringa vil vidareføre kartlegginga av miljøgifter i naturen og i produkt. Dette vil gi styresmaktene og andre aktuelle aktørar eit betre grunnlag for å redusere utsleppa.

Regjeringa vil følgje opp dei nasjonale handlingsplanane for bromerte flammehemmarar, PCB, og prioriterte miljøgifter som krev særskilt innsats. Regjeringa har lagt fram nye handlingsplanar for PFOS-relaterte sambindingar og kvikksølv for å sikre at målet blir nådd for desse stoffa. Nye reguleringar av bromerte flammehemmarar vil bli vurderte. Internasjonalt arbeid er spesielt viktig, då ei stor mengd av dei helse- og miljøfarlege kjemikaliane som blir tilført miljøet i Noreg stammar frå utslepp i andre land, og blir ført til Noreg via luft- og havstraumar. I tillegg blir det innført ei rekkje kjemikaliar via produkt som er produserte utanfor Noreg. Forslaget til nytt kjemikalieregelverk i EU (REACH) har spesielt stor innverknad for Noreg fordi regelverket vil bli ein del av EØS-avtala. Regjeringa vil medverke til å utvikle eit godt nytt europeisk kjemikalieregelverk gjennom dei fora Noreg deltek i, og Noreg skal medverke til effektiv gjennomføring og utviding av regionale og globale avtaler og konvensjonar på kjemikalieområdet. Noreg vil arbeide for at fleire miljøgifter skal omfattast av dei eksisterande konvensjonane, og har konkret foreslått at dei blir utvida med ein bromert flammehemmar. Noreg vil òg arbeide for at kvikksølv og andre tungmetall blir omfatta av ei global, bindande avtale for å eliminere utslepp så langt

som mogleg, og aktivt medverke til ein effektiv global kjemikaliestrategi for å betre den internasjonale forvaltninga av kjemikaliar.

Informasjon er nødvendig for at brukarar skal kunne erstatte farlige kjemikaliar med alternativ som medfører mindre risiko. Produktregisteret er eit landsdekkjande register for farlege kjemikaliar og stoffblandingar som blir produserte i og importerte til Noreg. Produktregisteret har lagt til rette for elektronisk deklarering av farlege kjemikaliar. I denne samanhengen vil ein òg betre tilrettelegginga av offentleg informasjon for allmenta.

Regjeringa vil styrkje arbeidet for at forbrukarar skal kunne ta miljøvennlege val, og dermed redusere bruk av produkt som inneheld helse- og miljøfarlege kjemikaliar. Regjeringa vil særleg ha fokus på miljøgifter i forbrukarprodukt i dette arbeidet.

Verkemiddel for arbeidet med forureina grunn og forureina sediment er presenterte i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* og i St.meld. nr. 12 (2001-2002) *Rent og rikt hav*. Utgangspunkt for arbeidet med forureina grunn og forureina sediment er at forureinar skal betale, og det viktigaste verkemidlet for å få rydda opp er pålegg etter forureiningslova. I tillegg er det løyvd midlar til dette arbeidet over Miljøverndepartementets budsjett, for bl.a. undersøkingar og opprydding i område der den ansvarlege ikkje kan påleggjast dei fulle kostnadene, sjå postomtalen til kap. 1441 post 39 Oppryddingstiltak.

For arbeidet med forureina grunn blir det bl.a. arbeidd med å vurdere nye tiltak og verkemiddel i forhold til skytebaner/skytefelt, nedgravne oljetankar og krav om akkreditert prøvetaking. Det blir også arbeidd vidare når det gjeld registrering av opplysningar om attverande forureiningar på eigedommar og effektivisering av saksbehandling og regelverk på feltet.

# 12 Resultatområde 6: Avfall og gjenvinning

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere miljøskadelege utslepp som følgje av avfall (inkl. farleg avfall), gjennom å redusere avfallsmengdene, auke gjenvinninga, og syte for ei forsvarleg sluttbehandling av avfallet, og å medverke til mindre forsøpling. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, særleg arbeidet med EU-direktiv og oppfølginga av Basel-konvensjonen. Resultatområdet omfattar ikkje kjernefysisk avfall eller avfall frå sprengstoff, eksplosiv m.m. Både fiskeavfall som blir dumpa til sjøs og lausmassar, stein og grus er omfatta av avfallsomgrepet, men dei er ikkje årsak til vesentlege ulemper når det gjeld forureining.

### Strategisk mål

Det er eit mål å syte for at skadane frå avfall blir så små som mogleg på menneske og naturmiljø. Dette skal gjerast ved å løyse avfallsproblema gjennom verkemiddel som sikrar ein samfunnsøkonomisk god balanse mellom omfanget av avfall som blir generert, og som blir gjenvunne, brent eller deponert.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 12.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6: Avfall og gjenvinning

| Nasjonale resultatmål: | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål: | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar: |
|---|---|---|
| 1. Utviklinga i generert mengd avfall skal vere vesentleg lågare enn den økonomiske veksten. | 1.1. Miljøvernforvaltninga skal stimulere til at generering av avfallsmengdene blir vesentleg lågare enn den økonomiske veksten gjennom verkemiddel for meir riktig prising, kostnads- og ansvarsdeling for avfallshandtering, og gjennom tilskot og kunnskapsformidling [1]. | Total mengd avfall generert pr. år sett i forhold til økonomisk vekst målt i BNP. |
| 2. Det blir teke sikte på at mengda avfall til gjenvinning skal vere om lag 75 pst. i 2010, med ei vidare opptrapping til 80 pst., basert på at mengda avfall til gjenvinning skal aukast i tråd med det som er eit samfunnsøkonomisk og miljømessig fornuftig nivå. | 2.1. Miljøvernforvaltninga skal medverke til rammevilkår som fører til at avfallsmengda til gjenvinning skal vere minimum 75 pst. av generert avfallsmengd pr. år innan 2010 med ei vidare opptrapping til 80 pst., gjennom forvaltning av forureiningslova, konsesjonspraksis og krav til kommunar og næringsliv [1]. | Delen av avfall som går til gjenvinning, basert på totalt generert mengd avfall som går til kjent behandling. |

Tabell 12.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 6: Avfall og gjenvinning

| Nasjonale resultatmål: | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål: | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar: |
|---|---|---|
| 3. Praktisk talt alt farleg avfall skal takast forsvarleg hand om, og anten gå til gjenvinning eller vere sikra god nok nasjonal behandlingskapasitet. | 3.1. Miljøvernforvaltninga skal medverke til at praktisk talt alt farleg avfall blir teke forsvarleg hand om ut frå miljøomsyn, og til å sikre god nok nasjonal behandlingskapasitet, gjennom forvaltning av forureiningslova og forskrift om gjenvinning og behandling av avfall, kap. 11 farleg avfall. | Mengd farleg avfall med ukjend disponering.<br>Mengd farleg avfall som blir eksportert til sluttbehandling. |

[1] Arbeidsmål og oppfølging/verkemiddel knytte til resultatmål 1 vil i betydeleg grad påverke måloppnåinga for resultatmål 2, og omvendt.

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Miljøvernforvaltninga skal stimulere til at generering av avfallsmengdene blir vesentleg lågare enn den økonomiske veksten gjennom verkemiddel for meir riktig prising, kostnads- og ansvarsdeling for avfallshandtering, og gjennom tilskot og kunnskapsformidling.*

Miljøvernforvaltninga har få verkemiddel som direkte regulerer genereringa av avfallsmengdene, men strengare krav til avfallsbehandling, avgift på sluttbehandling av avfall og innføring av produsentansvar er med på å stimulere til avfallsreduksjon. Regjeringa arbeider i tillegg for kvalitativ avfallsreduksjon, som først og fremst knyter seg til arbeidet med å redusere innhaldet av helse- og miljøfarlege kjemikaliar i produkt og dermed også avfall (jf. resultatområde 5).

Den totale avfallsmengda auka med om lag 20 pst. i perioden 1993-2003, mens BNP i same periode auka med 37 pst. Mengda næringsavfall hadde isolert sett ein vesentleg lågare vekst, mens mengda hushaldsavfall auka meir enn BNP i denne perioden.

*Arbeidsmål 2.1. Miljøvernforvaltninga skal medverke til rammevilkår som fører til at avfallsmengda til gjenvinning skal vere minimum 75 pst. av generert avfallsmengd pr. år innan 2010 med ei vidare opptrapping til 80 pst., gjennom forvaltning av forureiningslova, konsesjonspraksis og krav til kommunar og næringsliv.*

Strenge krav til handtering av avfall og avgift på sluttbehandling av avfall medverkar til å styre avfallsstraumane i ønskt retning. Særskilte retur- og produsentansvarsordningar for enkelte avfallstypar legg i tillegg til rette for ei stadig aukande grad av gjenvinning.

Gjenvinning av avfall omfattar materialgjenvinning, biologisk behandling og energiutnytting. I 2003 vart om lag 69 pst. av avfallet gjenvunne (avfall som går til kjent behandling). Av avfallet som blir gjenvunne går om lag 76 pst. til materialgjenvinning, mens 24 pst. blir nytta til energi. Mengda avfall som blir gjenvunne til material auka med 10 pst. frå 2000 til 2003, og utgjer årleg meir enn 2,5 mill. tonn. For energigjenvinning var auken 13 pst. i same periode.

Retursystema for særskilte avfallstypar har oppnådd svært gode resultat, og medverkar til ein positiv auke i delen avfall som går til gjenvinning. Delen innsamla EE-avfall vart i 2004 berekna til over 90 pst. Mesteparten av dette avfallet blir gjenvunne, samtidig som store mengder farleg avfall blir teke forsvarleg hand om. Retursystema for emballasjeavfall oppnådde i 2004 ein samla gjenvinningsdel på 85 pst. Retur av drikkevareemballasje har i mange år gitt positive resultat, for eksempel er returdelen for gjenbruksflasker av glas og plast på over 95 pst.

*Arbeidsmål 3.1. Miljøvernforvaltninga skal medverke til at praktisk talt alt farleg avfall blir teke forsvarleg hand om ut frå miljøomsyn, og til å sikre god nok nasjonal behandlingskapasitet, gjennom forvaltning av forureiningslova og avfallsforskriftas kapittel 11 om farleg avfall.*

Det fortløpande arbeidet i miljøvernforvaltninga med regulering og tilsyn med alle som handterer farleg avfall er viktig for å sikre høg grad av innsamling og forsvarleg behandling av farleg avfall. Særskilte returordningar medverkar òg til høge tal for gjenvinning, for eksempel EE-avfall.

Det oppstod nær 800 000 tonn farleg avfall i Noreg i 2004. Av dette vart om lag 700 000 tonn levert og handtert i samsvar med gjeldande regel-

verk. Resterande mengd på om lag 100 000 tonn vart anten handtert ulovleg eller utanom styresmaktene sin kontroll. Dette er ei dobling frå 2002, og skuldast at nye typar avfall nå er omfatta av kategorien farleg avfall (CCA- og kreosot-impregnert trevirke).

### Verkemiddel

Avfallspolitikken blir gjennomført gjennom eit samspel mellom ei rekkje ulike verkemiddel; lover og forskrifter, avgifter, tilskotsordningar, bransjeavtaler og informasjonstiltak, og kombinasjonar av desse. Dei sentrale juridiske styringsverktøya på avfallsfeltet er lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) og forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta).

Resultatområdet er planlagt finansiert med 403,3 mill. kroner som blir løyvd over kap. 1441 Statens forureiningstilsyn, kap. 1400 Miljøverndepartementet, og i noko grad over kap. 1410 Miljøforsking og 1429 Riksantikvaren. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 6. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementets budsjett.

Årleg oppstår om lag 4 mill. tonn nedbrytbart avfall. Av dette blir 1 mill. tonn deponert. Deponering av slikt avfall medfører danning av klimagassen metan, og utgjer nær fire prosent av dei totale utsleppa av klimagassar i Noreg. Regjeringa tek sikte på å forby deponering av alt nedbrytbart avfall frå 2009. Tiltaket vil i hovudsak bety redusert klimagassutslepp og samtidig auka utnytting av avfall til material- og energiformål. I tillegg oppnår ein redusert utslepp av miljø- og helseskadelege kjemikaliar gjennom sigevatn frå deponia. For å unngå utilsikta konsekvensar av deponiforbodet, blir det teke sikte på å innføre ein heimel for å gi unntak frå forbodet etter særskilt vurdering, der det blant anna blir lagt vekt på omsyn til miljøet og distrikta.

I Innst. S. nr. 228 (2004-2005) *Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* ber fleirtalet i komiteen om ei vurdering og omtale av bruk av tekstilavfall til produksjon av isolermatter. Tekstilavfall utgjer ein relativt liten del av den totale avfallsstraumen, med ei årleg generert mengd på om lag 130 000 tonn. Av dette går om lag 13 pst. til ombruk og materialgjenvinning, 29 pst. til forbrenning med energiutnytting og 58 pst. til deponering. Det er i hovudsak Fretex (Frelsesarmèen) og UFF (U-landshjelp frå Folk til Folk) som i dag har eit organisert system for innsamling og sal av brukte tekstilar. Miljøverndepartementet har ikkje funne det formålstenleg å innføre særskilte innsamlingsordningar for denne typen avfall, men er kjent med at Ultimat A/S og andre aktørar ønskjer å utnytte tekstilavfallet til produksjon av blant anna isolasjon. Det føreslåtte forbodet mot deponering av nedbrytbart avfall omfattar òg tekstilar, og vil bidra til at tekstilavfallet blir gjort lettare tilgjengeleg for alternativ utnytting og dermed til etablering av verksemder for gjenvinning. På denne bakgrunnen er det ikkje foreslått å løyve midlar til tilskot til éin aktør.

Bygg- og anleggsavfall utgjer i mengd ein av dei største avfallsstraumane og består av ei rekkje ulike typar avfall. Avfallsplanar er vurderte å ha positive effektar med omsyn til å styre slikt avfall vekk frå deponi og hindre ulovleg disponering. Alle kommunar i landet har derfor fått delegert mynde etter forureiningslova til å krevje avfallsplan frå tiltakshavar i byggje-, rivings- og rehabiliteringsprosjekt. Så langt har berre omkring 30 kommunar valt å innføre krav om slike avfallsplanar. Regjeringa vil gjere det obligatorisk for alle kommunar å krevje avfallsplan i byggjesaker, for å sikre at bygg- og anleggsavfall får ei miljømessig forsvarleg behandling. Krav om avfallsplanar i kommunale byggjesaker vil òg ha positive effektar for arbeidet med farleg avfall, blant anna PCB, ved at farleg avfall i bygningsmassen blir kartlagt og levert til godkjent mottak.

Forskrift om kasserte køyretøy trådde i kraft i 2002 og inneber at produsentar og importørar av køyretøy gradvis tek over ansvaret for innsamling og handtering av kasserte køyretøy fram mot 2007. Som eit resultat av dette, tek Regjeringa sikte på at dagens statlege avgifts-/panteordning og tilskot til oppsamlingssystemet for bilar blir avvikla samtidig med at produsentansvaret for bilar skal gjelde fullt ut frå 2007. Årleg blir det innlevert om lag 110 000 bilvrak, som gir ei innsamlingsgrad på om lag 95 pst. Med dagens behandling av bilvrak ligg gjenvinningsgraden for vrak på om lag 80 pst. Miljøstyresmaktene ser det som svært viktig at bransjeorganiserte system bidrar til minst like høg innsamlingsgrad, og til miljømessig forsvarleg behandling og utnytting av dei kasserte køyretøya. Blant anna blir det lagt særleg vekt på ein god insentivstruktur og godt regionalt tilgjenge for innlevering av bilar, og formålstenlege system for gjenbruk av bildelar. Endringa føreset derfor godkjenning av eit bransjeorganisert system som tek i vare desse omsyna i god tid før 2007. Sjå elles omtale av den statlege ordninga under kap. 1441 post 73 Tilskot til biloppsamlingssystemet og post 75 Utbetaling av pant for bilvrak.

Miljøavgifta på drikkevareemballasje skal prise kostnader ved at drikkevareemballasje hamnar som søppel i naturen. Miljøavgifta blir differensiert etter emballasjens innhald og art. Differensieringa etter innhald er meint å reflektere sannsynet for at emballasjen kan hamne som søppel i naturen. Drikke som ein til no har gått ut frå primært blir drukke i heimen, som til dømes mjølk og juice, er derfor unntatt frå avgifta. Andre drikkevarer blir gitt ei miljøavgift som er differensiert etter materialtype. Miljøavgifta er gradert etter mengda som blir returnert, slik at emballasje som inngår i godkjende retursystem får redusert avgiftssats.

I den seinare tida har utvalet av mjølkeprodukt og juice auka. Det synest å ha skjedd ei produktutvikling og eit endra forbruksmønster som peikar i retning av at ein større del av mjølk og juice mv. no blir konsumert utanfor heimen. Dette aukar sannsynet for at emballasjen hamnar som søppel i naturen, og det er derfor ikkje grunn til å halde fram med unntaket frå avgifta for denne typen drikkevarer.

Ved ein returdel på 95 pst. fell miljøavgifta bort. Den gir derfor sterke insentiv til effektive retursystem. Returdelen for drikkekartongar var om lag 68 pst. i 2004. Dersom mjølk, juice mv. blir teke med i avgiftsgrunnlaget, er det rimeleg å anta at dette gir motivasjon til ytterlegare betring av retursystema og dermed auka returdel og auka gjenvinning.

Miljøverndepartementet og næringslivet har inngått ei *avtale om innsamling og gjenvinning av drikkekartongavfall samt optimering av drikkekartong*. Dersom mjølk og juice mv. blir teke inn i avgiftsgrunnlaget for miljøavgifta vil denne avtala vere utan innhald slik den er utforma i dag. Årsaka er at verkeområdet for avtala er omfatta av all drikkekartong, med unntak av Stortingets til ei kvar tid gjeldande vedtak om miljøavgifter på emballasje.

Det er foreslått at fritaket frå miljøavgifta på drikkevareemballasje for juice mv., mjølk og mjølkeprodukt og drikkevarer framstilte av kakao og sjokolade blir fjerna frå 1. januar 2006. Samtidig er det foreslått at grunnavgifta på eingongs drikkevareemballasje også blir avvikla. For ytterlegare omtale sjå St.prp. nr. 1 (2005-2006) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*.

Innsamling og gjenvinning av brukt smøreolje (spillolje) blir stimulert gjennom ei avgift på smøreolje med tilhøyrande avgiftsrefusjon ved innlevering av spillolje til godkjent innsamlar. Refusjonsordninga vart i 2000 utvida til òg å omfatte spillolje som ikkje stammar frå avgiftspliktig smøreolje, men framleis med unntak for spillolje som stammar frå skip i utanriksfart. Sjå nærare omtale av refusjonsordninga under kap. 1441 post 76. For nærare omtale av avgifta sjå til St.prp. nr. 1 (2005-2006) *Skatte, avgifts- og tollvedtak*.

Avgift på forbrenning av avfall vart 1. juli 2004 omgjort til ei avgift basert på utsleppa av miljøskadelege stoff til luft. Avgifta prisar no miljøkostnadene ved forbrenning av avfall individuelt for alle anlegg, samtidig som den legg betre til rette for ytterlegare gjenvinning og auka avfallsbasert energiproduksjon, jf. både energi- og klimapolitikken. Etter at utsleppsavgifta vart innført, har det vore stilt spørsmål ved enkelte av avgiftssatsane, bl.a. avgiftssatsen på utslepp av krom. Avgiftssatsane skal i prinsippet tilsvare dei miljøskadane som utsleppa medfører. Utrekningar av miljøskadar er usikre og verdsetjinga av skadane kan òg endrast over tid. På denne bakgrunnen kan det vere behov for å evaluere miljøkostnadsoverslaga og vurdere om satsane bør endrast. Sjå elles omtale i St.prp. nr. 1 (2005-2006) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*.

Utrangerte fritidsbåtar er hittil ikkje vurderte til å utgjere eit vesentleg miljøproblem, og det er derfor ikkje innført særskilte verkemiddel for handtering av utrangerte fritidsbåtar. Statens forureiningstilsyn er likevel gitt i oppdrag å etablere eit samarbeid mellom relevante aktørar for å leggje betre til rette for handteringa av slike båtvrak. Miljøverndepartementet vil òg følgje utviklinga med ei fortløpande vurdering av behovet for ei returordning.

Innsats knytt til å redusere helse- og miljøfarlege stoff i ulike produkt, jf. resultatområde 5, vil ha innverknad på arbeidet med å redusere miljøproblema frå avfall. Kjemikaliepolitikken har som mål å redusere bruk og utslepp av helse- og miljøfarlege kjemikaliar, noko som vil medverke til å redusere mengda farleg avfall som oppstår, såkalla kvalitativ avfallsreduksjon. I tillegg er det behov for at det blir lagt til rette for forsvarleg handtering av farleg avfall frå eit stadig aukande tal produkt. Statens forureiningstilsyn gjennomfører ein strategi for auka innsamling av farleg avfall i perioden 2004 – 2006. Målet med strategien er både å auke innsamlinga av farleg avfall og å redusere mengda farleg avfall som oppstår.

Anlegg for sluttbehandling av avfall er konsesjonspliktige, og det er stilt strenge krav til reinsing av utslepp frå deponi og forbrenningsanlegg. Det vart fastsett ei forskrift med nye krav knytte til deponering av avfall i 2002, mens nye krav til forbrenning av avfall vart fastsette gjennom ny forskrift i 2003.

# 13 Resultatområde 7: Klimaendringar, luftforureining og støy

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:

- Klimaendringar
- Nedbryting av ozonlaget
- Langtransporterte luftforureiningar
- Lokal luftkvalitet
- Støy

Resultatområdet er planlagt finansiert med totalt 141,2 mill. kroner. Finansieringa er i hovudsak dekt over kap. 1400, og kapitla 1410, 1427, 1441 og 1471.

## 13.1 Klimaendringar

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å redusere utslepp og auke opptak av klimagassar, under dette karbondioksid ($CO_2$), metan ($CH_4$) og lystgass ($N_2O$). Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, bl.a. oppfølging av Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen.

### Strategiske mål

Konsentrasjonen av klimagassar skal stabiliserast på eit nivå som vil hindre farleg, menneskeskapt påverknad av klimasystemet i tråd med artikkel 2 i Klimakonvensjonen.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltingas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 13.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Klimaendringar

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 1.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å redusere utslepp og auke opptaket av klimagassar | Status for dei internasjonale forhandlingane og oppfølging av avtalene i dei enkelte landa. Igangsetjing av forhandlingar om nye forpliktingar etter 2012. |
| 2. Noreg skal overhalde forpliktinga i Kyotoprotokollen om at utsleppa av klimagassar i perioden 2008-2012 i gjennomsnitt ikkje skal vere meir enn 1 pst. høgare enn i 1990. | 2.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å avgrense utsleppa av klimagassar i Noreg. | Utvikling i nasjonale utslepp av klimagassar. Styrken i bruken av verkemiddel overfor klimagassar. Utviklinga og gjennomføringa av kvotesystem og andre verke middel. |
| | 2.2. Medverke til å redusere konsekvensane av utslepp ved bruk og produksjon av energi i samarbeid med energistyresmaktene. | Omfang av utnytting av lokale og nye fornybare energikjelder. |

### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og kostnadseffektive instrument for å redusere utslepp og auke opptaket av klimagassar.*

Kyotoprotokollen trådde i kraft 16. februar 2005 etter at Russland hadde gjennomført den avgjerande ratifiseringa. Noreg ratifiserte Protokollen i 2002. Dei siste par åra har arbeidet internasjonalt bl.a. vore knytt til å oppfylle forpliktingar under Klimakonvensjonen og praktisk tilrettelegging for iverksetjing av Kyotoprotokollen. Ein har blant anna fokusert på operasjonalisering av Den grøne utviklingsmekanismen (CDM).

Regjeringa vil at Noreg skal vere ein aktiv deltakar i internasjonalt klimasamarbeid, bl.a. i arbeidet med å utvikle vidare Klimakonvensjonen og Kyotoprotokollen til å bli miljø- og klimaeffektive instrument for å avgrense utsleppa og auke opptaket av klimagassar. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at norsk industri og næringsliv skal kunne delta aktivt i internasjonalt klimasamarbeid, bl.a. gjennom bruk av Kyoto-mekanismane.

Regjeringa vil òg arbeide for at førebuingar til forhandlingar om internasjonale forpliktingar for åra etter 2012 (etter perioden med forpliktingar under Kyotoprotokollen) kjem i gang så snart som mogleg. På tross av at det under den niande Partskonferansen i Buenos Aires i desember 2004 var klart at Kyotoprotokollen ville tre i kraft, viste det seg likevel vanskeleg å få i gang førebuande diskusjonar om nye forpliktingar etter 2012. Protokollen krev at forhandlingar om seinare forpliktingsperiodar skal starte innan utgangen av 2005. Dersom dette skjer berre innan ramma av Protokollen, vil slike forpliktingar ikkje omfatte eksempelvis USA, som ikkje er part.

*Arbeidsmål 2.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å avgrense utsleppa av klimagassar i Noreg.*

Utsleppa av klimagassar var i 2003 54,8 mill. tonn $CO_2$-ekvivalentar. Dette er 2,4 pst. høgare enn året før, og vel 9 pst. høgare enn utsleppa i 1990. Klimagassutsleppa i Noreg er venta å auke i åra framover. I 2002 la Regjeringa fram St.meld. nr. 15 (2001-2002) *Tilleggsmelding til St.meld. nr. 54 (2000–2001) Norsk klimapolitikk*. I tilleggsmeldinga la Regjeringa opp til ein heilskapleg bruk av verkemiddel for å sikre at Noreg oppfyller sine forpliktingar under Kyotoprotokollen. Regjeringa arbeider vidare med oppfølginga av tiltaka som er skisserte i tilleggsmeldinga, inkludert tilrettelegging for bruk av Kyoto-mekanismane.

Eit av dei viktigaste forslaga i tilleggsmeldinga var innføring av eit nasjonalt kvotesystem for klimagassutslepp frå 2005 parallelt med ei vidareføring av $CO_2$-avgifta. Stortingsfleirtalet slutta seg til dette. I 2004 la Regjeringa fram Ot.prp. nr. 13 (2004-2005) *Om lov om kvoteplikt og handel med kvoter for utslipp av klimagasser (klimakvoteloven)*. Proposisjonen fekk Stortinget si tilslutning. Lova trådde i kraft 1. januar 2005. Det var nær dialog med industriens organisasjonar i samband med utarbeidinga av lova. Klimakvotar er no tildelte i medhald av lova. Klimakvotelova omfattar utslepp av $CO_2$ frå industri som i dag ikkje har $CO_2$-avgift og som oppfyller kriteria for å vere del av EUs kvotesystem for klimagassar.

Miljøverndepartementet og Prosessindustriens Landsforening (PIL) vart i 2004 samde om ei forståing for den delen av prosessindustrien som ikkje er omfatta av $CO_2$-avgift. Denne forståinga omfattar avgiftsfrie utslepp frå heile prosessindustrien – også utslepp som ikkje blir omfatta av det tidlege kvotesystemet, med unntak av gassraffineri og ilandføringsterminalar. Semja inneber at utsleppa frå denne delen av industrien skal reduserast med 20 pst. i høve til nivået i 1990 innan utgangen av 2007. Kyotoprotokollen krev oppretting av eit nasjonalt kontaktpunkt for godkjenning av prosjekt under Den grøne utviklingsmekanismen og felles gjennomføring. Regjeringa har vedteke å opprette eit slikt kontaktpunkt under Miljøverndepartementet. Regjeringa ønskjer at norske bedrifter skal kunne handle kvotar med bedrifter som er med i EUs kvotesystem. Regjeringa er i dialog med EU-kommisjonen for å finne ein praktisk måte å få til dette på.

I 2005 vart det oppretta eit norsk register for klimakvotar, som følgje av innføringa av eit nasjonalt kvotesystem. Registeret blir forvalta av SFT. I 2005 har budsjettmidlar blitt nytta m.a. til å kjøpe inn naudsynt programvare for å etablere eit register som både kan nyttast til kvotehandel med EU-land og under Kyotoprotokollen. I 2005 har ein arbeidd med å tilpasse dette registeret til norske forhold. Registeret vil av tekniske årsaker først bli nytta når det er etablert ei kopling mellom Noreg og EUs kvotesystem. SFT har oppretta eit mellombels register for klimakvotane som er tildelte norske verksemder inntil ei slik kopling er på plass. I høve til vidare drift av kvoteregisteret blir det lagt opp til at gebyrinntektene frå systemet for kvotehandel skal finansiere utgiftene.

På Klimakonvensjonens partsmøte i 2001 (vedtak 20/CP 7) vart det vedteke at alle industriland

må etablere eit nasjonalt system som sikrar at utslepp og opptak av klimagassar er berekna, rapportert og arkivert i medhald av Kyotoprotokollens regelverk. Det nasjonale systemet skal inkludere institusjonelle, legale, prosedyrebaserte og finansielle ordningar for alle institusjonar som er involverte. Vidare skal det utnemnast ei nasjonal eining med overordna ansvar for klimagassrekneskapet og rapporteringa.

Det blir lagt opp til at det norske systemet byggjer på dagens samarbeid mellom bl.a. SFT og Statistisk sentralbyrå (SSB). På bakgrunn av dette er SFT peikt ut som nasjonal eining med overordna ansvar for rekneskapen og rapporteringa.

Hovudtyngda av arbeidet knytt til utsleppsrekneskapen er finansiert av SFT og SSB gjennom løyvingar over statsbudsjettet til dei respektive institusjonane.

Noreg skal i løpet av 2006 leggje fram utsleppstal som skal vere grunnlag for å berekne den konkrete kvoten vi er tildelt under Kyotoprotokollen. SFT har ansvaret for å utarbeide desse tala, og samarbeider spesielt med Statistisk Sentralbyrå og Jordforsk om dette.

Noreg skal levere sin fjerde nasjonalrapport under Klimakonvensjonen innan 31. desember 2005. Til same tid er vi óg forplikta til å rapportere i høve til Kyotoprotokollens krav om at landa skal ha påviseleg framgang innan 2005.

*Arbeidsmål 2.2. Medverke til å redusere konsekvensane av utslepp ved bruk og produksjon av energi i samarbeid med energistyresmaktene.*

Utslepp av $CO_2$ frå stasjonær forbrenning svarte til 20,1 millionar tonn i 2003. Regjeringa har som mål å gjere norsk energiproduksjon og energiforbruk mest mogleg robust og miljøvennleg, gjennom m.a. aktiv bruk av Energifondet og Enova SF. Ei viktig målsetjing er dessutan at avfall i langt større grad enn i dag skal erstatte bruk av fossilt brensel.

#### Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 7, underområdet klimaendringar, blir dekt over kap. 1400, kap. 1410, kap. 1441 og kap. 1471. $CO_2$-avgifta som vart innført i 1991, vil framleis vere hovudverkemidlet i Noreg inntil eit breitt nasjonalt kvotesystem er på plass. $CO_2$-avgifta dekkjer om lag 69 pst. av $CO_2$-utsleppa og om lag 52 pst. av dei samla utsleppa av klimagassar. Ein viser til Finansdepartementets avgiftsproposisjon for ei nærare oversikt over satsane for $CO_2$-avgifta.

Ein klimakvotelov som frå 2005 etablerer eit nasjonalt kvotesystem vart altså vedteken i 2004. EU vedtok i 2003 eit direktiv om kvotehandel for klimagassutslepp, som Noreg, og begynte med kvotehandel med $CO_2$ frå 2005. Enkeltelementa i det norske kvotehandelssystemet frå 2005 er i så stor grad som råd harmoniserte med EUs system. Det er lagt opp til at kvotar frå EUs kvotesystem og frå Den grøne utviklingsmekanismen (CDM) under Kyotoprotokollen skal kunne nyttast i Noreg på visse vilkår. Det har vore samtaler mellom norske styresmakter og EU-kommisjonen, og det er no eit konstruktivt samarbeid med sikte på å få til ei praktisk kopling mellom det norske og EUs kvotesystem.

Miljøverndepartementet og Prosessindustriens Landsforening (PIL) vart i 2004 samde om ei forståing for den delen av prosessindustrien som ikkje er omfatta av $CO_2$-avgift. Denne forståinga omfattar avgiftsfrie utslepp frå heile prosessindustrien – og utslepp som ikkje blir omfatta av det tidlege kvotesystemet, med unntak av gassraffineri og ilandføringsterminalar. Semja inneber at utsleppa frå denne delen av industrien skal reduserast med 20 pst. i høve til nivået i 1990 innan utgangen av 2007.

Miljøverndepartementet har inngått ei avtale med elektrobransjen om reduserte utslepp av $SF_6$. Det vart innført ei avgift på produksjon og import av HFK og PFK 1. januar 2003. Det blir vist til avgiftsproposisjonen frå Finansdepartementet for detaljane om denne avgifta. Avgifta vart supplert med ei refusjonsordning for brukt HFK og PFK som blir levert inn til destruksjon. Refusjonsordninga trådde i kraft frå 1. juli 2004. Avgifta og refusjonsordninga skal saman bidra til å motverke at ozonreduserande gassar som blir fasa ut blir erstatta av klimagassane HFK og PFK, i staden for meir miljøvennlege alternativ. Sjå òg omtale under kapittel 1441 post 76 Refusjonsordningar. Som ledd i klimapolitikken vil Regjeringa medverke til auka bruk av nye fornybare energikjelder. Enova SF skal medverke til å oppfylle nasjonale energi- og miljømål, og spelar gjennom tilskotsordningane sine ei sentral rolle i arbeidet med å auke bruken av ny fornybar energi. Regjeringa legg i tillegg opp til at avfall i større grad enn i dag skal erstatte bruk av fossilt brensel. Som eit ledd i dette arbeidet vart avgifta på forbrenning av avfall 1. juli 2004 omgjort til ei utsleppsbasert avgift. Avgifta prisar no miljøkostnadene ved forbrenning av avfall, samtidig som den stimulerer til ytterlegare gjenvinning og auka avfallsbasert energiproduksjon. Regjeringa tek òg sikte på å innføre eit forbod mot deponering av nedbrytbart avfall frå 2009. (Sjå også omtale under resultatområde 6 Avfall).

Regjeringa vil i tillegg til å halde fast ved verkemiddel som er sette i verk òg ha eit sterkt fokus på vidareutvikling av tiltak nasjonalt. I høve til tiltak

på lengre sikt har Regjeringa sett ned eit utval som skal utreie korleis Noreg kan utviklast til eit «lågutsleppssamfunn», med sikte på utsleppsreduksjonar tilsvarande 50 – 80 prosent innan 2050. På bakgrunn av konklusjonane til utvalet vil Regjeringa ta initiativ til ein politisk prosess for å utforme langsiktige nasjonale mål for reduksjon av utslepp av klimagassar. Utvalet held fram med arbeidet i 2006 og vil leggje fram utgreiinga si mot slutten av året.

Eit anna viktig område for Regjeringa er utvikling av teknologi som reduserer utsleppa av $CO_2$ og andre klimagassar. Regjeringa har styrkt innsatsen for utvikling av slik teknologi gjennom opprettinga av gassteknologifondet. Fondet blir forvalta av Gassnova som koordinerer statleg satsing og støtte til utvikling av miljøvennlege, framtidsretta og kostnadseffektive gasskraftteknologiar. Gassnova skal gi støtte til prosjekt som i utvikling ligg mellom forsking og kommersielle anlegg, t.d. pilot- og demonstrasjonsanlegg. Regjeringa vil òg vidareutvikle samarbeidet med kommunesektoren for å styrkje lokalt energi- og klimaarbeid, slik det vart signalisert i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og Rikets miljøtilstand*. Regjeringa vil vurdere nye former for stimuleringsordningar for lokale klimatiltak og reduserte utslepp i sektorar som ikkje har kvoteplikt, t.d. avfallsektoren. Regjeringa foreslår derfor å løyve pengar til dette formålet i 2006. (Sjå også omtale under kap. 1441 post 21, Spesielle driftsutgifter).

I tillegg vil Regjeringa i 2006 starte eit arbeid med å vurdere om relevant lovverk og administrative ordningar i tilstrekkeleg grad tek høgde for den klimapolitiske utfordringa. (Sjå også omtale under kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter).

Dei nordiske energi- og miljøministrane har vedteke å etablere eit prøveprosjekt for Austersjøregionen for utprøving av Kyoto-mekanismane for å skaffe nærare erfaring med slikt prosjektsamarbeid. Prøveprosjektet trådde i kraft i 2003, og ein finansieringsmekanisme vart oppretta under Det nordiske miljøfinansieringsselskapet (NEFCO).

Regjeringa vurderer eit sterkare statleg engasjement i bruk av Kyotomekanismane, utover noverande engasjement i Verdsbankens karbonfond og prøveprosjektet for Austersjøregionen, og korleis eit slikt engasjement eventuelt skal leggjast opp.

Regjeringa har styrkt og fokusert den klimavitskaplege forskinga i Noreg på område av spesiell verdi for Noreg. Satsinga er retta mot forskingsmiljø på eit høgt fagleg nivå, som gjennom kvalitet og val av fordjupingsområde kan få fram resultat av spesiell verdi for problemforståing og politikkutforming, både nasjonalt og internasjonalt. Bl.a. er forsking rundt den regionale klimautviklinga, arktisk klimaforsking og forsking på utvikling av strategiar for tilpassing til klimaendringar prioriterte.

Noreg har lange tradisjonar, høg kompetanse og eit særskilt ansvar for å vere eit føregangsland innan forvalting, forsking og samarbeid i nordområda. Noreg har engasjert seg sterkt i Arktisk Råds omfattande utgreiing om konsekvensar av klimaendringar for natur og samfunn i Arktis (Arctic Climate Impact Assessment, ACIA) som vart framlagt i Arktisk Råd hausten 2004. Studien viser at klimaendringane i Arktis kan bli meir omfattande og vanskelegare å føreseie enn tidlegare antatt, og at klimaendringar i nordområda allereie er ein realitet. Regjeringa ser ACIA-studien som starten på eit langsiktig nasjonalt og internasjonalt arbeid for å betre kunnskapen om klimaendringar og prosessar i Arktis. ACIA-arbeidet vil bli vidareført gjennom eit nasjonalt oppfølgingsprogram for å betre grunnlaget for vedtak, gjennom forsking knytt til det internasjonale polaråret 2007-2008 og gjennom arbeidet under FNs klimapanel, det nordiske miljøvernsamarbeidet og Arktisk Råd.

Hovudvekta av klimaforskinga er samla i eitt stort klimaforskingsprogram, NORKLIMA, som vart starta i 2004. Programmet dekkjer forsking både om klimaendringar og økologiske og samfunnsrelaterte konsekvensar av dette. Programmet omfattar òg forsking på tilpassingar til klimaendringar. Regjeringa vil leggje vekt på å spreie oppdatert informasjon om klimapolitikken og utviklinga i dei internasjonale klimaforhandlingane. Den faglege informasjonen om klimaspørsmål og prosjekt skjer gjennom SFT og andre direktorat. I tillegg blir det gitt støtte til CICERO, Senter for klimaforsking, for å styrkje informasjonsarbeidet på klimaområdet.

Miljøverndepartementet har i samarbeid med dei andre departementa starta arbeidet med å førebu ein strategi for tilpassing til klimaendringar. Samfunnstryggleik og beredskap står sentralt i dette arbeidet. Miljøverndepartementet samarbeider derfor nært med Justis- og politidepartementet. Det blir no arbeidd med å skape ei oversikt over moglege konsekvensar av klimaendringar i Noreg for alle sektorar, og over eksisterande tiltak som kan bli knytte til klimatilpassingar. Dette feltet er prega av stor uvisse og det er derfor behov for ytterlegare kunnskap. Viktige element i ein strategi vil vere organisering av arbeidet og vurdering av nye moglege tiltak. Regjeringa tek sikte på å leggje fram ei sak om dette for Stortinget i 2006.(Sjå også omtale under kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter).

## 13.2 Nedbryting av ozonlaget

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av alle ozonreduserande stoff, bl.a. klorfluorkarbon (KFK), hydroklorfluorkarbon (HKFK), metylbromid og halon. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, bl.a. oppfølging av Montrealprotokollen.

### Strategiske mål

Alt forbruk av ozonreduserande stoff skal stansast i tråd med Montrealprotokollen.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 13.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Nedbryting av ozonlaget

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 3.1. Leie det norske arbeidet med å vidareutvikle Montrealprotokollen til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff. | Status i det internasjonale arbeidet:<br>– talet på land som har ratifisert og følgjer opp dei ulike endringane av protokollen<br>– landa si oppfølging av sine forpliktingar. |
| 4. Det skal ikkje vere forbruk av halon, eller av nokon type klorfluorkarbon (KFK), tetraklormetan, metylkloroform og hydrobromfluorkarbon (HBFK). | 4.1. Følgje opp bruken av verkemiddel overfor halon, KFK, tetra klormetan, metylkloroform og HBFK. | Reell reduksjon i bruk av KFK og halon. |
| 5. Forbruket av metylbromid skal vere stabilisert frå 1995, og fasa ut innan 2005. | 5.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av metylbromid i Noreg, under dette oppfølging av endringar i ozonforordninga frå EU. | Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av metylbromid. |
| 6. Forbruket av hydroklorfluorkarbon (HKFK) skal vere stabilisert frå 1995, og fasa ut innan 2010 [1]. | 6.1. Leie det nasjonale arbeidet med å vidareutvikle og implementere bruken av verkemiddel for å redusere forbruket av HKFK i Noreg, under dette følgje opp end ringar i ozonforordninga frå EU. | Reell reduksjon i produksjon, import, eksport og bruk av HKFK. |

[1] Målet er skjerpa som følgje av at Noreg har gjennomført EUs forordning av 2000 om stoff som bryt ned ozonlaget.

#### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 3.1. Leie det norske arbeide med å vidareutvikle Montrealprotokollen til framleis å vere eit miljø- og kostnadseffektivt instrument for å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff.*

Internasjonalt er ei av hovudutfordringane å leggje forholda til rette for at utviklingslanda kan bli i stand til å oppfylle forpliktingane sine under Montrealprotokollen. Partsmøtet vil forhandle om finansiering av nye tiltak i utviklingsland for den neste 3-årsperioden (2006-2008) gjennom det multilaterale fondet for implementering av Montrealprotokollen (Montrealfondet) hausten 2005. Fondet blir brukt til å støtte u-land i å oppfylle forpliktinga til å fase ut bruken av ozonreduserande stoff. Frå norsk side er vi opptekne av å sikre tilstrekkeleg tilførsel av økono-

miske midlar og teknologi for å gjere dette mogleg i tråd med faglege anbefalingar under Montrealprotokollen. Ei anna hovudutfordring internasjonalt er å utvikle vidare regelverket for å sikre at mål og forpliktingar i protokollen blir effektivt oppfylte.

Det er eit problem at mange land som er partar til Montrealprotokollen, særleg u-land, ikkje har ratifisert alle endringane til protokollen frå 1990, 1992, 1997 og 1999. Det er derfor no diskusjonar om kor vidt ein kan finne måtar å modifisere protokollen på (for eksempel ved å inkludere nye ozonreduserande stoff), utan å gå vegen om lange nasjonale ratifikasjonsprosedyrar.

*Arbeidsmåla 4.1. – 6.1. Leie det norske arbeidet med å avgrense utslepp av ozonreduserande stoff og forbruket av desse.*

Noreg har oppfylt krava i Montrealprotokollen og gjennomført EU-forordninga om ozonreduserande stoff (forordning (EF) 2037/2000), som for enkelte stoff set strengare mål for utfasing enn Montrealprotokollen. For metylbromid er EU sine delmål at bruken skal reduserast med 75 pst. i høve til 1991-nivå innan 1. januar 2003 og 100 pst. innan 1. januar 2005. Bruken av HKFK skal reduserast med 70 pst. i høve til eit nytt basisnivå (som er lik HKFK-bruken i 1989 pluss 2 pst. av KFK-bruken i 1989) innan 1. januar 2004, 75 pst. innan 1. januar 2008 og 100 pst. innan 1. januar 2010.

Noreg ligg godt an til å nå utfasingsmåla for ozonreduserande stoff både under Montrealprotokollen og den nye EU-forordninga. Noreg har ingen produksjon av ozonreduserande stoff. Dei ozonreduserande stoffa som blir brukte er importerte. Unntaket er karbontetraklorid som blir danna ved produksjon av vinylkloridmonomer som er eit mellomprodukt ved PVC-produksjon. Det blir importert små mengder KFK, teraklormetan (karbontetraklorid) og 1,1,1-trikloretan (metylkloroform) til analysar som er godkjende som essensiell bruk under Montrealprotokollen.

Noreg har i mange år lege i framkant av dei internasjonale føresegnene når det gjeld reduksjon i forbruket av dei ozonreduserande stoffa. Målt i ozonreduserande effekt er norsk forbruk av ozonreduserande stoff redusert med meir enn 99 pst. i perioden 1986 til 2004.

#### Verkemiddel

Finansiering av resultatområde 7, underområde nedbryting av ozonlaget, blir i hovudsak dekt under kap. 1400 og kap. 1441.

Bakgrunnen for dei gode reduksjonsresultata for ozonreduserande stoff i Noreg er at det er teke i bruk ein kombinasjon av verkemiddel som har verka styringseffektivt. Forskrifter, informasjon, frivillige tiltak og samarbeid mellom styresmaktene og bransjane har stått sentralt. Alle dei ozonreduserande stoffa i Montrealprotokollen er no regulerte gjennom forskrift 1. juni 2004 nr. 922 om avgrensing av bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar og andre produkt (produktforskrifta) kapittel 6.

Det nasjonale arbeidet er no retta mot kontroll av at føresegnene blir etterlevde, og overvaking av miljøsituasjonen. Noreg har sett i verk ei ordning med lisensiering for import og eksport av ozonreduserande stoff, slik det er lagt opp til under Montrealprotokollen.

## 13.3 Langtransporterte luftforureiningar

#### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere utsleppa av svovel, nitrogenoksid, ammoniakk og flyktige organiske sambindingar. I tillegg omfattar det arbeidet med å betre miljøtilstanden, som f.eks. kalking. Meir enn 90 pst. av nedfallet av svovel og nitrogenoksid i Noreg kjem frå kjelder utanfor landegrensene. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, m.a. oppfølging av Konvensjonen om langtransporterte grensekryssande luftforureiningar.

#### Strategiske mål

Utsleppa av svovel, nitrogenoksid, flyktige organiske sambindingar og ammoniakk skal reduserast, slik at påverknaden av naturen blir halden innafor kritiske belastningsgrenser (naturen sine tolegrenser), og slik at mennesket si helse og miljøet ikkje tek skade, i tråd med artikkel 2 i Gøteborgprotokollen.

**Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving**

Tabell 13.3 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7, underområde Langtransporterte luftforureiningar[1]

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 7.1. Leie det norske arbeidet under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining med sikte på å hindre overskridingar av kritiske belastningar. | Del av økosystem i respektive Noreg og heile avtaleområdet som er verna mot overskriding av tolegrenser for forsuring, bakkenært ozon og overgjødsling. |
| 8. Dei årlege utsleppa av svoveldioksid ($SO_2$-utsleppa) skal maksimalt vere 22 000 tonn f.o.m. 2010. | 8.1.-11.1 Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel for reduksjon av nasjonale utslepp av $SO_2$, $NO_x$, VOC og $NH_3$ | Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verke midla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar. |
| 9. Dei årlege utsleppa av nitrogenoksid ($NO_x$) skal maksimalt vere 156 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje vere større enn nivået i 1987 (dvs. 230 000 tonn). | 9.1. Sjå ovanfor. | Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar. |
| 10. Dei årlege utsleppa av flyktige organiske sambindingar (nmVOC) skal maksimalt vere 195 000 tonn f.o.m. 2010. Fram til 2010 skal dei årlege utsleppa ikkje overstige nivået i 1988 (dvs. 252 000 tonn). Dei årlege utsleppa av nmVOC frå heile fastlandet og norsk økonomisk sone sør for 62. breiddegrad skal ikkje overstige 70 prosent av nivået i 1989 (dvs. 191 000 tonn). | 10.1. Sjå ovanfor. | Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar. |
| 11. Dei årlege utsleppa av ammoniakk ($NH_3$) skal maksimalt vere 23 000 tonn f.o.m. 2010. | 11.1. Sjå ovanfor. | Utvikling i nasjonale utslepp. Del av utsleppa som er omfatta av verkemiddel og styrken på verkemidla (kr/eining utslepp) i høve til ulike sektorar. |

[1] Alle resultatmål reflekterer dei forpliktingar Noreg har teke på seg for dei omtalte stoffa i protokollar under ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureiningar, inkludert Gøteborgprotokollen som Noreg har ratifisert, men som enno ikkje har trådd i kraft.

### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 7.1. Leie det norske arbeidet under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining med sikte på å hindre overskridingar av kritiske belastningar.*

Noreg er avhengig av omfattande reduksjonar av utslepp i Europa for å løyse miljøproblema som skriv seg frå langtransportert luftforureining. Det vart vedteke ein protokoll om reduksjon av forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon (Gøteborgprotokollen) under ECE-konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining i 1999. 31 statar har underteikna protokollen, mens

18 partar har ratifisert den pr. 1. september 2005. Protokollen trådde i kraft 17. mai 2005, etter at 16 partar hadde ratifisert den.

Protokollen regulerer landa sine utslepp av svoveldioksid ($SO_2$), nitrogenoksid ($NO_x$), ammoniakk ($NH_3$) og flyktige organiske sambindingar (VOC). Noregs plikter i høve til den nye protokollen er reflekterte i dei nasjonale måla. I 1985 var tolegrensene for forsuring av overflatevatn overskridne på 25 pst. av Noregs areal. Denne delen var redusert til om lag 13 pst. i 2000. Med full effekt av Gøteborgprotokollen vil område med overskridingar av tolegrenser for forsuring bli ytterlegare reduserte. Likevel vil tolegrensene vere overskridne på om lag 7-8 pst. av arealet i Noreg i 2010. Gøteborgprotokollen inneheld ei føresegn om at partane eitt år etter at protokollen trer i kraft bl.a. skal vurdere om forpliktingane er tilstrekkelege til å nå dei langsiktige måla om at forureiningane ikkje skal overstige naturen si tolegrense for forsuring, overgjødsling og bakkenært ozon. Ein treng omfattande fagleg kunnskap, analysar og overvaking av forureiningsbelastninga og miljøtilstanden for å utvikle effektive internasjonale avtaler som byggjer på naturen sine tolegrenser og kritiske belastningsgrenser for menneskeleg helse. Ved revisjon av Gøteborgprotokollen er det òg aktuelt å regulere landa sine utslepp av partiklar som medverkar til helseproblem. Det faglege arbeidet som skal danne grunnlag for revisjon av Gøteborgprotokollen har starta, både nasjonalt og internasjonalt. Norske fagmiljø og miljøforvaltninga deltek aktivt i dette arbeidet.

*Arbeidsmåla 8.1.-11.1. Leie arbeidet med å utvikle og implementere ytterlegare verkemiddel for reduksjon av nasjonale utslepp av $SO_2$, $NO_x$, VOC og $NH_3$.*

Det er i følgje framskrivingane av utsleppa av svoveldioksid ($SO_2$) rekna med at dei norske utsleppa utan nye miljøtiltak vil vere om lag 27 000 tonn i 2010. Utsleppa var i 2004 25 000 tonn. Dette er ein auke på om lag 10 pst. frå 2003. Størstedelen av utsleppsauken skuldast auka produksjon i prosessindustrien. Noreg vil likevel framleis overhalde den internasjonale forpliktinga for $SO_2$ som går fram av svovelprotokollen frå 1994. For å overhalde forpliktinga i Gøteborgprotokollen innan 2010 må Noreg redusere utsleppa av $SO_2$ med om lag 12 pst. i høve til 2004.

På bakgrunn av forpliktinga i Gøteborgprotokollen har Miljøverndepartementet og Prosessindustriens Landsforening (PIL) inngått ei intensjonsavtale om reduksjonar i svovelutsleppa. Då avtala vart inngått forplikta prosessindustrien seg til å redusere dei årlege utsleppa av $SO_2$ med minimum 5 000 tonn. Prosessindustrien tok òg på seg å leggje fram konkrete forslag til korleis ein slik utsleppsreduksjon kan gjennomførast, og samtidig leggje fram forslag til korleis ein samla reduksjon på 7 000 tonn kan gjennomførast på ein måte som er kostnadseffektiv for Noreg. Utslepp frå den enkelte verksemda vil bli regulerte i utsleppsløyve frå SFT. Stortinget vedtok på denne bakgrunnen å fjerne avgifta for utslepp av $SO_2$ frå bruk av kol og koks og frå raffineria frå 1. januar 2002. Det er venta at gjennomføring av avtala med PIL vil sikre at Noreg overheld forpliktinga i Gøteborgprotokollen om utslepp av $SO_2$.

Framskrivingar viser at dei årlege utsleppa av $NO_x$ kan ventast reduserte til om lag 200 000 tonn i 2010 med dei tiltaka som er vedtekne til no. Utsleppa av $NO_x$ i 2004 var 221 000 tonn. Dette er ein svak auke frå 2003 og ligg 9000 tonn under gjeldande internasjonale krav. For å overhalde kravet i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av $NO_x$ med 29 pst. i høve til 2004. For $NO_x$-utsleppa er bruken av verkemiddel i dag utforma med utgangspunkt i St.meld. nr. 41 (1994-95) *Om Norges politikk mot klimaendringer og utslipp av nitrogenoksider ($NO_x$)*. Utsleppa av $NO_x$ frå køyretøy er regulerte gjennom køyretøyforskriftene til vegtrafikklova. Krava er gjort strengare i tråd med utviklinga av EUs regelverk på området. Det vart i 2000 innført differensiert årsavgift på tunge køyretøy etter utsleppa av bl.a. $NO_x$. Låg-$NO_x$-brennarar blir tekne i bruk ved installering av nye gassturbinar på norsk sokkel der slik teknologi er kommersielt tilgjengeleg. Sjøfartsorganisasjonen i FN, IMO, har vedteke regelverk som set krav til $NO_x$-utslepp frå skip som er bygde eller oppgraderte 1. januar 2000 eller seinare. Det er naudsynt med strengare verkemiddel for at Noreg skal overhalde $NO_x$-forpliktinga i Gøteborgprotokollen; sjå nærare omtale under «Verkemiddel».

Dei samla norske utsleppa av VOC auka med 33 pst. frå 1990 til 2001. Frå 2001 til 2004 vart utsleppa reduserte med 32 pst. I 2004 var utsleppa av VOC 266 000 tonn. Forpliktinga vår under VOC-protokollen av 1991 tilsvarer 252 000 tonn. For å etterleve forpliktinga i Gøteborgprotokollen må Noreg redusere utsleppa av VOC med 27 pst. i høve til 2004.

For å redusere utsleppa til eit nivå som er innafor det vi har forplikta oss til internasjonalt, er utslepp av VOC frå lasting og lagring av råolje på sokkelen regulerte gjennom utsleppsløyve etter forureiningslova. Noreg har gjennom forskrifter gjennomført eit EU-direktiv om å redusere VOC-utsleppa frå lagring og distribusjon av bensin frå terminalar til bensinstasjonar, eit direktiv om utslepp av VOC frå bruk av løysemiddel i visse verksemder og anlegg, og eit anna direktiv om

VOC i maling og lakk. Krava i VOC-protokollen av 1991, som skulle ha vore innfridde i 1999, ligg ein no an til å greie frå høvesvis 2005 og 2006, gjennom dei utsleppskrava som no er sette til lasting og lagring av råolje på sokkelen. Desse krava vil, saman med dei andre tiltaka som er nemnde ovanfor, venteleg føre til at Noreg oppfyller VOC-forpliktinga i Gøteborgprotokollen òg.

Utsleppa av ammoniakk i Noreg auka med om lag 10 pst. i perioden 1990-2004. Auken skuldast i hovudsak auka utslepp av ammoniakk frå landbruket og frå personbilar med trevegs katalysator. Om lag 90 pst. av ammoniakkutsleppa i Noreg skjer i landbruket. Det er venta at utsleppa vil endre seg lite fram mot 2010 utan nye tiltak. For å overhalde krava etter Gøteborgprotokollen må Noreg frå 2010 halde dei årlege utsleppa av ammoniakk på same nivå som i 2004.

#### Verkemiddel

Finansiering av arbeidet under resultatområde 7, underområde langtransportert luftforureining, blir i hovudsak dekt under kap. 1400 og kap. 1441. Kostnadar til kalking blir dekte under kap. 1427.

Regjeringa vil føre vidare den aktive medverknaden frå Noreg si side i det omfattande internasjonale samarbeidet knytt til forsking, utgreiing og kartlegging av miljøproblem som skuldast langtransportert luftforureining. Dette arbeidet omfattar bl.a. overvaking, undersøkingar og analysar for å etterprøve at dei protokollane som allereie er i kraft har hatt dei venta miljøeffektane, og som grunnlag for forhandlingar om moglege nye protokollar. Dei nasjonale overvakingsprogramma, forskingsprogram under Noregs forskingsråd, og Miljøverndepartementets program *Naturens tolegrenser*, er sentrale for å leggje grunnlag for nye avtaler om langtransportert luftforureining. Miljøvernforvaltninga medverkar òg til å finansiere dei internasjonale programma under Konvensjonen om langtransportert grensekryssande luftforureining.

Som grunnlag for val av tiltak og verkemiddel for å overhalde Noregs plikter når det gjeld utsleppsreduksjonar analyserer miljøvernforvaltninga, i samarbeid med andre styresmakter, bl.a. potensialet for utsleppsreduksjonar ved ulike tiltak og verkemiddel, og kostnadar ved desse.

Som nemnd over er det naudsynt med strengare verkemiddel for at Noreg skal overhalde $NO_X$-forpliktinga i Gøteborgprotokollen. Regjeringa har i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* gjort greie for kva verkemiddel det er aktuelt å nytte for å overhalde forpliktinga. Dei viktigaste verkemidla vil vere å stille krav i forskrift til utslepp til luft frå både nye og eksisterande skip i norsk innanriksfart og frå fiskefartøy, og å stille nye krav i utsleppsløyve til landbasert industri og til energianlegga på sokkelen. For å sikre mest mogleg kostnadseffektiv måloppnåing, vil ein leggje til rette for fleksible løysingar ved gjennomføring av utsleppskrav som går utover krava som følgjer av EUs direktiv om integrert forureiningskontroll (IPPC-direktivet) og utsleppskrava som blir sette til skip og fiskefartøy. Regjeringa legg vekt på at verkemidla må medverke til å sikre at $NO_X$-forpliktinga blir nådd innan 2010, dei må vere føreseielege for aktørane, og gi gode insentiv på tvers av sektorar. Regjeringa vil òg vurdere om det bør givast tilskot til finansiering av $NO_X$-reduserande tiltak på skip og fiskefartøy. Regjeringa vil utgreie aktuelle verkemiddel, blant anna ei $NO_X$-avgift. Regjeringa vil vidare vurdere å differensiere årsavgifta for køyretøy med tillaten totalvekt opp til 12 tonn etter utsleppa av $NO_X$. Vektårsavgifta gjeld i dag for køyretøy med tillaten totalvekt over 12 tonn og består av høvesvis ein vektgradert og ein miljødifferensiert del. Regjeringa foreslår å utvide vektårsavgifta til også å gjelde køyretøy med tillaten totalvekt mellom 7,5 og 12 tonn. Miljødifferensieringa skal gjerast i høve til kva avgasskrav køyretøya oppfyller, jf. nærare omtale i St.prp.nr. 1 (2005-2005) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*. Finansdepartementet varslar i tillegg at $CO_2$-utslepp kan bli inkludert i berekningsgrunnlaget for eingangsavgifta frå 2007.

Som det går fram av statusbeskrivinga har ein i hovudsak avklart kva for verkemiddel som skal nyttast for å overhalde forpliktingane for $SO_2$, VOC og ammoniakk. Ein vil følgje utviklinga i utslepp av desse gassane og fortløpande vurdere om det er behov for endringar i verkemidla. Regjeringa vil ved seinare høve komme tilbake til Stortinget med endringar i bruken av verkemiddel som er naudsynte for å overhalde forpliktingane i Gøteborgprotokollen.

## 13.4 Lokal luftkvalitet

#### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere helseskadelege utslepp av dei stoffa som gir redusert luftkvalitet lokalt. Hovudkjeldene til slike utslepp er vegtrafikk og vedfyring, men andre kjelder medverkar òg. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

### Strategiske mål

Lokale problem med luftforureining skal førebyggjast og reduserast slik at ein tek omsyn til helse og trivsel for menneska.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 13.4 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Lokal luftkvalitet

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 12. Gjennomsnittleg døgnkonsentrasjon av svevestøv ($PM_{10}$) skal innan 2005 ikkje overskride 50 µg/m$^3$ meir enn 25 dagar pr. år og innan 2010 ikkje meir enn 7 dagar pr. år. | 12.1.-15.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for luftkvalitet ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff og fyringsolje. | Utslepp av svevestøv ($PM_{10}$), nitrogendioksid ($NO_2$), svoveldioksid ($SO_2$) og benzen frå stasjonære kjelder. |
| 13. Gjennomsnittleg timekonsentrasjon av nitrogendioksid ($NO_2$) skal innan 2010 ikkje overskride 150 µg/m$^3$ meir enn 8 timar pr. år. | | |
| 14. Gjennomsnittleg døgnkonsentrasjon av svoveldioksid ($SO_2$) skal innan 2005 ikkje overskride 90 µg/m$^3$. | | |
| 15. Gjennomsnittleg årskonsentrasjon av benzen skal innan 2010 ikkje overskride 2 µg/m$^3$ som bybakgrunnsverdi. | | |

#### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 12.1.-15.1. Medverke til å nå dei nasjonale måla for luftkvalitet ved å syte for reduserte utslepp frå stasjonære kjelder og betre miljøkvalitet på drivstoff og fyringsolje.*

Generelt er den lokale luftkvaliteten i Noreg god, men i nokre større byar og tettstader kan lokale luftforureiningar i periodar gi betydelege helse- og trivselsproblem. Målingar viser at det nasjonale resultatmålet for svevestøv som gjeld frå 2005 er eller vil bli overskride i fleire byområde i Noreg. Blant desse er Oslo, Trondheim og Grenland. Overskridingane skjer i hovudsak i område langs dei mest trafikkerte vegane. Nivåa for svevestøv vil bli reduserte fram mot 2010, men målet gjeldande for 2010 vil likevel bli overskride i mange byar og tettstader. Utrekningar viser at i 2003 vart rundt 230 000 menneske i Oslo utsette for konsentrasjonar som var høgare enn det nasjonale målet for 2010. Endå fleire vart utsette for forureining som kan gi helseverknader for spesielt utsette grupper. Det må setjast i verk ytterlegare tiltak for å nå dei nasjonale måla for svevestøv.

Det synest òg nødvendig med ytterlegare tiltak for å nå målet for 2010 for nitrogendioksid. Konsentrasjonen av svoveldioksid og benzen i by- og tettstadsluft vil truleg vere innafor dei nasjonale måla i respektive 2005 og 2010. Det nasjonale målet for svoveldioksid for 2005 blir sett på som oppnådd i byar og tettstader, med unntak av nokre industristader. Då det framleis førekjem overskridingar av det nasjonale målet enkelte stader blir målet vidareført.

Vegtrafikk er den dominerande kjelda til lokal luftforureining. For $NO_2$-konsentrasjonar i byar og langs vegar er eksosgassar frå vegtrafikk hovudkjelda. Likevel er utsleppa av $NO_x$ frå vegtrafikk redusert med 45 pst. frå 1990 til 2003 som følgje av innførte avgasskrav. Vegtrafikken er òg ein hovudbidragsytar til partikkelforureining gjennom eksos-

gassar og vegslitasje, men her kan vedfyring òg vere ei vesentlig kjelde. Gjennom nye krav til utslepp frå tunge køyretøy, kvaliteten på drivstoff og redusert piggdekkbruk er utsleppa av svevestøv frå vegtrafikken blitt reduserte med 37 pst. frå 1990 til 2003.

Fyring med ved er fleire stader ei vesentleg kjelde til luftforureininga (svevestøv), spesielt på kalde dagar om vinteren. Dette gjeld spesielt dei minste partiklane. Utslepp frå vedfyring auka med 6 pst. frå 1990 til 2003. Utsleppsveksten hadde vore høgare dersom ikkje stadig fleire skifter ut gamle forureinande omnar med nyare og meir miljøvennlege omnar. I tillegg til svevestøv medverkar vedfyring til utslepp av andre helseskadelege sambindingar. Utslepp frå store, stasjonære kjelder kan i dag føre til enkelte overskridingar av dei nasjonale resultatmåla.

#### Verkemiddel

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forsking og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med lokal luftkvalitet, og blir dekte under kap. 1441 og 1410. Resultat frå miljøovervaking blir nytta vidare i utrekningsmodellar, utgreiingar av tiltak og i dose-respons-samanhengar. Budsjettmidla blir òg nytta til å utvikle verktøy og metodar.

Føresegna om lokal luftkvalitet i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) kapittel 7 er det sentrale virkemidlet på området lokal luftkvalitet. I føresegna blir kommunane gjort til forureiningsstyresmakt for lokal luft. Forskrifta set grenseverdiar for konsentrasjonane av ei rekkje stoff og set krav til målingar, utrekningar, tiltaksutgreiingar og rapportering. I tilknyting til føresegna følgjer det òg ein rettleiar. Eit nytt EU-direktiv om tungmetall og PAH vil bli gjennomført i forureiningsforskrifta i 2006.

Gjennom føresegna om kvaliteten på bensin og autodiesel til bruk i motorvogner i forskrift 1. juni 2004 nr. 922 om avgrensing i bruk av helse- og miljøfarlege kjemikaliar og andre produkt (produktforskrifta), implementerer Noreg EU-direktiv på området. Ein viser til omtale i St.prp. nr. 1 (2004-2005) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, og vedtak om bruk av avgiftsinsentiv for innføring av svovelfritt drivstoff frå januar 2005.

Det skal utarbeidast eit pressesenter på nett hausten 2005, der daglege varsel om luftkvalitet skal gjerast lettare tilgjengelege for media. Dette er eit tiltak for å spreie informasjon til befolkninga om lokal luftkvalitet gjennom ulike medium. Det blir særleg satsa på å informere om luftkvalitet og tilgjengelege varslingstenester til spesielt sårbare grupper i befolkninga. Tiltaket er ledd i oppfølginga av Regjeringas handlingsplan for auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne.

Regjeringa vil vurdere nye kjelderetta tiltak, bl.a. vil det i 2006 bli sett nærare på betydninga for lokal luftkvalitet av utslepp frå anleggsmaskiner, og eventuelt bli vurdert tiltak for å redusere utsleppa. Vedfyring som kjelde til lokal luftforureining vil òg få merksemd i 2006.

Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel i samband med lokal luftforureining, fordi den kan nyttast til å påverke lokaliseringa av utsleppskjeldene, og til å regulere utnyttinga av omkringliggjande areal. Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og utøving av mynde i kommunar, fylkeskommunar og statlege organ. Fylkesmannen har òg ansvar for oppgåver under resultatområde 7. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11.

## 13.5 Støy

#### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med å førebyggje og redusere dei støyproblema som gir negative helse- og trivselseffektar. Sentralt står òg arbeidet med å fremje stille (fråvere av støy) som miljøkvalitet. Hovudkjelda til støyplager er vegtrafikk, men ei rekkje andre kjelder medverkar òg. Resultatområdet omfattar òg internasjonalt arbeid, med utvikling og oppfølging av EU-direktiv som det mest sentrale.

#### Strategisk mål

Støyproblem skal førebyggjast og reduserast slik at det blir teke omsyn til helse og trivsel for menneska.

## Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 13.5 Mål- og indikatortabell for resultatområde 7 underområde Støy

| Nasjonale resultatmål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 16. Støyplaga skal reduserast med 25 pst. innan 2010 i forhold til 1999. | 16.1. Miljøvernstyresmaktene skal medverke til å nå det nasjonale målet for støy, gjennom bl.a. ved eigne verkemiddel å syte for å redusere støyplagene frå industri, motorsport, skytebaner og enkelte produkt. | Samla støyplage (SPI) frå alle kartlagde kjelder, spesielt SPI for industri, motorsport og skytebaner. |

### Statusbeskriving

*Arbeidsmål 16.1. Miljøvernstyresmaktene skal medverke til å nå det nasjonale målet for støy, gjennom bl.a. ved eigne verkemiddel å syte for å redusere støyplagene frå industri, motorsport, skytebaner og enkelte produkt.*

Støy er eit av dei miljøproblema som rammar flest menneske i Noreg. Rundt 1,7 millionar personar er utsette for støy nær bustaden sin. Eit fleirtal av desse opplever å vere plaga av støyen, og rundt ½ million personar er sterkt eller mykje plaga. Ifølgje dei nyaste støytala frå august 2005 (SSB) utgjer støy frå samferdsel til saman opp mot 90 pst. av kartlagt støyplage, der vegtrafikk åleine står for nesten 78 pst., og tog og fly bidreg med rundt 4 pst. kvar. Til tross for at dei nye tala viser at det i perioden 1999-2003 har vore nedgang i støyplaga frå luftfarten på 22 pst. og frå jernbane på 20 pst. , har det vore ein samla auke i støyplaga på ca. 2 pst. i same tidsperiode. Auken i støyplage skuldast i hovudsak auka vegtrafikk, mens auka busetjing i trafikkerte område også medverka. Støyplaga frå vegtrafikk åleine auka med ca. 6 pst. i perioden. Det er dei ulike sektordepartementa som har hovudansvaret for å sikre ein reduksjon av støyplaga innafor sin samfunnssektor, og medverke til at det nasjonale resultatmålet for støy kan bli nådd. Skal ein nå målet er det behov for nye tiltak og verkemiddel, særleg retta inn mot støy frå vegtrafikken.

Miljøvernstyresmaktene har eit koordineringsog pådrivaransvar på støyfeltet, og følgjer opp status og utvikling i støyutsleppa og støyplaga generelt. Miljøvernstyresmaktene har vidare eit ansvar for å medverke til redusert støyplage frå dei ulike kjeldene der miljøvernstyresmaktene sjølve har verkemiddel – konsesjonspliktig industri og næringsverksemd, skytebaner, motorsportbaner og enkelte produkt. Industri- og næringsstøy utgjorde i 1999 ca. 7 pst. av samla støyplage, og industri- og næringsstøyen er blitt redusert med ca. 6 pst. frå 1999 til 2003. Støyplagene frå skytebaner, motorsport og produkt er betydeleg mindre (til saman rundt 3-4 pst. av samla støyplage). Ein reknar med at støyplaga frå desse kjeldene er omtrent uendra sidan 1999, men det er enno relativt stor uvisse i talmaterialet for dei minste støykjeldene. Tiltak overfor dei støykjeldene der miljøvernstyresmaktene har verkemiddel kan altså berre i avgrensa grad medverke til at det nasjonale målet for støy blir nådd.

### Verkemiddel

Budsjettmidlar til faglege utgreiingar, forsking og miljøovervaking utgjer eit viktig og nødvendig grunnlag for arbeidet med støy, og blir dekte over kap. 1441, 1400 og 1410. Miljøovervaking er innhenting av tal over utslepp og andre miljødata, og blir nytta bl.a. i utrekningsmodellar, utgreiingar av tiltak og rapportering av resultat. Både utgreiingsmidlar og forskingsmidlar er sentrale for å kunne utvikle vidare den nasjonale støymodellen for utrekning og oppfølging av støyplaga på tvers av kjelder. Forskings- og utgreiingsmidlar skal vidare medverke til kompetanseoppbygging i dei støyfaglege miljøa og i høgare utdanning.

Kapittel 5 om støy i forskrift om avgrensing av forureining av 1. juni 2004 set krav til gjennomføring av utbetringstiltak for dei som er utsette for innandørsstøy over 42 desibel i gjennomsnitt over døgnet. Støy frå bl.a. industri, motorsport og skytebaner kan regulerast gjennom konsesjonssystemet i forureiningslova. Lova om produktkontroll heimlar støykrav til produkt, og er nytta til å gi forskrifter om m.a. leiketøy, fritidsbåtar m.m.

Gjennom ein fornuftig arealbruk er Plan- og byggingslova det viktigste verkemidlet for å førebyggje støyproblem. Plansystemet blir nytta til å bestemme lokaliseringa av støykjelder, og til å regulere utnyttinga av areal som ligg omkring. Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og

transportplanlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og utøving av mynde i kommunar, fylkeskommunar og hos statlege organ. Det er gitt ei felles retningslinje for behandling av støy i plansaker, med fokus på dei største støykjeldene.

Det er eit klart behov for å setje i verk ytterlegare støytiltak. Samferdsledepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Miljøverndepartementet har vedteke å vurdere høvet for å forsterke innsatsen, og utarbeide ein handlingsplan knytt til kampen mot støy. Samtidig skal støymålet evaluerast og eventuell justerast, for å sikre at det er på eit samfunnsøkonomisk og miljømessig fornuftig nivå. Vidare skal ambisjonsnivået i forureiningsforskriftas krav til støynivå innandørs og utrekningsmetodar for innandørsstøy vurderast innafor ein heilskapleg verkemiddelbruk.

EU vedtok 25. juni 2002 eit rammedirektiv for utandørs støy. Fokus er i første rekkje på kartlegging, informasjon og etablering av felles måleeining og målemetodar for støy. Direktivet er implementert i kapittel 5 i den nye forskrifta om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta), og første kartlegging i Noreg skal vere ferdig til 30. juni 2007. Rammedirektivet stipulerer òg at Europakommisjonen i løpet av 4 år skal ha utarbeidd forslag til reduksjon av støy frå dei viktigaste kjeldene – veg og køyretøy, jernbaner og -materiell, fly, utandørs maskiner og industriutstyr og mobile maskiner. Fylkesmannen har òg ansvar for store oppgåver under resultatområde 7. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementets budsjett.

# 14 Resultatområde 8: Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord – og polarområda

Resultatområdet omfattar følgjande underområde:
- Internasjonalt miljøvernsamarbeid
- Miljøvern i nord- og polarområda

## 14.1 Internasjonalt miljøvernsamarbeid

### Definisjon og avgrensing

Til resultatområdet høyrer å ta vare på norske interesser innafor det generelle internasjonale miljøvernsamarbeidet, og arbeidet med miljø- og utviklingsproblem innafor organisasjonar knytte til FN-systemet, særleg FNs miljøprogram (UNEP) og Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD), og innafor organisasjonar utanfor FN-systemet som EU/EØS, Nordisk Ministerråd, OECD og Verdas handelsorganisasjon (WTO). Resultatområdet omfattar vidare regionalt og bilateralt miljøvernsamarbeid med land i Aust-Europa, Indonesia, Kina og Sør-Afrika. Internasjonalt samarbeid er også omtalt under nord- og polarområda der dette naturleg høyrer heime. Internasjonalt arbeid retta mot dei enkelte miljøutfordringane er dekt under dei andre resultatområda.

### Strategiske mål

Internasjonalt miljøvernsamarbeid skal medverke til å redusere globale miljøproblem og miljøskadar i Noreg som skuldast aktivitetar og utslepp i andre land, sikre ei berekraftig utvikling og betring av miljøtilstanden i nærområda våre og i u-landa, og sikre at internasjonale avtaler og regelverk gir rammevilkår som ikkje svekkjer den nasjonale miljøvernpolitikken.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 14.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernsamarbeid

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 1. Noreg skal arbeide aktivt for at EU/EØS-regelverket har eit høgt vernenivå på miljøområdet og medverke til ei berekraftig utvikling. | 1.1. Påverke utforminga av EUs politikk basert på ein brei nasjonal prosess på område av stor betydning for Noreg, f. eks. i forhold til klimaendringar, kjemikaliar og genmodifiserte organismar. | Vere pådrivar overfor EU-institusjonane i saker som er viktige for Noreg. |
| | 1.2. Sikre at relevante og akseptable EU-rettsakter blir gjennomførte ope og effektivt i det norske lovverket. | Få færrast mogleg rettsaktar på ESAs resultattavle. |
| 2. Globale og regionale samarbeidsorgan skal utviklast til effektiv reiskap for berekraftig utvikling, for å oppnå globale og regionale miljømål og for effektiv oppfølging av internasjonale miljøkonvensjonar. | 2.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden og handlingsprogrammet for det nordiske miljøsamarbeidet 2005-2008. | Status for oppfølging av målsetjingane i handlingsplanen. |

Tabell 14.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernsamarbeid

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| | 2.2. Gjennomføre norsk formannskap i Nordisk Ministerråd med særleg fokus på miljøproblema i Arktis og lokaldemokrati og medverknad i miljø- og berekraftsarbeidet. | Status for gjennomføring av formannskapsprogrammet under Nordisk Ministerråd. |
| | 2.3. Arbeide for at OECD integrerer miljøomsyn i arbeidet sitt og utarbeider analysar og retningslinjer som kan fremje ei berekraftig utvikling. | Status for miljøkomiteens arbeid når det gjeld miljøstrategien i OECD. |
| | 2.4. Arbeide for at Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) medverkar til å oppfylle tusenårsmåla og målsetjingane frå Johannesburg-toppmøtet, med spesielt fokus på miljøaspekta. | Status i arbeidet med gjennomføringa av tusenårsmåla. |
| | 2.5. Fortsetje arbeidet med å styrkje UNEP politisk og finansielt gjennom oppgradering av UNEP til særorganisasjon på sikt. Få etablert ein styrkt vitskapskapasitet i UNEP og universelt medlemskap i UNEPs styre. Bidra til å operasjonalisere Bali-planen for kapasitetsbygging og teknologioverføring. | Vurdering av UNEPs status i FN-systemet. |
| 3. Noreg skal arbeide for at avtaleverket innafor Verdas handelsorganisasjon (WTO), utviklinga av EU/EØS-regelverket og EFTAs tredjelandsavtaler gir rom for bruk av miljøpolitiske verkemiddel og at omsynet til ei berekraftig utvikling blir teke vare på.<br>Noreg skal arbeide for at FNs mat- og landbruksorganisasjon (FAO), FNs utviklingsprogram (UNDP), Verdsbanken og Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO) meir systematisk tek vare på omsynet til miljø- og berekraftig utvikling. | 3.1. Arbeide for at miljøkonsekvensar blir vurderte og miljøomsyn integrerte i handelsforhandlingane og i handelsregelverka. | Status i norske posisjonar i forhandlingane.<br>Status i det internasjonale arbeidet med handel og miljø i WTO, OECD, UNEP og EFTA/EØS, samt EFTA 3. landsavtaler. |
| | 3.2. Arbeide for å integrere omsynet til miljø- og berekraftig utvikling i den ordinære verksemda i relevante multilaterale organisasjonar som ikkje har miljø som hovudfokus. | Status for verksemda i organisasjonane, under dette bruk av miljøkonsekvensvurderingar og spesifikke miljøprogram. |

Tabell 14.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Internasjonalt miljøvernsamarbeid

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 4. Miljøomsyn skal integrerast i norsk utviklingsarbeid. Miljøretta bistand og anna samarbeid med utviklingsland skal medverke til å styrkje miljøvernforvaltninga og betre miljøtilstanden i samarbeidslanda og til å førebyggje globale miljøproblem. | 4.1. Arbeide for å styrkje samarbeidslandas institusjonelle evne til god miljøforvaltning og gjennomføring av miljøkonvensjonane. | Miljøforvaltninga yter fagleg støtte til institusjonsoppbygging og oppfølging av konvensjonane på miljøområdet i samarbeidslanda gjennom multilaterale og bilaterale kanalar. |
| | 4.2. Arbeide for gjennomgåande integrering av omsynet til miljø i norsk utviklingspolitikk og samarbeid. | Miljøvernforvaltninga bidreg til å realisere handlingsplan for miljø i utviklingsarbeidet. Miljøvernforvaltninga bidreg til at miljø- og naturressursforvaltning blir prioritert i samarbeidslandas eigne utviklingsstrategiar, gjennom dialog med utviklingsaktørar i Noreg og multilaterale organisasjonar. |
| | 4.3. Utvikle vidare miljøsamarbeidet med Indonesia, Kina og Sør-Afrika. | Det bilaterale miljøsamarbeidet vektlegg oppfølging av internasjonale miljøkonvensjonar og kompetansebygging. |
| | 4.4. Utvikle vidare det regionale miljøsamarbeidet i Europa innan FNs Økonomiske Kommisjon for Europa med særlig vekt på oppfølging av EECCA-strategien (Eastern Europe, Caucasus and Central Asia). | Status i arbeidet med miljøstrategien for EECCA-landa. |
| | 4.5. Medverke til miljøsamarbeid med dei nye medlemslanda i EU i samband med dei nye EØS-finansieringsordningane. | Omfang av miljøprosjekt under ordningane. |

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1.1. Påverke utforminga av EUs politikk basert på ein brei nasjonal prosess på område av stor betydning for Noreg, for eksempel i høve til klimaendringar, kjemikaliar og genmodifiserte organismar.*

Særleg innafor forureiningsområdet har departementet delteke aktivt i Kommisjonens arbeidsgrupper i medhald av EØS-avtala for å påverke nye rettsreglar som blir utarbeidde. Det er lagt til rette for ein brei nasjonal prosess, gjennom tidleg varsling av nytt regelverk og informasjon til allmenta på Internett. Det er etablert ei EU/EØS-referansegruppe om miljødialogen med næringslivet, partane i arbeidslivet, forskingsinstitusjonar og frivillige organisasjonar.

Departementet har òg medverka til å utvikle ein database med notat om EØS-saker (EØS-notatbasen), som på sikt er tenkt opna for allmenta.

Departementet har halde uformelle kontaktar med sentrale aktørar i EU-kommisjonen, Europaparlamentet og EU-medlemslanda omkring saker som er viktige for oss (klimaområdet og kjemikaliepolitikken).

*Arbeidsmål 1.2. Sikre at relevante og akseptable EU-rettsakter blir gjennomførte ope og effektivt i det norske lovverket.*

Ei rekkje rettsakter på miljøområdet er innlemma i EØS-avtala i 2005. Det er, i denne samanhengen, lagt stor vekt på å sikre ei rask og effektiv gjennomføring i norsk lovverk av EU-rettsakter som blir sett på som relevante og akseptable.

*Arbeidsmål 2.1. Medverke til oppfølging av strategien for berekraftig utvikling i Norden og handlingsprogrammet for det nordiske miljøsamarbeidet 2005-2008.*

Departementet har medverka til oppfølging av det nordiske miljøhandlingsprogrammet 2005-2008, som er miljøsektorens oppfølging av den nordiske strategien for berekraftig utvikling.

*Arbeidsmål 2.2. Gjennomføre norsk formannskap i Nordisk Ministerråd med særleg fokus på miljøproblema i Arktis og lokaldemokrati og medverknad i miljø- og berekraftsarbeidet.*

Nytt arbeidsmål i 2006.

*Arbeidsmål 2.3. Arbeide for at OECD integrerer miljøomsyn i arbeidet sitt og utarbeider analysar og retningslinjer som kan fremje ei berekraftig utvikling.*

Berekraftig utvikling er nedfelt som ei sentral målsetjing for heile OECD-området.

OECD har vedteke ein miljøvernstrategi for perioden 2000-2010 som gir målsetjingar for miljøpolitikken i OECD-landa og nasjonale tiltak for å nå desse. Dei fem overordna målsetjingane er: å halde oppe integriteten i økosystema (f.eks. i klimapolitikken), kople økonomisk vekst vekk frå forverring av miljøet, bruke indikatorar til å måle framsteg og betre grunnlaget for avgjersler, betra livskvalitet, og styrkt internasjonal miljøstyring og samarbeid. På eit høgnivåmøte våren 2005 var eit hovudtema kostnadene ved ikkje å følgje opp målsetjingane i miljøstrategien.

*Arbeidsmål 2.4. Arbeide for at Kommisjonen for berekraftig utvikling (CSD) medverkar til oppfylling av tusenårsmåla og målsetjingane frå Johannesburg-toppmøtet, med spesielt fokus på miljøaspekta.*

CSD13 (april 2005) gav dei tre tema vatn, sanitær og busetnad eit internasjonalt løft, og sett frå miljøsida er sluttdokumentet positivt. Det går blant anna lenger i å anerkjenne økosystemas betydning for vassressursforvaltning, vassforsyning og sanitær enn tekstane frå Johannesburg-møtet (2002). Det sivile samfunnet var godt integrert i møtet.

Vatn og sanitær har ingen institusjonell «heim» i FN. Det vart semje om ei mellomstatleg oppfølging av vatn og sanitærmåla i CSD i 2008 og 2012. Dette er positivt for å kunne halde oppe presset på måloppnåing og bruk av ressursar på desse områda. For miljøsida er dette ikkje minst viktig med omsyn til målet om integrert vassressursforvaltning.

I perioden 2005-2007 vil klima, energi, industri og luftforureining vere hovudtema for CSD. Dette gir høve til auka merksemd omkring den sentrale utfordringa det er å få til ei energi- og industriutvikling som er mest mogleg berekraftig på globalt nivå. Berekraftig produksjon og forbruk er i tillegg eit gjennomgåande tema i CSD og vil framleis vere eit viktig område for miljøforvaltninga.

*Arbeidsmål 2.5. Fortsetje arbeidet for å styrkje UNEP politisk og finansielt gjennom oppgradering av UNEP til særorganisasjon på sikt. Få etablert ein styrkt vitskapskapasitet i UNEP og universelt medlemskap i UNEPs styre. Bidra til å operasjonalisere Bali-planen for kapasitetsbygging og teknologioverføring.*

FNs miljøvernprogram UNEP har sentrale funksjonar for overvaking og analyse og tek initiativ til forhandlingsprosessar om miljøvernavtaler. Noreg legg vekt på å styrkje UNEPs rolle som sentral autoritet og premissleverandør i globalt miljøarbeid, og ønskjer at UNEP på sikt skal omdannast til ein særorganisasjon under FN.

Styremøtet i februar 2005 vedtok Bali-strategien for kapasitetsbygging og teknologioverføring som gir UNEP eit grunnlag for å jobbe meir systematisk med gjennomføring av miljømål på landnivå. Dette bringar også IEG-arbeidet (International Environmental Governance) eit steg vidare og vil blir følgt opp bl.a. i debatten rundt organiseringa av den internasjonale miljøforvaltninga. Vidare vil styrking av vitskapskapasiteten og tilstrekkeleg og stabil finansiering vere viktig tema framover.

Miljøverndepartementet er involvert i arbeidet med neste utgåve av UNEPs store 5-årlege rapport, Global Environment Outlook (GEO-4).

Departementet deltek i styringa av det globale miljøfondet (GEF), og har eit særskilt ansvar for å fremje effektivt samvirke mellom GEF og konvensjonane. Viktige oppgåver det næraste året er påfyllingsforhandlingane for GEFs fond samt utvikling av prosjektporteføljen på miljøgifter og farleg avfall.

*Arbeidsmål 3.1. Arbeide for at miljøkonsekvensar blir vurderte og miljøomsyn integrerte i handelsforhandlingane og i handelsregelverka.*

I forhandlingsrunden i Verdas Handelsorganisasjon (WTO) er miljø eit eige forhandlingstema, under dette forholdet mellom WTO-regelverket og miljøvernavtalene, og det er eit omsyn som skal integrerast i alle forhandlingsområde. I 2005 har departementet arbeidd og delteke aktivt i forhandlingsgruppa for miljø, og i alliansebygging. Arbeidet i forhandlingsgruppa har vore prega av lita framdrift. Under EFTA 3. landsavtalene har det vore viktig å sikre at reglane ikkje avgrensar nasjonale miljøtiltak og verkemiddel.

*Arbeidsmål 3.2. Arbeide for å integrere omsynet til miljø og berekraftig utvikling i den ordinære verksemda til relevante multilaterale organisasjonar som ikkje har miljø som hovudfokus.*

Verksemda i organisasjonar som FAO, UNDP, Verdsbanken mfl. kan ha betydelege effektar for miljøtilstanden. Eigne miljøsatsingar og konsekvensvurdering av ordinær verksemd vil vere viktige tiltak for at organisasjonane skal bidra til berekraftig utvikling. Noreg har dei seinare åra medverka konstruktivt til arbeidet med eit godt forvaltningsregime for genetiske ressursar i bl.a. FAO. Arbeidet som no er sett i gang med eit globalt sikringslager for landbruksfrø på Svalbard, der Utanriksdepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet er involverte, er ei viktig oppfølging av dette. Noreg bidrar til eit fokus på berekraftig utvikling i Verdsbanken, bl.a. gjennom det norskfinske fondet for miljømessig og sosialt berekraftig utvikling. Generelt vil departementet arbeide for at det er samanheng mellom arbeidet i dei multilaterale organisasjonane og prioriteringane i miljøkonvensjonane.

*Arbeidsmål 4.1. Arbeide for å styrkje samarbeidslandas institusjonelle evne til god miljøforvaltning og gjennomføring av miljøkonvensjonene.*

Nytt arbeidsmål i 2006.

*Arbeidsmål 4.2. Arbeide for gjennomgåande integrering av omsynet til miljø i norsk utviklingspolitikk og samarbeid.*

Miljøverndepartementet har arbeidd med oppfølging av St.meld. nr. 35 på miljøområdet, og gitt innspel til Utanriksdepartementet til revidert miljøstrategi og handlingsplan for miljø i utviklingssamarbeidet. Miljøforvaltinga har òg arbeidd med integrasjon av miljø i utviklingssamarbeidet på prioriterte sektorar, og med å spisse miljøforvaltingas rolle i utviklingssamarbeidet.

*Arbeidsmål 4.3. Vidareutvikle miljøsamarbeidet med Indonesia, Kina og Sør-Afrika.*

I miljøsamarbeidet med Indonesia har det vore arbeidd med kompetansebygging og institusjonsutvikling innan skogforvalting og kystsoneforvaltning. Det vart gjennomført ei evaluering av miljøsamarbeidet i 2004.

I miljøsamarbeidet med Kina er fleire større pilotprosjekt avslutta i 2005. Blant desse er overvaking og måling av effektar av sur nedbør i enkelte større byar, plan for overvaking av forureining i kolprovinsen Shanxi, utvikling av nasjonal klimastrategi, og fremjing av energieffektivisering og kulturminnesamarbeid. Resultata er presenterte i seminar med formål å bidra til utvikling av miljøstyresmaktenes arbeid. Nye fleirårlige program og prosjekt er starta, med vekt på institusjonssamarbeid. Norsk forvaltning er involvert i utvikling av miljøforvaltninga i Guizhou-provinsen, bevaring av biologisk mangfald i og omkring innsjøen Dongting og samarbeid om grønt BNP.

I Sør-Afrika blir det pågåande femårsprogrammet avslutta og avtale for ny programperiode blir utarbeidd. Ei intensjonsavtale om vidare samarbeid vart underteikna mellom miljøvernministrane i februar i år. I 2005 blir ferdigstilt blant anna program for miljøovervaking og utvikling av styresmaktenes kapasitet for å handtere luftforureining i hamnebyen Durban, utviklinga av regelverk for konsekvensanalysar og etablering av sentralt miljøinformasjonssystem.

*Arbeidsmål 4.4. Utvikle vidare det regionale miljøsamarbeidet i Europa, innan FNs økonomiske kommisjon for Europa med spesiell vekt på EECCA-strategien (Eastern Europe, Caucasus and Central Asia).*

Miljøverndepartementet har i samarbeid med Utanriksdepartementet følgt opp arbeidet med miljøstrategien for EECCA-landa bl.a. ved å støtte fleire vassprosjekt i regionen, særleg i Sentral-Asia. Det gjeld blant anna ein integrert vassressursplan i Kasakhstan og eit anlegg for drikkevatn i Tadsjikistan. Ein støttar også fleire tiltak for å bevare biologisk mangfald, bl.a. eit prosjekt i grenseområdet mellom Georgia og Aserbajdsjan for å bevare særskilt verdifull skog.

*Arbeidsmål 4.5. Medverke til miljøsamarbeid med dei nye medlemslanda i EU i samband med dei nye EØS-finansieringsordningane.*

Miljø er eit av satsingsområda i dei nye EØS-finansieringsordningane. Miljøverndepartementet har etablert uformell kontakt med miljøforvaltninga i mottakarlanda om miljøinnhaldet i avtalane og om mogleg prosjektsamarbeid.

#### Verkemiddel

Resultatområde 8 – under områda internasjonalt miljøvernsamarbeid blir hovudsakleg finansiert over kap. 1400 og 1410. Midlar til arbeidet innafor EECCA-landa, bistand og støtte til u-lands-deltaking på viktige miljømøte blir betalt av Utanriksdepartementet.

På *EU/EØS-området* er møte med EU-formannskap og med sentrale EU-land, Nordisk Ministerråd og nordiske «frukostmøte» i framkant av miljøvernministermøta i EU dei sentrale verkemidla på politisk plan.

Noreg deltek òg i EU-møte på departementsrådsnivå (EPRG) og i meir enn 50 ekspertgrupper på miljøområdet for å påverke utforming av EUs miljøpolitikk.

For Noreg er det *nordiske samarbeidet* særleg viktig både på politisk nivå, embetsmanns- og ekspertplan for å få betre gjennomslag i miljøarbeidet i EU, i internasjonale organisasjonar og internasjonalt miljøsamarbeid. På sentrale område som hav, vatn og kjemikaliar har Noreg gjennom det tette ekspertsamarbeidet i nordisk regi fått høve til å påverke det internasjonale regelverket i ei grad som ville ha vore vanskeleg for Noreg aleine. Under vårt formannskap i Nordisk Ministerråd i 2006 er dette område som vi vil ha spesiell fokus på i tillegg til arktis og lokaldemokrati og medverking i miljø- og berekraftarbeidet.

Det vidare arbeidet i OECD med fråkopling av miljøpåverknad frå økonomisk vekst er viktig for Noreg. Noreg vil bidra i arbeidet med utvikling av ein strategisk visjon for OECDs miljøprogram gjennom aktiv deltaking i OECDs miljøkomité og organisasjonens arbeidsgrupper.

Departementet vil delta aktivt i forhold til forhandlingsmøte i WTO, for å få til ei forhandlingsløysing som sikrar fleksibilitet for verkemiddelbruk i miljøvernpolitikken, og fortsett sidestilling mellom miljøvernavtalene og WTO-regelverket. I arbeidet med EFTAs 3. landsavtaler vil det gjennom deltaking i interdepartementale arbeidsgrupper bli arbeidd for å sikre rom for nasjonal verkemiddelbruk innan miljøpolitikken og at avtalene bidrar til berekraftig utvikling. Regjeringa vil arbeide for styrkt miljøintegrasjon i Verdsbanken, UNESCO, UNDP, FAO, WHO og andre, gjennom styrande organ og andre former for samarbeid.

Regjeringa vil følgje opp arbeidet med ei FN-reform på miljøområdet. Ein vil særleg leggje vekt på å utvikle mekanismar som sikrar FN ei meir effektiv og heilskapleg tilnærming til miljøvern, bl.a. gjennom vidare å styrkje UNEPs rolle som sentral FN-autoritet innan miljøspørsmål. Deltaking i UNEPs Governing Council og norsk miljøråd i Nairobi er òg viktige verkemiddel.

Regjeringa vil fortsetje å arbeide for eit meir handlingsretta CSD (Kommisjonen for berekraftig utvikling) der landa, internasjonale organisasjonar og det sivile samfunnet samarbeider om oppfølging av berekraftig utvikling og FNs tusenårsmål.

*Det globale miljøfondet* (GEF) finansierer dei globale miljøavtalene. GEF vart oppretta for å dekkje tilleggskostnadene ved tiltak som gir globale miljøfordelar innafor områda vern av biologisk mangfald, klima, ozon, internasjonale vasspørsmål, miljøgifter, ørkenspreiing og avskoging. Ut frå departementet sitt hovudansvar for dei globale miljøkonvensjonane deltek vi aktivt saman med Utanriksdepartementet i GEFs styrearbeid å søkje å sikre best mogleg samverknad mellom konvensjonane og finansieringsmekanismen.

*Miljøbistand* er eit sentralt verkemiddel for å støtte opp om utviklingslanda når det gjeld å gjennomføre nasjonale og internasjonale miljøforpliktingar og til å følgje opp målet om betydeleg reduksjon i tap av biologisk mangfald innan 2010, tusenårsmåla og handlingsplanen frå Johannesburg.

Miljøverndepartementet vil bistå Utanriksdepartementet med sluttføring og iverksetjing av revidert miljøstrategi og handlingsplan for miljø i utviklingssamarbeidet. Ei betre forvaltning av miljø og biologisk mangfald i utviklingsland vil førebyggje og avgrense naturkatastrofar, miljøskadar og konfliktar som rammer dei fattigaste hardast. Departementet vil arbeide for at samarbeidslandas miljøforvaltning tek utgangspunkt i prinsippa for ei økosystembasert forvaltning. Gjennom dei bilaterale miljøavtalene mellom Noreg og respektive Kina, Sør-Afrika og Indonesia har styresmaktene ein open miljødialog blant anna i forhold til iverksetjing av dei internasjonale miljøkonvensjonane. Miljøverndepartementet vil vidareutvikle konvensjonanes potensial som reiskap for å redusere fattigdom. Det vil òg bli lagt vekt på å vise kva økosystemtenester og lokal forvaltning av naturressursane kan bety for å betre levekåra for dei fattigaste. Det blir òg samarbeidd om ei rekkje bilaterale prosjekt der ein vektlegg at prosjekta skal føre til auka kapasitet i miljøforvaltninga i

samarbeidslanda og involvere norsk forvaltning i institusjonssamarbeid.

Miljøsamarbeidet i Indonesia skal knytast tettare opp til strategiske initiativ på ulovleg hogst og eksport av tømmer, og marin- og kystforvaltning. Miljøsamarbeidet med Kina skal leggje vekt på å redusere klimagassar, bevare biologisk mangfald, redusere og forsvarleg handtere miljøgifter, redusere luftforureining, og reint vatn. Det vil òg bli lagt vekt på deltaking frå privat næringsliv og å fremje norsk miljøteknologi. Det er vedteke at miljøvern skal vere eit av hovudområda for samarbeidet med Sør-Afrika dei neste 5 åra. Hovudsakleg vil det vere samarbeid om å redusere forureining, med vekt på avfall, luftforureining og miljøgifter og bevaring av biologisk mangfald. Det vil bli lagt auka vekt på miljøvern i Noregs samarbeid med Zambia. Hovudsakleg vil det vere snakk om økologisk overvaking, institusjonsutvikling og lokal forvaltning av naturressursane.

Ei langsiktig oppbygging av *miljøvernforvaltninga i landa på Balkan og dei såkalla EECCA-landa* (Eastern Europa, Caucasus and Central Asia) er ei viktig oppgåve for å oppnå miljøforbetringar. Hausten 2005 skal ministrane i EECCA-landa og ein del vestlege land møtast i Armenia og vurdere kor langt ein har kome i å oppfylle miljøstrategien for EECCA-landa og målsetjingane for vass- og sanitærtiltak frå toppmøtet i Johannesburg. Dessutan skal ein drøfte korleis privat sektor kan medverke til å finansiere vass- og sanitærprosjekt.

Noreg vil dei neste åra yte store ressursar til dei nye EØS-finansieringsordningane, som skal fremje økonomisk og sosial utvikling i det utvida EU. Tiltak som betrar miljøet er eit prioritert område i ordninga, og Miljøverndepartementet samarbeider aktivt med Utanriksdepartementet om å tilretteleggje ordninga.

## 14.2 Miljøvern i nord- og polarområda

### Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar arbeidet med miljøutfordringane på Svalbard, Jan Mayen, i Barentshavet, i Arktis elles og Antarktis med biland, medrekna det bilaterale samarbeidet med Russland. Det omfattar òg arbeid innafor relevante fora som Arktisk Råd og Barentssamarbeidet. Resultatområdet omfattar i tillegg arbeidet med å førebyggje og redusere utslepp og risiko for framtidige ulykker som kan medføre radioaktiv forureining som kan påverke naturmiljøet.

### Strategiske mål

Noreg skal, gjennom internasjonalt samarbeid, medverke til at miljøsituasjonen blir betra i Noregs nærområde i nord og i den arktiske region. Det overordna målet er å sikre ei berekraftig utvikling i desse områda. Dette inneber at dei store, samanhengande villmarksområda på Svalbard og i Antarktis, saman med kulturminna, skal sikrast mot vesentlege inngrep og påverknader. Svalbard skal framstå som eit av dei best forvalta villmarksområda i verda, og busetjingane skal drivast på ein miljøforsvarleg måte for å sikre miljø og trivsel. Noreg skal arbeide for at dei nordlege havområda blir tekne vare på som nokon av dei reinaste i verda, og bidra til at ressursutnyttinga skjer innafor rammer som sikrar at det biologiske mangfaldet blir teke vare på, blant anna gjennom strenge miljøkrav og høge standardar for all aktivitet i området. Noreg skal bidra til å redusere utslepp og risiko for utslepp av radioaktive stoff som kan føre til forureining av norsk miljø.

### Nasjonale resultatmål, miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Tabell 14.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Miljøvern i nord- og polarområda

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 5. Samarbeidet i Norden, i Noreg sine nærområde og i den arktiske regionen skal medverke til å betre miljøsituasjonen og sikre natur- og kulturminneverdiane i desse områda, og til å redusere og førebyggje grenseoverskridande forureining som kan påverke miljø, helse og næringsverksemd i Noreg. | 5.1. Medverke til å betre miljøsituasjonen i Noregs nærområde i Barentsregionen og i den arktiske regionen. | Aktivitetar som er sette i gang i arbeidsgrupper og program under Arktisk Råd på områda klima, miljøgifter og biologisk mangfald.<br>Omfang av lokalt og regionalt samarbeid.<br>Aktivitetar og prosjekt som er sette i gang under den norskrussiske miljøvern-kommisjonen på områda biologisk mangfald, vern av kulturminne og grensenært samarbeid. |
| 6. Samarbeid skal medverke til å setje styresmakter og næringsliv i Russland betre i stand til å få forsvarleg kontroll over eigne miljøproblem, og til å integrere miljøvernforvaltninga i Russland i internasjonalt og regionalt samarbeid. | 6.1. Fremje miljøinvesteringar i Nordvest-Russland. | Reduksjon i utslepp frå nikkelverket i Petsjenga.<br>Talet på prosjekt i Nordvest-Russland med økonomisk støtte frå NEFCO og NIB og talet på prosjekt med norsk samarbeidspartnar. |
| | 6.2. Styrkje miljøkompetansen i russisk forvaltning og industri. | Økonomisk og miljømessig vinst i bedrifter som har gjennomført Program for Reinare Produksjon.<br>Russisk forvaltnings tilrettelegging for meir berekraftig produksjon og forbruk. |
| 7. Utnytting av ressursane i våre nære arktiske havområde skal ikkje føre til at arter eller bestandar blir truga eller utrydda. Bestandar av arter som i dag er rekna som truga eller på annan måte er negativt påverka av arealbruk, hausting og/eller forureining skal bevarast og om mogleg byggjast opp att. | 7.1. Styrkje samarbeidet om vern og forvaltning av Barentshavet. | Grad av felles problemforståing og felles fagleg tilnærming til miljøutfordringane i Barentshavet.<br>Grad av tilnærming til norske krav til regulering og forureiningskontroll for å beskytte havmiljøet.<br>Russisk tilslutning til OSPAR-standardar. |
| | 7.2. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter på Svalbard. | Bestandsstatus for utvalde arter.<br>Talet på arter som har endra status på raudlista for Svalbard og Jan Mayen. |

Tabell 14.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Miljøvern i nord- og polarområda

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 8. Omfanget av samanhengande villmarksområde på Svalbard skal søkjast oppretthalde. Eit representativt utval av natur på Svalbard skal sikrast mot vesentlege inngrep og påverknad gjennom særskilde vernevedtak. Viktige marine naturverdiar rundt Svalbard skal sikrast. | 8.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprega naturområde utanfor verneområda. | Omfanget av urørt villmark på Svalbard.<br>Fråvær av gjennomgåande «linjeinngrep».<br>Områdevernet sin representativitet og vernestatus.<br>Talet på verneområde der vernevedtektene er oppgraderte.<br>Omfanget av område med vernestatus. |
| 9. Eit representativt utval av kulturminne på Svalbard og Jan Mayen skal søkjast bevart som eit vitskapeleg kjeldemateriale og eit grunnlag for opplevingar for framtidige generasjonar. Tapet av kulturminne som følgje av menneskeleg verksemd skal i gjennomsnitt ikkje overstige 0,1 pst. årleg. | 9.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet. | Talet på og omfang av registrerte kulturminne og kulturmiljø.<br>Gjennomsnittleg årleg tap av kulturminne i pst.<br>Gjennomføring av tiltak i medhald av kulturminneplanen for Svalbard og miljøhandlingsplanen for Jan Mayen innan 2006. |
| 10. Transport og ferdsel på Svalbard skal ikkje medføre vesentlege eller varige skadar på vegetasjonen eller forstyrre dyrelivet. Høvet til å oppleve naturen uforstyrra av motorisert ferdsel skal sikrast òg i område som er lett tilgjengelege frå busetnadene. | 10.1. Styre ferdsla på Svalbard. | Omfanget av motorisert ferdsel på Svalbard.<br>Geografisk utstrekning av snøskuterfrie område.<br>Ferdselsslitasje i utvalde område. |
| 11. Samarbeid med russiske styresmakter skal bidra til å redusere risikoen for radioaktiv forureining av norske land- og sjøområde for å unngå moglege konsekvensar for helse, miljø og næringsverksemd. | 11.1. Redusere faren for radioaktiv forureining av miljøet frå avfallslager, nukleære anlegg og transport av radioaktivt materiale i Noregs nærområde. | Gjennomførte felles norskrussiske seminar/kurs om utgreiing av miljøkonsekvensar.<br>Gjennomførte tryggingstiltak.<br>Atomtryggleiks- og avfallssituasjonen i Nordvest-Russland.<br>Status og planar for transport av radioaktivt materiale langs norskekysten. |
| 12. Utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder skal avgrensast til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet. | 12.1. Arbeide for reduksjon og stans i utsleppa gjennom kontaktar med involverte land og samarbeid innafor relevante internasjonale fora. | Resultat frå overvakingsprogrammet. |
| | 12.2. Arbeide for reduksjon av utslepp av produsert vatn frå oljesektoren. | Resultat av prosessen rundt oljeselskapas søknader til Statens strålevern om utsleppsløyve. |

Tabell 14.2 Mål- og indikatortabell for resultatområde 8 underområde Miljøvern i nord- og polarområda

| Nasjonale mål | Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|---|
| 13. Tiltak skal gjennomførast der historisk forureining er identifisert, slik at inga folkegruppe overskrir anbefalte stråledosegrenser som følgje av konsum av naturprodukt eller ved opphald i friområde. | 13.1. Kartlegge kjeldene og redusere utsleppa til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet. | Samla utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder. |

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 5.1. Medverke til å betre miljøsituasjonen i Noregs nærområde i Barentsregionen og i den arktiske regionen.*

Noreg deltok aktivt i Arktisk Råd, og vil overta formannskapet etter Russland i 2006. Ein viktig rapport, «Arctic Climate Impact Assessment» (ACIA-rapporten) vart lagt fram under ministermøtet i Island i november 2004. Noreg finansierer storparten av sekretariatet til Arktisk Råds miljøovervakingsprogram (AMAP) og bidrar aktivt i overvakingsprosjekta under dette programmet. Noreg deltek òg i prosjektsamarbeidet under ACAP (Action Plan to Eliminate Pollution in the Arctic) som har som hovudmål å redusere faren for forureining av miljøgifter i Arktis. Noreg er ein viktig pådrivar og bidragsytar til eit større prosjekt i Russland under Arktisk råds program for bevaring av arktisk flora og fauna (CAFF), knytt til økosystemtilnærming og bevaring av biologisk mangfald i det nordlege Russland (ECORA). Hovudfinansieringa kjem her frå Den globale miljøfasiliteten (GEF), men det er òg store bidrag frå Noreg og nokre andre arktiske land.

Saman med lokalt og regionalt miljøvernsamarbeid i Barentsregionen utgjer arbeidet under den bilaterale miljøvernkommisjonen det viktigaste bidraget frå norsk side til Barentssamarbeidet på miljøområdet (jf. arbeidsmål 6). Etter det 11. møtet i Den norskrussiske miljøvernkommisjon står havmiljøsamarbeidet fram som det høgst prioriterte, jf. Omtale av arbeidsmål 7.1 nedanfor. Andre sentrale samarbeidsområde er det grensenære miljøsamarbeidet, vern av biologisk mangfald og natur- og kulturforvaltning i Kenozero nasjonalpark. Programmet Reinare Produksjon og samarbeid på klima- og energiområdet er òg høgt prioritert. Det regionale miljøvernsamarbeidet mellom Finnmark fylke og Murmansk fylke rapporterer òg til miljøvernkommisjonen. Vidare er det eit nordisk samarbeid om prosjekt knytte til vern av område i Barentsregionen. Det blir lagt stor vekt på å stimulere og styrkje det regionale og lokale folk til folksamarbeidet, under dette samarbeid mellom urfolk.

Arbeidet med oppfølginga av den nordiske handlingsplanen for vern av natur- og kulturminne i Arktis (Grønland, Island og Svalbard) er vidareført. Fleire prosjekt vart avslutta i 2004 og resultata er blitt gjort kjent gjennom rapportar og via Internett. I alt er 10 prosjekt sett i gang og alle vil vere avslutta i løpet av 2005.

*Arbeidsmål 6.1. Fremje miljøinvesteringar i Nordvest-Russland.*

Moderniseringsprosjektet for nikkelverket kom i gang i 2002. Prosjektet har blitt seinka med om lag 2 år i forhold til ferdigstilling som tidlegare var planlagt innan utgangen av 2006. I følgje NIB vil ikkje dette påverke utsleppsreduksjonane. Når moderniseringa er fullført i 2008 vil utsleppa av $SO_2$ og tungmetall til luft vere reduserte med minst 90 pst.

Nordic Environmental Finance Corporation (NEFCO) er ein sentral samarbeidspartnar når det gjeld miljøprosjekt i Nordens nærområde, og har medverka til fleire miljøprosjekt i Russland og land rundt Austersjøen, bl.a. energiøkonomisering, overgang til bioenergi, og innsamling og destruksjon av miljøgifta PCB. Norske konsulentar og bedrifter medverkar i fleire av desse prosjekta.

*Arbeidsmål 6.2. Styrkje miljøkompetansen i russisk forvaltning og industri.*

Dei fleste store industrikombinata i Barentsregionen har delteke i program for Reinare Produksjon. Fleire investeringsprosjekt blir førte vidare under NEFCO-fondet for reinare produksjon. Opplæring etter miljøsertifiseringssystemet ISO 14001 med sikte på sertifisering er vidareført ved to bedrifter. I denne perioden har meir enn 1600 ingeniørar i over 500 bedrifter i Nordvest-Russland fått opplæring i rein produksjon, miljøleiing og bedriftsøkonomi. Dette vart bl.a. markert under ein internasjo-

nal konferanse i Moskva om reinare produksjon som verkemiddel for å fremje berekraftig utvikling. Under konferansen dokumenterte ei rekkje bedrifter som har gjennomført programmet betydeleg miljø- og økonomiske gevinstar, og oppfordra russiske styresmakter til å bidra til å spreie programmet til andre delar av Russland.

*Arbeidsmål 7.1. Styrkje samarbeidet om vern og forvaltning av Barentshavet.*

For Barentshavet vil framtidig utvikling når det gjeld utnytting av naturressursar i russisk farvatn og på russisk sokkel vere viktig. Transporten av oljeprodukt frå russisk side langs norskekysten har auka betydeleg frå våren 2002 og har dei siste par åra halde seg på ca. 25 transportar pr. månad. Gjennomsnittleg lastemengd pr. fartøy aukar. Denne transporten kjem frå produksjonen på land. Samtidig skjer det ein auke i olje- og gassleiting på russisk sokkel, mens produksjon på norsk sokkel frå Snøkvit-feltet snart er i gang. Det norskrussiske miljøvernsamarbeidet blir nytta som ein kanal til å skaffe og kvalitetssikre russiske data til bruk i arbeidet med den heilskaplege forvaltningsplanen for norsk del av Barentshavet, jf. verkemiddelomtalen under resultatområde 4. I den nye havmiljøgruppa under Den norskrussiske miljøvernkommisjonen vil det bli lagt hovudvekt på samarbeid om fagleg grunnlag for forvaltning av Barentshavet, miljøovervaking og miljødatasamarbeid, vern og forvaltning av biologisk mangfald og regulering og forureiningskontroll.

*Arbeidsmål 7.2. Avgrense den menneskelege påverknaden på bestandsutviklinga hos utvalde arter på Svalbard.*

Det er ikkje påvist at den svært avgrensa haustinga av svalbardrein, polarrev og svalbardrype påverkar bestandane. Bestandane av kvitkinngås, kortnebbgås og ringgås har auka i tal sidan 1980, men har no flata ut for kvitkinn- og kortnebbgås. Bestanden av ringgås er svært liten i forhold til det ein meiner den var for 50-100 år sidan, og det er usikkert om den er levedyktig.

Svalbardrøye er frå tidlegare kraftig nedfiska i fleire av vassdraga på Svalbard, og det er dokumentert at også dagens garnfiske har negativ påverknad på bestandsstrukturen i enkelte vassdrag. Det er i 2005 teke initiativ til å vurdere ytterlegare tiltak for å hindre at fiske påverkar bestandane av svalbardrøye negativt.

Transporten av fleire forureiningsstoff gjennom luft til Svalbard synest å vere redusert dei seinare åra, og det er påvist nedgang i svoveldioksid- og sulfatkonsentrasjonane. Dette speglar godt reduksjonen i utslepp i Europa. Det er grunn til å tru at tolegrensa no blir overskriden på mindre enn 5 pst. av det isfrie landarealet på øygruppa.

PCB målt i luft i Ny-Ålesund er redusert eller har vore konstant dei 5-10 siste åra. Tendensen samsvarer godt med det ein elles finn i Arktis. Undersøkingar viser likevel at PCB-nivået i arter som isbjørn, sel og polarmåse ved Svalbard framleis er blant dei høgste i Arktis. Miljøgifta deka-BDE, som er ein av rundt 70 bromerte flammehemmarar, er no funne i isbjørn og polarmåse i Arktis. Funna er oppsiktsvekkande fordi ein ikkje har trudd at stoffet kunne langtransporterast.

*Arbeidsmål 8.1. Styrkje områdevernet på Svalbard og bevare omfanget av villmarksprega naturområde utanfor verneområda.*

I 2005 vart Widjefjorden nasjonalpark oppretta. Med dette er Stortingets føresetnader oppnådd, nemlig å sikre at alle kjende naturtypar skal være representert innanfor verneområda på Svalbard. Dei nye verneområda omfattar til saman 5194 km2, eller 9 pst. av øygruppas areal.

*Arbeidsmål 9.1. Avgrense menneskelege skadeverknader på og bevare kulturminne og kulturmiljøet.*

Det er gjennomført tiltak for å bevare kulturminne som stod i fare for å bli øydelagde bl.a. på grunn av aukande ferdsel. Det er òg sett i verk utvida vern av enkelte kulturminne som er sterkt utsette for slitasje.

Det vart i 2005 utarbeidd ei oversikt over område med kulturminne der det skal innførast restriksjonar på ferdsel for å hindre negativ påverknad.

*Arbeidsmål 10.1. Styre ferdsla på Svalbard.*

Styresmaktene vil følje nøye med når det gjeld turisttrafikken som spreier seg til stadig nye område, for å sikre at det ikkje medfører skade på naturen og kulturminna. Styresmaktene vil òg følgje nøye med når det gjeld motorisert ferdsel slik at dette ikkje skadar naturen og øydelegg tilgangen til uforstyrra naturopplevingar for andre.

Ferdsla blir regulert gjennom ei eiga forskrift slik at den ikkje reduserer omfanget og kvaliteten på villmarksområda. Det er òg lagt vekt på å sikre at ferdsel i dei villmarksprega områda i dag ikkje øydelegg eller reduserer kulturminna på lengre sikt. Det er sett i gang overvaking av den motoriserte ferdsla.

Det vart i 2005 utarbeidd forslag til verkemiddel for betre styring av ferdsla på Svalbard knytt til turismen og cruiseturismen spesielt.

*Arbeidsmål 11.1. Redusere faren for radioaktiv forureining av miljøet frå avfallslager, nukleære anlegg og transport av radioaktivt materiale i Noregs nærområde.*

Noreg har dei seinaste åra vektlagt samarbeid med og støtte til russiske tilsynsstyresmakter i arbeidet med radioaktivitet i Nordvest-Russland. Noreg legg vekt på at miljøkonsekvensvurderingar må vere gjennomførte før ulike tiltak blir sette i verk, og at arbeidet blir planlagt på ei slik måte at risikoen for ulykker blir så liten som råd er. I samband med fjerning av brukt brensel frå ubåtar og dei marine basane er det viktig å vurdere korleis dette brenselet blir teke hand om i etterkant, og kva for utslepp dette medfører ved behandling i Majak. Noreg har teke initiativ til ei nærare undersøking rundt dette, men det har så langt ikkje vore råd å få til dette.

Det har vore stor internasjonal interesse rundt samarbeidet mellom norske og russiske styresmakter. Noreg var i 2004 med på å arrangere eit NATO-seminar som fokuserte på miljøkonsekvensvurderingar i samband med opprydningstiltak. I etterkant har land som Storbritannia, Canada og Frankrike ønskt å bidra i det norskrussiske styresmaktsamarbeidet.

Eit norsk forslag til overvakingsprogram for radioaktivitet i nordlege havområde er utarbeidd og godt motteke av russiske ekspertar. Gjennom utveksling av måledata, samarbeid om analysar og kvalitetssikring og gjennomføring av felles feltarbeid på både norsk og russisk side, skal ein sikre seg betre informasjon om radioaktiv forureining i dei nordlege havområda. Samarbeidet skal òg medverke til auka kunnskap om tilstanden til dumpa eller sokne ubåtar og reaktorar med kjernebrensel i desse områda.

Initiativ om mogleg transport av kjernebrensel og radioaktivt avfall mellom europeiske reprosesseringsanlegg og kjernekraftverk i Japan via den nordlege sjøruta og norske farvatn blir følgde nøye. Noreg vil arbeide for at det internasjonale regelverket om transport av radioaktivt avfall blir styrkt.

*Arbeidsmål 12.1. Arbeide for reduksjon og stans i utsleppa gjennom kontaktar med involverte land og samarbeid innafor relevante internasjonale fora.*

Samarbeidsregjeringa gav høy prioritet til å få redusert utsleppa frå reprosesseringsanlegget i Sellafield, og i april 2004 vedtok britane å redusere sine technetium-99-utslepp frå Sellafield-anlegget med 90 pst., noko som er i tråd med krav frå både Noreg, dei andre nordiske landa og Irland.

Ved Sellafield er det lagra store mengder flytande radioaktivt material som òg kan forureine norske område om det skulle skje ei ulykke ved anlegget. Lekkasjen av høgaktivt material som vart oppdaga i april 2005 førde ikkje til forureining av miljøet, men gir grunn til bekymring for tryggleiken, og er ei påminning om den risikoen anlegga i Sellafield representerer. Regjeringa har derfor teke til orde for styrkt uavhengig kontroll og inspeksjon av anlegget, og har foreslått ein revisjon av den avtalen Noreg har med Storbritannia om varsling av atomulykker, slik at den òg femner slike hendingar som denne lekkasjen. Regjeringa vil òg fortsetje sitt aktive arbeid innafor OSPAR med desse spørsmåla.

*Arbeidsmål 12.2. Arbeide for reduksjon av utslepp av produsert vatn frå oljesektoren.*

Nytt arbeidsmål i 2006.

*Arbeidsmål 13.1. Kartleggje kjeldene og redusere utsleppa til nivå som ikkje påverkar naturmiljøet.*

Gjennom det nasjonale overvakingsprogrammet for radioaktiv forureining vil norske styresmakter halde seg fortløpande orienterte om den radioaktive forureininga av norske land- og sjøområde. I tillegg til forureining utanfrå, omfattar programmet samtidig utslepp av radioaktive stoff frå nasjonale kjelder. Dette arbeidet har så langt vore fokusert på utslepp frå dei nukleære anlegga i Halden og på Kjeller, og bruk av opne radioaktive kjelder ved sjukehus, oljeindustri og forskingsaktivitetar. Overvakingsprogrammet vil bli ført vidare i 2006. Utsleppa av naturleg førekommande radioaktive stoff oppløyst i produsert vatn frå norsk sokkel vart nylig kartlagt. Utsleppa er lågare enn tidlegare overslag gitt i EU-rapporten frå MARINA II-studien, men representerer likevel ei betydeleg kjelde i det marine miljø. Modellsimulering av utslepp frå norsk sektor indikerer at utslepp av produsert vatn må reduserast for å oppfylle OSPAR-strategien for radioaktivitet. Noreg skal frå 2005, saman med bl.a. Storbritannia og Nederland, rapportere utslepp frå denne sektoren til OSPAR.

### Verkemiddel

Finansieringa av resultatområde 8, underområde miljøvern i nord og polarområda, blir dekt over Norsk Polarinstitutts budsjettramme, jf. kap. 1471

og kap. 1472 – Svalbards miljøvernfond. Kap. 1400 inneheld òg budsjettmidlar som skal medverke til finansieringa av dette resultatområdet i 2006, blant anna blir det gitt tilskot til sekretariatsutgifter til «Artic Monitoring and Assessment program» (AMAP). Radioaktiv forureining er i hovudsak dekt over kap. 1410 og dekkjer bl.a. vidareføring av overvakingsprogrammet for radioaktivitet langs norskekysten og eit terrestrisk overvakingsprogram. Midlar til prosjektsamarbeid med Russland kjem frå kap. 0197 post 70 – Tilskot til atomtryggleikstiltak og samarbeidsprogrammet med Sentral- og Aust-Europa over Utanriksdepartementets budsjett.

Prosjektsamarbeidet med Russland, støtte til NEFCOs miljøutviklingsfond, til prosjekt under Arktisk råd og til NGO-samarbeidet med Russland blir finansiert over Utanriksdepartementets budsjett. Årleg løyving til NEFCOs grunnkapital er delt mellom Miljøverndepartementet (73 pst.) og Utanriksdepartementet (27 pst.). Noreg stiller til rådvelde eit tilskot på inntil 270 mill. kroner til moderniseringsprosjektet for nikkelverket i Petsjenga. Tilskotet blir administrert av Nordisk Investeringsbank, NIB. Norilsk Nikel låner tilsvarande beløp av NIB og medverkar med resterande 1/3 i eigenkapital. Sverige medverkar med 3 mill. USD i tilskot. Det er avtalt å samarbeide med miljøvernforvaltninga i Russland om overvaking av miljøverknadene av prosjektet.

Miljøvernavtala og prosjektmidlane frå UD er viktige verkemiddel i miljøvernsamarbeidet med Russland. Arbeidet er leia av ein bilateral kommisjon på politisk nivå. Den nyetablerte havmiljøgruppa under Den norskrussiske miljøvernkommisjonen blir eit viktig verkemiddel for samarbeidet om miljøutviklinga i Barentshavet. Informasjonsformidling i og om nordområda er eit viktig verkemiddel der Svanhovd miljøsenter har ei sentral rolle.

Eit viktig verkemiddel for miljøvernforvaltninga på Svalbard er den nye miljøvernlova med tilhøyrande forskrifter som tok til å gjelde 1. juli 2002. Lova set klare rammer for all verksemd på øygruppa, og gir eit godt grunnlag for eit omfattande vern av natur og kulturminne på Svalbard, samtidig som det innafor ramma av lova er gitt rom for miljøforsvarleg busetjing, forsking og næringsdrift.

Svalbardmiljølova føreset oppretting av Svalbards miljøvernfond som ein tek sikte på å etablere i 2006. Fondet skal medverke til å sikre at Svalbards særprega villmarksnatur blir verna som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping. Fondet vil i utgangspunktet vere sett saman av midlar frå eit gebyr for tilreisande til Svalbard og av midlar innkravde gjennom eit gebyr for kort og felling i samband med hausting. Vidare vil flora og fauna som er handtert i strid med lova, eller verdien av dette, miljøerstatning fastsett av Sysselmannen og tvangsmulkt tilfalle fondet. Midlane skal brukast til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard, bl.a. kartlegging, overvaking og gjenoppretting av miljøtilstanden, skjøtsel og informasjons- og opplæringstiltak.

Svalbardmiljølova har ein heimel til å gi forskrift om at den som besøker Svalbard skal betale eit gebyr der midlane skal gå inn i Svalbard miljøvernfond. Gebyret skal ikkje påleggjast fastbuande på Svalbard. Departementet gjer framlegg om eit gebyr på kr 150 pr. person pr. innreise som vil gi om lag 6 mill. kroner i inntekter til fondet årleg utan at administrasjonskostnader er trekte frå. Departementet tek sikte på at ei forskrift blir vedteken i løpet av 2005, slik at gebyrordninga kan ta til å gjelde frå 1. januar 2006.

Svalbardmiljølova set krav om jakt- og fiskekort for å kunne hauste på Svalbard, og gir departementet heimel til i forskrift å fastsetje gebyr for jakt-, fangst- og fiskekort, for gebyr til felling av svalbardrein og gebyr for teoretisk eksamen i samband med jegerprøva. Krav om betaling av gebyr vart fastsett i forskrift om hausting på Svalbard 24. juni 2002 nr. 712. Gebyra vil gå inn i Svalbard miljøvernfond, og vil gi om lag kr 100 000 i inntekter til fondet årleg. Departementet tek sikte på å vedta ei forskrift som fastset satsane for gebyr slik at gebyrordningane kan ta til å gjelde 1. januar 2006.

Departementet vil oppnemne eit styre for Svalbards miljøvernfond som skal fatte vedtak om tildeling av midlar innafor ramma av svalbardmiljølova. Vedtekter og retningslinjer for disponering av fondet sine midlar vil bli fastsette av departementet.

Andre verkemiddel som er tekne i bruk er velordna registrering og overvaking av sentrale miljøkomponentar og aktive vernetiltak gjennom bl.a. Miljøovervakingsprogrammet for Svalbard og Jan Mayen (MOSJ).

Eit godt kunnskapsgrunnlag basert på forsking er ein føresetnad for at Noreg skal kunne forvalte sine polare territorium på ein økologisk forsvarleg måte. Norsk polarforsking av høg internasjonal kvalitet er òg ein føresetnad for at Noreg skal kunne spele ei aktiv rolle i den vidare utviklinga av det internasjonale forskings- og miljøvernsamarbeidet i polarområda. Det blir henta inn viktig ny kunnskap gjennom forsking i regi av Norsk Polarinstitutt, andre forskingsmiljø og Noregs Forskingsråd.

Eit internasjonalt samarbeid for forvaltning av miljøet på Svalbard, knytt bl.a. til å verne trekkjande arter og hindre langtransportert forureining, er òg eit viktig verkemiddel.

Det blir kontinuerleg samla inn store mengder data om våre hav- og kystnære område i nord. Samtidig aukar behovet for miljøovervaking og kriseberedskap i samband med ulykker.

Informasjon er òg eit viktig verkemiddel for å spreie kunnskap om Regjeringas miljøpolitikk for Svalbard.

Gjennom ei samarbeidsavtale mellom Miljøverndepartementet og Sosial- og helsedepartementet (nå Helse- og omsorgsdepartementet) ved Statens strålevern, vart Strålevernet i 1999 formelt faginstans for Miljøverndepartementet på området radioaktiv forureining av miljøet. Avtala blir fornya hausten 2005. Dette sikrar at Miljøverndepartementets noverande og framtidige plikter på dette området vil bli ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Det behovet Miljøverndepartementet har for slik ekspertise vil truleg auke i åra framover bl.a. som følgje av auka fokus på utsleppa frå oljeindustrien og planar om transport av radioaktivt avfall i eller i nærleiken av norske farvatn. Det er òg generelt aukande internasjonalt fokus på vern av miljøet mot radioaktiv forureining. Det blir arbeidd aktivt med nye kriterium for utslepp og det er aukande satsing på forsking i moglege effektar på naturmiljøet som følgje av eksponering frå radioaktive stoff.

Informasjonsberedskap er svært viktig når det gjeld radioaktiv forureining. Statens strålevern har som faginstans på området hovudansvaret for informasjonsarbeidet.

Miljøforvaltninga i Antarktis har blitt styrkt ved at det er blitt fastsett eit Annex til miljøprotokollen under Antarktis-traktaten som regulerer ansvaret for miljøskade i Antarktis. I tillegg til å regulere eit generelt erstatningsansvar etablerer Annexet reglar om erstatning for ikkjeøkonomisk tap, og etablering av eit miljøfond.

# 15 Resultatområde 9: Regional planlegging

### Definisjon og avgrensing

Programområdet omfattar planlegging og utgreiing etter føresegnene om planlegging og konsekvensutgreiing i plan- og bygningslova. Verksemda er kjenneteikna av at planlegginga skal vere eit sentralt verkemiddel for å fremje og sikre den utviklinga som kommunane og fylka ønskjer, både fysisk og økonomisk, sosialt og kulturelt. Samtidig skal planlegginga ivareta dei nasjonale og regionale interessene som bl.a. ligg i å sikre ei berekraftig arealforvaltning. Planlegginga må derfor vere sektorovergripande. Ansvaret for planlegginga ligg i hovudsak til kommunestyra og fylkestinga, men skal skje i nært samråd med statlege fagstyresmakter, organisasjonar, næringsliv og innbyggjarar. Miljøverndepartementet er statleg planstyresmakt etter lova og har som oppgåve, i samarbeid med andre departement, å utvikle og formidle nasjonale mål for planlegginga i fylke og kommunar, arbeide med lov og forskrifter, behandle enkeltsaker og sikre riktig bruk av lov og plansystem gjennom rettleiing og opplæring.

### Strategiske mål

Den regionale planlegginga skal medverke til å utvikle eit samfunn som tek vare på viktige felles verdiar og grunnleggjande levevilkår for ulike grupper innafor rammene av ei berekraftig utvikling. I planprosessane blir det lagt vekt på ei open haldning, innsyn og deltaking. Det er ei hovudutfordring framover å leggje til rette for at dei ulike sektorane tek plan- og bygningslova i aktiv bruk både på det kommunale og regionale nivået.

### Nasjonale resultatmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Forvaltninga av plandelen i plan- og bygningslova er ei oppgåve som går på tvers av sektorar, og ansvaret for dette er lagt til Miljøverndepartementet. Det er derfor berre formulert nasjonale resultatmål på dette resultatområdet.

Tabell 15.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 9 Regional planlegging

| Nasjonale resultatmål | Resultatindikatorar |
|---|---|
| 1. Planlegginga i kommunane skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga. | Talet på kommunar med kommuneplan/ kommunedelplan, inklusive talet på år sidan vedtak |
| 2. Kommunal arealplanlegging skal skje innafor rammene av nasjonal politikk, slik den kjem til uttrykk bl.a. i St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.* | Talet på og typar formelle motsegner fremja i planprosessane, fordelt på motsegnsorgan og grunngiving<br>Talet på motsegnssaker avgjort av departementet og endringar gjort av eigengodkjende planar<br>Talet på kommuneplanar som har innarbeidd universell utforming som prinsipp<br>Omfang av dispensasjonar som blir gitt innafor dei prioriterte områda<br>Endring i arealbruk knytt til dei ulike prioriterte områda |
| 3. Fylkesplanlegginga skal samordne staten, fylkeskommunane og hovudtrekka i kommunanes fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd retta inn mot regional utvikling. | Talet på godkjende planar<br>Talet på fylke der regionalt utviklingsprogram (RUP) er integrert i fylkesplanen sitt handlingsprogram |

Tabell 15.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 9 Regional planlegging

| Nasjonale resultatmål | Resultatindikatorar |
|---|---|
| 4. Den regionale planlegginga skal samordne og styre bruk og vern av areal- og naturressursar over kommunegrensene. | Talet på godkjende fylkesplanar, fylkesdelplanar og interkommunale planar med konkrete retningsliner for areal- og naturressursar og utbyggingsmønster |
| 5. Plan- og bygningslova skal vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå underlagt folkevalt styring. | Gjennomførte forenklingstiltak i plan- og bygningslova<br>Formidling og rettleiing til kommune- og fylkesnivået, avklaring av tolkingsspørsmål |
| 6. Planar etter plan- og bygningslova og søknader etter sektorlover skal ha god dokumentasjon av vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. | Kjennskap til nytt regelverk om konsekvensutgreiingar hos relevante aktørar<br>Tidsbruk for KU-saker i forhold til dei rammer forskrifta set<br>Utarbeiding av KU i fylkes- og kommuneplanar<br>Kvaliteten på planprogram og på utgreiingar og vurderingar i planar (basert på stikkprøve) |

## Statusbeskriving

Planlegginga etter plan- og bygningslova skal samordne den offentlege innsatsen mellom forvaltningsnivå, sektorar og næringar. Tilrettelegging for meir effektiv og brukarretta planlegging er eit sentralt mål i samarbeidsregjeringas moderniseringsprogram. Utvikling av elektronisk saksbehandlingssystem basert på kart, areal- og miljødata, og forenkling av plan- og bygningslova er sentrale grep i denne samanhengen.

### *Resultatmål 1. Planlegginga i kommunane skal samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga.*

Kravet om ei berekraftig utvikling og demokrati viser behovet for kommuneplanen som strategisk plan for langsiktig utvikling av kommunen. Dei fleste departementa stiller krav til kommunane på sine område. Det er viktig at kommuneplanane kan fange opp dei relevante sentrale plankrava utan at det nødvendigvis må utarbeidast eigne kommunale planar for dei ulike sektoromsyna. Lokal Agenda 21 og prinsippa for universell utforming (jf. resultatmål 2) gir gode perspektiv og arbeidsformer som kan medverke til å styrkje og fornye interessa for kommunal planlegging og lokalt miljøvern, og betre tilhøva for ulike grupper. Mange kommunar driv eit aktivt utviklingsarbeid når det gjeld kommunal planlegging. Miljøverndepartementet samarbeider med fleire departement og Kommunanes Sentralforbund om å organisere læring frå utviklingsarbeida.

Som ledd i oppfølging av St.meld. nr. 16 (2002 – 2003) *Resept for et sunnere Norge* (Folkehelsemeldingen), er det etablert eit samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Miljøverndepartementet om korleis planverktøyet kan takast i bruk for å styrkje folkehelsearbeidet i kommunane. Det er utarbeidd ein prosjektplan som inneheld forslag om utprøving i inntil ti kommunar av plan- og bygningslova og samfunnsplanlegging som verkemiddel i folkehelsearbeidet.

Dei fleste kommunane har vedteke eigen arealdel til kommuneplanen og reviderer denne med jamne mellomrom. Mange kommunar har òg utvikla ein aktiv bruk av kommunedelplanar for enkelte tema eller geografiske område i kommunen. Ved gjennomføring av større byggje- og anleggsarbeid, og ved nærare avklaring av arealbruken i område som er avsette til utbygging i følgje kommuneplanen, blir det utarbeidd reguleringsplanar. På dette området legg ein bl.a. vekt på å ta i bruk elektroniske verktøy, med sikte på ei meir effektiv plan- og byggjesaksbehandling. For nærare omtale sjå resultatmål 5.

KOSTRA-rapporteringa om planaktiviteten er betydeleg utvida f.o.m. 2004. Kommunane vedtok 2 147 reguleringsplanar i 2004. Av desse var 1 557, eller 73 pst., fremja som private planforslag. Av i alt 342 vedtekne bebyggelsesplanar var 279, eller 82 pst., fremja som private planforslag. I alt vart det vedteke 154 kommuneplanar eller kommunedelplanar for arealbruk, og 158 tematiske kommunedelplanar eller samfunnsdel av kommuneplanar i 2004. Av dei 350 kommunane som oppgir å ha ein vedteken kommuneplan med samfunnsdel, er 222, eller 63 pst., vedtekne i år 2000 eller seinare. Det er 403 kommunar som har rapportert å ha vedteke arealdel til kommuneplanen. Av desse er 261, eller 65 pst., vedtekne etter år 2000. Tala viser at eit stort fleirtal av kommunane har ei aktiv kommune-

planlegging, både for arealbruken og for den langsiktige samfunnsutviklinga.

*Resultatmål 2. Kommunal arealplanlegging skal skje innafor rammene av nasjonal politikk.*

For å sikre nasjonale og viktige regionale interesser har statlege fagstyresmakter og fylkeskommunen rett til å fremje motsegn mot kommunale planar. I slike tilfelle kan ikkje kommunen sluttbehandle planen utan at planen blir endra, eller at ein gjennom dialog kjem fram til ei akseptabel løysing. I dei fleste tilfella skjer ei slik avklaring lokalt. Dersom dette ikkje er tilfelle, skal saka avgjerast i Miljøverndepartementet.

F.o.m. 2004 rapporterer kommunane alle planar med motsegn i KOSTRA. Av i alt 244 kommuneplanar og kommunedelplanar for areal som vart sende på høyring i 2004, vart det fremja motsegn mot 80 planar, eller 33 pst. Av i alt 2 749 regulerings- og bebyggelsesplanar vart det fremja motsegn mot 428 planar, eller 16 pst. Tala viser at viktige konfliktspørsmål knytte til arealbruken ofte kjem opp i kommuneplanens arealdel, derfor er òg talet på motsegner høgare her. Dette er i tråd med regjeringas mål om å styrkje kommuneplanen som arena for langsiktig og heilskapleg arealavklaring i kommunane. Dei viktigaste grunngjevingane for motsegner mot kommuneplanane er naturvern-, friluftslivs- og landskapsinteresser, utbyggingsmønster (m.a. areal- og transportspørsmål), strandsone, jord- og skogbruk og kulturminne. Dei same tema går igjen i reguleringsplanane, men her er òg forureining/støy og transportspørsmål viktige tema.

Talet på saker som Miljøverndepartementet behandlar er nokså stabilt frå år til år. I 2004 fatta departementet vedtak i 29 slike saker. I 75 pst. av sakene vart motsegnene tekne heilt eller delvis til følgje, mens kommunane fekk medhald i 25 pst. av sakene. Av 2300 arealplanar vedtekne i kommunane i 2004, har departementet hatt til behandling berre ca. 1,3 pst. Dei fleste motsegnene som blir fremja (ca. 94 pst.), blir løyste lokalt gjennom planprosessen. Plansystemet ser no ut til å vere godt innarbeidd i kommunane, fylkeskommunane og hos statlege styresmakter. Motsegnssystemet ser ut til å sikre nasjonale og viktige regionale interesser samstundes som prinsippet om kommunal avgjerdsmynde er sikra.

I saker der kommunale vedtak blir overprøvde er det viktig å understreke den klare føresetnaden at fylkeskommunens eller statens standpunkt skal ha forankring i viktige regionale eller nasjonale interesser. Desse kjem m.a. til uttrykk i St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, der det er gitt nye retningsliner for:

- Arealbruk og utvikling i fjellområda med vekt på kultur- og naturressursar, friluftsliv og næringsmessig utnytting
- Sikring av miljøkvalitetar og verdiar i landskapet
- Sikring av villreinens leveområde
- Reduksjon i omdisponering av verdifulle jordressursar
- Samordna planprosessar for vindkraft
- Bevaring av strandsona som verdifullt natur- og friluftsområde
- Heilskapleg arealpolitikk for vassdraga
- Planlegging av fritidsbustader med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk
- Vektlegging av god stadforming, miljøvenleg transport og gode, tilgjengelege uteareal i byar og tettstader
- Sikring av trygge og gode leike- og uteareal ved bustader, skular og barnehagar

Gjennom departementets avgjerder i motsegnssakene blir gjeldande arealpolitikk konkretisert og formidla når det gjeld viktige nasjonale spørsmål.

Regjeringa har i St.prp. nr. 65 (2002 – 2003) *Revidert nasjonalbudsjett*, lagt opp til auka verdiskaping og turistmessig næringsutvikling i nasjonalparkar og større verneområde. Slik utvikling må sjåast i samanheng med utviklinga i randsonene, som blir forvalta av kommunane etter plan- og bygningslova. Fjellområda er ein stor ressurs for nyskaping og næringsverksemd. Auka næringsmessig bruk gir behov for langsiktig og samordna arealplanlegging, der grensene for utbygging av fritidsbustader og reiseliv, vegar, ferdsel osv. blir trekte. Dette krev ofte interkommunalt og regionalt samarbeid. Miljøverndepartementet vil fokusere på dei langsiktige utfordringane som er knytte til berekraftig bruk og utnytting av fjellområde, og på den naudsynte samordninga mellom verneplanar og planlegging etter plan- og bygningslova. Det vil m.a. bli gjennomført regionale planprosessar for alle fjellområda med villrein.

Noreg har slutta seg til Den europeiske landskapskonvensjonen, som trådde i kraft 1. mars 2004. Formålet er å fremje vern, forvaltning og planlegging av landskap og organisere europeisk samarbeid om dette. Konvensjonen gir utfordringar knytte til auka medvit om omgjevnadene, anten det er i by eller land. Miljøverndepartementet har ansvar for oppfølging av konvensjonen, og har etablert eit nettverk med andre departement for konkrete handlingstiltak knytte til konvensjonen. Det er eit utstrekt nordisk samarbeid om oppfølging av

konvensjonen i kommunal og regional planlegging, støtta av Nordisk Ministerråd.

Utviklinga av byggjeverksemda i 100-meterbeltet langs sjøen er av nasjonal interesse. I St.meld. nr. 21 (2004 – 2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* blir kommunane, fylkeskommunane og fylkesmennene utfordra til ein streng praksis ved behandling av plan- og dispensasjonssaker i 100-meterbeltet langs sjøen. Departementet har no overført rapporteringa av dispensasjonar i strandsona til KOSTRA. Denne rapporteringa gjeld alle typar dispensasjonar for nybygg i strandsona, både i og utanfor byggjeområde. I 2004 vart det gitt 798 slike dispensasjonar innafor 100-meterbeltet mot sjø, mot 867 i 2003. 73,5 pst. av søknadene vart godkjende. Departementet vil følgje byggeaktiviteten i strandsona nøye framover, særleg der nye område blir tekne i bruk. Fylke der utviklinga ikkje er tilfredsstillande vil bli følgt opp spesielt. Fleire stader finst gamle planar som ikkje er i tråd med dagens målsetjingar, og departementet vil be kommunane om å ta opp til vurdering slike forelda planar. Det vil òg bli vurdert å etablere eit betre rapporteringssystem for utbygging i tråd med plan innafor 100-meterbeltet, som vil fylle ut dagens tal for dispensasjonar. Tiltak for ein offensiv strandsonepolitikk er òg omtalt under resultatområde 2 Friluftsliv.

St.meld. nr. 23 (2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder* legg bl.a. vekt på å gjennomføre pilotprosjekt på utvalde område i samarbeid med byane, næringslivet og frivillige organisasjonar. Formålet er å utvikle nye og gode løysingar på miljøproblem og utviklingsoppgåver som kan vere gode døme for andre. Det er i gang pilotprosjekt i 12 byar på dei fire tema miljøsoner, sentrumsutvikling, byomforming og miljøvennleg transport i næringslivet. Byane arbeider etter prinsippa for universell utforming (jf. omtale nedanfor). Miljøverndepartementet koordinerer statens innsats for å betre miljøet i Groruddalen i Oslo, som er eitt av pilotområda. I samarbeid med samferdslestyresmaktene og Oslo kommune er det utvikla eit omfattande program for miljøvennleg transport. Ein samarbeider òg om å gjenopne Alnaelva og sikre og forbetre grøntområde og kulturmiljø i dalen.

Miljøverndepartementet har etablert ein eigen bymiljøpris som går til byar og tettstader som har gjort ein særskilt innsats for å betre bymiljøet. Kristiansand fekk prisen i 2002, Drammen i 2003, Årdalstangen i 2004 og Stavanger i 2005. Eit program for å utvikle attraktive og miljøvennlege tettstader i distrikta vil bli avslutta i 2005. I programmet blir offentlege verkemiddel samkøyrde med private ressursar for å få størst mogleg effekt og skape gode nettverk. Erfaringane frå dette programmet skal formidlast til andre kommunar og fylke. Desse erfaringane og erfaringane frå anna utviklingsarbeid skal òg nyttast i eit vidare arbeid for å fremje berekraft og utvikling i små og mellomstore byregionar, som ei oppfølging av St.meld. nr. 25 (2004 – 2005) om regionalpolitikken.

Det er oppretta eigne nettsider om barn og unges interesser i planlegginga. Nettsidene gir informasjon om lovgrunnlag, planfaglege spørsmål, rettleiarar og kontaktpersonar i fylka og på statleg nivå. Eit opplæringsprogram for barnerepresentantane er under utvikling.

Som ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*, har Miljøverndepartementet koordinert Handlingsprogram for universell utforming. Dette programmet vart avslutta i 2004 og blir ført vidare i regjeringas handlingsplan for auka tilgjenge gjennom universell utforming. Fleire tiltak i handlingsplanen gjeld styrking av universell utforming innafor planlegging. Det skal utarbeidast rikspolitiske retningslinjer for universell utforming, og i samband med revisjonen av plandelen i plan- og bygningslova vil ein sjå på korleis dette omsynet best kan ivaretakast. Den nye forskrifta om konsekvensutgreiingar har fått ei ny føresegn om tilgjenge. Departementet arbeider med å inkludere universell utforming i KOSTRA og i det elektroniske plan- og byggjesakssystemet Byggsøk.

### *Resultatmål 3. Fylkesplanlegginga skal samordne staten, fylkeskommunane og hovudtrekka i kommunanes fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle verksemd retta inn mot regional utvikling.*

Hovudansvaret for fylkesplanlegginga ligg hos fylkeskommunane. Fylkesplanen skal vere eit felles regionalt plandokument og planprosessane må bere preg av partnarskap, slik at kommunar og stat får eigarskap til planen. I 2004 vart det godkjent fem fylkesplanar og ni fylkesdelplanar.

Regjeringa går inn for å avvikle den sentrale godkjenninga av fylkesplanane. Dette er bl.a. grunngitt med at resultatet av godkjenninga ikkje står i forhold til innsatsen med sjølve godkjenningsprosessen. Ordninga vil bli teken opp i samband med odelstingsproposisjonen om revisjon av plandelen i plan- og bygningslova.

### *Resultatmål 4. Den regionale planlegginga skal samordne og styre bruk og vern av areal- og naturressursar over kommunegrensene.*

Dei ni fylkesdelplanane som vart godkjende i 2004 handlar om spørsmål knytte til store infrastrukturtiltak, lokalisering av handel og senterstruktur og

utvikling av delregionar i fylka. Den mellombelse kjøpesenterstoppen, som opphøyrde 1. februar 2004, blir følgt opp av regionalt tilpassa retningslinjer i fylkesdelplanane. Miljøverndepartementet sendte hausten 2004 eit brev til alle kommunar og fylke, der det vart slått fast at den nasjonale politikken som låg til grunn for kjøpesenterstoppen framleis står ved lag.

Det er fleire døme på at kommunane i samarbeid utarbeider planar for bruk og vern av areal- og naturressursar. Miljøverndepartementet ser at ei rekkje verne- og utviklingstema med fordel kan løysast i samarbeid mellom kommunane, og ønskjer å stimulere til slikt interkommunalt samarbeid. Slike planar kan bl.a. vere aktuelle i randsonene til større verneområde etter naturvernlova.

*Resultatmål 5. Plan- og bygningslova skal vere eit effektivt verktøy for samordning mellom sektorar og forvaltningsnivå underlagt folkevalt styring.*

Miljøverndepartementet legg vekt på ein aktiv dialog med fylkesnivået. Gjennom årlege tildelingsbrev til fylkesmennene blir det bl.a. teke standpunkt til kva prioriteringar som skal leggjast til grunn for verksemda i fylket. Det er særskilt viktig at fylkesnivået gir naudsynt bistand til kommunane, slik at ein i samarbeid kan oppnå effektive og målretta løysingar på aktuelle arealspørsmål og miljøutfordringar.

Det har vore ei brei høyring av Planlovutvalets forslag. Departementet har sett i gang arbeid med ein odelstingsproposisjon for ein ny plandel av plan- og bygningslova.

Ein føresetnad for å lage gode planar er tilgang på relevant og oppdatert informasjon. Gjennom Byggsøk-prosjektet samarbeider Miljøverndepartementet med Kommunal- og regionaldepartementet om å etablere rutinar for effektiv plan- og byggjesakshandling. Statens bygningstekniske etat har prosjektleiinga. Miljøverndepartementet har prioritert å finne løysingar der plansaksbehandlinga kan skje elektronisk. Det vil bli lagt til rette for eit system der den enkelte planleggjaren kan levere forslag til reguleringsplanar, basert på informasjon om planar og annan temainformasjon som blir gjort tilgjengeleg over nettet. Miljøverndepartementet har sett i gang eit arbeid med å vurdere framtidig driftsløysing. Gjennom samarbeidet *Noreg digitalt* vil offentleg forvaltning samle inn planrelevant informasjon.

*Resultatmål 6. Planar etter plan- og bygningslova og søknader etter sektorlover skal ha god dokumentasjon av vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn.*

Ny forskrift om konsekvensutgreiingar trådde i kraft 1. april 2005. Dei nye reglane inneber at også visse fylkeskommunale og kommunale planar etter plan- og bygningslova skal behandlast etter forskrifta om konsekvensutgreiingar. Vidare inneber forskrifta effektivisering av tidlegare reglar, ved at konsekvensutgreiingar for utbyggingstiltak er integrerte i planlegginga etter plan- og bygningslova.

Departementet vil følgje opp med informasjon og rettleiing om nytt regelverk, særlig retta mot kommunane og regionale styresmakter. Det vil også bli gjennomført ei fortløpande overvaking av praktiseringa av regelverket, med fokus på effektive planprosessar og kvalitet på konsekvensutgreiingane. Departementet tek sikte på å gjennomføre ei evaluering av nytt regelverk i løpet av 2005-2006.

For å sikre ei berekraftig utbygging av vindkraft i samsvar med Regjeringas målsetjing om 3 TWh innan 2010, vil departementet fastsetje retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg. Departementet vil òg følgje opp arbeidet med konfliktvurderingar av melde og omsøkte anlegg, slik at ein får ei samla oversikt og heilskapleg vurdering av miljøkonsekvensane av planlagde og gjennomførte vindkraftutbyggingar.

## Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med 58,1 mill. kroner i 2006. Finansieringa av resultatområdet er i hovudsak dekt over kapitla 1400, 1410, 1427, 1429 og 1441. Fylkesmannen har òg ansvar for oppgåver under resultatområde 9. Ein viser til nærare omtale av desse under resultatområde 11. Midlar til lønn og drift for desse oppgåvene er budsjetterte på kap. 1510 Fylkesmannsembeta, under Moderniseringsdepartementets budsjett.

Føresegnene i plan- og bygningslova om planlegging og konsekvensutgreiing er det viktigaste verkemidlet på resultatområdet.

For å medverke til avgjerder som fungerer godt for samfunnet, må det utviklast eit godt plansamarbeid mellom kommunar, fylke og statlege etatar. Hovudansvaret for bruk av plan- og bygningslova er lagt til kommunane, som normalt fattar endeleg vedtak om arealbruken. Etatane på regionalt nivå må i ein tidleg fase av planarbeidet gjere kommunen kjent med nasjonale og viktige regionale interesser.

I samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet blir det arbeidd med å leggje til rette for

elektronisk saksbehandling i plan- og byggjesaker. Departementet gir ut rettleiing og rundskriv knytte til regelverket og vil halde god kontakt med instansar som har viktige oppgåver i forminga av dei fysiske omgivnadane (t.d. Husbanken og bygningsteknisk etat). Avgjerder og lovfortolkingar blir publiserte i rettskjelderegisteret *Easy-find og publikasjonen PlanJuss*. Det er vidare lagt stor vekt på å formidle fortløpande informasjon over departementets internettsider *www.planlegging.no*. Tiltak som aukar kompetansen innan planbistand internasjonalt er òg ein del av departementets innsats. Samarbeidsforum for storbyutvikling, der seks byar og ni departement deltek, er ein viktig arena for politikkformidling og utveksling av erfaringar med planlegging i byområde. Oppfølginga av Handlingsplan for universell utforming krev særskilt samarbeid med dei departementa som har oppgåver knytte til feltet. I samråd med dei rette departementa har Miljøverndepartementet etablert direkte samarbeid med underliggjande organ om iverksetjing av sektorovergripande tiltak.

Miljøverndepartementet koordinerer arbeidet med å gjennomføre regjeringas handlingsplan for universell utforming. Planen tek sikte på å auke innsatsen for å betre tilgangen for personar med nedsett funksjonsevne til viktige samfunnsområde. Kap. 1400 post 80 vart oppretta i 2005 for arbeidet med handlingsplanen og skal medverke til nyskaping og til samarbeid om gode løysingar på tvers av sektorar og på alle nivå. Denne ordninga er, saman med plan- og bygningslova, eit viktig verkemiddel for å innarbeide universell utforming som strategi for auka tilgjenge.

# 16 Resultatområde 10: Kart og geodata

## Definisjon og avgrensing

Resultatområdet omfattar etablering og drift av geografisk basisinformasjon. Resultatområdet dekkjer òg oppfølging og utvikling av standardar og regelverk og fagleg samarbeid med andre land på området, stimulering av norsk næringsutvikling innafor geografisk informasjonsteknologi (GIT), forsking og utvikling, og sikring av historisk geografisk informasjon. Kartlegging av polare landområde høyrer til resultatområde 8. Resultatområdet inkluderer òg eit forvaltningsansvar for å skaffe fram arealdata for planleggingsformål.

## Strategisk mål

Landet skal ha ein tenleg infrastruktur med tilgjengeleg geografisk informasjon, dvs. kart og elektronisk baserte tenester som tilfredsstiller det felles behovet ulike brukargrupper har for geografisk informasjon og fastlegging av posisjonar, under dette eit tilfredsstillande geodetisk grunnlag (grunnlag av målepunkt) for kartlegging, oppmåling og satellittbasert stadfesting (koordinatbestemming). Det er viktig å utvikle gode standardar for geodata, som er tilpassa internasjonale forhold.

Innafor arealpolitikken er det eit mål å skaffe fram god informasjon om arealas tilstand, før framtidig bruk blir planlagt. Staten og kommunane må i fellesskap etablere dette datagrunnlaget. St.meld. nr. 30 (2002-2003) *«Norge digitalt» – et felles fundament for verdiskaping*, gir føringar for Statens kartverk som nasjonalt fagorgan og for kva slag løysingar som skal etablerast for å få på plass ein nasjonal infrastruktur av geodata. Både digitale grunnkartdata og temadata inngår i Noreg digitalt. Deltakarane i infrastrukturen vil yte eit økonomisk bidrag til etablering av grunnkartdata. I tillegg vil temadata deira fritt bli stilte til rådvelde innafor samarbeidet.

## Nasjonale resultatmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Forvaltninga av den nasjonale kart- og geodatapolitikken er ei oppgåve som går på tvers av sektorar, og ansvaret for dette er lagt til Miljøverndepartementet. Det er derfor berre formulert nasjonale resultatmål på dette resultatområdet.

Tabell 16.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 10 Kart og geodata

| Nasjonale resultatmål | Resultatindikatorar |
|---|---|
| 1. Landet skal ha eit einsarta geodetisk grunnlag (grunnlag av målepunkt) tilpassa satellittbasert stadfesting (koordinatbestemming). | Tal på kommunar med ferdig målt landsnett<br>Landsdekkjande høgdegrunnlag tilpassa europeisk samarbeid og framdrift på området |
| 2. Landet skal ha ein tenleg infrastruktur av nasjonale geografiske databasar. | Prosentvis del av felles geodata som står att å etablere for landområda<br>Digitalt eigedomskartverk i prosent av totalt tal på eigedommar<br>Framdrift i etablering av nasjonalt register for luftfartshinder |
| 3. Landet skal vere dekt av tenlege trykte og digitale kartseriar. | Ajourhaldsfrekvens for trykt hovudkartserie Noreg 1:50 000<br>Delen av autoriserte elektroniske sjøkart for norskekysten etter internasjonal standard i prosent av total |
| 4. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. | Utvikling og bruk av nasjonale og internasjonale standardar<br>Tal på kommunar og andre som har teikna avtale om Noreg digitalt<br>Databruken innan samarbeidet Noreg digitalt |

### Statusbeskriving

*Resultatmål 1. Landet skal ha eit einsarta geodetisk grunnlag tilpassa satellittbasert stadfesting.*

All privat og offentleg oppmåling, kartlegging og navigasjon føreset eit korrekt geodetisk grunnlag (kartreferanse). Grunnlaget er bygd opp over ei rekkje år, men er mange stader ikkje så nøyaktig og påliteleg som overgangen til satellittbaserte løysingar krev. Nytt landsomfattande overordna grunnlag, basert på internasjonal standard (EUREF89), kom på plass i 1997. Arbeidet med eit meir detaljert landsnett skjer i samarbeid med kommunar og andre brukarar som samfinansierte prosjekt. Så langt er 85 pst. av kommunane målte ferdig, noko som er godt føre planen. I mange kommunar må likevel kommunane sjølve gjere noko arbeid før dei kan ta grunnlaget i bruk. Status er at 46 kommunar har innført EUREF89, og fleire førebur dette. Det nasjonale høgdegrunnlaget frå 1950-talet blir no oppdatert med nye målingar, tilpassa bruk av satellitteknologi, og skal vere etablert seinast innan 2009. Kartverket vil framleis ta ansvar for å utarbeide tenester som kan ta i bruk satellittinformasjon til posisjonering. Det blir i samarbeid med kommunar og privat sektor bygd ut nettverk som gir stadig større grannsemd ved bruk av satellittdata.

Verksemda ved Kartverkets målestasjon i Ny-Ålesund vil vere redusert i 2006. Dette er gjort for å gi rom for satsing på andre tiltak i Statens kartverk som er gitt høgare prioritet.

*Resultatmål 2. Landet skal ha ein tenleg infrastruktur av nasjonale geografiske databasar.*

Noreg digitalt er eit samarbeid om etablering, drift, vedlikehald og distribusjon av geografiske data. Det er ei vidareføring og utviding av tidlegare samarbeid om geografiske data, som har omfatta statlege etatar med betydeleg bruk av geodata, og alle norske kommunar med unnatak av sju. 2005 har vore eit år for organisering av Noreg digitalt. Eit viktig mål har vore å få med så mange kommunar som mogleg. Det endelege målet er at alle kommunane tek del i Noreg digitalt. I 2006 vil det bli arbeidd for å få med fleire kommunar i samarbeidet. Då blir det viktig å vidareføre arbeidet med digitale plandata og evaluere og eventuelt korrigere driftsløysinga for Noreg digitalt.

Etablering av Noreg digitalt med landsdekkjande grunnkartdata og temadata etter felles standard er eit omfattande arbeid. Produksjon og tilrettelegging av temadata har verksemdene sjølve ansvar for. Progresjonen i etablering av dei enkelte temadata vil avhenge av kapasiteten i desse verksemdene. Produksjon av grunnkartdata vil bli koordinert av Statens kartverk, med økonomisk bidrag frå samarbeidspartane i Noreg digitalt. Sjølv om alle sluttar opp om samarbeidet, er det ikkje venta at Noreg vil vere dekt med digitale kartdata på land før tidlegast i 2015. I 2005 er noko over 50 pst. av denne dataetableringa fullført. Areal i byar og tettstader er i hovudsak dekt. Utfordringa for desse areala ligg i vedlikehald av data.

Det nasjonale eigedomsregisteret består av tre element: Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB), Elektronisk grunnbok og digitalt eigedomskartverk (DEK). Arbeidet med etablering av digitalt eigedomskartverk er eit samarbeid mellom Statens kartverk og den enkelte kommune. I GAB og elektronisk grunnbok finn ein komplett oppgåve over eigedommane i Noreg. Ca. 80 pst. av eigedommane er etablerte med eigedomsgrenser i DEK. Visjonen er eit landsdekkjande, truverdig eigedomsregister med data og kart over alle eigedommar i Noreg. Registeret skal spele saman med andre register. Eit nytt datasystem for eigedomsregisteret (matrikkelen) er under utvikling. Målet er operativ drift av systemet i 2007. Ny lov om eigedomsregistrering vart vedteken av Stortinget i juni 2005. Arbeidet med forskrifter er starta, med sikte på ei iverksetjing av lova i 2007.

Statens kartverk skal vere registerførar for luftfartshinder, jf. forskrift av 14. april 2003, heimla i luftfartslova. Statens kartverk må arbeide for å få med flest mogleg data frå eigarane av slike hinder. Målet er dekning av alle betydelege hinder innan utgangen av 2007.

*Resultatmål 3. Landet skal vere dekt av tenlege trykte og digitale kartseriar.*

Første gongs produksjon av økonomisk kartverk vart fullført i 2002, og omfattar vel 180 000 km2, dvs. alt vesentleg produktivt areal, til saman over 32 000 kartblad. Frekvensen på ajourføringa av denne typen kart er i dag 18 år. «N50», den digitale førsteutgåva av hovudkartserien for Noreg 1:50 000, vart lansert i 2001. I 2005 starta produksjonen av dei første N50-kombikarta med land- og sjøinformasjon i same kart.

Bruk av pålitelege elektroniske sjøkart i kombinasjon med moderne navigasjonssystem vil betre tryggleiken til sjøs. Bruk av slike system vil kunne redusere faren for skadar på personar og miljø, redusere materielle kostnader, auke regulariteten, korte ned seglingsruter og styrkje næringsgrunnlaget langs kysten. Så langt har Kartverket gitt ut 91 av 141 papirkart i moderne kvalitet. Moderne målingar er utførde for eit større areal. Frå dette målematerialet blir kart pro-

duserte kontinuerleg. Regjeringa prioriterar arbeidet med sjøkart høgt. Kyststrekninga frå svenskegrensa til Vega er no ferdig. Strekninga frå Vega og nordover vil vere ferdig målt i 2006–2007. Produksjonen av kart går kontinuerleg og førstegongskartlegginga av elektroniske sjøkart vil vere fullført første halvår 2008.

Dei siste åra er det blitt sendt ein sjømålingsekspedisjon til Svalbard kvart år. Saman med investeringar i ny teknologi har dette gitt god framdrift i den aktuelle målesesongen frå juli til september/oktober. Til no er 48 pst. av samla areal dekt med tidsmessige målingar. Dei viktigaste sjøområda blir målte først.

Statens kartverk skal føre vidare arbeidet med gjennomføring av det marine kartleggings- og kunnskapsprogrammet Mareano, som vart starta i 2005 (sjå eigen omtale under resultatområde 1). Kartverkets rolle vil vere å administrere kartlegginga. Det skal fokuserast på kartlegging av havbotnen og tilrettelegging av data for ulik bruk, blant anna til forvaltning av biologisk mangfald.

*Resultatmål 4. Geografiske data skal vere lett tilgjengelege og kunne nyttast effektivt på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.*

Det er særdeles viktig å få på plass og ta i bruk aksepterte nasjonale og internasjonale standardar for felles bruk av geografiske data. Noreg er aktivt i utvikling og bruk av felles standardar. Erfaringane viser at Kartverket har ei oppgåve som sentral koordinator og bidragsytar i eit vellykka standardiseringsarbeid. Miljøvernforvaltninga spesielt, og offentleg forvaltning generelt, skal gjennomføre planmessig bruk av slike standardar.

Innafor samarbeidet Noreg digitalt vil partane få tilgang til data som er tilrettelagt ved bruk av slike standardar. Formidling av data til aktørar utanfor samarbeidet Noreg digitalt skjer gjennom statsaksjeselskapet Norsk Eigedomsinformasjon. Data er lagt til rette etter dei same standardane også for denne formidlingstenesta.

For sjøkartlegging finst det eigne standardar. Sjøkartverket har etablert ei koordineringsteneste, PRIMAR Stavanger, for å gjere elektroniske sjøkart tilgjengelege. Sjøkartverket har så langt inngått avtaler med ca. 20 nasjonar om formidling av sjøkartdata gjennom denne tenesta. Det er ei sentral målsetjing å få fleire land sine sjøkarttenester med i samarbeidet for å kunne gi eit samla tilbod av sjøkart til brukarane. Ved konvertering av sjøkartdata vil data for kysten og dei kystnære områda bli lagt til rette for bruk saman med kartdata for landområda. Etter konvertering vil sjødata vere tilpassa standardane for bruk på land.

Geodata er eit verkemiddel for at kommunane og forvaltninga skal oppnå effektiviseringsvinstar og betre resultat innafor område der det ofte er utarbeidd nasjonale målsetjingar. Kommunane har ei sentral rolle som planstyresmakt. Geografisk informasjon og kart framstiller biletleg og forenklar viktig faginformasjon. Geodata kommuniserer derfor effektivt med brukargrupper som ikkje har tematisk spesialkompetanse. Data for tilgjenge blir no utvikla som nytt fagtema til bruk i planlegging og forvaltning. Noreg digitalt legg til grunn at arealdata, ressursdata, miljødata og plandata skal inngå i den felles geografiske infrastrukturen. Det har gjennom fleire år vore arbeidd med slike temadata i samarbeid mellom kommunar, fylke og statlege fagstyresmakter leia av Statens kartverk. Dette arbeidet blir no ført vidare gjennom ei integrering med basis geodata i Noreg digitalt.

**Verkemiddel**

Resultatområdet er planlagt finansiert med 328,6 mill. kroner i 2006, der alt i hovudsak blir dekt over kapitla 1465 og 2465. I tillegg dekkjer statsoppdraget midlar til delar av Kartverkets drift som blir finansiert over resultatområde 11. Kapitla 1400, 1410,1425, 1427,1429 og 1441 er òg med på å finansiere resultatområdet.

Statens kartverk utfører i all hovudsak Miljøverndepartementets oppgåver innan resultatområdet. Statens kartverk er det nasjonale fagorganet som skal kvalitetssikre og leggje til rette geodata for heile det norske samfunnet. Kommunane har òg eit betydeleg ansvar. Verksemda i kommunane er tradisjonelt knytt til teknisk kartlegging (målestokk 1:1 000) og GAB-registrering. Kartverket har eit tradisjonelt ansvar for å etablere og forvalte nasjonale kartseriar og register, bl.a. hovudkartseriane i målestokk 1:50 000 for respektive sjø og land, økonomisk kartverk (målestokk 1:5 000) og landets offisielle register for grunneigedoms-, adresse- og bygningsdata (GAB-registeret). Etablering av databasar og produksjon av kart i digital form har lenge vore den store utfordringa, og vil vere det i fleire år framover.

Når kart og stadfesta informasjon blir forvalta i digital form, er ikkje informasjonen lenger knytt til ein bestemt kartmålestokk. Data samla inn til bruk for eitt formål, f.eks. lokalt i ein kommune, er like godt eigna til bruk i landsomfattande kartseriar. Å utnytte innsamla data på tvers av forvaltningsnivåa stiller krav til samarbeid om felles dataforvaltning både mellom stat og kommune og mellom dei forskjellige statlege deltakarane. Dette er understreka i St.meld. nr. 30 (2002-2003) «*Norge digitalt*», og vil vere førande i arbeidet med å få med

nye partar og auka finansiering til den nasjonale infrastrukturen. Statens kartverk er eitt av Miljøverndepartementes og NORADs fagsenter for miljøutvikling, og deltek med jamne mellomrom i norske bistandsprosjekt i fleire land. I 2005 vart det oppretta eit internasjonalt senter for eigedomsrett og -utvikling ved Statens kartverk. Senteret er oppretta for å samle og styrkje kompetansen på dette området. NORAD, Utanriksdepartementet og ambassadane vil no bli sikra god rådgiving i sitt internasjonale engasjement innan formalisering av rett til fast eigedom.

# 17 Resultatområde 11: Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

Resultatområdet omfattar oppgåver og verkemiddel som går på tvers av resultatområda 1-10. Resultatområdet innverkar følgjeleg på resultatoppnåinga innafor alle dei andre resultatområda. Sentrale oppgåver er å:

- Medverke til å integrere miljøomsyn i andre område av politikken på ein effektiv måte, bl.a. ved i samarbeid med andre departement regelmessig å utarbeide Stortingsmelding om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand, årleg vurdere og omtale miljøprofilen i statsbudsjettet og følje opp nasjonal handlingsplan for berekraftig utvikling (NA21) kvart år i nasjonalbudsjettet.
- Vurdere og ta i bruk ein kombinasjon av verkemiddel som syter for at miljøvernpolitiske mål blir nådde til lågast moglege kostnader for samfunnet.
- Utføre forvaltningsoppgåver, internadministrasjon som internadministrativt utviklingsarbeid og oppgåver innafor personale, økonomi, IKT, og andre oppgåver som ikkje naturleg høyrer inn under dei andre resultatområda.

Områdeovergripande internasjonalt arbeid er omtalt under resultatområde 8.

### Strategiske mål

- Miljøvernforvaltninga skal innrette verksemda slik at måla i miljøvernpolitikken blir nådde til så låge kostnader som mogleg for samfunnet. Styrings- og kostnadseffektivitet skal vere grunnleggjande for valet av verkemiddel.
- Miljøvernpolitikkens verdigrunnlag skal profilerast, og miljøvernomsyn skal integrerast i alle sektorar av samfunnet – og liggje til grunn for miljøvernforvaltningas interne arbeid. Kunnskap og tilgjenge til miljøinformasjon skal medverke til å styrkje forståinga for å betre avgjerdsgrunnlaget i miljøvernpolitikken. Det skal leggjast til rette for å styrkje og fornye miljøvernarbeidet, og stimulere til berekraftig praksis regionalt og lokalt.

### Miljøvernforvaltningas arbeidsmål, resultatindikatorar og statusbeskriving

Resultatområdet har ikkje eigne nasjonale mål, men må sjåast i lys av miljøvernforvaltningas områdeovergripande oppgåver, jf. resultatområda 1-10.

Tabell 17.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

| Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|
| 1. Sikre at internadministrasjonen av miljøvernforvaltninga er målretta, effektiv og miljøvennleg, og i samsvar med overordna retningslinjer for statsforvaltninga. Følgje opp beredskapsarbeid og sikre miljøvernforvaltninga si evne til å handtere kriser. | Godt utført planlegging, økonomistyring, personalforvaltning og annan internadministrasjon.<br>Utviklinga innafor IKT har gode nytteuttak av investeringar som er gjort, og det er tilrettelagt for effektiv datautveksling mellom fagsystem.<br>Oppdatert internt regelverk.<br>Godt utført planlegging og gjennomføring av tiltak for organisasjonsutvikling, og god oppfølging av andre tiltak innafor Regjeringas moderniseringsarbeid.<br>Gjennomført interne tiltak i tråd med prosjektplan for Grøn stat i Miljøverndepartementet.<br>Oppdatert og ferdigstilt planverk for beredskapen i miljøvernforvaltninga. |

Tabell 17.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

| Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|
| 2. Sikre effektive system og målretta kunnskap som grunnlag for politiske prioriteringar og styring av miljøvernforvaltninga. | Godt gjennomført budsjettarbeid og styringsdialog med miljøvernforvaltninga, andre etatar og verksemder med oppgåver på miljøområdet.<br>Etablert og teke i bruk gode prosessar og system for utvikling av og tilgang til ny kunnskap både internt og i samarbeid med andre styresmakter og Noregs forskingsråd.<br>Teke i bruk eksisterande erfaring og kunnskap på ein effektiv måte. |
| 3. Sikre at miljøvernomsyn blir formidla, forankra og integrerte i alle sektorar av samfunnet. | Formidla relevant og ny miljøkunnskap på ein føremålstenleg måte til andre departement.<br>Etablert tilstrekkeleg kunnskap om andre departements mål og utfordringar.<br>Vidareutvikla Stortingsmelding om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand for å styrkje at miljøvernpolitikken blir integrert i viktige prosessar og sektorar.<br>Integrert miljøvernpolitiske mål og synleggjort det økologiske perspektivet i relevante stortingsdokument frå Regjeringa.<br>Medverka til å endre subsidie- og skatte- og avgiftssystemet i meir miljøvennleg retning.<br>Redusert miljøbelastningane frå forbruk av varer og tenester ved at det blir teke større miljøomsyn ved offentlege anskaffingar.<br>Utvikla Noreg til eit føregangsland for miljøteknologi.<br>Ført ein aktiv politikk overfor næringslivet for å bidra til at fleire norske bedrifter utviser samfunnsansvar, «Corporate Social Responsibility» (CSR), og for å få fram internasjonale rammevilkår som støttar sterkare opp om CSR.<br>Prioritert/lagt vekt på analysar og miljøkonsekvensane av produksjon og forbruk i Noreg. Utvikle eigna indikatorar for å følgje utviklinga i samanhengen mellom forbruk og miljøkonsekvensar over tid, som bl.a. må sjåast i samanheng med Indikatorutvalets forslag til indikatorar for berekraftig utvikling.<br>Lagt ein strategi for berekraftig forvaltning av statens bygningsmasse. |
| 4. Sikre rammevilkår og verkemiddel som varig styrkjer det regionale og lokale miljøvernarbeidet. | Fått i gang læringsnettverk av miljøkommunar i samarbeid med KS. Frivillige organisasjonar, næringsliv og fagmiljø er tekne med i prosessen.<br>Tilrettelagt eit effektivt informasjonssystem og formidling av eksempel slik at kommunane betre kan sjå, ta initiativ til og gjennomføre tiltak på miljøvernområdet.<br>Utvikla indikatorar og tilrettelagt for målretta styring av miljøretta tiltak i kommunane. Nøkkel-indikatorar skal i neste fase inngå i eit revidert opplegg for KOSTRA. |

Tabell 17.1 Mål- og indikatortabell for resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver

| Miljøvernforvaltningas arbeidsmål | Miljøvernforvaltningas resultatindikatorar |
|---|---|
| 5. Sikre god informasjon og kommunikasjon med ulike målgrupper om lokale, nasjonale og globale utfordringar. | Fortløpande formidla Regjeringas miljøvernpolitikk via aktuelle kommunikasjonskanalar.<br>Teke i bruk eigna arenaer for kommunikasjon med ulike målgrupper internt og eksternt.<br>Lagt til rette for meir open og tilgjengeleg miljøinformasjon. |

## Statusbeskriving

*Arbeidsmål 1. Sikre at internadministrasjonen av miljøvernforvaltninga er målretta, effektiv og miljøvennleg, og i samsvar med overordna retningslinjer for statsforvaltninga.*

Det ligg føre ein miljøhandlingsplan og overordna plan- og styringsdokument for å leie miljøvernforvaltninga mest mogleg målretta og effektivt. Det blir arbeidd fortløpande med organisasjonsutvikling i tråd med Regjeringas moderniseringsarbeid.

Departementa skal omstille delar av personalressursane ved å sentralisere rekneskaps-, lønns- og IT-funksjonane. Som eit ledd i dette har Miljøverndepartementet gjennomført individuell karriereplanlegging for dei medarbeidarane som er berørte av sentraliseringa. Det blir arbeidd kontinuerleg med vidareutvikling av sentrale personalpolitiske område, under dette inkluderande arbeidsliv, mobilitet, rekruttering, likestilling og integrering av livsfasepolitikk. Departementet har bl.a. gjennomført 360 graders leiarevaluering, og skal arbeide vidare med utvikling av leiing i lys av dette. Bruken av informasjonsteknologi skal medverke til effektive og betre arbeidsprosessar. Strategi for IKT i heile miljøvernforvaltninga blir fornya med verknad frå 2006. Oppfølging av strategien er eit forpliktande samarbeid mellom departement og etatar. Arbeidet med *Grøn stat* er følgt opp gjennom å integrere miljøleiing i departementets system for verksemdsplanlegging og gjennomført ISO 14001-sertifisering. Miljøverndepartementet er med dette det første departementet som er ISO-sertifisert. Dette forpliktar medarbeidarane til å delta, bl.a. gjennom innspel om ulike forslag til tiltak og forbetringar. Samtidig gjer verktøya for verksemdsplanlegging at ein sikrar eit system for oppfølging av og måling av effektane av tiltaka over tid. ISO 14001-sertifiseringa krev årlege forbetringar på utvalde satsingsområde. Tiltaksplanen for Grøn stat i Miljøverndepartementet er basert på dei fire satsingsområda; innkjøp, transport, avfall, og bygg og energi. Beredskapsarbeidet er følgt opp gjennom revisjon av planverk og gjennomføring av ei beredskapsøving for leiinga i departementet. Det blir arbeidd med oppgradering av teknisk infrastruktur og alle varslingslister er oppdaterte. Informasjonsberedskapen er også systematisk gjennomgått for å styrkje miljøvernforvaltningas evne til å handtere kriser.

*Arbeidsmål 2. Sikre effektive system og målretta kunnskap som grunnlag for politiske prioriteringar og styring av miljøvernforvaltninga.*

Det er utvikla eit heilskapleg system for styring, prioritering og resultatmåling/oppfølging i miljøvernforvaltninga. Systemet dekkjer alle nivå, og skal ivareta alle formål, under dette også departementets arbeid med etatsstyring. I 2004 gjennomførte departementet eit prosjekt for å kunne vurdere eventuelle høve til ytterlegare effektivisering og forenkling av arbeidet i miljøvernforvaltninga. Prosjektet omfatta alle etatane, med unntak av Statens kartverk og Produktregistret. Prosjektet omfatta òg interne administrative oppgåver i Miljøverndepartementet. Ut over hausten 2004 vart prosjektet ført vidare med såkalla «djupdykk» på utvalde område. Konkret oppfølging vil bli gjennomført i 2005 og 2006. Dette gjeld blant anna behovet for IKT-investeringar for sikre gode nytteuttak.

Miljøvernforvaltninga har ansvar for dokumentasjon og kvalitetssikring av norske miljødata. Miljøvernforvaltninga skal syte for at data som blir nytta i statlege og sentrale internasjonale rapportar er autoriserte og offisielle norske miljødata. Det blir bl.a. lagt opp til ei systematisk rapportering og dokumentasjon av resultata av Regjeringas samla miljøvernpolitikk på bakgrunn av data frå miljøovervaking, miljøstatistikk og sektorvis miljørapportering. Systemet vil gi viktig informasjon for å vurdere utviklinga i miljøet og gjennomføringa av politikken innafor kvar sektor, og identifisere behovet for ny politikk. Referansesystemet for miljøinformasjon skal innehalde tilvisingar til alle miljødata som blir nytta i Stortingsmelding om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand (RM), *Miljøstatus i Noreg* på Internett og internasjonal rap-

portering. Arbeidet med dataproduksjon, forvaltning og formidling må sjåast i samanheng med IKT-strategi for miljøvernforvaltninga.

Miljøverndepartementet samarbeider med Noregs forskingsråd for å sikre at kunnskapsproduksjonen blir målretta, og at resultata frå forskinga blir formidla slik at dei òg kan nyttast av andre avgjerdstakarar. Det er lagt stor vekt på å formidle nye forskingsresultat til avgjerdstakarane på ein god måte, og at forvaltninga får forståing for i kor stor grad forskingsresultat ligg til grunn for forvaltningas eige arbeid og dei avgjerder den tek. Nye kunnskapsbehov og resultat av forskingsinnsatsen som er finansierte av Miljøverndepartementet, er omtalte under dei enkelte resultatområda. Gjennom EØS-avtala deltek Noreg i EUs 5. rammeprogram for forsking. Norske forskingsmiljø har markert seg godt, bl.a. i miljødelen av rammeprogrammet.

*Arbeidsmål 3. Sikre at miljøvernomsyn blir formidla, forankra og integrerte i alle sektorar av samfunnet.*

– Miljøprofilen i statsbudsjettet og status i miljøpolitikken er omtalt i stortingsmeldinga om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand. Denne meldinga blir lagt fram annakvart år, siste gongen våren 2005.
– Alle sektorstyresmakter har ansvar for at verkemiddel og tiltak på eige område ikkje medfører unødige miljøproblem og for at miljøomsyn blir integrerte i sektorpolitikken. Miljøarbeidet på sektorane skal drivast i tråd med dei strategiske og nasjonale miljømåla.
– Sektoransvarsprinsippet vil i hovudsak bli vidareutvikla gjennom dei ordinære budsjett- og RM-prosessane.

Nettverk for miljølære har blitt eit godt hjelpemiddel for lærarar og elevar på alle nivåa innafor skuleverket. Mange skular nyttar nettverket sine Internettsider, som òg er kopla opp mot *Miljøstatus i Noreg* for utdjupande bakgrunnsinformasjon.

Det tverrdepartementale samarbeidet om planen eNoreg omfattar spørsmål som både er knytte til berekraftig utvikling og IKT, og til verdien av miljøinformasjon og stadfesta (koordinatbestemt) informasjon som elektronisk innhald.

## Grøn stat – innføring av miljøleiing i statlege verksemder

Staten har eit stort potensial for å påverke miljøet, både gjennom eiga drift og eige forbruk, og gjennom påverknad av produksjon av varer og tenester. Sjølv om dei fleste statlege etatar/verksemder har ei driftsform som ikkje medfører store enkeltutslepp samanlikna med tradisjonell industri, fører omfanget av den totale statlege verksemda til at miljøpåverknaden er betydeleg. Regjeringa har sett som mål at alle statlege etatar og verksemder innan utgangen av 2005 skal ha innført miljøleiing som ein integrert del av styringssystema for organisasjonen.

Kvart departement har ansvar for å innføre miljøleiing, og for at underliggjande etatar og verksemder innfører miljøleiing innan 2005. Dei aller fleste departementa og underliggjande etatane har no innført miljøleiing. Når det gjeld underliggjande etatar vil dei fleste ha innført miljøleiing innan utgangen av 2005. Alle har starta opp, men for nokre av dei underliggjande etatane vil systemet først bli implementert i 2006. Enkelte verksemder har dessutan gjennomført eller har planar om å utvikle vidare miljøleiingssystemet sitt til eit meir omfattande og tredjepartsertifisert system. Miljøverndepartementet vil innan utgangen av 2005 bli ISO 14001-sertifisert. Ei rekkje miljøtiltak er sette i verk. Blant anna har Statens forvaltningsteneste saman med Statsbygg inngått ei felles avtale for returpapir og miljømessig riktig handtering av fysisk utstyr for departementsfellesskapet. Fleire av departementa fokuserer på energitiltak, redusert papirforbruk, miljøkrav til innkjøp av varer og tenester, under dette innkjøp av miljømerkte produkt og trykkeritenester, og tilrettelegging for auka bruk av videokonferansar. Nærare omtale av arbeidet er elles gitt i budsjettproposisjonane frå dei enkelte departementa.

For å sikre at statlege verksemder har god nok kunnskap og kompetanse om miljøleiing og aktuelle tiltak, er det blitt utvikla kursopplegg og rettleiingsmateriell tilpassa statlege verksemder. Det er oppretta ei Grøn statnettside i regi av GRIP. Nettstaden vil vere ein møtestad for informasjon og inspirasjon og gi statlege verksemder praktisk rettleiing og høve til å dele erfaringar, kunnskap, metodar og verktøy med meir. Det er også utvikla eit «positivt barometer!» som viser aktive verksemder og gjennomførte resultat i statlege verksemder. I løpet av 2006 vil resultata av prosjekt Grøn stat bli evaluert og eventuell oppfølging vurdert.

## Berekraftig produksjon og forbruk

Det er eit mål å minimere den uheldige verknaden produkt og tenester har på miljøet, noko som seinast vart uttalt i deklarasjonen frå FN-toppmøtet i Johannesburg om miljø og berekraftig utvikling. Dette området vil derfor vere viktig i Regjeringas vidare arbeid med Nasjonal Agenda 21 – handlingsplan for berekraftig utvikling.

For å bidra til å hindre at forbruksveksten medfører auka miljøbelastning og at det skjer ei fråkopling mellom miljøproblema og forbruksvekst, vil det bli arbeidd for å styrkje innsatsen spesielt retta mot forbrukarar. Det vil bli lagt særleg vekt på tilgang på informasjon og anna tilrettelegging for å gjere det lettare å opptre som miljøvennleg forbrukar. Offentleg sektor har eit hovudansvar for å gå føre i arbeidet for eit meir berekraftig forbruk. Årleg kjøper offentleg sektor varer og tenester for over 240 milliardar kroner. Ved å ta *miljøomsyn ved innkjøp og investeringar* vil offentleg sektor kunne bidra betydeleg til å redusere miljøbelastninga av drifta si. Samtidig vil auka etterspørsel etter miljøvennlege løysingar frå offentleg sektor bidra til å fremje rimelegare og betre utval av miljøvennlege produkt og teknologi i heile marknaden. I næringslivet blir det lagt ned store ressursar på å utvikle meir miljøvennlege løysingar og ta i bruk miljømerkeordningar for å informere om produktas miljøeigenskapar. Næringslivet opplever likevel manglande etterspørsel etter slike løysingar frå det offentlege.

I lov om offentlige anskaffelser er det stilt krav om at det ved planlegging av innkjøp skal takast omsyn til livssykluskostnader og miljøkonsekvensar av anskaffingane. Erfaringane så langt tyder likevel på at det gjenstår betydelege utfordringar i å integrere miljøomsyn i innkjøpsprosessen til den enkelte statlege verksemda.

For å fremje *miljøomsyn ved offentlege innkjøp* er det sommaren 2005 oppretta eit panel for miljømedvitne offentlege innkjøp. Panelet er eit rådgivande panel for Miljøverndepartementet om miljømedvitne innkjøp i offentleg sektor. Panelet skal blant anna identifisere barrierar og høve til å ta miljøomsyn ved offentlege anskaffingar, bidra til auka kompetanse om miljømedvitne innkjøp i Noreg og vere ein viktig møteplass for utveksling av erfaringar og informasjon mellom sentrale aktørar.

I regi av GRIP er det sett i gang eit femårig program om offentlege miljømedvitne innkjøp. Programmet skal bidra med praktisk hjelp til innkjøpa, blant anna leggje til rette for at det blir enklare å stille miljøkrav. Eit viktig tiltak vil vere å syte for at innkjøparar har tilgang til relevante miljøkrav/miljøkriterium for viktige produktgrupper og nødvendige metodar og verktøy for å gjennomføre miljøeffektive anskaffingar. Kunnskap og verktøya som blir utvikla overfor offentlege verksemder kan også ha overføringsverdi til privat næringsliv.

EU-kommisjonen har bede medlemsstatane sine om å utarbeide handlingsplanar for å fremje miljømedvitne innkjøp innan utgangen av 2006. Planane skal beskrive status, setje ambisiøse mål for dei kommande tre åra og vurdere kva tiltak som skal setjast i gang for å nå måla. Planane skal reviderast kvart tredje år. Regjeringa vil i løpet av 2006 utarbeide ein slik handlingsplan.

Informasjon er eit heilt sentralt verkemiddel i miljøvernpolitikken. For ytterlegare å styrkje retten til miljøinformasjon vart det vedteke ei samla lov om rett til *miljøinformasjon* og deltaking i offentlege avgjerdsprosessar med innverknad på miljøet (miljøinformasjonslova), som trådde i kraft 1. januar 2004. Lova inneber ei plikt for både offentlege styresmakter og offentlege og private verksemder til å gi ut miljøinformasjon. Lova forpliktar vidare forvaltingsorgan på alle nivå til å gjere allment tilgjengeleg oversiktsinformasjon om miljøtilstand og miljøforhold innafor sine respektive ansvarsområde. Arbeidet med å gjere informasjon tilgjengeleg er eit kontinuerlig arbeid, og Regjeringa vil styrkje arbeidet med formidling av miljøinformasjon, slik at den når ut til alle befolkningsgrupper i tråd med prinsippa for universell utforming.

For å bidra til å sikre at miljøinformasjonslova blir overhalden har Regjeringa oppnemnt ei eiga uavhengig klagenemnd som trådde i funksjon 1. januar 2004. Klagenemnda for miljøinformasjon behandlar klager over avslag på innsyn hos private verksemder. Lova vil bli evaluert i 2006 i tråd med Stortingets oppmoding.

Slik det vart signalisert i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* vil Regjeringa gjere Noreg til eit føregangsland for miljøteknologi. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for å styrkje utvikling og bruk av *miljøteknologi*, og bidra til at dette blir eit sentralt element for å møte viktige miljøutfordringar. Miljøteknologi kan både bidra til miljøforbetringar og sikre næringsutvikling og sysselsetjing. Det er eit aukande fokus på miljøteknologiske løysingar også internasjonalt, noko som inneber auka høve til eksport for norske verksemder.

I tillegg vil reduserte kostnader ved ny teknologi auke høvet for utviklingsland til å ta i bruk teknologien og bidra til at desse landas sterke behov for økonomisk vekst kan skje utan tilsvarande auka belastningar på miljøet. Miljøteknologi, som gir grunnlag for auka verdiskaping, redusert forureining og reduserte kostnader, kan derfor òg vere eit effektivt og sentralt bidrag til arbeidet med å redusere fattigdommen i verda.

Regjeringa foreslår å vidareføre fokuset på miljøteknologi. Det blir lagt opp til å stimulere til auka forsking på miljøteknologi og nytte forskingsresultata betre. Regjeringa vil òg gjere forventningane til næringslivet tydelegare og vurdere korleis eksisterande støtteordningar kan nyttast betre.

Det er sett i gang utgreiingsarbeid i 2005 for å kartleggje kva faktorar som påverkar utvikling og bruk av miljøteknologi. Det vil i 2006 bli vurdert korleis resultata frå denne kartlegginga kan nyttast som grunnlag for vurderingar av relevante verkemiddel og vidare verkemiddelutforming.

Det blir lagt opp til å vidareføre fokuset på meir miljømedvitne offentlege innkjøp, kompetanseoppbygging og internasjonalt samarbeid.

Regjeringa vil i 2006 halde fram samarbeidet knytt til EUs handlingsplan for miljøteknologi, og vil òg arrangere seminar og anna aktivitet som kan bringe den norske miljøteknologinæringa i kontakt med samarbeidspartnarar i EU og andre land. Dette er eit langsiktig arbeid som òg avheng av nært samarbeid med og oppfølging også frå nærings- og forskingsaktørar.

I 2005 er det oppretta ein nettstad for miljøteknologi i Noreg, www.miljoteknologi.no. Nettstaden blir redigert av SFT. Det vil i 2006 bli arbeidd vidare med å leggje denne til rette slik at det blir den sentrale nettstaden for informasjon om miljøteknologi i Noreg.

SFT har etablert eit samarbeid med aktørar innan skipsfarts-, samferdsle- og byggsektorane i 2005 med sikte på å fremje utvikling og bruk av miljøteknologi. Samarbeidet vil bli vidareført i 2006.

Det blir òg gitt støtte til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, jf. kap. 1400 post 73, programkategori 12.10.

*Arbeidsmål 4. Sikre rammevilkår og verkemiddel som varig styrkjer det regionale og lokale miljøvernarbeidet.*

### Oppgåver på regionalt nivå

Den regionale miljøforvaltninga er lagt til fylkesmennene, som skal sjå til at nasjonale miljømål blir omsette til regionale og lokale mål og tiltak. Fylkesmannen har ei sentral rolle i samband med samarbeid og samordning med andre sektorar og forvaltar dessutan delar av lovverket på miljøvernområdet. Fylkesmannens arbeidsoppgåver skal vere i samsvar med Regjeringas prioriteringar. Der internasjonale konvensjonar medfører regionale plikter, må dette prioriterast. Samla sett er miljøvernavdelinganes innsats i hovudsak retta mot resultatområda 1. Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, 2. Friluftsliv, 4. Overgjødsling og oljeforureining, 5. Helse og miljøfarlege kjemikaliar, 6. Avfall og gjenvinning, 7. Klimaendringar, luftforureining og støy og 9. Regional planlegging. I tillegg har Miljøverndepartementet ansvaret for andre avdelingar hos fylkesmannen når det gjeld område av meir tverrsektoriell karakter under resultatområda 9. Regional planlegging og 10. Kart og geodata. Fylkesmannens viktigaste oppgåver er knytte til:

- Verneplanarbeidet der tempoet skal haldast oppe i tråd med gjeldande framdriftsplanar for nasjonalparkplanen, sluttføring av dei fylkesvise verneplanane, marin verneplan og vidareføring av arbeidet med nytt skogvern, under dette vern av skog på statsgrunn.
- Forvaltning av verneområda, under dette utarbeiding av forvaltningsplanar for dei mest brukte nasjonalparkane.
- Bevaring av villaksen som er eit nasjonalt satsingsområde der etablering av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar er det viktigaste nasjonale løftet. Oppfølginga av denne ordninga blir derfor høgt prioritert. Fylkesmennenes arbeid med kartlegging av bestandssituasjonen er viktig i eit nasjonalt perspektiv og må prioriterast. Vidare skal kampen mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris* førast vidare.
- Rovviltforvaltninga, der arbeidet skal førast vidare i tråd med Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*. Regionale rovviltnemnder får eit hovudansvar. Eit fylkesmannsembete i kvar region er sekretariat for nemndene. Fylkesmennene skal fatte enkeltvedtak knytte til felling av rovvilt innafor dei rammene som rovviltnemndene set. Fylkesmannen får vidare ansvar knytt til betre samordning av landbrukspolitiske, reindriftspolitiske og miljøvernpolitiske verkemiddel på regionalt nivå.
- Friluftsliv, der det skal leggjast til rette for friluftsliv og sikre allmenta tilgang til friluftsområde. Fylkesmennene må halde god framdrift i arbeidet med sikring av friluftsområde, særleg i strandsona.
- Samordning og styrking av kunnskap, jf. St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Blant anna skal den kommunale kartlegginga av biologisk mangfald førast vidare med fokus på kartlegging i ferskvatn og kystnære sjøområde. Fylkesmannen har ei svært viktig rolle i samband med innhenting og kvalitetssikring av data frå kommunane, og i å vere aktiv i ei felles geodataforvaltning og kompetanseheving i bruken av geografisk informasjon.
- Heilskapleg vassforvaltning. Syte for den regionale gjennomføringa av forskrift om rammer for vassforvaltning, anten som vassregionstyresmakt eller ved fylkesvise innspel til vassregionstyresmakta og deltaking i vassregionutvalet.

- Utøve mynde i forhold til kommunanes avløps- og avfallsverksemd, havbruksnæringa og ulike industribransjar.
- Arbeidet med forureina sediment og grunn skal styrkjast. Fylkesmannen skal prioritere utarbeiding av fylkesvise tiltaksplanar for dei mest forureina fjordsedimenta. Arbeidet med å nå dei nasjonale måla innan forureina grunn inneber ein stadig innsats for fylkesmannen i form av opprydding og/eller granskingar. Tilsyn i form av kontroll og reaksjon skal styrkjast for å sikre etterleving av regelverket. Fylkesmannen skal reagere raskt og strengt på alvorlege brot på forureinings- og produktkontrollova. Fylkesmannen har vidare ei viktig rolle når det gjeld oppfølginga av EUs avløpsdirektiv.
- Ansvar for regional stat si deltaking og medverknad i den regionale planlegginga, og ansvaret for at nasjonal politikk blir formidla og teken vare på. Fylkesmannen har òg ei oppgåve i å samordne dei statlege interessene i planarbeidet, utføre mekling i motsegnsaker og behandle klager på regulerings- og utbyggingsplanar.
- Informasjon er eit prioritert verkemiddel for heile miljøvernforvaltninga. Fylkesmannen skal derfor framleis ha skarpt fokus på innhenting, kvalitetssikring, levering og forvaltning av miljø- og geodata. Dataforvaltninga skjer ved hjelp av sentrale fagsystem som er ein del av den nasjonale geografiske infrastrukturen. Vidare skal fylkesmannen formidle kunnskap om utvikling i miljøtilstand og arealbruk.
- Fylkesmannen skal i sin dialog med kommunane om prioriterte miljøutfordringar utnytte skjønnsmidlane strategisk.

Ein viser elles til Moderniseringsdepartementets budsjettproposisjon, *Programkategori 01.10 Fylkesmennene.*

### Eit meir effektivt lokalt miljøvern.

Kommunanes innsats er nødvendig for at Noreg skal lukkast i miljøvernpolitikken. Ei lokal forankring og eit lokalt engasjement er òg nødvendig for å gi legitimitet til ein offensiv nasjonal miljøvernpolitikk.

Dei seinare åra har fokus i kommunesektoren i aukande grad vore retta mot effektivisering av tenesteproduksjonen. Dette har gjort det til ei utfordring i det heile å få merksemd på det langsiktige plan- og miljøvernarbeidet i kommunane. Det er på trass av dette bygd opp mykje kunnskap og røynsle frå lokalt miljøvernarbeid dei siste 10 – 15 åra. Vidareutvikling og systematisk formidling av denne kunnskapen til flest mogeleg kommunar, slik at dei ser handlingsrommet og gjennomfører miljøretta tiltak, vil kunne utgjere eit betydeleg bidrag til den samla måloppnåinga i den nasjonale miljøvernpolitikken. Ei slik arbeidsform vil òg gi fornya lokal merksemd og kompetanse innan miljøområdet.

Som oppfølging av St.meld. nr 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* vil regjeringa arbeide for å styrkje den lokale forankringa av miljøvernpolitikken. Gjennom å organisere læringsnettverk der dei mest offensive miljøkommunane går føre, skal miljøvern og berekraftig samfunnsutvikling setjast tydelegare på den lokalpolitiske dagsordenen. Sentrale område er blant anna arealpolitikken, innkjøpspolitikken, klima og energi, miljøsamarbeid med lokalsamfunn i Sør, ressursforvaltning og biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og livskvalitet, folkehelse og friluftsliv. Nettverksgrupper av kommunar, leia av KS med miljøfagleg bistand frå ei rekkje aktørar, skal arbeide med konkrete tiltak innafor dei ulike prioriterte miljøområda.

Med dei informasjonssystema og verktøya ein i dag rår over, blir ei slik arbeidsform rekna som svært effektiv og målretta. Ein vil knyte seg opp mot aktuelle og pågåande prosessar i den enkelte kommunen for å forsterke desse i miljøvennleg retning. Det vil bli lagt vekt på formidling av gode eksempel og å utvikle verktøy og verkemiddel som synleggjer og integrerer miljøvern i kommunanes ordinære plan- og styringssystem. Vidareutvikling av KOSTRA med tilhøyrande nøkkeltal vil inngå i arbeidet. For å oppnå ein varig læringseffekt vil programperioden vere 2006 – 2010.

### *Arbeidsmål 5. Sikre god informasjon og kommunikasjon med ulike målgrupper om lokale, nasjonale og globale utfordringar.*

Pressa og frivillige organisasjonar er viktige målgrupper for Miljøverndepartementet. Vi legg derfor særleg vekt på at desse gruppene får god tilgang til informasjon, slik at dei på sin måte kan formidle vidare til sine målgrupper.

Pressereiser i samband med nasjonale og internasjonale møte der miljøvernministeren deltek er blant tiltak som blir nytta. På tradisjonell måte blir det utarbeidd artiklar og kronikkar til aviser og tidsskrifter, og det blir også arrangert pressekonferansar ved viktige hendingar.

Godt samarbeid med organisasjonane er viktig for departementet, og driftstilskot til dei frivillige organisasjonane er eit nyttig verkemiddel for å styrkje aktivitet og deltaking.

I tillegg til media er Internett ein viktig kanal for informasjonsformidling frå Miljøverndepartementet og underliggjande etatar. Store mengder miljøinformasjon er gjort tilgjengeleg gjennom nettstadene til miljøvernforvaltninga. Departementsinngangen www.miljo.no gir full oversikt over informasjonstilbodet frå miljøforvaltninga. *Miljøstatus i Noreg* (www.miljostatus.no) er inngangen til fakta og annan informasjon knytt til tilstand og utvikling for dei miljøvernpolitiske resultatområda. Det er etatane sitt ansvar å oppdatere denne informasjonen. Departementets internettsider skal vere ein formidlingskanal i tråd med lov om rett til miljøinformasjon. Eitt døme er høyringssaker der også høyringsfråsegnene blir lagt ut på nettet. Informasjonssidene om EU/EØS er eit anna døme. Dei gir brukarane informasjon om arbeidet i EU/EØS i god tid og dermed høve til å påverke prosessen. Bruken av Internett er ein viktig del av strategien for IKT i miljøvernforvaltninga der utvikling av interaktive, brukartilpassa informasjonsløysingar er sentrale mål.

Det blir sett av midlar til ulike informasjonstiltak og aktivitetar, m.a. til samarbeidsprosjekt med andre aktørar. Informasjon i samband med aktuelle stortingsmeldingar, m.a. oppfølging av kulturminnemeldinga og meldinga om Regjeringas miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand står sentralt.

For å formidle nyhende, avgjerder og tolkingsfråsegner innan planlegging etter plan- og bygningslova og kartforvaltning, gir departementet ut publikasjonane P*lannytt og Planjuss*. Publikasjonane er retta mot folk som arbeider i privat og offentleg verksemd.

Internasjonale standardar for tilgjenge, WAI (Web accessability initiative) skal innarbeidast på miljøvernforvaltningas internettsider. Opplesing med syntetisk tale blir prøvd ut på nokre sentrale sider. Nettstaden www.universell-utforming.miljo.no som er knytt til Regjeringas handlingsplan for auka tilgjenge, har vore banebrytande på dette feltet i Noreg.

Departementet har eit nært samarbeid med dei underliggjande etatane om informasjon til utvalde målgrupper.

### Verkemiddel

Resultatområdet er planlagt finansiert med 583,2 mill. kroner over Miljøverndepartementets budsjett for år 2006. Resultatområdet omfattar innsatsen av områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver på tvers av alle resultatområda 1-10, og blir finansiert av alle delar av miljøvernforvaltninga, jf. kap. 1400, 1410, 1425, 1426, 1427, 1429, 1432, 1441, 1465 og 1471. Tilskot til dei frivillige miljøvernorganisasjonane er òg eit viktig verkemiddel for å styrkje medverknad og engasjement omkring ulike miljøspørsmål, jf. kap. 1400, post 70. Tilskot til andre organisasjonar eller prosjekt som bidrar til å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk er òg sentralt, jf. kap. 1400, post 73. For år 2006 er det totalt avsett 94,1 mill. kroner til miljøovervaking over Miljøverndepartementets budsjett, jf. kap. 1410, post 21.

I tillegg blir lønn og drift av fylkesmannens miljøvernavdelingar finansierte over kap. 1510 Fylkesmannsembeta, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) for Moderniseringsdepartementet.

Miljøverndepartementet utviklar og forvaltar ei rekkje lover, reglar og instruksar som har innverknad på miljøsektoren og plansida, f.eks. plan- og bygningslova, forureiningslova, naturvernlova m.m.

Ein effektiv og målretta organisasjon er eit avgjerande verkemiddel for gjennomføring av Miljøverndepartementets mål.

# *Del III*
# *Miljøverndepartementets budsjettforslag for 2006*

# Programkategori 12.10 Fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m.

Utgiftene under programkategori 12.10 kan førast attende til alle resultatområda. Ein viser til innleiinga i del II der det blir gjort greie for budsjettendringar i 2006 innafor dei ulike resultatområda.

Foreslått løyving knytt til programkategorien for 2006 er på 810,5 mill. kroner inkl. meirverdiavgift. Dette er ein auke på 160,4 mill. kroner, eller 24,7 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2005. Auken skuldast i hovudsak ei løyving til nikkelverket på Kola på 109 mill. kroner. Regjeringa legg vidare opp til ein auke i løyvingane til miljøretta forsking og overvaking på 31,6 mill. kroner i 2006. Det blir dessutan foreslått å opprette ein ny post til arbeidet med å utvikle miljøvernpolitikken på lokalt nivå med ei løyving på 10 mill. kroner.

Frå 2006 er det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten. Ordninga er innretta slik at meirverdiavgifta blir budsjettert på eit eige felles utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Ordninga er nærare omtalt under kapittel 5 i del I. Frå denne programkategorien er det rammeoverført 20,2 mill. kroner til dette kapitlet.

Utgifter under programkategori 12.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1400 | Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400) | 344 600 | 334 667 | 456 808 | 36,5 |
| 1410 | Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 4410) | 313 408 | 315 412 | 333 485 | 5,7 |
| | Sum kategori 12.10 | 658 008 | 650 079 | 790 293 | 21,6 |

## Kap. 1400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 154 424 | 159 687 | 158 459 |
| 21 | Spesielle driftsutgifter | 46 345 | 37 789 | 41 896 |
| 70 | Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar | 25 912 | 30 000 | 31 000 |
| 71 | Internasjonale organisasjonar | 36 006 | 38 007 | 38 507 |
| 72 | Miljøverntiltak i nordområda, *kan overførast* | 6 500 | 7 000 | 7 000 |
| 73 | Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, *kan overførast* | 28 713 | 23 713 | 21 200 |
| 74 | Tilskot til AMAP, *kan overførast* | 2 200 | 2 200 | 2 200 |
| 75 | Miljøvennleg byutvikling, *kan overførast* | 3 515 | 5 000 | 5 000 |
| 76 | Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, *kan overførast* | 8 355 | 8 371 | 9 046 |

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 77 | Oppfylling av garantiansvar | 12 065 | | |
| 78 | Miljøtiltak til nikkelverka på Kola, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 20 564 | | 109 000 |
| 79 | Den nordiske verdsarvstiftelsen | | 3 500 | 3 500 |
| 80 | Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | | 19 400 | 20 000 |
| 81 | Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | | | 10 000 |
| | Sum kap. 1400 | 344 600 | 334 667 | 456 808 |

## Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga dekkjer dei ordinære driftsutgiftene som er naudsynte for at Miljøverndepartementet skal kunne halde ved lag ei forsvarleg verksemd. Om lag to tredelar av løyvinga gjeld lønn til fast tilsette i departementet. I perioden 1. mars 2001 – 1. mars 2005 er talet på årsverk i departementet redusert frå 256 til 223.

Om lag ein tredel av løyvinga går til å dekkje husleige, fornying av materiell, inventar og utstyr, bl.a. drift og utvikling av IT-anlegget til departementet, reiseutgifter, kurs- og konferanseverksemd og tiltak for kompetanseutvikling. Av desse fellesutgiftene er husleige og IT-utgifter dei største. Departementet har òg høge reiseutgifter pga. det internasjonale miljøvernarbeidet.

I 2006 er det foreslått ei totalløyving til tiltaka under posten på 163,2 mill. kroner inkl. meirverdiavgift. Dette er ein auke frå 2005-budsjettet på om lag 3,5 mill. kroner. Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Om lag 4,7 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten. Meirinntekter under kap. 4400 post 02 Ymse Inntekter gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under denne posten, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

## Post 21 Spesielle driftsutgifter

Midlane under posten er retta mot alle resultatområda.

Løyvinga på denne posten dekkjer utgifter til kjøp av utgreiingar og lønn til mellombels tilsette som er knytte til faglege prosjekt. Prosjekta relaterer seg til heile miljøvernforvaltningas ansvarsområde.

Miljøvernpolitikken står overfor store utfordringar og det er viktig å ha eit grundig fagleg fundament for den politikken som blir lagt opp. Det er derfor viktig å ha midlar til å kunne utgreie nye politiske satsingar, tiltak og verkemiddel og konsekvensar av dei, og til å kunne evaluere gjennomført politikk med sikte på vidare utvikling.

På miljøvernområdet er det få sterke interessegrupper som har ressursar til på sjølvstendig grunnlag å utføre djuptgåande faglege utgreiingar som utgangspunkt for å fremje politiske synspunkt. På den andre sida står miljøvernet overfor ressurssterke interessegrupper med både utgreiings- og påverknadskraft, og som har andre interesser enn miljøvern. Det er derfor viktig at Miljøverndepartementet har tilstrekkelege ressursar til å kunne initiere utgreiingar av ny politikk og evaluere politiske tiltak og verkemiddel som er sette i gang eller gjennomførte. I tillegg blir ressursar nytta til å vurdere miljøkonsekvensar av forslag som blir fremja frå andre sektorar.

I 2006 er det foreslått ein auke til tiltaka under posten på om lag 6 mill. kroner. 1,9 mill. kroner av dette beløpet er budsjetterte under det nyoppretta utgiftskapitlet til dekning av meirverdiavgift, kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift post 01 Driftsutgifter. Løyvinga som er foreslått i 2006-budsjettet vil bl.a. bli nytta til å føre vidare arbeidet med ein heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet og rammedirektivet for vatn, samt kartlegging av miljøgifter i naturen og i produkt.

Det er vidare avsett midlar til å føre vidare arbeidet (m.a. til naudsynte utgreiingar og samfunnskontakt) til Lågutsleppsutvalet som vart sett ned i 2005. Utvalet vil leggje fram utgreiinga si mot slutten av 2006.

I tillegg vil posten dekkje arbeid med vurderingar av om relevant lovverk og administrative ordningar tek tilstrekkeleg høgde for den klimapolitiske utfordringa. Miljøverndepartementet vil også i samarbeid med andre departement arbeide med ein strategi for tilpassingstiltak til klimaendringar i Noreg. Tiltak for villaksen, bevaring av fjellreven og kontroll av ulovleg og ikkje berekraftig tømmerhogst er andre viktige saksområde som det blir løyvd midlar til under denne posten.

Meirinntekter under kap. 4400 post 21 Oppdragsinntekter gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under denne posten, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 70 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar

Midlane under posten er retta mot resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Posten omfattar all grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar som blir gitt over budsjettet til Miljøverndepartementet. Støtte blir gitt til organisasjonar som har sitt kjerneområde direkte knytt til miljøvern eller fagspesifikke område.

Posten vart auka med 15 pst. frå 2004 til 2005. Løyvinga for 2006 er auka med 1 mill. kroner i forhold til 2005-budsjettet.

#### Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å halde oppe eit breitt utval av demokratisk oppbygde, landsomfattande organisasjonar med miljøvern som hovudarbeidsfelt, for å sikre frivillig engasjement og styrkje medverknaden i miljøvernspørsmål lokalt, regionalt og sentralt, basert på fagleg innsikt. Storleiken på driftstilskota blir fastsett bl.a. ut frå ei vurdering av organisasjonanes aktivitetsnivå lokalt, økonomien deira og alternative høve til finansiering, saman med medlemstalet i organisasjonane.

#### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll går føre seg ved generell formalia- og sannsynskontroll av innsende årsmeldingar, og rekneskap stadfest av revisor.

Tabell 18.1 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar

| Organisasjon | Rekneskap 2004 | Vedtatt budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---:|---:|---:|
| Norges Naturvernforbund | 4 480 | 5 152 | 5 324 |
| Framtiden i våre hender | 1 645 | 1 892 | 1 955 |
| Den Norske Turistforening | 3 009 | 3 460 | 3 575 |
| Norges Jeger- og fiskerforbund | 4 123 | 4 742 | 4 900 |
| Friluftslivets fellesorganisasjon | 2 033 | 2 338 | 2 415 |
| Norsk Ornitologisk Forening | 1 241 | 1 427 | 1 475 |
| Norges kulturvernforbund | 559 | 643 | 664 |
| Fortidsminneforeningen | 2 630 | 3 025 | 3 125 |
| Forbundet Kysten | 1 113 | 1 280 | 1 323 |
| Norsk forening for fartøyvern | 1 017 | 1 170 | 1 210 |
| Natur og Ungdom | 883 | 1 015 | 1 049 |
| Norges Miljøvernforbund | 176 | 202 | 209 |
| WWF-Norge | 471 | 541 | 560 |
| Norsk forening mot Støy | 671 | 772 | 798 |
| Norsk Vannforening | 192 | 220 | 227 |
| Samarbeidsrådet for biologisk mangfold | 589 | 677 | 700 |
| Norsk Biologforening | 81 | 95 | 98 |
| Norsk Zoologisk Foreining | 54 | 63 | 65 |
| Norsk Entomologisk Forening | 81 | 95 | 98 |

Tabell 18.1 Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar

| Organisasjon | Rekneskap 2004 | Vedtatt budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|
| Norsk Botanisk Foreining | 81 | 95 | 98 |
| Foreningen Våre Rovdyr | 130 | 153 | 158 |
| Noregs Sopp- og nyttevekstforening | 50 | 60 | 62 |
| Blekkulfs miljødektektiver | 603 | 883 | 912 |
| Sum | 25 912 | 30 000 | 31 000 |

Departementet tek atterhald og vurderer fortløpande, basert på innkomne søknader, om organisasjonar som blir tildelte grunnstøtte tilfredsstiller kriteria for å ta imot støtte på denne posten.

## Post 71 Internasjonale organisasjonar

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda.

Auken på posten i forhold til budsjettet 2006 er knytt til at både Kyotoprotokollen (under Klimakonvensjonen) og Cartagenaprotokollen (under Biodiversitetskonvensjonen) no har trådd i kraft.

### Mål

Målsetjinga med løyvinga er å medverke til å halde ved lag drifta av organisasjonar som utfører viktig miljøretta arbeid av verdi for Noreg.

Løyvinga skal dekkje obligatoriske bidrag til internasjonale organisasjonar der Noreg deltek aktivt. Løyvinga under denne posten er ei direkte følgje av at Stortinget har ratifisert avtaler med budsjettbindingar, eller at Regjeringa har vedteke norsk medlemskap. I tillegg blir det gitt eit frivillig bidrag til FNs miljøfond (UNEP). Ordninga er ikkje open for søknad.

Følgjande internasjonale organisasjonar får bidrag:

- FNs miljøfond (UNEP)
- Den internasjonale hydrografiske organisasjon (IHO)
- Den internasjonale naturvernunionen (IUCN)
- Fellessekretariat for Oslo- og Pariskonvensjonane og Bonnavtala (oljeforureining)
- Interimsekretariat for Ramsarkonvensjonen (vern av våtmarker)
- Konvensjonen om internasjonal handel med truga arter (CITES)
- Konvensjonen om trekkjande arter av ville dyr (Bonnkonvensjonen)
- Konvensjonen om vern av ozonlaget (Wienkonvensjonen)
- Protokoll om stoff som reduserer ozonlaget (Montrealprotokollen).
- Den nordatlantiske laksevernorganisasjonen (NASCO)
- Konvensjonen om biologisk mangfald (Biodiversitetskonvensjonen/CBD)
- Cartagena-protokollen om genmodifiserte organismar
- Internasjonalt studiesenter for bevaring og restaurering av kulturminnesmerke (ICCROM)
- Det europeiske overvakingsprogrammet for langtransport av luftforureiningar (EMEP)
- Konvensjonen om kontroll med grenseoverskridande transport av farleg avfall (Baselkonvensjonen)
- Miljøverndepartementets del av det norske bidraget til grunnkapital i Det nordiske miljøfinansieringsselskapet (NEFCO)
- Det europeiske miljøvernbyrået (EEA)
- FNs klimapanel (IPCC)
- FNs Rammekonvensjon om klimaendringar (UNFCCC)
- Kyotoprotokollen
- Stockholmkonvensjonen om persistente organiske sambindingar (POP)
- Rotterdamkonvensjonen om notifikasjon og forhandssamtykke ved eksport av kjemikaliar
- Århuskonvensjonen om miljøinformasjon
- International Council of Monuments and Sites (ICOMOS)

### Oppfølging og kontroll

Kontroll og oppfølging av organisasjonane skjer ved generell formaliakontroll av reviderte rekneskapar og årsrapportar, deltaking i generalforsamlingar, årsmøte og liknande.

## Post 72 Miljøverntiltak i nordområda, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda. Løyvinga er oppretta for å

styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda. Ordninga er ikkje open for søknad. Relevante tilskotsmottakarar blir tilskrivne.

### A: Tilskot til drift av Polarmiljøsenteret A/S

*Mål:*

Målet med ordninga er utvikling av Polarmiljøsenteret A/S i Tromsø slik at selskapet kan løyse fellesoppgåver knytte til drifta av Polarmiljøsenteret på ein økonomisk og fagleg effektiv måte. Vidare skal selskapet ha som oppgåve å formidle informasjon om og profilering av Polarmiljøsenteret nasjonalt og internasjonalt.

*Oppfølging og kontroll:*

I tillegg til fagleg kontakt blir det motteke årsrapportar om gjennomførte aktivitetar og reviderte rekneskapsrapportar frå tilskotsmottakar. Kontroll skjer ved fagleg og generell formaliakontroll av årsrapport og rekneskap, ved kontroll av tilskotsmottakaren si faktiske etablering i senteret og ved at tre av departementets direktorat deltek i selskapets styre.

### B: Tilskot til FoU-verksemd

*Mål:*

Målet med tilskotsordninga er å styrkje miljøvernkompetansen retta mot nordområda. Målgruppa for tilskotsordninga er samarbeidande forskingsinstitutt som er deltakarar i Polarmiljøsenteret.

*Kriterium for måloppnåing:*

Vi måler omfanget av og kvaliteten og relevansen i forskingsresultat framlagt i form av rapportar og artiklar i nasjonale og internasjonale tidsskrift.

*Oppfølging og kontroll:*

Forskingsinstitutta og andre som får tilskot rapporterer på talet FoU-prosjekt som er sette i verk og avslutta, mengda av publiserte og selde publikasjonar, under dette også ved internasjonal referee. Vidare blir det motteke årsrapportar med omsyn til det vitskapelege samarbeidet i senteret og reviderte rekneskapsoversikter for tilskota. Kontroll skjer ved fagleg gjennomgang og generell formaliakontroll av dei innsende rapportane.

### C: Tilskot til polarattraksjonen Polaria

*Mål:*

Målet med tilskotsordninga er å sikre fornying av utstillingar.

*Oppfølging og kontroll:*

Rapport og revidert rekneskap blir innhenta frå Stiftelsen Polaria. Kontroll skjer ved generell formaliakontroll av årsrapport og rekneskap.

*Evaluering:*

Det blir gjennomført ei ekstern evaluering av heile posten hausten 2005.

## Post 73 Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 6 Avfall og gjenvinning, 7 Klimaendringar, luftforureining og støy, 9 Regional planlegging og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Løyvinga er redusert med 2,5 mill. kroner i 2006. Dette har samanheng med at enkelte program blir avslutta i 2005, jf. omtala under.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å påverke produksjons- og forbruksmønsteret ved å byggje opp og formidle kompetanse om miljøvennleg produksjon og forbruk, og stimulere til berekraftig praksis i næringsliv, hushald og offentleg verksemd.

Ordninga vil i 2006 omfatte:

- Drifts- og prosjekttilskot til Stiftelsen for berekraftig produksjon og forbruk, GRIP Senter, som skal utvikle og formidle metodar, verktøy og informasjon som hjelper, motiverer og gjer det enklare for private og offentlege verksemder å bli meir miljøeffektive, og auke verdiskapinga med redusert ressursbruk og miljøbelastning GRIP senter er eit sentralt verkemiddel i samband med Miljøverndepartementets satsing på miljømedvitne offentlege anskaffingar, Grøn stat og reiseliv, økoturisme og destinasjonsutvikling. Tilskotet i 2006 vil i hovudsak gå til desse satsingsområda.
- Drifts- og prosjekttilskot til Grønn Hverdag – Miljøheimevernet. Verksemda skal gjennom praktiske råd og løysingsforslag påverke bl.a. forbrukarane til meir miljøvennleg åtferd.

- Drifts- og prosjekttilskot til Stiftelsen Idébanken. Stiftelsen har som formål å fremje og formidle praktiske, lokale forsøk på å realisere ei berekraftig utvikling og gjere synleg det lokale handlingsrommet som finst.
- Driftstilskot til stiftelsen Miljømerking i Noreg, som skal stimulere næringslivet si satsing på å utvikle meir miljøvennlege produkt og stimulere forbrukarane til val av desse (ordninga er nærare omtalt i Barne- og familiedepartementets budsjettproposisjon).
- Det er avsett tilskot til miljøstiftelsen Bellona og Zero (Zero Emission Resource Organisation). Tilskota blir gitt på grunnlag av søknad for arbeid med innsamling, samanstilling og formidling av kunnskap om meir miljøvennleg energi- og miljøteknologi.
- Prosjekttilskot til LOOP, ein stiftelse som arbeider med å gi meir heilskapleg og samordna informasjon til næringsliv, kommunar og forbrukarar om handtering av alle typar avfall, under dette spesialavfall.

Ordninga har tidlegare også omfatta tilskot til ORIO-programmet, Stiftelsen Miljøfyrtårn og prosjektet «07-06-05». Det femårig programmet for auka gjenvinning av våtorganisk avfall og slam, ORIO, vart oppretta i 1999 og skulle etter føresetnadene avsluttast i 2004. Programmet har også motteke noko tilskot i 2005, men vil ved utgangen av dette året bli avslutta i si noverande form. Prosjektet «07-06-05 Tid for forandring» vart oppretta i 2000 for å skape auka oppslutning om miljøvernarbeidet, blant anna ved hjelp av nye kommunikasjonsmåtar som kan nå nye målgrupper. Prosjektet har heile tida vore planlagt avslutta i 2005 og vil ikkje bli ført vidare i 2006. Stiftelsen Miljøfyrtårn skal medverke til å motivere kommunar og lokalt næringsliv til å bli meir miljøeffektive. Miljøfyrtårn mottok tilskot for første gongen i 2000 og tilskotet skulle ha vore avslutta i 2002. Intensjonen er at ordninga skal finansierast av brukarane. For å lette overgangen frå program til stiftelse har Miljøfyrtårn likevel motteke tilskot utover denne perioden. Miljøverndepartementet føreset at overgangen til stiftelse er gjennomført, og tilskotet til Stiftelsen Miljøfyrtårn blir avslutta i 2005.

### Kriterium for måloppnåing

I tillegg til det overordna målet for tilskotsposten er det utarbeidd meir konkrete arbeidsmål for dei enkelte verksemdene som mottek støtte. Desse måla går fram av tilsegnsbrevet til den enkelte verksemda. Ved å ta utgangspunkt i tiltak, aktivitetar og prosjekt som har vore gjennomførte, skal verksemdene gjere greie for effektane av dette og knyte det til fastsette arbeidsmål, relevante nasjonale miljømål og mål for berekraftig utvikling nedfelt i Nasjonal Agenda 21.

Miljøverndepartementet arbeider kontinuerleg for å betre opplegget for resultatrapportering frå verksemdene og gjere dette meir systematisk og straumlinjeforma. For betre å kunne dokumentere og synleggjere effektane av arbeidet til verksemdene vart det i 2004 sett i gang eit arbeid for å utarbeide formålstenlege indikatorar/suksesskriterium for kvar enkelt verksemd.

### Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på verksemdas resultat frå føregåande år og ein konkret søknad om midlar for kommande periode, sett opp mot prioriterte nasjonale miljø- og berekraftsmål.

### Oppfølging og kontroll

Drifts- og prosjekttilskota blir følgde opp gjennom krav som blir fastsette i kvart enkelt tilsegnsbrev. Det blir motteke årsrapport og/eller rekneskapsoversikt for alle tilsegner, i tillegg til at det er fagleg kontakt med dei enkelte tilskotsmottakarane.

### Evaluering

Det har vore gjennomført ei evaluering av verksemdene GRIP senter, Stiftelsen Idébanken, LOOP og Miljøheimevernet/Grønn hverdag. I 2004 har det vore ein prosess for å utløyse effektiviseringsgevinstar som ei oppfølging av evalueringa. I tilskota til organisasjonane i 2004 og 2005 er det stilt krav som skal sikre auka effektivitet i tråd med resultata frå evalueringa.

## Post 74 Tilskot til AMAP, kan overførast

Løyvinga medverkar til å oppnå måla på resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda.

### Mål

Dette er ei internasjonal forplikting Noreg har påteke seg, og målet med løyvinga er å sikre vidareføring av programmet for arktisk miljøovervaking (AMAP) gjennom tilskot til drift av stiftinga AMAP.

Stiftinga AMAP vart oppretta av Miljøverndepartementet 24. juni 1997. Det internasjonale miljøvernsamarbeidet under den arktiske miljøvernstrategien (AEPS) tok sikte på å redusere negative

miljøverknader av den aukande økonomiske aktiviteten i området. AEPS-samarbeidet er no integrert i det breiare samarbeidet i Arktisk Råd. Miljøovervakingsprogrammet AMAP utgjer den viktigaste delen av samarbeidet.

### Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversikter. I tillegg er det fagleg kontakt med stiftelsen.

## Post 75 Miljøvennleg byutvikling, kan overførast

Midlane under denne posten er i hovudsak retta mot resultatområde 9 Regional planlegging.

### Mål

Formålet med ordninga er å utvikle og stimulere til nye løysingar som fremjar miljøvennleg byutvikling og byforvaltning.

Staten har invitert 12 byar til eit pilotprosjekt der offentlege etatar, næringsliv og bebuarorganisasjonar har gått saman om å utprøve nye miljøløysingar i byane. Det er bl.a. etablert såkalla miljøsoner, der tiltak som kan gi reinare luft, mindre støy, betre trafikktryggleik, betre tilgjenge til grøntområde og betre kulturmiljø er sett samla innafor eit avgrensa område. Groruddalen i Oslo er eitt av pilotprosjekta der fleire tiltak blir prøvde ut samla for å betre miljøet i dalen. Andre pilotprosjekt som er finansierte under posten er omforming av gamle byområde, planlegging, drift og vedlikehald av sentrumsområde og samarbeid med næringslivet om miljøvennlege arbeids- og tenestereiser.

### Kriterium for måloppnåing

Arbeidet skal føre fram til konkrete planar, fysiske resultat og nye samarbeidsformer på dei prioriterte områda. Resultata frå pilotprosjekta skal ha overføringsverdi og kunne formidlast til andre byar og tettstader som står overfor tilsvarande miljøutfordringar.

### Tildelingskriterium

Tildeling vil skje på grunnlag av søknader frå dei partane som deltek i pilotprosjekta. Eigenandel er ein føresetnad.

### Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang blir følgde opp fortløpande både fagleg og økonomisk. Det blir kravd fagrapportar og rekneskapsrapportar av tilskotsmottakar etter avslutta prosjekt. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskapar.

### Evalueringar

Det vil bli sett i gang evaluering av tiltak som er sette i verk, og resultata frå evalueringa vil bli nytta i det vidare bypolitiske arbeidet lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

## Post 76 Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, kan overførast

Midlane under denne posten gjeld resultatområda 7 Klimaendringar, luftforureining og støy og 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda.

Løyvinga er styrkt med 675 000 kroner i 2006. Dette er tilskot til førebuing av International Childrens Conference on the Environment som blir halden i Stavanger i 2008 (375 000 kroner) og støtte til nøkkelpersonar i norske fagmiljø for å prioritere arbeidet med Klimapanelets fjerde hovudrapport (300 000 kroner).

### Mål

Målet med ordninga er å styrkje arbeidet med miljøspørsmål som er svært viktige for Noreg, og å få gjennomslag for norske miljøvernpolitiske prioriteringar internasjonalt. Ordninga skal òg medverke til at Noreg gjennom nasjonale tiltak oppfyller sine internasjonale plikter når det gjeld klimaendringar, stoff som bryt ned ozonlaget og grenseoverskridande luftforureiningar. Tilskotsordninga blir kunngjort i eit eige rundskriv frå Miljøverndepartementet om alle departementets tilskotsordningar.

### Tildelingskriterium

Tildeling av midlar er basert på kva resultat departementet ønskjer å oppnå i det internasjonale miljøvernsamarbeidet, eller plikter Noreg må innfri gjennom nasjonale tiltak.

### Oppfølging og kontroll

Årsrapportar og reviderte rekneskapar frå gjennomførte prosjekt dannar grunnlaget for ein generell formaliakontroll.

## Post 77 Oppfylling av garantiansvar for miljøvernlån

Ordninga med statsgaranterte miljølån i Industribanken (seinare Statens nærings- og distriktsutviklingsfond, SND) og garanti gitt av Industribanken på vegner av staten til pålagte reinsetiltak vart avvikla frå og med 1991. I 1991 vart det innført ei ny ordning med statsgaranterte miljøvernlån for investeringar i tiltak innan gjenvinning, spesialavfall og miljøteknologi i industrien. Denne vart avvikla frå og med 1997.

Låna er sikra mot pant eller med tilsvarande sikring, f.eks. negativ pantstillingserklæring. I tilfelle gjeldssaneringar, konkursar o.a. blir statens garantiansvar effektivt når den sikringa som er etablert ikkje eller berre delvis gir dekning for miljøvernlåna. Det årlege behovet for løyvingar kan ikkje fastsetjast, og forslag til løyving er ikkje oppført. Posten blir nytta til å innfri garantiar som er gitt i samsvar med tidlegare garantifullmakt. For at dette skal kunne skje på ein praktisk måte, og for at staten ikkje skal pådra seg unødige rentekostnader, har departementet fullmakt til å utgiftsføre utan løyving fastslåtte tap under føresetnad av at det så snart det er formålstenleg blir fremja forslag til løyving for Stortinget. Denne fullmakta blir foreslått ført vidare i 2006, jf. Forslag til vedtak III. Det var eit tap på omlag 12 mill. kroner på ordningane i 2004. Garantiansvaret for dei tre ordningane som er avvikla, men der staten framleis sit med garantiansvar, var samla sett redusert frå om lag 46 mill. kroner pr. 31. desember 2003 til om lag 27 mill. kroner ved utgangen av 2004.

Tabell 18.2 Garantifullmakter under kap. 1400 post 77

| I Garanti for lån i Innovasjon Noreg (tidlegare SND) | | (i 1000 kr): |
|---|---|---|
| a) | Tap i 2004 | 0 |
| b) | Garantiansvar 31.12.04 | 10 390 |
| c) | Fullmakt, nye tilsegner i 2005 | 0 |
| d) | Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2006 | 0 |
| e) | Totalramme i 2006 | 10 390 |

II Garanti frå Innovasjon Noreg (tidlegare SND) til andre private kredittinstitusjonar på vegner av staten

| | | (i 1000 kr) |
|---|---|---|
| a) | Tap i 2004 | 0 |
| b) | Garantiansvar 31.12.04 | 248 |
| c) | Fullmakt, nye tilsegner 2005 | 0 |
| d) | Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2006 | 0 |
| e) | Totalramme i 2006 | 248 |

III Statsgaranterte lån i private kredittinstitusjonar og Innovasjon Noreg (tidlegare SND)

| | | (i 1000 kr): |
|---|---|---|
| a) | Tap i 2004 | 12 065 |
| b) | Garantiansvar 31.12.04 | 16 447 |
| c) | Fullmakt, nye tilsegner i 2005 | 0 |
| d) | Forslag til fullmakt, nye tilsegner i 2006 | 0 |
| e) | Totalramme i 2006 | 16 447 |

## Post 78 Miljøtiltak til nikkelverka på Kola, kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga og tilsegnsfullmakta under denne posten gjeld resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda. Under behandlinga av St.prp. 84 (2000-2001) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsettet me regnet folketrygden 2001* slutta Stortinget seg til at Noreg løyver inntil 270 mill. kroner til modernisering av nikkelverket i Petsjenga på Kolahalvøya. Midlane skal òg dekkje kostnadane ved forvaltning av tilskotet. Føresetnaden for tilskotet er at det blir ein vesentleg reduksjon i utsleppa av $SO_2$, tungmetall og støv frå anlegga, og at det vart gitt skatte- og avgiftsfritak på det norske bidraget. Under statsministerens offisielle besøk i juni 2001 vart avtale om fritak på skattar og avgifter inngått. Den nordiske investeringsbanken (NIB) er engasjert til å forvalte tilskotet. Banken skal òg yte eit lån til prosjektet i same storleik som tilskotet. Avtalane om tilskot og lån mellom NIB og eigarselskapet til nikkelverka vart underteikna første halvår 2002, om lag eit halvt år etter planane, noko som forseinka prosjektet.

Moderniseringsprosjektet er tredelt. Det går ut på å byggje briketteringsanlegg i Zapoljarny og å byggje ny smelteomn og ny svovelsyrefabrikk i

Nikel. Investeringane som var planlagt til ca. 93,5 mill. USD blir finansierte med tilskotet frå Noreg og eit tilskot frå Sverige på 3 mill. USD, medan resten blir dekt av lån frå NIB (30 mill. USD) og eigendel frå Norilsk Nikel-konsernet. Eventuelle kostnadsoverskridingar skal dekkjast av Norilsk Nikel. Ombygginga starta i 2002, ca. eit halvt år forseinka. Bygginga av briketteringsanlegget i Zapoljarny går som planlagt. Norilsk Nikel-konsernet gjer i tillegg omfattande investeringar i gruvedrift, knusing og oppkonsentrering av malm i Zapoljarny. Dette er viktige investeringar for vidare drift av nikkelverket.

Det er venta ein reduksjon i utslepp av svoveldioksid, støv og tungmetall på minst 90 pst. når prosjektet er gjennomført. Dette vil gi merkbar betring av helse og miljø lokalt og for miljøet i Finnmark.

Prosjektet har blitt seinka med ytterlegare 1,5 år i forhold til tidlegare planlagt ferdigstilling som var innan utgangen av 2006. Hovudgrunnen til dette var vanskar med handteringa av dei store mengdene med svovelsyre som vil bli produserte; bl.a. vart det vurdert å nytte ein alternativ teknologi som reduserer mengda av produsert svovelsyre. NIB har no opplyst at vurderingane er avslutta og at prosjektet held fram med bruk av den opphavlege teknologien. Norilsk Nikel-konsernet har for eiga rekning bygt eit pilotanlegg av smelteomnar i Montchegorsk. Dette vil sikre at den nye smelteomnen i Nikel møter dei miljøkrava Noreg har sett. Regjeringa foreslår ei løyving i 2006 på 109 mill. kroner.

Det er avsett 0,7 mill. kroner under kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter til å dekkje utgifter ved forvaltning av tilskotet i 2006.

Rest på tilsegnsfullmakta blir etter dette 85,3 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak VI.

### Post 79 Den nordiske verdsarvstiftelsen

Midlane under posten er retta mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda.

Midlane dekkjer tilskot til Den nordiske verdsarvstiftelsen (Nordic World Heritage Foundation, NWHF) gjennom ei grunnløyving på 3,5 mill. kroner.

#### Mål

Målet med løyvinga er å styrkje oppfølginga av UNESCOs verdsarvskonvensjon. Den nordiske verdsarvstiftelsen skal bl.a. fungere som eit knutepunkt for den samla innsatsen frå dei nordiske landa på området, tilby teknisk ekspertise, spreie informasjon og medverke til nyskapande prosjekt, reise midlar og tilby assistanse til utviklingsland.

#### Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsrapportar. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll.

### Post 80 Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområde 9 Regional planlegging.

Posten vart oppretta i 2005 for å ivareta oppfølginga av St.meld. nr. 40 (2002-2003) *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer* og Stortingets vedtak om ein handlingsplan for auka tilgjenge til transport, bygg, informasjon og andre viktige samfunnsområde. Planen er kalla *Handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne – plan for universell utforming innen viktige samfunnsområder (2005-2009),* og oppfølginga av planen er koordinert av Miljøverndepartementet i samarbeid med Arbeids- og sosialdepartementet.

Midlane er knytt til sektorovergripande tiltak i handlingsplanen. Ettersom offentlege instansar vil ha ansvaret for å initiere enkelte av tiltaka, er det behov for at ein del av midlane kan nyttast under post 21.

#### Mål

Formålet med ordninga er å støtte opp om mål, strategiar og prioriterte tiltak i handlingsplanen. Målgrupper er ulike forvaltningsnivå, offentlege og private instansar og organisasjonar.

#### Kriterium for måloppnåing

Ordninga skal stimulere til nytenking i utforming av produkt og tenester, byggverk og uteområde slik at alle, utan omsyn til funksjonsevne, kan nytte dei på ein likestilt måte. Ved at mange aktørar medverkar, finn ein nye løysingar som vil gi meir effektiv nytte av offentlege ressursar. Ordninga legg til grunn at det skal vere aktiv brukarmedverknad og formidling av resultata.

#### Tildelingskriterium

Midlar skal dekkje sektorane sitt ansvar for auka tilgjenge og til verkemiddelområda og tiltaka i handlingsplanen. Tiltak som fremjar samarbeid

over sektorgrenser, forvaltningsnivå og interesseområde blir prioriterte.

### Oppfølging og kontroll

Dei tiltaka som blir sette i gang vil bli følgde opp fagleg og økonomisk. Det blir kravd fagrapportar eller annan dokumentasjon på gjennomførte tiltak og rekneskap av tilskotsmottakar. Sektoranes sameinte innsats blir rapportert til Statssekretærutvalet for den sameinte politikken for funksjonshemma gjennom departementets ansvar for koordineringa av innsatsområdet.

### Evaluering

Handlingsplanen for universell utforming skal evaluerast. Evalueringa vil rette seg mot verknader ved gjennomføringa av handlingsplanen innan ramma av styringsdokument og ordinære investerings- og tiltakspostar i statsbudsjettet.

## Ny Post 81 Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, kan overførast, kan nyttast under post 21

Midlane under posten er retta mot resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Det blir foreslått oppretta ein ny tilskotspost for å følgje opp den varsla satsinga på lokalt miljøvern i St.meld. nr. 21 (2004-2005) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Midlane skal nyttast til å organisere læringsnettverk og drive erfaringsformidling der dei mest offensive miljøkommunane går føre. Kunnskap og erfaring frå lokalt miljøvernarbeid skal vidareutviklast og overførast til flest mogleg kommunar på ein systematisk måte. For at satsinga skal gi varig effekt, er programperioden 5 år (2006 – 2010).

### Mål

Ved å synleggjere og styrkje kommunanes rolle som samfunnsutviklar, skal det oppnåast auka gjennomslagskraft for viktige miljøomsyn innan ei rekkje politikkområde i kommunane. Konkrete resultat skal oppnåast blant anna innan arealpolitikken, innkjøpspolitikken, klima og energi, ressursforvaltning og biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, livskvalitet, folkehelse og friluftsliv. Nettverksgrupper av kommunar skal arbeide med konkrete tiltak innafor dei prioriterte miljøområda i mindre nettverk leia av KS, med miljøfagleg bistand frå ei rekkje aktørar. Deltakarane i nettverket er ein del av eit større nasjonalt nettverk med tett samarbeid mellom fagmiljø, organisasjonar og næringsliv nasjonalt og regionalt.

### Kriterium for måloppnåing

Det skal leggjast vekt på eit målretta informasjonssystem og formidling av gode eksempel, slik at kommunane betre kan finne fram og ta initiativ til og gjennomføre miljøretta tiltak. Satsinga skal gi fornya lokal merksemd og kompetanse innan miljøområdet. Satsinga skal vidare leggje grunnlag for tettare kommunikasjon mellom stat og kommune innan prioriterte miljøområde. Ved at mange aktørar medverkar blir det skapt nye løysingar som også er venta å føre til meir effektiv ressursbruk knytt til tradisjonelle kontrolloppgåver.

### Tildelingskriterium

Ein vesentlig del av midlane er knytt til å organisere læringsnettverk og drive erfaringsformidling. Desse midlane vil bli fordelte på bakgrunn av intensjonsavtale mellom Miljøverndepartementet og KS. Det er føresetnaden at KS bidrar med betydeleg eigeninnsats og at kommunane går inn med eigne ressursar til prosjektansvarlege og tiltak. Ein del av midlane er knytte til formidlingstiltak og støtte til pilotprosjekt med overføringsverdi.

### Oppfølging og kontroll

Det skal utviklast indikatorar og leggjast til rette for målretta styring og oppfølging av tiltaka gjennom det ordinære plan- og styringssystemet. Det blir lagt opp til aktiv bruk og utvikling av KOSTRA til rapportering av oppnådde resultat innan dei prioriterte miljøområda. Arbeidet vil bli følgt opp fortløpande både fagleg og økonomisk av ei styringsgruppe der Miljøverndepartementet inngår. Årsrapport og rekneskapsoversikt vil bli utarbeidd.

### Evaluering

Erfaringane og resultata vil gå inn i det ordinære konsultasjonsarbeidet mellom staten og KS og i andre relevante samhandlingsfora. Erfaringane skal nyttast til å vidareutvikle rammevilkår og verkemiddel for ein miljøvennleg praksis lokalt.

## Kap. 4400 Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 02 | Ymses inntekter | 1 365 | 93 | 96 |
| 03 | Refusjon frå Utanriksdepartementet | 840 | 643 | 664 |
| 16 | Refusjon frå fødselspengar/adopsjonspengar | 1 390 | | |
| 18 | Refusjon av sjukepengar | 1 063 | | |
| 21 | Oppdragsinntekter | 1 204 | 737 | 761 |
| | Sum kap. 4400 | 5 863 | 1 473 | 1 521 |

### Post 02 Ymse inntekter

Under denne posten fører departementet meir tilfeldige inntekter, bl.a. gebyr for parkering på området til Miljøverndepartementet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1400 post 01 Driftsutgifter, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 03 Refusjon frå Utanriksdepartementet

Det er budsjettert med kr 664 000 i refusjon frå Utanriksdepartementet i samband med utgifter til medlemskap i Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) som er utgiftsført over kap. 1400 post 71.

### Post 21 Oppdragsinntekter

Midlane er i hovudsak refusjonar knytte til utgifter i samband med oppdrag innan miljøretta bistand. Prosjektmidlar frå Nordisk Ministerråd blir òg førte her. Eventuelle meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

## Kap. 1410 Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 4410)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 21 | Miljøovervaking og miljødata | 86 303 | 85 657 | 85 230 |
| 50 | Basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta | 88 586 | 93 086 | 102 086 |
| 51 | Forskingsprogram m.m. | 118 368 | 116 518 | 126 018 |
| 53 | Internasjonalt samarbeid om miljøvernforsking | 5 000 | 5 000 | 5 000 |
| 70 | Nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta | 15 151 | 15 151 | 15 151 |
| | Sum kap. 1410 | 313 408 | 315 412 | 333 485 |

Kap. 1410 Miljøvernforsking og miljøovervaking gjeld basisløyvingar og andre tilskot til miljøforskingsinstitutta, forskingsprogram m.m., og miljøovervaking og miljødata. Kapitlet rettar seg mot alle resultatområda, unnateke resultatområde 10 Kart og geodata.

Regjeringa legg vekt på å halde løyvinga til forsking og overvaking på eit så høgt nivå som mogleg og fremjar forslag om auke løyvingane til miljøovervaking med om lag 13,1 mill. kroner (inkl. mva.) i 2006. Løyvingane til miljøvernforsking er auka med 18,5 mill. kroner i forhold til saldert ramme 2005.

### Post 21 Miljøovervaking og miljødata

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Posten dekkjer utgifter til miljøovervaking og innhenting av data og miljøstatistikk knytt til dei miljøvernpolitiske resultatområda, under dette utgifter til resultatdokumentasjon og arbeidet med

standardisering på miljøområdet. Posten dekkjer òg formidling av resultata som blir oppnådde, bl.a. utvikling og drift av *Miljøstatus for Noreg* på Internett. Midlar til overvaking av vilt- og fiskeressursar som kan haustast er dekte over andre postar på Miljøverndepartementets budsjett.

Midlane blir nytta til å få fram kunnskap om miljøtilstanden og endringar i den, og er eit viktig grunnlag for å gjennomføre ein effektiv miljøvernpolitikk. Miljøovervaking og miljøstatistikk gir grunnlag for å setje mål for miljøvernpolitikken, vurdere i kva grad dei nasjonale miljømåla blir oppnådde og kva slag miljø- og helseverknader ein oppnår med verkemiddelbruk og tiltak. I tillegg pliktar Noreg gjennom ei rekkje internasjonale miljøvernavtaler å dokumentere utviklinga i miljøet og dei faktorane som påverkar miljøtilstanden, og deltek i ei rekkje internasjonale overvakingsprogram. Resultata frå desse programma er det viktigaste grunnlaget for revisjon av eksisterande internasjonale avtaler og etablering av nye. Mange endringar i miljøtilstanden skjer gradvis og over lang tid. For å få den nødvendige informasjonen må overvakingsprogramma derfor gå over fleire år. Dette gjeld først og fremst område der det er nødvendig å underbyggje argumenta for tiltak med eit godt kunnskapsunderlag, bl.a. utslepp av næringsstoff til vassdrag og fjordområde, sur nedbør og ozon.

Auka vektlegging av resultatoppfølging og sektoransvar i miljøvernpolitikken gjer det nødvendig med meir systematisk bruk av miljøstatistikk enn tidlegare. Denne statistikken er blant anna viktig for oppfølging av Regjeringas mål for miljøvernpolitikken og for arbeidet med å halde oversyn over miljøtilstanden. Dels erstattar miljøstatistikken anna overvaking og dels blir resultata nytta saman med data frå overvakinga. Miljøstatistikken må vere stabil og langsiktig og sjåast i samanheng med annan relevant statistikk og miljøvernforvaltning.

Utgiftene er i hovudsak kjøp av varer og tenester frå forskingsinstitutt m. fl. som gjennomfører den praktiske innsamlinga og behandlinga av overvakingsdata.

Vi registrerer i dag eit stort tap av den viktige tareskogen langs kysten og gode overvakingsdata vil vere avgjerande for å kunne setje i verk tiltak. Denne situasjonen har samtidig avdekt at vi har mangelfull kunnskap om årsakene til det som skjer, og innsatsen i kystovervakingsprogrammet vil derfor bli styrkt.

På andre område er overvakinga under utvikling for å kunne møte nye krav og ny kunnskap. Dette gjeld særleg innafor biologisk mangfald, nye miljøgifter og kulturminne. I 2006 er det lagt opp til å vidareføre dette utviklingsarbeidet.

Posten dekkjer m.a. overvaking av forureiningar og farlege kjemikaliar, det tverrsektorielle nasjonale programmet for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald, kvalitetssikring av fase 1 og oppstart av fase 2 i det kommunale kartleggingsprogrammet, auka overvaking av bestandane av rovvilt og vidareføring av sjøfuglprogrammet SEAPOP. Midlane til SEAPOP er styrkte som ein del av satsinga på Nordområda i statsbudsjettet for 2006. Olje- og energidepartementet har òg sett av midlar til dette formålet.

I 2006 er det foreslått ei totalløyving til miljøovervaking og miljødata på 98,8 mill. kroner. Dette er ein auke frå 2005 på om lag 13,1 mill. kroner eller 15,3 pst. 13,5 mill. kroner av det totale framlegget til løyving til miljøovervaking og miljødata er frå 2006 budsjetterte under kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter.

Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

### Post 50 Basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta

Midlane under posten dekkjer dei fleste resultatområda.

Løyvinga i 2006 er auka med 9 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2005 for å styrkje den langsiktige kompetanseoppbygginga for sektoren.

Posten dekkjer basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta, under dette ein del av basisløyvinga til Senter for jordfagleg miljøforsking (Jordforsk). Basisløyvingane blir kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd som gir råd om fordeling av midlane. Basisløyvinga omfattar grunnløyving og løyving til strategiske instituttprogram, jf. resultatområde 11 i tabellen over resultatområde.

Det er viktig å sikre ei brei og god deltaking frå alle relevante forskingsmiljø i EUs rammeprogram for forsking. Forskingsrådet har sett i verk ei ordning med delfinansiering av eigendelen når institutta får tildelt prosjekt frå EU. Institutta høyrer inn under sektoransvaret til fleire departement. Midlane blir løyvde over budsjetta til Nærings- og handelsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Miljøverndepartementet og Samferdsledepartementet. Forskingsrådet skal forvalte desse midlane som ei felles ordning. Miljøverndepartementet skal nytte 3,5 mill. kroner av løyvinga på posten til denne ordninga i 2006.

### Mål

Norsk institutt for by- og regionforsking (NIBR), Norsk institutt for luftforsking (NILU), Norsk institutt for naturforsking (NINA), Norsk institutt for kulturminneforsking (NIKU), Norsk institutt for vassforsking (NIVA), Senter for jordfagleg miljøforsking (Jordforsk) og Senter for klimaforsking (CICERO) er sentralinstitutt innan sine område av miljøvernforskinga. Dei skal fungere som nasjonale kompetansesenter og ha ei kunnskapsstrategisk rolle overfor miljøvernforvaltninga, og skal tilfredsstille samfunnets behov for å løyse problem på kort og lang sikt innan sine område. NIBR, NILU, NINA, NIKU, NIVA og Jordforsk danna i 2001 selskapet Miljøalliansen AS, som skal medverke til auka verdiskaping og kunnskapsproduksjon i samfunnet.

### Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar og reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. For oppfølging av årsrapporten vil det bli halde møte med det enkelte institutt for drøftingar av miljøforvaltningas kunnskapsbehov. Noregs forskingsråds instituttpolitikk medfører at alle institutta skal evaluerast ca. kvart 6. år. Følgjande institutt er evaluerte: NILU (1997), NIVA (1998), JORDFORSK (1998), NIKU (1999), CICERO (2000) og NIBR (2001). Ei samla vurdering av felles problem og samarbeidsområde mellom desse institutta var ferdig hausten 1999. Det vart bl.a. konkludert med at basisløyvinga har ein ikkje ubetydeleg innverknad på instituttas kompetanseutvikling. Grunnløyvinga er framleis eit sentralt verkemiddel for å sikre nødvendig kunnskapsbasis til å utvikle sentrale fagområde som ein ventar vil vere av verdi for forvaltninga.

## Post 51 Forskingsprogram m.m.

Midlane under posten er retta mot forskingsprogram innafor alle resultatområde, unnateke resultatområde 10 Kart og geodata. I tillegg er det avsett 0,7 mill. kroner i tilskot til Norsk institutt for Genøkologi (Genøk).

Posten er auka med 9,5 mill. kroner i forhold til saldert budsjett 2005. Løyvinga skal nyttast til å styrkje forsking på klima, biomangfald, kulturminne, helse- og miljøfarlege kjemikaliar og Barentshavet. Det internasjonale polaråret (IPY) er ei anna viktig satsing under posten. IPY 2007–08 er ei stor internasjonal satsing innan polarforsking, der mange nasjonar har gjort kjent at dei vil delta og der store ressursar blir sette inn. Regjeringa har vedteke at Noreg skal gå sterkt inn i dette samarbeidet og ta mål av seg til å ha ei førande rolle. Regjeringa foreslår å løyve 5 mill. kroner til Forskingsrådet til arbeidet med IPY, av dette 2 mill. kroner over budsjettet til Miljøverndepartementet. Løyvinga skal dekkje eit norsk sekretariat og investeringar som må vere på plass før sjølve forskinga startar opp. Løyvinga er fordelt mellom budsjetta til Utdannings- og forskingsdepartementet, Miljøverndepartementet og Justisdepartementet.

### Mål

Mål for miljøvernforskinga er å medverke til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for eit effektivt miljøvernarbeid og for ei berekraftig ressursforvaltning og samfunnsplanlegging. Miljøvernforskinga skal gi eit godt kunnskapsunderlag for nasjonale forvaltningsoppgåver, for avgjerder i politikkutforming og som grunnlag for internasjonalt miljøvernsamarbeid.

Hovudvekta er lagt på forsking innan klimaendringar, inkl. forsking på biologiske og samfunnsvise effektar av klimaendringar. Marin forsking og forsking innan biologisk mangfald og helse- og miljøfarlege kjemikaliar blir òg prioriterte. I 2005 vart 13 forskingsprogram finansierte over Miljøverndepartementets budsjett, og alle var samfinansierte, hovudsakleg med midlar frå budsjetta til andre departement. Forsking er eit viktig verkemiddel og er derfor nærare omtalt under dei enkelte resultatområda. Det blir framleis arbeidd for å betre integreringa av miljøvernforsking i alle relevante delar av verksemda innan Noregs forskingsråd.

### Oppfølging og kontroll

Det blir motteke årsrapportar frå Noregs forskingsråd som er utarbeidde på bakgrunn av innspel frå programstyra. I tillegg er representantar frå miljøvernforvaltninga valde inn i programstyre.

## Post 53 Internasjonalt samarbeid om miljøvernforsking

### Mål

Tilskotet er kontingent for medlemskap i International Institute for Applied Systems Analysis (IIASA).

### Oppfølging og kontroll

Kontingenten blir overført Noregs forskingsråd som tek vare på den norske medlemskapen.

### Post 70 Nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta

#### Mål

Målet er å syte for at alle miljøinstitutta har ressursar til fagleg rådgjeving til miljøvernforvaltninga, til deltaking og fagleg støtte for miljøvernforvaltninga i internasjonale organ ved behov, informasjons- og opplysningsarbeid overfor forvaltning, næringsliv og publikum, kvalitetssikring av data, etablering og vedlikehald av relevante nasjonale databasar og bibliotekfunksjonar m.m.

#### Oppfølging og kontroll

Det blir motteke reviderte rekneskapsoversyn for løyvingane, og kontroll skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll. Det skal haldast årlege møte med kvart enkelt institutt for drøftingar av dei nasjonale oppgåvene.

## Kap. 4410 Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 1410)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 50 | Refusjon frå diverse fond | 4 000 | 4 000 | 4 000 |
| | Sum kap. 4410 | 4 000 | 4 000 | 4 000 |

Beløpet gjeld den delen av basisløyvinga til NINA som er finansiert av inntektene til Viltfondet og Statens fiskefond. Ein viser til omtale under kap. 4425 under programkategori 12.20.

# Programkategori 12.20 Biomangfald og friluftsliv

Utgiftene under programkategori 12.20 gjeld i hovudsak tre resultatområde; 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, 2 Friluftsliv og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Det blir vist til innleiinga i del II der det blir gjort greie for budsjettvise endringar i 2006 innafor dei ulike resultatområda.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2006 på 691,5 mill. kroner inkl. meirverdiavgift. Dette er ein reduksjon på om lag 17,1 mill. kroner, eller 2,4 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2005. Reduksjonen skuldast i hovudsak ei lågare kalkingsløyving i 2006. I tillegg er også løyvingane til fisketiltak foreslått reduserte, då det er venta lågare inntekter til Statens fiskefond dei næraste åra.

Frå 2006 er det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten. Ordninga er innretta slik at meirverdiavgifta blir budsjettert på eit eige felles utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Ordninga er nærare omtalt under kapittel 5 i del I. Frå denne programkategorien er det rammeoverført 15,7 mill. kroner til dette felleskapitlet.

### Utgifter under programkategori 12.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1425 | Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425) | 66 033 | 70 200 | 65 885 | -6,1 |
| 1426 | Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426) | 91 810 | 100 656 | 97 317 | -3,3 |
| 1427 | Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427) | 464 397 | 537 772 | 512 632 | -4,7 |
| | Sum kategori 12.20 | 622 241 | 708 628 | 675 834 | -4,6 |

## Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 27 526 | 26 865 | 23 885 |
| 61 | Tilskot til kommunale vilttiltak, *kan overførast* | 6 096 | 5 500 | 5 000 |
| 70 | Tilskot til fiskeformål, *kan overførast* | 5 246 | 8 500 | 6 500 |
| 71 | Tilskot til viltformål, *kan overførast* | 27 166 | 29 335 | 30 500 |
| | Sum kap. 1425 | 66 033 | 70 200 | 65 885 |

Kap. 1425 Vilt- og fisketiltak omfattar utgifter til vilt- og fisketiltak og delar av vilt- og fiskeforvaltninga. Midlane under kap. 1425 er hovudsakleg retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, men har samtidig eit klart innslag av tilrettelegging for friluftsliv i form av jakt og fiske, jf. resultatområde 2 Friluftsliv.

Utgiftene over kap. 1425 er finansierte ved avgifter på jakt og fiske, og motsvarer inntekter over kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond. Samla sett er utgiftene reduserte med 2,3 mill. kroner i høve til 2005-budsjettet. I tillegg er 2 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, som følgje av den nyoppretta ord-

ninga for nettobudsjettering av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Sistnemnde medfører ingen reduksjon i aktivitetsnivået finansiert frå kap. 1425. For nærare utgreiing om avgiftene og forholdet mellom kap. 1425, 4425 og inntektene til dei ulike fonda, viser vi til omtale under kap. 4425.

Lønn og godtgjersler til faste tilsette innan det statlege verksemdsområdet blir ikkje dekte over kap. 1425, men over kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning og kap. 1510 Fylkesmannsembeta.

Både løyvingsforslaga under tilskotspostane og store delar av løyvingsforslaget under post 01 går til formål som er viktige for den lokale vilt- og fiskeforvaltninga.

Bruken av fondsmidlane blir drøfta med representantar for brukarinteressene. Føremålet med drøftingane er å sikre at midlane blir nytta på ein kostnadseffektiv måte i høve til måla innan vilt- og fiskeforvaltninga. Dette må sjåast i nær samanheng med arbeidet for å styrkje den lokale vilt- og fiskeforvaltninga basert på bl.a. driftsplanar, og at dei sentrale ledda i frivillige organisasjonar skal arbeide for å oppnå ei samla målsetjing.

## Post 01 Driftsutgifter

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Løyvinga skal dekkje utgifter til faglege prosjekt og utgreiingar som grunnlag for konkrete forvaltningstiltak, og administrative kostnader knytte til desse prosjekta. Løyvinga skal leggje til rette for ei langsiktig og berekraftig utnytting av vilt- og fiskeressursane og allmenta sin tilgang til desse. Posten dekkjer i tillegg til utgifter til fallvilt og drift av villreinnemndene òg utgifter til lønn og godtgjersler for mellombels tilsette knytte til gjennomføringa av prosjekt og spesielle utgreiingar o.a. Dessuten dekkjer midlane utgifter til saksførebuing, forvaltning av tilskotspostane over kap. 1425, og fondsforvaltninga av Viltfondet og Statens fiskefond med 4,5 mill. kroner. Det sist nemnde er i samsvar med ein fleirårig praksis.

Posten er redusert med om lag 1 mill. kroner grunna venta reduksjon i inntektene frå fiskaravgifta, jf. omtale under kap. 4425 post 52 Refusjonar frå Statens fiskefond. Reduksjonen skjer på fiskerelaterte forskingsaktivitetar. I tillegg er 2 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, som følgje av den nyoppretta ordninga for nettobudsjettering av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Aktivitetsnivået på posten vil ikkje bli redusert på grunn av dette.

## Post 61 Tilskot til kommunale vilttiltak, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre ei berekraftig viltforvaltning i kommunane.

Posten skal dekkje utgifter til tiltak innan den lokale viltforvaltninga. Kommunane skal i utgangspunktet sjølve dekkje dei administrative kostnadene sine til viltarbeidet, jf. Ot.prp. nr. 37 (1999-2000) *Om lov om endring i viltloven*. Det er likevel nødvendig i ein overgangsperiode å føre vidare høvet til å stimulere og styrkje kommunale viltforvaltningstiltak.

Posten skal berre dekkje delar av dei kommunale utgiftene til tiltak, ettersom fellingsavgifter for elg og hjort blir kravde inn av kommunen og inngår i kommunale viltfond.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidrar til å sikre ei berekraftig viltforvaltning i kommunar med avgrensa inntekter frå fellingsavgifter.

### Tildelingskriterium

Tildeling skjer på bakgrunn av søknader og melde behov frå kommunane. Fylkesmannen tildeler midlar til kommunane i tråd med regionalt prioriterte tiltak. Ved tildelinga legg ein serleg vekt på kommunar som sjølve har eit avgrensa inntektsgrunnlag gjennom fellingsavgiftene, dvs. kommunar som har små bestandar av hjortevilt, og der dei kommunale viltfonda bør få tilført midlar til prioriterte tiltak via denne tilskotsposten. Det kan givast tilskot til kartlegging av viltressursane og viltinteressene i kommunane, innarbeiding av viltinteressene i kommunale planar, oppretting og drift av driftsplanområde, deltaking i rettshavaranes driftsplanarbeid, delfinansiering av kompetansegivande etter- og vidareutdanning i viltforvaltning og andre oppgåver som følgjer av den mynde kommunane har etter viltlova. Det kan ikkje ytast tilskot til å dekkje administrative kostnader i kommunane. Det skal særleg leggjast vekt på å styrkje interkommunale fellesprosjekt som omfattar kommuneovergripande viltbestandar. Ein del av midlane på posten blir disponert til felles tiltak for kommunane, under dette kjøp av tenester for alle kommunar i hjorteviltregisteret og hjortesenteret på Svanøy.

### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarane.

I budsjettet for 2006 blir løyvinga redusert med 0,5 mill. kroner. Reduksjonen er bl.a. gjort for å auke løyvinga under post 71 Tilskot til viltformål.

## Post 70 Tilskot til fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordninga er retta mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og resultatområde 2 Friluftsliv. Løyvinga skal gå til å dekkje både lokalt og sentralt styrte tiltak.

I 2006 er posten foreslått redusert med 2 mill. kroner grunna nedjusterte anslag på inntekter frå fiskaravgifta. Ein viser til nærare omtale under kap. 4425 post 52 Refusjonar frå Statens fiskefond.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til forvalting og tiltak knytte til berekraftig bruk av bestandar av anadrom laksefisk som det kan haustast av, til beste for fiskarar og rettshavarar.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om ordninga bidrar til at fiskeforvaltninga blir gjennomført på ein berekraftig måte og med medverknad frå lokalsamfunn og rettshavarar.

### Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt tiltak i regi av lag og organisasjonar etter søknad. Det kan givast tilskot til investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande formål, anvend forsking og overvaking. Det kan òg givast tilskot til tiltak direkte retta mot rekruttering eller stimulering til fiske etter laks.

### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Tilskot til FoU blir kontrollerte spesielt i forhold til dei forventningane som er gitt i tilsegna eller kontrakten.

## Post 71 Tilskot til viltformål, kan overførast

(i 1 000 kr)

| Underpost | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 71.1 | Hjortevilttiltak | 7 369 | 7 000 | 7 000 |
| 71.2 | Villreintiltak | 1 919 | 2 200 | 2 200 |
| 71.3 | Lokale vilttiltak m.v. | 12 145 | 14 135 | 15 300 |
| 71.4 | Viltovervaking | 5 733 | 6 000 | 6 000 |
| | Sum post 71 | 27 166 | 29 335 | 30 500 |

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Ein gjer framlegg om å auke posten med 1 165 000 kroner i 2006 til styrking av lokale vilttiltak, jf. underpost 3.

### Mål

Målet for tilskotsordninga er å medverke til å gjennomføre oppgåver innan viltforvaltninga og tiltak i regi av enkeltpersonar, lag og organisasjonar der tiltaket har ein regional, interkommunal eller nasjonal karakter.

Etter endringane i viltlova i 2001, krev kommunane inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort som ein del av eit kommunalt viltfond. Det er derfor føresett at søknader om tilskot til tiltak som har reint kommunal karakter blir viste til dei kommunale viltfonda som er finansierte med fellingsavgifter, midlar frå post 61, og eventuelt eigne kommunale midlar. Tiltak av regional karakter er føresett ivaretekne ved at fylkesmennene forvaltar delar av løyvinga etter tildeling frå Direktoratet for naturforvaltning.

### Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing blir vurdert på bakgrunn av om ordninga bidrar til at viltforvaltninga på regionalt og nasjonalt nivå blir gjennomført på ein berekraftig måte.

### Tildelingskriterium

På bakgrunn av søknader innafor prioriterte satsingsområde tildeler fylkesmannen tilskot til tiltak som kan stimulere til regionale utviklingsoppgåver, og som støttar opp om kommunale og interkommunale prioriterte tiltak, under dette tiltak som stimulerer til eit større engasjement i arbeidet med driftsplanar blant rettshavarane, og som støttar opp under betre tilrettelegging av jakttilhøva for allmenta.

Tiltak som kan givast tilskot er kartlegging av viltressursane/viltet sine leveområde, kartlegging av viltinteressene i kommunar og regionar, innarbeiding av viltet sine leveområde og viltinteressene i kommunale planar etter plan- og bygningslova, kartlegging og iverksetjing av tiltak med formål å betre bestandsoversyn, oppretting og drift av lokale samarbeidsråd, deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid, FoU og studentoppgåver, organisasjonar, lag og foreiningar som ønskjer å setje i verk tiltak, og andre prioriterte viltføremål. Det kan òg givast tilskot til tilrettelegging, organisering og informasjon om jakt og jakttilhøve. Fordeling av midlane på dei ulike fylka skjer etter nøklar baserte på bl.a. innbetalt jegeravgift, talet på jegerar i fylket, felt vilt m.m.

### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir gjort ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane.

### Underpost 71.1 Hjortevilttiltak

Underposten skal dekkje tiltak knytte til forvaltning av hjortevilt. Underposten skal òg dekkje dei sentrale overvakingsprogramma for utvikling og samansetning av bestandar, og programmet for helseovervaking av hjortevilt. Dette er viktige grunnlagsdata for konkret forvaltning. Midlar blir òg nytta i hjorteviltforvaltninga til tiltaksretta undersøkingar, metodeutvikling, tilskot til praktiske tiltak, medverknad til å løyse oppgåver og stimulerings- og informasjonstiltak i regi av organisasjonar m.m., og forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak.

### Underpost 71.2 Villreintiltak

Underposten skal dekkje tiltak i villreinforvaltninga som drift av villreinområda, teljing av bestandar, overvaking, driftsplanar, arbeid med å sikre leveområda, forvaltningsretta FoU og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak. Innbetalte fellingsavgifter skal tilbakeførast til det enkelte villreinområdet, og midlane skal disponerast av villreinnemnda til tiltak. I 2005 vart prosjektet *Villrein og Samfunn* sluttført, med ein brei gjennomgang av kunnskapsstatus og eksisterande tiltak og verkemiddel i villreinforvaltninga, i eit nært samspel mellom forsking, forvaltning og brukarar. Oppfølginga av tilrådingar frå prosjektet starta i 2005, og dette arbeidet vil bli ført vidare i 2006. Formålet er å leggje grunnlaget for å tryggje framtida for villreinen.

### Underpost 71.3 Lokale vilttiltak mv.

Midlane blir nytta til vilttiltak og prosjekt i regi av regionale og landsomfattande organisasjonar, forvaltningsretta FoU knytt til dokumentasjon og overvaking av biologisk mangfald, lokale vilttiltak og sentrale utviklingstiltak som er nødvendige for seinare å kunne setje i verk praktiske tiltak i distrikta.

Midlane skal òg nyttast til sentrale organisasjonar som utførar oppgåver på vegne av eller i samarbeid med styresmaktene for viltforvaltninga. Fleire av dei store landsdekkjande organisasjonane utfører eit omfattande frivillig arbeid innan viltforvaltning. I budsjettet for 2004 og 2005 vart det lagt inn ein auke på respektive 2,5 mill. kroner og 0,7 mill. kroner til dette arbeidet. I budsjettet for 2006 gjer regjeringa framlegg om å styrkje omfanget av lokale vilttiltak ytterlegare med ein auke på 1 165 000 kroner, blant anna til arbeidet i organisasjonane.

### Underpost 71.4 Viltovervaking

Midlane blir nytta til overvakingsoppgåver som skal sikre ei fortløpande oversikt over bestandsstatus og utvikling av arter og artsgrupper av vilt, som ikkje er dekt over underpost 71.1 eller underpost 71.2. Dei sentrale overvakingsprosjekta skal gi eit årleg oppdatert datagrunnlag for å setje i verk både sentrale, regionale og lokale forvaltningstiltak og justering av verkemiddel, og avdekkje kunnskapsbehov.

## Kap. 4425 Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 51 | Refusjon frå Viltfondet | 54 500 | 53 700 | 54 385 |
| 52 | Refusjon frå Statens fiskefond | 13 000 | 16 500 | 13 500 |
| | Sum kap. 4425 | 67 500 | 70 200 | 67 885 |

Hovuddelen av refusjonane til statsbudsjettet, basert på inntektene frå jeger- og fiskaravgiftene til Viltfondet og Statens fiskefond, er budsjettert under dette kapitelet.

Refusjonane under kap. 4425 gir grunnlag for tilsvarande utgifter som er budsjetterte under kap. 1425 Vilt- og fisketiltak, med unnatak av 2 mill. kroner til meirverdiavgift som er budsjetterte under kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, jf. oppsettet i tabell 18.5 og 18.7.

Forslaget er basert på venta inntekter i fonda i 2006, jf. omtale under kvart fond nedanfor.

### Post 51 Refusjonar frå Viltfondet

Hovuddelen av dei midlane som blir refunderte frå Viltfondet til statsbudsjettet blir budsjettert under denne posten. Viltfondet refunderer i tillegg midlar til kap. 4410 post 50 Refusjon frå diverse fond, kap. 3904 post 02 Oppdragsinntekter og andre inntekter, og kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, jf. tabell nedanfor.

Refusjonane frå Viltfondet til posten er foreslått auka med ca. 0,7 mill. kroner slik at omfanget av viltoppgåver under kap. 1425 kan styrkjast i 2006. Dette blir gjort ved særskilt bruk av kapitaliserte inntekter frå fondet som følgje av høgare inntekter enn budsjettert i 2004.

#### Nærare om Viltfondet

*Mål*

§ 40 i Viltlova fastset at «den som vil drive jakt eller fangst etter denne lov, skal betale jegeravgift etter satser og regler som Kongen fastsetter» og at «for hvert dyr som tillates felt eller felles av elg, hjort og villrein skal det betales en fellingsavgift etter satser og regler som Kongen fastsetter. Kongen kan bestemme at kommunen innenfor nærmere rammer kan fastsette fellingsavgiften for elg og hjort».

Gjennom behandlinga av statsbudsjettet for 1989 fastsette Stortinget følgjande retningslinjer for bruken av midlane i Viltfondet:

– Viltfondet skal nyttast til forvaltningstiltak som kjem viltet og allmenta til gode, under dette viltforvaltning i kommunane, lokale, regionale og sentrale vilttiltak, viltforsking, førebyggjande tiltak mot og vederlag for skadar valda av hjortevilt, jegerregister og jegerservice.
– Den årlege fordelinga av midlar mellom formåla som er nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er det føresett at ca. halvparten av midlane frå jegeravgifta skal gå til vilttiltak i distrikta og at fellingsavgiftene som er knytte til villrein skal nyttast i villreinforvaltninga.

*Inntekter og avgiftssatsar*

Inntektene til Viltfondet kjem i hovudsak frå jegeravgifter og fellingsavgifter. Ordninga med Viltfondet synleggjer på denne måten at tilretteleggingstiltak for jakt og delar av viltforvaltninga for ein stor del er baserte på brukarfinansiering. I tillegg kjem meir tilfeldige typar inntekter til fondet frå enkelte typar fallvilt og frå renter av fondskapitalen.

I 2001 vart det gjennomført ei omfattande omlegging av viltforvaltninga, der kommunane i staden for staten krev inn og disponerer fellingsavgiftene for elg og hjort og fører desse inntektene i kommunale viltfond. Omleggingsarbeidet blir følgt opp fortløpande av Direktoratet for naturforvaltning. Det er fastsett ei statleg rammeforskrift for dei kommunale viltfonda, der inntektene til kommunane frå fellingsavgifter inngår. For dei fellingsavgiftene som blir kravde inn for villrein, er det etablert ei tilsvarande ordning, der midlar blir tilbakeførte til det enkelte villreinområde i høve til innbetalte avgifter føregåande år.

Ein gjer ikkje framlegg om å auke jegeravgifta og fellingsavgiftene for 2006. Avgiftene vart i 2005 auka med i snitt 10 pst. etter fleire år utan endring.

Satsane for dei ulike avgiftene er oppgitt i tabellen under.

For oversikta si del er dei økonomiske konsekvensane for kommunane i 2006 tekne med, slik at den samla bruken av verkemiddel kan sjåast under eitt. Merk at for kommunane er dei oppgitte avgiftene maksimalsatsar.

Tabell 18.3 Framlegg om jeger- og fellingsavgifter i 2006 (tal i heile kroner):

| Type avgift: | Storleiken på avgifta i 2006 | Estimert tal innbetalingar | Venta innbetalt totalbeløp | Inntektsført |
|---|---|---|---|---|
| Jegeravgift generelt: | 265 | 191 000 | 50 615 000 | Viltfondet |
| Jegeravgiftstillegg hjortevilt: | 70 | 99 000 | 6 930 000 | Viltfondet |
| Gebyr jaktstatistikk: | 165 | 10 000 | 1 650 000 [1] | Viltfondet |
| Gebyr ekstra jegeravgiftskort: | 55 | 3 000 | 165 000 | Viltfondet |
| Fellingsavgift vaksen rein: | 235 | 3 500 | 822 500 | Viltfondet |
| Fellingsavgift reinkalv: | 135 | 1 500 | 202 500 | Viltfondet |
| *Sum statlege avgifter:* | | | *60 385 000* | *Viltfondet* |
| Fellingsavgift vaksen elg: | 440 | 25 000 | 11 000 000 | Kommunane |
| Fellingsavgift elgkalv: | 255 | 12 000 | 3 060 000 | Kommunane |
| Fellingsavgift vaksen hjort: | 330 | 20 000 | 6 600 000 | Kommunane |
| Fellingsavgift hjortekalv: | 200 | 6 100 | 1 220 000 | Kommunane |
| *Sum kommunale avgifter:* | | | *21 880 000* | *Kommunane* |

1 Innkrevjing av gebyret skjer etterskotsvis i 2006, for dei som ikkje leverte jaktstatistikk i 2005. Talet er vurdert til ca. 10 000.

Etter innføring av gebyr for å late vere å rapportere utbytte av jakta til statistiske føremål har statistikkgrunnlaget blitt vesentlig betra. Etter at det i starten var relativt mange jegerar som let vere å rapportere, er det venta at denne delen no blir stabilisert på om lag 10 000 krav om gebyr. Dette inneber at om lag 5 pst. av jegerane ikkje leverer rapport slik dei skal.

Inntektene frå avgiftene gjer at det blir budsjettert med ein kapitalstraum i Viltfondet som vist i tabellen under.

Tabell 18.4 Berekning av kapital i Viltfondet i 2006:

(i 1000 kr):

| Tekst: | |
|---|---|
| Saldo pr. 31.12.04: | 3 918 |
| Budsjettert innbetalt i 2005[1]: | 61 303 |
| Budsjettert refusjon i 2005 (utbetalingar frå fondet): | -61 300 |
| Budsjettert saldo pr. 31.12.05: | 3 921 |
| Budsjettert innbetalt i 2006[2]: | 60 985 |
| Budsjettert refusjon i 2006 (utbetalingar frå fondet): | -62 085 |
| Budsjettert saldo pr. 31.12.06: | 2 821 |

1 Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,8 mill. kroner.
2 Talet inkluderer stipulerte renteinntekter og andre inntekter på 0,6 mill. kroner.

*Administrasjon og økonomiforvaltning*

Viltfondet blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei stipulerte inntektene for fondet same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og kapitaliserast i fondet, og gi grunnlag for eventuelle større refusjonar kommande år.

Refusjonane frå Viltfondet som blir førte under kap. 4425, kap. 4410 og kap. 3904, finansierer utgifter til vilttiltak og viltforvaltning over kap. 1425, forsking på viltressursar over kap. 1410 post 50 og utgifter til drift av Jegerregisteret i Brønnøysundregistra over kap. 0904 under Nærings- og handelsdepartementets budsjett, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) for Nærings- og handelsdepartementet. Meirverdiavgifta knytt til verksemda i fondet er budsjettert under kap. 1633 post 01 Driftsutgifter.

I budsjettet for 2006 gjer ein framlegg om at 4,7 mill. kroner blir refunderte til Brønnøysund-registra over kap. 3904.

Planlagt bruk av refusjonane frå Viltfondet går fram av tabellen under:

Tabell 18.5 Samla refusjonar frå Viltfondet i 2006:

(i 1000-kr)

| Formål: | |
|---|---|
| Sentrale fallviltutgifter (kap. 1425.01): | 906 |
| Drift villreinnemndene (kap. 1425.01): | 2 266 |
| Prosjekt, administrasjon, jaktstatistikk mv. (kap. 1425.01): | 14 254 |
| Kommunal viltforvaltning (kap. 1425.61): | 5 000 |
| Hjortevilttiltak (kap. 1425.71.1): | 7 000 |
| Villreintiltak (kap. 1425.71.2): | 2 200 |
| Lokale vilttiltak (kap. 1425.71.3): | 15 300 |
| Viltovervaking (kap. 1425.71.4): | 6 000 |
| Sum refusjon frå Viltfondet under kap. 1425, jf. kap. 4425: | 52 926 |
| Refusjon til kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter | 1 459 |
| Viltforsking, NINA (kap. 1410.50 jf. kap. 4410.50): | 3 000 |
| Drift av Jegerregisteret (kap. 0904 jf. kap. 3904): | 4 700 |
| Sum refusjon frå Viltfondet i 2006: | 62 085 |

*Spesielt om hjortevilt og fallvilt*

Sjølv om kommunane har fått primæransvaret for forvaltninga av hjortevilt og for alt fallvilt, er det likevel nasjonale oppgåver innan desse felta som må løysast. FoU-tiltak og overvaking av hjortevilt blir dekte av Viltfondet, gjennom den differensierte jegeravgifta. Differensieringa inneber at hjorteviltjegerane betaler eit tillegg til jegeravgifta, og på denne måten medverkar dei særskilt til nødvendige nasjonale oppgåver.

Når det gjeld fallvilt, er det framleis eit behov for å gjennomføre sentrale analysar av individ som blir funne igjen som fallvilt eller avliva av ulike årsaker, spesielt for rovviltartene. Slike analysar må framleis gjennomførast av Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene til sentrale oppgåver i samband med hjortevilt og fallvilt er budsjetterte under kap. 1425 post 01 Driftsutgifter.

*Spesielt om lisensfelling av rovvilt*

Lisensfelling av rovvilt vart gjennomført i 2005 i tråd med ei ordning der lisensinnehavar søkjer individuelt til fylkesmannen om lisens. I 2006 vil ein ta sikte på å endre denne ordninga, slik at dei som deltek i lisensfelling registrerer seg særskilt i Jegerregisteret.

## Post 52 Refusjonar frå Statens fiskefond

Hovuddelen av dei midlane som blir refunderte frå Statens fiskefond til statsbudsjettet er budsjettert under denne posten. Statens fiskefond refunderer i tillegg midlar til kap. 4410 post 50 Refusjon frå diverse fond og kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter, jf. tabell under.

Refusjonane frå Statens fiskefond til kap. 4425 post 52 er foreslått reduserte med 3 mill. kroner i høve til vedteke budsjett for 2005. Dette grunna forventa lågare inntekter til fondet etter at familieavgifta vart innført i 2005. Familieavgifta som vart innført for å stimulere fleire til å utøve fiske, har medført at fiskarar som tidlegare betale fiskarkort enkeltvis no går inn under familieavgifta. Følgja er reduserte inntekter til fondet. Refusjonane for 2006 er som følgje av dette nedjusterte på nivå med refusjonane i 2004.

### Nærare om Statens fiskefond

*Mål*

I lov om laksefisk og innlandsfisk mv., § 30, heiter det at den som er fylt 16 år og vil fiske etter anadrom laksefisk eller innlandsfisk skal betale avgift til fiskefondet. Fiskaravgift på alt fiske etter innlandsfisk vart sett til kr 0 frå og med 2002, slik at det no berre skal betalast avgift for fiske etter anadrom laksefisk. Det er gitt visse unntak, bl.a. for fiske i medhald av reindriftslovgivinga og til undervisnings- eller behandlingsformål.

Følgjande retningslinjer for bruken av midlar frå Statens fiskefond er lagt til grunn:

- Statens fiskefond skal nyttast til forvaltningstiltak knytte til anadrom laksefisk og som kjem samfunnet og allmenta til gode; under dette investeringar, spesielle driftsutgifter til fiskefremjande føremål, fiskeforsking og overvaking.
- Den årlege fordelinga av midlane mellom formåla som nemnde over, skal gå fram av Miljøverndepartementets budsjettproposisjon. Ved budsjetteringa er føresett at omlag halvparten av fondet sine inntekter skal gå til lokale tiltak.

*Inntekter og avgiftssatsar*

Inntektene til Statens fiskefond består av fiskaravgift på anadrom laksefisk og renter av kapitalen i fondet. Ordninga med Statens fiskefond synleggjer at tilretteleggingstiltak, og delar av fiskeforvalt-

ninga retta inn mot anadrome fiskearter, for ein stor del er basert på brukarfinansiering.

Årsavgifta for fiske etter anadrom laksefisk vart i 2005 auka frå kr 180 til kr 200 for enkeltpersonar. Samtidig vart det oppretta ei familieavgift på kr 320 som skal gjelde for ektefelle/sambuarar med eventuelle barn mellom 16 og 18 år og einslege med barn i same aldersgruppa (barn under 16 år er fritekne for avgifta). I 2005 innførde ein òg ei eiga avgift for fiske med fastståande reiskap i sjøen. Sesongstart for dette fisket varierer i dei forskjellige regionane, og satsen er kr 500 for dei som kan starte fisket før 1. juli, og kr 300 for dei som har fiskestart etter 1. juli. Regjeringa foreslår ingen auke i satsane for 2006.

Inntektene frå avgiftene gjer at det er budsjettert med ein kapitalstraum i Statens fiskefond som vist i tabellen under.

Tabell 18.6 Berekning av kapital i Statens fiskefond i 2006:

(i 1000-kr)

| Tekst: | |
|---|---|
| Saldo pr. 31.12.04: | 1 671 |
| Budsjettert innbetalt i 2005: | 14 390 |
| Budsjettert refusjon i 2005 (utbetalingar frå fondet): | -15 000 |
| Budsjettert saldo pr. 31.12.05: | 1 061 |
| Budsjettert innbetalt i 2006[1]: | 15 300 |
| Budsjettert refusjon i 2006 (utbetalingar frå fondet): | -14 500 |
| Budsjettert saldo pr. 31.12.06: | 1 861 |

[1] Talet inkluderer stipulerte renteinntekter på 0,15 mill. kroner.

### *Administrasjon og økonomiforvaltning*

Statens fiskefond blir forvalta av Miljøverndepartementet ved Direktoratet for naturforvaltning. Utgiftene over statsbudsjettet skal normalt svare til dei inntektene ein ventar at fondet vil ha same året. Eventuelle overskytande inntekter skal overførast og blir kapitaliserte i fondet.

Refusjonane frå Statens fiskefond finansierer utgifter til fisketiltak og fiskeforvaltning over kap. 1425 (jf. kap. 4425) og forsking på fiskeressursar over kap. 1410 post 50 (jf. kap. 4410 post 50). Meirverdiavgifta knytt til verksemda i fondet er budsjettert under kap. 1633 post 01 Driftsutgifter.

Planlagt bruk av refusjonane frå Statens fiskefond går fram av tabellen under.

Tabell 18.7 Samla refusjonar frå Statens fiskefond i 2006:

(i 1000 kr)

| Formål: | |
|---|---|
| Prosjekt, administrasjon mv. (kap. 1425.01): | 6 459 |
| Tilskot til fiskeformål (kap. 1425.70): | 6 500 |
| Sum refusjon frå Statens fiskefond under kap. 1425, jf. kap. 4425: | 12 959 |
| Refusjon til kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter | 541 |
| Fiskeforsking, NINA (kap. 1410.50, jf. kap. 4410.50): | 1 000 |
| Sum refusjon frå Statens fiskefond i 2006 | 14 500 |

### *Spesielt om lokal bruk av midlane*

I fordelinga av fondsmidlane, fråtrekt nødvendige driftsutgifter, vil ein arbeide for at minst 50 pst. av midlane går til tiltak som er initierte lokalt. Andre tiltak som er meint å gi effekt for eit avgrensa område, eit bestemt vassdrag eller fjordområde, og der lokale aktørar deltek i stor grad, blir òg rekna som lokale tiltak, sjølv om dei er initierte og administrerte frå offentleg forvaltning, organisasjonar eller institusjonar på sentralt nivå.

## Kap. 1426 Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 54 523 | 55 899 | 55 439 |
| 30 | Tiltak i nasjonalparkane, *kan overførast* | 9 630 | 10 391 | 8 272 |
| 31 | Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde, *kan overførast* | 16 406 | 21 171 | 20 467 |
| 32 | Skjergardsparkar o.a., *kan overførast* | 11 252 | 13 195 | 13 139 |
| | Sum kap. 1426 | 91 810 | 100 656 | 97 317 |

Kap. 1426 Statens naturoppsyn omfattar midlar til etablering og drift av Statens naturoppsyn og midlar til tiltak i naturvern- og friluftsområde. Midlane under kap. 1426 er hovudsakleg retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, dernest resultatområde 2 Friluftsliv, og i noko grad resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

### Rolle og oppgåver for Statens naturoppsyn

Statens naturoppsyn er etablert med heimel i lov om statleg naturoppsyn av 21. juni 1996. Statens naturoppsyn er framleis under utvikling, og arbeider for å etablere eit samla grep om statleg oppsynsinnsats i naturområde. Den nasjonale leiinga ligg i Direktoratet for naturforvaltning. Det heiltidstilsette lokale oppsynet er òg tilsett i Direktoratet for naturforvaltning, men har arbeidsstad tilknytt eit geografisk område. Dei områda der behovet for styrkt oppsyn er størst, blir prioriterte.

Hovudoppgåvene er informasjon og rettleiing, i tillegg til bl.a. kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og drift. I dette inngår òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltninga, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knytt til den lovfesta erstatningsordninga. Statens naturoppsyn har òg eit overordna ansvar for lakseoppsynet og oppfølginga av ordninga med Skjergardstenesta. Ei viktig utfordring for oppsynet er å skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. Det blir lagt stor vekt på å etablere godt samarbeid med dei andre aktørane innan naturoppsyn. Dette gjeld både fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskogs fjellteneste og politiet. Særleg er samordning med politiet viktig når det gjeld oppgåver knytte til kontroll. Statens naturoppsyn samverkar med desse gjennom bl.a. miljøforum og sentrale og regionale oppsynsutval.

Miljøverndepartementet vil elles aktivt følgje opp Stortingets vedtak om Finnmarkslova som føreset at Statens naturoppsyn skal overta personellet i Statskog Fjelltenesta i Finnmark.

### Evaluering av Statens naturoppsyn

Slik føresetnaden var ved etableringa av Statens naturoppsyn, jf Ot.prp. nr. 30 (1995-96) *Om lov om statlig naturoppsyn*, er det våren 2005 gjennomført ei evaluering av verksemda.

Etter open anbodskonkurranse vart Norsk institutt for by- og regionforsking (NIBR) gitt evalueringsoppdraget. Rapporten frå evalueringa låg føre i april 2005 (NIBR-rapport 2005:5 *Evaluering av Statens naturoppsyn*).

Evalueringa er i hovudsak positiv. Statens naturoppsyn står i dag fram som eit bortimot landsdekkjande, heilskapleg og kompetent statleg naturoppsyn. Statens naturoppsyn har utvikla seg i tråd med dei føringane som er gitt i lovforarbeid og seinare styringssignal. I evalueringa blir spesielt Statens naturoppsyns nyorganisering av kystoppsynet trekt fram som eit godt eksempel på korleis Statens naturoppsyn har greidd å utvikle oppsyn som er geografisk og tematisk breiare enn dei tidlegare ordningane. Statens naturoppsyn har også evna å tilpasse seg endringar i oppgåver; særleg blir det peikt på måten Statens naturoppsyn har løyst rovviltoppgåvene etter Stortingets føresetnader.

Statens naturoppsyn har også utvikla eit velfungerande og samordna naturoppsyn i dei fleste nasjonalparkane/store verneområde. Det blir likevel peikt på at ein del av styringssignala til Statens naturoppsyn er uklare, og dette har gitt grunnlag for sterke konfliktar i enkelte område.

Evalueringa peikar på at Miljøverndepartementet bør ta på seg ei meir aktiv rolle som eigar av

Statens naturoppsyn. Dette omfattar ei tydeleggjering av Statens naturoppsyns rolle i miljøforvaltninga med tanke på direktoratsfunksjonar. Det er særlig reist spørsmål rundt fylkesmennenes bestillarrolle i forhold til Statens naturoppsyn og prioriteringa av midlane til skjøtselstiltak i verneområde. Miljøverndepartementet vil i styringsdialogen med Direktoratet for naturforvaltning/Statens naturoppsyn gjere rollene tydelegare. Det vil bli etablert prosedyrar som sikrar at prioriteringa av midlar til tiltak i verneområde blir sett i nær samanheng med forvaltninga av områda elles.

Miljøverndepartementet vil leggje vekt på å tydeleggjere Statens naturoppsyns rolle som oppsyns- og feltapparat.

I tråd med tilråding i evalueringsrapporten vil Miljøverndepartementet også gå aktivt inn i avklaringa av formelle forhold og samarbeidsformer med politiet. Som omtalt i St.meld. nr. 42 (2004-2005) *Politiets rolle og oppgaver* er det på sentralt nivå etablert eit samarbeid mellom Direktoratet for naturforvaltning og Politidirektoratet for å utvikle ei felles rolleforståing når det gjeld det fortløpande samarbeidet i dei respektive underliggjande einingane.

På same måten vil Miljøverndepartementet i samråd med Landbruks- og matdepartementet tydeleggjere samarbeidsbehov og rolleforståing når det gjeld statleg oppsyn i statsallmenningar og forholdet mellom Statens naturoppsyn og fjellstyras oppsynsordningar.

Miljøverndepartementet vil også vurdere behovet for presiseringar i lovverket rundt Statens naturoppsyn. I NOU 2004:28 *Om ny naturmangfoldlov* er også tilsynsoppgåvene utgreidde og det er foreslått endringar i lovverket, bl.a. for å presisere tilsynsheimelen. Dette vil bli følgt opp i samband med lovarbeidet som skal gjerast elles i oppfølginga av denne utgreiinga.

Evalueringa peiker på at Statens naturoppsyn bør utvikle/betre sin kommunikasjonsstrategi. Som ledd i dette har Statens naturoppsyn no utvikla eiga internettside (www.naturoppsyn.no).

## Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønns- og driftsutgifter til Statens naturoppsyn, blant anna lønn til engasjement i den sentrale eininga i Direktoratet for naturforvaltning, og kjøp av ulike tenester i samband med drifta av det samla statlege naturoppsynet. Posten dekkjer òg utgifter til dei lokale rovviltkontaktane som arbeider med dokumentasjon av rovviltskadar.

Posten dekkjer vidare utgifter til IT- og sambandsutstyr, køyretøy og oppsynsbåtar, feltutstyr, uniform/arbeidsklede, opplæringstiltak, informasjonsmateriell, tiltak innan naturvegleiing m.m. og utviklingskostnader. Utgiftene knytte til oppdragsverksemda er óg ført under denne posten. Inntektene til denne verksemda er budsjetterte under kap. 4426 post 01 Ymse inntekter.

Regjeringa legg stor vekt på oppfølging av bl.a. nasjonalparkplanen, óg når det gjeld oppsyn. Oppsynet er viktig, ikkje minst når det gjeld informasjon og vegleiing til dei som nyttar nasjonalparkane

Til etablering av effektivt oppsyn i nyetablerte nasjonalparkar og andre store verneområde, er posten styrkt med 3 mill. kroner.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Om lag 3,9 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

## Post 30 Tiltak i nasjonalparkane, kan overførast

Posten dekkjer statlege investeringsutgifter og tiltak i samband med oppfølginga av nasjonalparkane og tilliggjande verneområde i tråd med godkjent forvaltningsplan og andre styringsdokument. Vidare dekkjer posten utgifter til tilretteleggingstiltak av ulike slag i samband med styringa av ferdsla inntil og i nasjonalparkane. I 2006-budsjettet er det omdisponert 2 mill. kroner frå posten til kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter for å dekkje utgifter til informasjonstiltak i samband med nasjonalparkar og for å styrkje omfanget av lokal forvaltning i nasjonalparkar og store verneområde. Samtidig er budsjettet til desse formåla styrkt på annan måte over kap. 1427 post 21. Kap. 1426 post 30 skal derfor i 2006 ikkje dekkje utgifter til desse formåla.

Regjeringa ønskjer på ein berekraftig måte å gjere nasjonalparkar og andre større verneområde meir tilgjengelege for brukarane. Dette skal skje gjennom tilrettelegging i tråd med Regjeringas politikk for bruk av verneområde i lokal næringsutvikling, jf. omtala av dette i St.prp. nr. 65 (2002-2003) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringar i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2003*. Opparbeiding av stigar og løyper, klopping og merking, tiltak for å betre tilgjenget til verneområda, etablering av parkeringsplassar og etablering av informasjonsordningar medverkar til å sikre viktige kvalitetar ved at stor ferdsel og aktivitet blir kanalisert til bestemte område. Naturen blir lettare tilgjengeleg for brukarane, og dermed blir òg grunnlaget for lønnsame reiselivsaktivitetar betre.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 119 000 kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

### Post 31 Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftslivsområde, kan overførast

Posten dekkjer utgifter til ulike praktiske tiltak som følgjer av statleg tileigning av nasjonalt eller regionalt viktige friluftslivsområde, eller varige servituttavtaler for å sikre allmentas friluftsinteresser i slike område. Posten dekkjer òg feltvise utgifter i naturområde freda ved kgl. res. Dette er bl.a. utgifter til opparbeiding av stigar, tilrettelegging for publikum, uteinformasjonstiltak og skjøtsel for å ivareta biologisk mangfald mv. Det siste vil òg kunne gjelde dei høgast prioriterte områda i Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 704 000 kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

### Post 32 Skjergardsparkar o.a., kan overførast

Posten er primært retta mot resultatområde 2, og dekkjer utgifter til den praktiske forvaltninga av skjergardsparkar og friluftslivsområde langs kysten, knytt til drift av skjergardstenesta i Oslofjorden, i skjergardsparkane og i Vestkystparken. Skjergardstenesteordninga er etablert med bakgrunn i statleg initiativ. Posten dekkjer òg statlege naturoppsynsoppgåver som er integrerte i skjergardstenesta. Departementet legg òg fram forslag om ei bestillingsfullmakt under posten på 2 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak V nr. 1.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 54 000 kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

## Kap. 4426 Statens naturoppsyn (jf. kap. 1426)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Ymse inntekter | 42 | 118 | 122 |
| 15 | Refusjon av arbeidsmarknadstiltak | 3 | | |
| 18 | Refusjon av sjukepengar | 153 | | |
| | Sum kap. 4426 | 198 | 118 | 122 |

### Post 01 Ymse inntekter

På posten er det ført ulike inntekter for Statens naturoppsyn, bl.a. inntekter frå oppdragsverksemda.

## Kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 77 717 | 78 579 | 77 893 |
| 21 | Spesielle driftsutgifter | 39 603 | 43 721 | 49 311 |
| 30 | Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, *kan overførast* | 19 315 | 34 405 | 34 180 |
| 32 | Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, *kan overførast* | 19 780 | 19 450 | 17 976 |
| 33 | Statlege tileigningar, barskogvern, *kan overførast* | 62 194 | 56 868 | 42 664 |
| 34 | Statlege tileigningar, nasjonalparkar, *kan overførast* | 8 361 | 5 100 | 4 700 |
| 35 | Statlege tileigningar, nytt skogvern, *kan overførast* | 11 383 | 57 213 | 66 708 |
| 70 | Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, *kan overførast* | 87 451 | 100 200 | 70 000 |
| 71 | Risikoerstatning i rovviltområde, kan overførast | | | 56 970 |
| 72 | Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt, *overslagsløyving* | 79 229 | 77 006 | 20 000 |
| 73 | Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, *kan overførast* | 31 651 | 32 000 | 37 000 |
| 74 | Tilskot til friluftslivstiltak, *kan overførast* | 11 025 | 15 520 | 15 520 |
| 75 | Internasjonale avtaler og medlemskap | 990 | 1 010 | 1 010 |
| 77 | Tilskot til nasjonalparksentre, *kan overførast* | 10 398 | 11 400 | 12 700 |
| 78 | Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, *kan overførast* | 5 300 | 5 300 | 6 000 |
| | Sum kap. 1427 | 464 397 | 537 772 | 512 632 |

Midlane under kap. 1427 er først og fremst retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, dernest resultatområde 2 Friluftsliv, i tillegg til resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. I noko grad går midlane òg til resultatområda 3 Kulturminne og kulturmiljø, 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda, 9 Regional planlegging og 10 Kart og geodata.

### Direktoratet for naturforvaltnings rolle og oppgåver

Direktoratet for naturforvaltning er Miljøverndepartementets sentrale rådgivande og utøvande fagorgan innan naturforvaltninga.

Arbeidet til Direktoratet for naturforvaltning med bl.a. skogvern og nasjonalparkar, forvaltning av truga arter, lakseforvaltning, marin naturforvaltning og vassdragsforvaltning og tilrettelegging for friluftsliv er ein føresetnad for å få gjennomført nasjonal politikk og få sett i verk konkrete tiltak nasjonalt, regionalt og lokalt.

Direktoratet har brei oversikt over naturtilstanden i Noreg og rapporterer fortløpande om dette. Direktoratet har fagleg instruksjonsmynde overfor miljøvernavdelingane ved fylkesmannsembeta. Dei konkrete miljømåla som direktoratet arbeider mot er omtalte under resultatområda i Del II. Hovudstrategiane for å nå måla er:

- Sikre ein brei variasjon i norsk natur og landskap og halde oppe den naturlege produksjonsevna
- Syte for at omsynet til ei langsiktig disponering av naturressursane blir lagt til grunn ved areal- og vassdragsplanlegging og planar om naturinngrep
- Fremje høve til å bruke naturen til friluftsliv, opplæring og hausting
- Skaffe fram og formidle kunnskap som grunnlag for ei aktiv og førebyggjande naturforvaltning

### Lakseforvaltning

Styresmaktene konsentrerer innsatsen om å ta vare på dei viktigaste bestandane og leveområda deira. I den samanhengen er ordninga med nasjonale laksevassdrag og laksefjordar viktig. Eit program for overvaking av nasjonale laksefjordar og –vassdrag er sett i gang i 2005 med fullt omfang frå 2006.

Kunnskapsgrunnlaget for lakseforvaltninga må stadig betrast gjennom forsking, overvaking og utviklingsarbeid. Forskinga er for ein stor del lagd til forskingsrådets program om villaksforsking. Direktoratet for naturforvaltning gjennomfører overvaking i kalka vassdrag, indeksvassdrag, på sjøstasjonar og i utvalde elver. Det er no starta eit overvakingsprogram for nasjonale laksevassdrag og laksefjordar og ein heilskapleg plan for lakseovervakinga. Ei permanent nasjonal faggruppe tek for seg resultata frå overvakinga. Gruppa oppsummerar bestandssituasjonen og gir råd til Direktoratet for naturforvaltning ut frå dette.

Det blir lagt stor vekt på innsatsen mot dei viktigaste trusselfaktorane, bl.a. lakselus, rømt oppdrettslaks, skadelege effektar av inngrep i vassdrag, og parasitten *Gyrodactylus salaris*. Kalking av laksevassdrag har medført styrking og nyetablering av laks i fleire forsura elvar og stor auke i lakseproduksjonen. Genbanken for laks er eit viktig verkemiddel for å ta vare på det genetiske mangfaldet, mens ein ventar på at trusselfaktorane skal reduserast eller eliminerast. Reguleringane i laksefisket skal tilpassast betre til situasjonen for dei enkelte bestandane. Det blir i den samanhengen arbeidd for ei meir prognosebasert regulering.

Det blir lagt stor vekt på å utvikle systemet for lokal lakseforvaltning og å styrkje det sektorovergripande samarbeidet om lakseforvaltninga. Eit samarbeidsforum for relevante direktorat er oppretta, og det blir arbeidd for å styrkje kontroll og tilsynsoppgåver for dei ansvarlege sektorane. Utvikling av fisketurisme vil òg bli prioritert. Ei oversikt over situasjonen for dei ville laksebestandane, går fram av tabellen under:

Tabell 18.8 Bestandssituasjonen for laks januar 2005, talet på elvar.

| Kategori | Beskriving | Tal |
|---|---|---|
| 1 | Tapt bestand | 45 |
| 2 | Truga bestand | 28 |
| 3a | Sårbar bestand – nær tolegrensa | 34 |
| 3b | Sårbar bestand – kan oppretthaldast ved tiltak | 20 |
| 4a | Redusert bestand – ungfiskproduksjon | 66 |
| 4b | Redusert bestand – berre vaksenfiskbestand | 7 |
| 5a | Moderat/lite påverka bestand – spesielt omsynskrevjande | 207 |
| 5b | Moderat/lite påverka bestand – ikkje spesielt omsynskrevjande | 45 |
| X | Usikker kategoriplassering | 11 |
| | Totalt tal lakseelvar i Noreg | 463 |

#### *Nedkjemping av lakseparasitten Gyrodactylus salaris*

I alt 19 vassdrag er i dag infiserte av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Det er gjennomført kjemisk behandling av 26 vassdrag. Av desse er 15 vassdrag friskmelde, mens 11 er under overvaking etter behandling. Dei infiserte vassdraga ligger i områda frå Skibotnelva i Troms i nord til Sandeelva i Vestfold i sør. I 2003 kom det i gang kjemisk behandling for å nedkjempe parasitten i Ranaregionen i Nordland, med Ranaelva og Røssåga som dei viktigaste vassdraga. Denne aksjonen vart sluttført hausten 2004. Vassdraga er no under overvaking, og vil tidlegast kunne friskmeldast i 2009. I 2003 starta storskalaforsøk med bruk av aluminium for å fjerne *Gyrodactylus salaris*. I 2004 vart det gjennomført fullskalaforsøk i Batnfjordselva i Møre og Romsdal, med mål å fjerne parasitten ved å tilsetje surt aluminiumsulfat kombinert med små mengder rotenon på område der det var vanskeleg og lite føremålstenleg å nytte aluminium. I 2005 starta aluminiumsbehandlinga i Lærdalselva. Det er òg gjennomført ei smitteavgrensande behandling i vassdrag i Steinkjer etter at parasitten vart påvist sommaren 2005.

I 2006 er planen å fullføre nedkjemping av *Gyrodactylus salaris* i Lærdalselva i Sogn og Fjordane. Situasjonen i Steinkjervassdraget, Romsdalsregio-

nen, Vefsna i Nordland og i Driva i Møre og Romsdal vil òg bli følgt opp.

### Samla framstilling av den økonomiske satsinga på bevaring av villaksen

I budsjettet for 2006 vil det bli disponert om lag 91 mill. kroner til arbeidet med å ta vare på dei ville laksebestandane. Midlane er budsjetterte på følgjande poster:

- kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter med 8,5 mill. kroner til innsats for dei ville laksebestandane
- kap. 1410 post 50 Basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta med om lag 1 mill. kroner til nasjonale forskingsoppgåver knytte til dei ville laksebestandane
- kap. 1410 post 51 Forskingsprogram m. m. med 6,7 mill. kroner til forskingsprogrammet om villaks
- kap. 1425 post 01 Driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med om lag 7 mill. kroner til ulike bevaringstiltak
- kap. 1425 post 70 Tilskot til fiskeføremål med om lag 6,5 mill. kroner til lokale tiltak
- kap. 1426 post 01 Driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med om lag 5 mill. kroner til lakseoppsyn
- kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med om lag 16,5 mill. kroner til særskilte tiltak mot *Gyrodactylus salaris*
- kap. 1427 post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeføremål med om lag 40 mill. kroner til tiltak for bevaring av laksestammene i forsuringsramma vassdrag

I tillegg til dei beløpa som er gitt her, kjem lønn til dei som arbeider med bevaring av villaksen i Miljøverndepartementet (kap. 1400 post 01 Driftsutgifter), i Direktoratet for naturforvaltning (kap. 1427 post 01 Driftsutgifter) og hos fylkesmannen (kap. 1510 post 01 Driftsutgifter).

### Arbeidet med nasjonalparkar og andre store verneområde

Dette arbeidet har politisk forankring i St.meld. nr. 62 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge*. Planen omfattar i dag 54 naturområde og skal vere sluttført innan 2010. Planen omfattar gjennomføring av vernevedtak og ein rekkje, ulike tiltak knytte til forvaltning og oppsyn. Midlane til dei ulike prosessane og tiltaka er budsjetterte på ulike postar og kapitel, jf. oppsettet under.

### Samla framstilling av den økonomiske satsinga på nasjonalparkar og andre store verneområde

I budsjettet for 2006 vil det bli disponert om lag 60 mill. kroner til arbeidet med nasjonalparkane. Dette er ein auke på om lag 6 mill. kroner frå 2005. Midlane er budsjetterte på følgjande poster:

- kap. 1426 post 01 Driftsutgifter/kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter med om lag 16 mill. kroner til oppsyn og forvaltning i nasjonalparkar, inkludert tenestekjøp frå Statskog fjelltenesta og lokale fjellstyre.
- kap. 1426 post 30 Tiltak i nasjonalparkane/kap. 1633 post 01 med 8,4 mill. kroner.
- kap. 1426 post 31 Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde/kap. 1633 post 01 med ca. 4 mill. kroner.
- kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med om lag 14,3 mill. kroner. Av dette går ca. 6,5 mill. kroner til forsøk med lokal forvaltning, ca. 3,9 mill. kroner til konsekvensutgreiingar og prosesskostnader (ekskl. lønn) knytte til nasjonalparkar, ca. 2,2 mill. kroner til utarbeiding av forvaltningsplanar, ca. 1 mill. kroner til statlege tilsynsutval i nasjonalparkar og ca. 0,7 mill. kroner til informasjonsmateriell og nettsider.
- kap. 1427 post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar/kap. 1633 post 01, med 5,1 mill. kroner.
- kap. 1427 post 77 Tilskot til nasjonalparksenter med 12,7 mill. kroner, inkludert 2,1 mill. kroner til arbeidet med naturområde på verdsarvlista.

I tillegg til dei beløpa som er gitt her, kjem løn til dei som arbeider med nasjonalparkplanen i Miljøverndepartementet (kap. 1400 post 01 Driftsutgifter), i Direktoratet for naturforvaltning (kap. 1427 post 01 Driftsutgifter) og hos fylkesmennene (kap. 1510 post 01 Driftsutgifter).

### Samla framstilling av den økonomiske satsinga på rovvilt

I budsjettet for 2006 vil det bli disponert om lag 136 mill. kroner til arbeidet med bevaring av dei fem store rovviltartene i Noreg (bjørn, jerv, ulv, gaupe og kongeørn). I høve til saldert budsjett for 2005 aukar løyvingane til rovvilt med 9,2 mill. kroner fordelt på 5 mill. kroner til førebyggjande tiltak og 4,2 mill. kroner til overvaking av rovvilt. Midlane er budsjetterte på følgjande postar:

- Kap. 1410 post 21 Miljøovervaking og miljødata/kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter til registrering og overvaking av bestandane av rovvilt med 9,7 mill. kroner.

- kap. 1410 post 51 Forskingsprogram med om lag 1,8 mill. kroner. Dette blir finansiert under forskingsprogrammet for «Landskap i endring».
- kap. 1426 post 01 Driftsutgifter under Statens naturoppsyn/kap. 1633 post 01 med om lag 9 mill. kroner, hvorav 7 mill. kroner til rovviltkontaktane (dokumentasjon av rovviltskadar og førebyggjande arbeid i forhold til faunakriminalitet) og 2 mill. kroner til statleg fellingslag for rovvilt.
- kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med om lag 1,8 mill. kroner til drift av nasjonalt fagråd for rovviltovervaking og møtegodtgjersle til dei regionale rovviltnemndene.
- kap. 1427 post 71 Risikoerstatning i rovviltområde, med 57 mill. kroner.
- kap. 1427 post 72 Erstatningar for beitedyr tekne av rovvilt med 20 mill. kroner.
- kap. 1427 post 73 Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga med 37 mill. kroner.

Arbeidet med bestandsregistrering (kap. 1410 post 21/kap. 1633 post 01) er eit sentralt element i den nye rovviltpolitikken. Midlane til dette er auka frå 5,5 mill. kroner i saldert budsjett 2005 til 9,7 mill. kroner i 2006. Gode bestandsdata med størst mogleg lokal aksept er eit av dei viktigaste konfliktdempande tiltaka knytt til rovviltpolitikken. Satsinga inneber utvida feltbasert verksemd med auka lokal medverknad. Overvakingsprogrammet skal tilpassast dei krava til presisjon som er stilte for den enkelte art, med utgangspunkt i nye bestandsmålsetjingar og ei nyleg gjennomført evaluering av overvakingsprogrammet. Bestandsestimat bestemmer frå 1. april 2005 fordelinga av mynde mellom dei regionale rovviltnemndene og overordna styresmakt, og er avgjerande for utrekning av ny rovvilterstatning med førehandsbetalt risikoerstatning i område med risiko for tap av husdyr og tamrein frå beitesesongen 2006. Gode bestandsestimat som det er semje om er saman med skadedokumentasjonsarbeidet til Statens naturoppsyn (kap. 1426 post 01) òg sentrale for rovviltnemndenes prioritering av midlar til førebyggjande og konfliktdempande tiltak.

I tillegg til dei beløpa som er gitt her, kjem løn til dei som arbeider med rovviltforvaltninga i Miljøverndepartementet (kap. 1400 post 01 Driftsutgifter), i Direktoratet for naturforvaltning (kap. 1427 post 01 Driftsutgifter) og hos fylkesmannen (kap. 1510 post 01 Driftsutgifter).

### Samla framstilling av satsinga på bevaring av fjellrev

Regjeringa har sett i gang tiltak for å hindre at fjellreven blir borte frå den norske fjellnaturen. I budsjettet for 2006 blir det gjort framlegg om å disponere 4,9 mill. kroner til arbeidet med å ta vare på fjellreven. Ein tek sikte på å nytte midlane til ulike tiltak for å styrkje bestanden, til å auke kunnskapen om fjellreven og til naudsynt overvaking av arten. Arbeidet med fjellreven vil i all hovudsak følgje Direktoratet for naturforvaltnings handlingsplan for fjellrev. Fleire tiltak er sette i verk og vil bli vidareførte i 2006.

Eitt av tiltaka er eit prosjekt med innfanging og avl av fjellrev for seinare utsetjing i naturen. Fjellrevar er blitt fanga inn, og det blir arbeidd med å få fjellrevane til å reprodusere i fangenskap.

Eit anna tiltak er eit fleirårig forsøk med raudrevkontroll på Varangerhalvøya. Prosjektet har som målsetjing å få redusert raudrevbestanden slik at raudrevens konkurranse med fjellreven på Varangerhalvøya blir mindre. Ei målsetjing i prosjektet er òg at uttak av raudrev som metode kan bli grundig evaluert.

Overvaking av fjellreven blir gjennomført årleg. Ein nasjonal database over hi for fjellrev vart oppretta i 2004. Løyvingane til arbeidet med fjellreven er budsjetterte på ulike postar på Miljøverndepartementets budsjett. I oppstillinga nedanfor er det gjort greie for kor stor del av budsjettet under dei respektive kapitla og postane som blir nytta til formålet.

Midlane er budsjetterte på følgjande postar:

- kap. 1400 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 Netto statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter med 1 mill. kroner til arbeid for bevaring av fjellreven
- kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter/kap. 1633 post 01 med 3 mill. kroner til ulike faglege prosjekt for bevaring av fjellreven.
- kap. 1410 post 21 Miljøovervaking og miljødata/kap. 1633 post 01 med 0,9 mill. kroner til naudsynt overvaking av fjellrev

I tillegg til dei beløpa som er gitt her, kjem løn til dei som arbeider med bevaring av fjellreven i Miljøverndepartementet (kap. 1400 post 01 Driftsutgifter) og i Direktoratet for naturforvaltning (kap. 1427 post 01 Driftsutgifter).

### Samla framstilling av satsing på villrein

Noreg er det einaste landet i Europa som har intakte høgfjellsøkosystem med bestandar av villrein. Villreinen skal ha ein sentral plass i norsk fjellfauna også i framtida.

På oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning vart det i 2004 gjennom prosjektet «Villrein og Samfunn» gjennomført ein brei gjennomgang av kunnskapsstatus og eksisterande tiltak og ver-

kemiddel i villreinforvaltninga i eit nært samspel mellom forsking, forvaltning og brukarar. Formålet var å leggje grunnlaget for å tryggje framtida for villreinen. Oppfølginga av tilrådingar frå prosjektet starta i 2005, og dette arbeidet vil bli ført vidare i 2006.

Villreinnemndene har ein viktig funksjon i villreinforvaltninga. Frå 1. januar 2005 følgjer godtgjersle for villreinnemndenes arbeid reglane for godtgjersle i statlege utval. Dette vil bidra til å gi dette arbeidet større tyngd, og gi rom for å følgje opp tilrådingar frå prosjektet Villrein og Samfunn.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter for Direktoratet for naturforvaltning. Etter fleire år med reduksjonar i driftsløyvinga, har direktoratet utsett nødvendige investeringar i sin infrastruktur, som it-utstyr og inventar, og skyve på ein del tiltak, f.eks. kompetansehevingstiltak. Samtidig har direktoratet fått auka oppgåvemengd, bl.a. som følgje av den forserte satsinga på gjennomføring av nasjonalparkplanen, nytt skogvern, sikring av friluftsområde og tiltak for villaksen. Direktoratets driftsbudsjett vart derfor auka i 2005, og auken blir vidareført i 2006.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 1,8 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4427, post 01, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekkjer utgifter til faglege prosjekt og oppdrag som direktoratet utfører, og utgifter som er knytte til inntekter over kap. 4427.

Det er lagt inn ei auka satsing til tiltaka under denne posten på 8 mill. kroner i 2006. Auken skal i første rekkje gå til formål knytte til nasjonalparkar og andre store verneområde, så som utvida forsøk med lokal forvaltning, utarbeiding av forvaltningsplanar og utarbeiding av informasjonsmateriell. Arbeidet med marint vern og oppbygging av marin kompetanse vil få eit løft. Arbeidet for å verne truga arter i norsk natur vil òg bli styrkt, samstundes som meir ressursar vil bli sette inn mot introduksjon og spreiing av arter som er fremmande i norsk natur. Ein har òg sett av midlar til å førebu den neste Trondheimskonferansen om biologisk mangfald som skal gjennomførast i 2007.

Ein vil halde fram med arbeidet knytt til bevaring av fjellreven, styrking av dei ville laksestammene, vassdragsforvaltning (inkludert arbeidet med EUs vassdirektiv), konsekvensutgreiingar i høve til nasjonalparkar, internasjonale bistandsoppdrag og jegerprøveordninga. Det er òg sett av midlar til tilsynsutval for nasjonalparkar, drift av nasjonalt fagråd for rovviltovervaking, møtegodtgjersle for dei regionale rovviltnemndene, og direktoratets arbeid med gjennomføring av det statleg-kommunale kartleggingsarbeidet for biologisk mangfald. Utgifter til drifta av Kongsvold Fjeldstue og Songli forsøksgard blir òg dekte over posten.

Av auken på posten har 0,6 mill. kroner samanheng med auka inntekter under kap. 4427 post 54, jf. omtale under denne posten.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 2,5 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået under posten.

Løyvinga kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4427 post 09 og post 54, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 30 Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv.

Regjeringa prioriterer høgt arbeidet med å sikre nye friluftsområde. Særleg er det viktig at område i kystsona blir sikra. Det å gjere nye strandområde tilgjengelege er eit konkret tiltak som betrar tilhøva for friluftsliv for mange brukarar.

Staten har det økonomiske ansvaret for å sikre særskilte friluftsområde av nasjonal og regional verdi som f.eks. skjergardsparkar (jf. kap. 1426 post 32 Skjergardsparkar o.a.). Staten investerer òg i kommunal sikring av lokalt viktige friluftsområde i byar og tettstader gjennom bidrag til sikring mot tinglyst bandlegging av arealbruken til allment friluftsliv. Løyvinga kan normalt ikkje nyttast til å kjøpe bygningar. Unntak gjeld bygningar som anten skal rivast eller dei kan nyttast i friluftslivsamanheng i området.

Sikringa blir gjennomført ved tileigning eller ved servituttavtale med grunneigar, helst på frivillig grunnlag, men i enkelte tilfelle òg ved ekspropriasjon eller ved vilkår til konsesjon. I tillegg til

sikring av friluftsområde skal midlane òg dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av desse oppgåvene.

Investeringsmidlane blir utbetalte når Direktoratet for naturforvaltning har motteke formell dokumentasjon på at heimel eller rett er overført og at staten sine vilkår er oppfylte.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 225 000 kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

Forslaget inneber behov for tilsegnsfullmakt på 17,2 mill. kroner i 2006, jf. Forslag til vedtak VI.

Ved behandlinga av St.prp. nr. 65 (2004-2005) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden* 2005, vart det til overtaking av forsvarseigedommar til friluftsformål løyvd 2,2 mill. kroner på kap. 1427 post 30 og 22,2 mill. kroner på ny post 49 Statlege tileigningar, kjøp av forsvarseigedommar til friluftsformål. Ein del av dei aktuelle områda blir truleg ikkje klare for overføring til friluftsføremål i 2005 og delar av desse løyvingane vil derfor bli overført til 2006.

Det blir elles vist til nærare omtale av sikringsarbeidet under resultatområde 2 Friluftsliv.

## Post 32 Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa som eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn. Posten skal dekkje kjøp av område som er verna eller føresett verna etter naturvernlova, og utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedomar. Forutan erstatning og kjøp skal midlane på denne posten òg dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av verneplanane.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 1,5 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

Ut frå dei kostnadsoverslaga vi har i dag medfører dette behov for ei tilsegnsfullmakt på til saman 56,9 mill. kroner i 2006, jf. Forslag til vedtak VI.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

## Post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, kan overførast

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, og gjeld «den gamle barskogplanen». Denne barskogplanen vart vedteken i 1996 med siste vernevedtak i 2002 i tråd med Stortingets behandling av stortingsmeldinga om barskogvern, jf. St.meld. nr. 40 (1994-95) Opptrapping av barskogvernet fram mot år 2000. Det vil vere behov for løyving på posten i nokre få år framover, fram til erstatningsoppgjer for dei vedtekne verneområda er gjennomførte. Løyvingar til nytt skogvern er omtalt under kap. 1427 post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern.

Posten skal dekkje utgifter til å erstatte dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har hatt ved barskogvern etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtalar eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av skogområde som er verna etter naturvernlova og utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedommar.

Posten dekkjer òg utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar. Frå 2003 vart praksis i samband med makeskifte endra slik at grunneigar beheld eigedomsretten på arealet i verneområdet. Det er òg opna for bruk av opsjonsavtaler ved kjøp av makeskifteareal. Posten skal vidare dekkje andre kostnader knytte til gjennomføring av skogvernet.

Den framlagte løyvinga skal dekkje kostnader til allereie verna skog.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 1 mill. kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

## Post 34 Statlege tileigningar, nasjonalparkar, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av det økonomiske tapet eigarar og rettshavarar har ved vernetiltak etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege avtaler eller ved rettslege skjønn.

Forutan erstatning og vederlag skal midlane på denne posten òg dekkje andre kostnader som er knytte til gjennomføring av nasjonalparkplanen.

Gjennomføringa av nasjonalparkplanen, jf. St.meld. nr. 62 (1991-1992) *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge,* vil følgje ei framdrift som sikrar at planen er sluttført i år 2010.

Posten er ført vidare med same løyvingsnivå som i 2005. Ut frå dagens kostnadsoverslag er det gjort framlegg om ei tilsegnsfullmakt på 74,4 mill. kroner i 2006, jf. Forslag til vedtak VI.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 400 000 kroner er som følgje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

## Post 35 Statlege tileigningar, nytt skogvern, kan overførast

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

Posten skal dekkje utgifter til erstatning av dei økonomiske tapa eigarar og rettshavarar har ved skogvern etter naturvernlova, jf. erstatningsreglane i lova. Erstatningar blir fastsette ved minnelege forhandlingar eller ved rettslege skjønn. Posten skal òg dekkje kjøp av skogområde som er verna eller føresett verna etter naturvernlova, utgifter som staten som grunneigar har i samband med forvaltninga av innkjøpte eigedommar, vederlagsordning for område som er under vurdering for vern, og utgifter til gjennomføring av makeskifteløysingar knytte til nytt vern.

Midlane på denne posten skal vidare dekkje andre utgifter som er knytte til gjennomføring av skogvernet, som registrering og vurdering av verneverdiar, informasjonstiltak, grensemerking, utarbeiding av forvaltningsplanar når dette er nødvendig for å fastsetje skjønnsføresetnadene, mv.

Regjeringa framhevar i forslaget til strategi for auka skogvern i St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*, at det er nødvendig å auke skogvernet i Noreg. Regjeringa gjer derfor framlegg om ei auka løyving til nytt vern med 11 mill. kroner i 2006. 1,5 mill. kroner av dette beløpet er budsjettert under kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter. Løyvingsforslaget under kap. 1427 post 35 er i 2006 på 66,7 mill. kroner. Det vil dessutan være behov for ei tilsegnsfullmakt under posten på 71,4 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak VI.

Viktige utfordringar i arbeidet med å vidareføre og auke skogvernet i 2006, blir å sikre god fagleg kvalitet ved at dei viktigaste områda blir fanga opp i arbeidet, samtidig som ein sikrar god dialog med skogeigarar og andre partar.

Løyvinga vil blant anna bli brukt til frivillig vern. Samarbeidet med Noregs Skogeigarforbund om frivillig skogvern vart starta opp i 2003, og dei første vernevedtaka er planlagt seinhausten 2005. Samarbeidet blir vidareført i 2006, og det er planlagt nye vernevedtak for prioriterte frivillig vernområde, blant anna i boreal regnskog i Midt-Noreg.

Midlane på posten vil i tillegg dekkje utbetaling av erstatningar knytte til Skjellingshovde og Fugglia som vart verna i 2004, og til 16 skogområde som vart verna i juni 2005.

Det vil i 2006 bli sett i gang nye systematiske naturfaglege registreringar i prioriterte skogtypar, som beskrive i St.meld. nr. 25 (2002-2003).

På areal eigd av Opplysningsvesenets fond skal det gjennomførast kartlegging av verneverdig skog.

Prosessen for vern av området Trillemarka-Rollag Østfjell blir ført vidare med sikte på vernevedtak i 2006, jf. St.prp. nr. 1 (2004-2005). Dette er eitt av dei største gammalskogsområda som er att i Sør-Noreg.

Auken i fullmakta på 23,7 mill. kroner skal dekkje uteståande tilsegn på vernet av områda Skjellingshovde i Oppland og Fugglia i Hedmark som fant stad i 2004. Fullmakta for desse tilsegna låg tidlegare på kap. 1427 post 52 Overføring til skogvern under Jordfondet, men er i 2006 overført 35-posten.

Det blir elles vist til nærare omtale av verneplanarbeidet under resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

### Post 70 Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, kan overførast

Tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og delar av resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy.

#### Mål

Målsetjinga med tilskotsordninga er å redusere negative effektar på det biologiske mangfaldet i vassdrag som følgje av sur nedbør og andre alvorlege menneskeskapte trugsmål. Vidare skal tilskotsordninga nyttast til å avdekkje behov for nye tiltak eller gi grunnlag for innsats som kan redusere behovet for kalking i Noreg. Kalkingsverksemda har i dei seinaste åra hatt eit nivå på om lag 3 000 lokale prosjekt og 24 elvekalkingsprosjekt.

I tråd med Stortingets føresetnader (jf. Innst.S. nr. 9 (2004-2005)) er 2 mill. kroner av løyvinga for 2005 nytta til tiltak mot introduserte fiskearter i ferskvatn. I samband med revidert nasjonalbudsjett (jf. St.prp. nr. 65 (2004-2005)) vart 3 mill. kroner omdisponert til oppfølging av EUs rammedirektiv for ferskvatn, og 1 mill. kroner til auka bruk av aluminium i kampen mot lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Løyvinga til kalkingsprosjekt og tilknytte aktivitetar i 2005 har såleis vore på 94,2 mill. kroner i 2005.

Tilførsla av sur nedbør har blitt sterkt redusert dei seinaste åra. Nedfallet av svovel og andre forsurande stoff er redusert med om lag 65 pst. sidan 1980, men enno er om lag 10 pst. av arealet i Noreg forsuringsskadd. Dersom alle avtalte reduksjonar i luftutslepp blir oppfylte vil om lag 7 pst. av landet vere påverka i 2010, men etter dette og fram mot 2030 er det berre venta små ytterlegare forbetringar i forsuringssituasjonen.

Med basis i 2004 viser ein gjennomgang gjort av Direktoratet for naturforvaltning at mindre forsuring vil redusere behovet i kommande år for midlar til vidareføring av prosjekt som er sette i gang.

For 2006 blir det gjort framlegg om ei løyving på 70 mill. kroner til kalkingsprosjekt og tilknytte aktivitetar. Aktiviteten er noko lågare enn planen frå Direktoratet for naturforvaltning, men likevel på eit akseptabelt nivå.

#### Kriterium for måloppnåing

Hovudkriteriet for måloppnåing er at ein oppnår god vasskvalitet i dei områda som blir kalka.

#### Tildelingskriterium

Tilskot kan givast til prosjekt i område der tolegrensa for menneskeskapt forsuring er overskriden. I tillegg vil bl.a. førekomst av organismar og fiskeslag som er følsame for forsuring bli vurdert ved prioritering av prosjekt. Prosjekt som er inkluderte i forslag til nasjonal handlingsplan for kalking for perioden 2004-2010, og/eller fylkesvise planar for kalkingsverksemda blir prioriterte. Tilskot kan bl.a. givast til kjøp, transport og spreiing av kalk og nødvendige installasjonar. Det blir òg gitt tilskot til tiltak innan fiskekultivering og andre tiltak for å styrkje fiskebestandane i kalka vassdrag og til utprøving av kalking og alternative tiltak i terrenget. Posten dekkjer òg informasjon om effektar av utførte tiltak og vegleiing om kalking i vatn og vassdrag. Delar av tilskotsordninga er bundne i langsiktige tiltak.

Tilskotsmottakarar er organiserte lag som jeger- og fiskarforeiningar, fiskarlag, grunneigarlag o.l., og kommunar.

Ved tildeling av midlar skal det stillast vilkår om at fiske i området blir opna for allmenta etter retningslinjer gitt av miljøstyresmaktene, og at søkjaren medverkar med ein viss eigeninnsats. Eigeninnsatsen kan vere delfinansiering, dugnadsarbeid, kultiveringstiltak o.a.

Tilskotsordninga blir forvalta dels av Direktoratet for naturforvaltning og dels av fylkesmennene.

#### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom undersøkingar av vasskvalitet og biologiske forhold i dei kalka vassdraga. Resultata er positive. Fiskebestandar er reetablerte og biologisk mangfald er sikra gjennom kalking. På Sørlandet har laksefisket hatt ei svært positiv utvikling i dei kalka elvane, og denne regionen er igjen blitt viktig for norsk villaks.

## Post 71 Risikoerstatning i rovviltområde, kan overførast

(i 1 000 kr)

| Underpost | Nemning | Rekneskap 2004 | Salder budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 71.1 | Risikoerstatning til sau i rovviltområde, kan overføres | | | 38 220 |
| 71.2 | Risikoerstatning til tamrein i rovviltområde, kan overføres | | | 18 750 |
| | Sum post 71 | | | 56 970 |

Rovvilterstatningane er frå 2006 budsjetterte under to postar (kap. 1427 post 71 Risikoerstatningar i rovviltområde og post 72 Erstatningar for beitedyr tatt av rovvilt). Endringa følgjer av Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004). Post 71 omfattar risikoerstatning ved beitedrift med sau eller tamrein i område med faste førekomstar av rovvilt. Post 72 omfattar erstatningar for dokumenterte tap, udokumenterte tap i område der det ikkje er venta at det vil oppstå rovviltskade, og udokumenterte tap der det er gjennomført førebyggjande tiltak, men der det likevel har oppstått rovviltskade.

Løyvinga på dei to postane i 2006 svarer til løyvinga på kap. 1427 post 72 i 2005. Ein viser elles til samla omtale av ny erstatningsordning under Del II, resultatområde 1, og samla omtale av budsjettmidlar til rovvilt i innleiinga til kap. 1427.

Midlane under post 71 er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald.

### Mål

Den samla erstatninga etter kap. 1427 post 71 og post 72 skal for det første sikre at driftseiningar med husdyr og tamrein skal få erstatta sitt økonomiske tap når rovvilt skadar eller drep beitedyr. Dette er i tråd med viltlova § 12a. For det andre skal den samla erstatningsordninga motivere driftseininga til å setje i verk effektive førebyggjande tiltak. Erstatningsordninga er utforma på ein slik måte at det skal vere lønnsamt for den einskilde driftseininga å innretta seg slik at rovviltskade over tid blir redusert mest mogleg. Løyvinga på post 71 dekkjer eitt av dei tre elementa i den samla erstatningsordninga, den førehandsutbetalte risikoerstatninga for sau og tamrein.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at erstatningsordninga samla (dvs. kap. 1427 postane 71 og 72) stimulerer til lågare tap og konfliktar i forhold til rovviltforekomst i dei ulike rovviltregionane.

### Tildelingskriterium

Risikoerstatning vil bli utbetalt i samsvar med ny erstatningsforskrift som vil bli fastsett i løpet av vinteren 2005-2006. Sjå eigen omtale av ny erstatningsordning under Del II, resultatområde 1.

### Oppfølging og kontroll

Datagrunnlaget for den førehandsutbetalte risikoerstatninga blir kvalitetssikra av Norsk institutt for naturforsking (NINA) med utgangspunkt i feltdata om bestandssituasjon og kadaverdokumentasjon registrert av Statens naturoppsyn. Utarbeiding av grunnlagsdata for rovviltforvaltning blir dekt over kap. 1410 post 21 Miljøovervaking og miljødata, som i 2006 er auka frå 5,5 mill. kroner til 9,7 mill. kroner til føremålet.

## Post 72 Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt, overslagsløyving

(i 1 000 kr)

| Underpost | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 72.1 | Erstatning for husdyr | 57 977 | 47 006 | 13 000 |
| 72.2 | Erstatning for tamrein | 21 252 | 30 000 | 7 000 |
| | Sum post 72 | 79 229 | 77 006 | 20 000 |

Posten omfattar erstatningar for dokumenterte og udokumenterte tap av husdyr og tamrein. Midlane under posten er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald. Erstatningane kan variere frå år til år, bl.a. på grunn av naturgitte forhold. Løyvingsbehovet er slik sett vanskeleg å stipulere, og posten er derfor budsjettert som overslagsløyving.

Ved jordbruksoppgjeret i 2003 vart det gjort endringar i landbrukets tilskotsordningar som fekk innverknad på satsane for rovvilterstatning for sau og lam. Dette var ikkje innarbeidd i satsane for erstatning i 2003. Rekneskapstala for 2004 inkluderer derfor ei etterbetaling på ca. 5,3 mill. kroner frå 2003.

Ein viser elles til samla omtale av ny erstatningsordning under Del II, resultatområde 1.

### Mål

Den samla erstatninga etter kap. 1427 post 72 og post 71 Risikoerstatning i rovviltområde, skal for det første sikre at driftseiningar med husdyr og tamrein skal få erstatta det økonomiske tapet når rovvilt skadar eller drep beitedyr. Dette er i tråd med viltlova § 12a. For det andre skal den samla erstatningsordninga motivere driftseininga til å setje i verk effektive førebyggjande tiltak. Erstatningsordninga er utforma på ein slik måte at det skal vere lønnsamt for den einskilde driftseininga å innrette seg slik at rovviltskade over tid blir redusert mest mogleg. Løyvinga på post 72 dekkjer to av dei tre elementa i den samla erstatningsordninga, erstatning for dokumenterte og udokumenterte tap av husdyr og tamrein.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at erstatningsordninga samla (dvs. kap. 1427 postane 71 og 72) stimulerer til mindre tap og konfliktar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane.

### Tildelingskriterium

Erstatning for dokumenterte og udokumenterte tap vil bli utbetalt i samsvar med ny erstatningsforskrift som vil bli fastsett i løpet av vinteren 2005-2006. Sjå eigen omtale av ny erstatningsordning under Del II, resultatområde 1.

### Oppfølging og kontroll

Erstatningssøknadene for udokumenterte skadar blir gått gjennom av fylkesmannen for å sikre at vilkåra for erstatning er oppfylte. Skadedokumentasjonen er for heile landet organisert i regi av Statens naturoppsyn. Erstatning for skadar dokumenterte av Statens naturoppsyn vil bli utbetalt direkte til dyreeigar utan søknad.

## Post 73 Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, kan overførast

Midlane er retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og omfattar førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga. Midlane kan òg nyttast til utviklingsarbeid med klar relevans til målet med posten. Posten er i 2006 auka med 5 mill. kroner i høve til saldert budsjett 2005.

Frå 2006 blir det ein klarare økonomisk stimulans til å gjennomføre førebyggjande tiltak med utgangspunkt i insentiva i ny erstatningsordning ved rovviltskadar på sau og tamrein, jf. kap. 1427 post 71 Risikoerstatning i rovviltområde og kap. 1427 post 72 Erstatning for beitedyr tatt av rovvilt.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å førebyggje rovviltskadar i husdyrhald og tamreindrift gjennom å bidra til å finansiere førebyggjande tiltak. Vidare skal midlane medverke til å dempe konfliktar i forhold til bjørn og ulv i lokalsamfunn.

For 2006 vil det bli lagt vekt på å føre vidare arbeidet med tiltak innan førebygging og konfliktdemping med utgangspunkt i Stortingets behandling av St.meld. nr. 15 (2003-2004) *Rovvilt i norsk*

*natur*, jf. Innst. S. nr. 174 (2003-2004). Det vil bli lagt vekt på ei effektivisering av arbeidet med førebyggjande tiltak gjennom satsing på kostnadseffektive fellestiltak.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er at tilskotsordninga stimulerer til mindre tap og konfliktar i forhold til rovviltførekomst i dei ulike rovviltregionane gjennom iverksetjing av effektive førebyggjande og konfliktdempande tiltak.

### Tildelingskriterium

For tilskot til førebyggjande og konfliktdempande tiltak gjeld eit eige regelverk. Det vil òg bli utvikla ei eiga nettside for å gjere dei ulike førebyggjande tiltaka meir tilgjengelege for beitebrukarane. I tråd med føringane i rovviltpolitikken vil ein hovuddel av midlane bli kanalisert gjennom dei åtte nye regionale rovviltnemndene. Midlane skal nyttast til førebyggjande tiltak i husdyrhald og tamreindrift, til konfliktdempande tiltak retta mot kommunar og lokalsamfunn og til ei vidareføring av forsøket med ein jaktleigeordning innafor ulverevir, i tråd med Stortingets føresetnader. I kvar region vil den regionale rovviltnemnda utarbeide forvaltningsplanar som skal sikre at det over tid blir lagt til rette for tilpassingar som gir eit best mogleg skilje mellom beitedyr og faste førekomstar av rovvilt. Dette inneber blant anna at besetningar med store årlege tap til rovvilt bør prioriterast for tilskot til nødvendige driftstilpassingar, jf. òg omtala av ny erstatningsordning under resultatområde 1 og i postomtala til kap. 1427 postane 71 Risikoerstatning i rovviltområde og 72 Erstatning for beitedyr tekne av rovvilt. Dei nye regionale rovviltnemndene vil ha hovudansvaret for at tildelingane over posten skjer i tråd med eigen forvaltningsplan i den einskilde regionen. Det vil frå 2006 bli lagt auka vekt på å utarbeide nasjonale standardar for iverksetjing av dei ulike førebyggjande tiltaka.

### Oppfølging og kontroll

Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar frå tilskotsmottakarar om gjennomføring av tiltak og ressursforbruk. For å sikre effektiv bruk av midlane vil det frå 2006 bli lagt auka vekt på ein kontroll med at førebyggjande tiltak som er støtta med offentlege midlar følgjer nasjonale standardar der slike er utarbeidd.

## Post 74 Tilskot til friluftslivstiltak, kan overførast.

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv. Løyvinga er på same nivå som i Friluftslivets år 2005, då løyvinga vart auka med 5 mill. kroner. Etter at den særskilte satsinga i Friluftslivets år er avslutta, vil det såleis vere ein reell auke i løyvinga til friluftsliv. Auken skal nyttast til konkrete tiltak til fremje av friluftslivet for barn, unge og funksjonshemma.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å medverke til stimuleringstiltak og haldningsskapande arbeid for friluftsliv, under dette tiltak som styrkjer allmenta sine interesser. Posten skal òg dekkje drifta av dei regionale nettverka «Forum for natur og friluftsliv» (FNF).

### Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga vil bli dokumentert gjennom resultatindikatorane på resultatområde 2 Friluftsliv i Del II, sjå tabell 7.1.

### Tildelingskriterium

I 2006 er tiltak retta inn mot oppfølging av «Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009» og rapporten «Friluftsliv for funksjonshemma».

### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporter.

## Post 75 Internasjonale avtaler og medlemskap

Tilskotsordninga er primært knytt til ei rekkje arbeidsmål på resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, men fleire arbeidsmål under resultatområde 8 er òg relevante.

### Mål

Målet for tilskotsordninga er å støtte organisasjonane som er nemnde nedanfor i deira internasjonale arbeid for vern av biologisk mangfald og berekraftig bruk av biologiske ressursar, og å gjere Direktoratet for naturforvaltning og andre delar av

miljøforvaltninga i stand til å delta i det faglege internasjonale nettverket desse organisasjonane utgjer.

### Kriterium for måloppnåing

Kriterium for måloppnåing er om Noreg gjennom si støtte til dei internasjonale organisasjonane i rimelig grad bidrar til at desse kan utføre sine oppgåver, og at Direktoratet for naturforvaltning og anna miljøforvaltning får tilgang til arbeidet som skjer i dei.

### Tildelingskriterium

Posten skal dekkje utgifter til kontingent i samband med medlemskap i relevante internasjonale organisasjonar, under dette:

- Federation of Nature and National Parks of Europe (FNNPE)
- Conseil International de La Chasse (CIC)
- Verdas naturvernunion (Government Agency member) – The World Conservation Union (IUCN)
- Wetlands International (WI)
- BirdLife International (BI)
- Nordisk kollegium for viltforsking (NKV)
- Den europeiske organisasjonen for bevaring av geologiarven (ProGEO)

Posten skal òg dekkje utgifter knytte til relevante oppfølgingsprosjekt i tilknyting til medlemskapen, slik som i den nordatlantiske laksevernorganisasjonen – North Atlantic Salmon Conservation Organisation (NASCO). Kontingenten til NASCO er dekt over kap. 1400 post 71 Internasjonale organisasjonar.

Det skjer ei kontinuerleg vurdering av organisasjonen sine målsetjingar og kva nytte Direktoratet for naturforvaltning kan ha av medlemskapen.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i og bidrag til møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølging av spesielle prosjekt skjer gjennom deltaking i referanse-, arbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet.

Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane. I tillegg deltek Direktoratet for naturforvaltning på møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring.

## Post 77 Tilskot til nasjonalparksentre, kan overførast.

Frå posten blir det gitt tilskot til to formål: Det eine er nasjonalparksenter, det andre er arbeidet med norske verdsarvområde med viktige naturverdiar.

Tilskotsordninga for nasjonalparksentra er i hovudsak retta mot resultatområda 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald og 2 Friluftsliv. Posten er auka med 0,2 mill. kroner til nasjonalparksentra. Løyvinga vil bli brukt til å arbeide vidare med etableringa av desse. Nasjonalparksenter er viktige i arbeidet med å gi informasjon og rettleiing til dei som besøkjer nasjonalparkane. Ein gjer framlegg om ei tilsegnsfullmakt knytt til nasjonalparksenter på 2 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak VI.

Når det gjeld tilskotsordninga for norske verdsarvområde med viktige naturverdiar, gjer ein framlegg om å auke posten med 1,1 mill. kroner slik at dette arbeidet får eit budsjett på 2,1 mill. kroner i 2006. Denne delen av løyvinga er primært retta mot resultatområde 1 Berekraftig bruk og vern av biologisk mangfald, men omfattar òg resultatområde 2 Friluftsliv og resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Midlane må sjåast i samanheng med midlar til dei norske verdsarvområda under kap. 1429 post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre etablering og drift av nasjonalparksenter ved eksisterande og framtidige nasjonalparkar jf. omtale under resultatområde 1. Nasjonalparksentras hovudfunksjon er å formidle informasjon om natur- og kulturverdiar og medverke til ei god forvaltning av nasjonalparkane. Nasjonalparksenter er viktige i arbeidet med å gi informasjon og rettleiing til dei som besøkjer nasjonalparkane. Det er i 2005 utarbeidd ein revidert strategi for statleg medverknad i nasjonalparksentra.

Når det gjeld verdsarvområda, er målet med tilskotsordninga ei berekraftig forvaltning av norske verdsarvområde med viktige naturverdiar.

### Kriterium for måloppnåing

Måloppnåing for nasjonalparksentra blir vurdert på bakgrunn av årlege rapportar i samsvar med «Policy og retningslinjer for miljøforvaltningens samarbeid med nasjonalparksentrene» (Rapport 2005-1).

Måloppnåing for verdsarvområda blir vurdert ut frå om forvaltninga er i tråd med kriteria for tildeling av verdsarvstatus.

### Tildelingskriterium

Tilskot blir gitt til forprosjektering og etableringskostnader for nye nasjonalparksenter, og tiltak innan informasjonsformidling og kompetanseutvikling ved eksisterande senter, under dette driftstilskot. Tilskot vil gå til å arbeide vidare med etableringa av nasjonalparksenter som enno ikkje er ferdigbygde etter tidlegare vedteken prioriteringsplan. Sluttføring av nasjonalparksentret i Lierne gjenstår.

Midlane til verdsarvområde skal gå til å følgje opp forvaltinga av slike område i Noreg som har viktige naturverdiar. Mottakarar er i hovudsak organisasjonar som arbeider med oppfølging av verdsarvområda. Vegaøyane er tekne inn på UNESCOs verdsarvliste i 2004. Det vestnorske fjordlandskapet med Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er ført på lista i 2005. Arbeidet med nominering av Lofoten har starta.

### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer ved at tilskotsmottakarane leverer sluttrapportar og -rekneskap og eventuelt framdriftsrapportar med rekneskap. Det blir utført ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportane og rekneskapane. Det blir òg nytta stikkprøvekontroll, bl.a. ved gjennomsyn av utstillingar og informasjonsmateriell som det er gitt støtte til.

I høve til verdsarvområda blir tilskotsmottakar følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar går føre seg gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende rapporter.

## Post 78 Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, kan overførast

Midlane under posten er retta mot resultatområde 2 Friluftsliv. Posten er auka med 0,7 mill. kroner for å styrkje arbeidet i regi av friluftsråda.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å styrkje allmentas interesser for og deltaking i friluftslivet gjennom det arbeidet som skjer i Friluftsrådas Landsforbund (FL), paraplyorganisasjonen for dei interkommunale friluftsråda. FL vart oppretta 1986, er i jamn vekst, og har i dag 17 tilslutta interkommunale friluftsråd som til saman dekkjer 163 kommunar med ca. 63 pst. av befolkninga i landet.

### Kriterium for måloppnåing

Måloppnåinga blir m.a. vurdert ut frå oppnådde resultat i dei interkommunale friluftsrådas arbeid med sikring, opparbeiding og skjøtsel av friluftsområde og tal på deltakarar i aktivitetsfremjande tiltak.

### Tildelingskriterium

Tilskotsordninga har to formål. For det første skal ordninga gi grunnstøtte til FL (jf. at andre miljøvernorganisasjonar får grunnstøtte over kap. 1400 post 70) og dei interkommunale friluftsråda. Vidare er den retta mot praktiske friluftslivstiltak i deira regi. FL står for organisering av arbeidet med sikring, tilrettelegging og skjøtsel av friluftslivsområde på vegner av det offentlege.

### Oppfølging og kontroll

Tilskotsmottakar blir følgt opp i forhold til at midlane blir nytta som føresett og at tiltak blir gjennomførte. Kontrollen overfor tilskotsmottakar skjer ved gjennomgang av rapportar som blir leverte til fastsette tidspunkt. Rapportering i forhold til bruk av tilskotsmidlar blir òg tekne opp i årlege møte med Friluftsrådas Landsforbund.

## Post 79 Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg

I samband med opprettinga av nasjonale laksevassdrag og laksefjordar vedtok Stortinget at enkelte nasjonale laksefjordar skal vere oppdrettsfrie innan 2011, jf. Innst. S. nr. 134 (2002-2003). Stortinget vedtok også at det skal givast «rimelig kompensasjon» for verksemder som må flytte ut av nasjonale laksefjordar som følgje av vedtaket. Dette gjeld tre oppdrettsanlegg.

Stortinget vedtok i samband med behandlinga av St.prp, nr. 65 (2004-2005) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet med regnet folketrygden 2005,* jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005) at Miljøverndepartementet kan gi tilsegn om å dekkje oppdrettsanleggas dokumenterte flyttekostnader innafor ei total ramme på 6,75 mill. kroner, dvs. inntil 2,25 mill. kroner pr. anlegg jf. Forslag til vedtak VI. I samsvar med Stortingets vedtak vil ingen oppdrettsanlegg bli pålagt å flytte før 1. mars 2011. Vel nokon av oppdrettsanlegga å flytte i 2006, vil eventuelle utbetalingar i 2006 bli foreslått løyvde i samband med nysalderinga av 2006-budsjettet.

## Kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Ymse inntekter | 6 583 | 6 791 | 7 008 |
| 09 | Internasjonale oppdrag | 8 005 | 1 892 | 1 953 |
| 15 | Refusjon arbeidsmarknadstiltak | 39 | | |
| 16 | Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar | 1 229 | | |
| 18 | Refusjon av sjukepengar | 1 578 | | |
| 40 | Inntekter frå sal av makeskifteareal | 55 | | |
| 54 | Gebyr | 2 480 | 2 300 | 2 900 |
| | Sum kap. 4427 | 19 968 | 10 983 | 11 861 |

### Post 01 Ymse inntekter

Under posten blir ført inntekter ved sal av rapportar frå Direktoratet for naturforvaltning og andre produkt og oppdragsinntekter. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte under kap. 1427 post 01 Driftsutgifter. I tillegg blir her inntektsført refusjon frå kap. 1425 til dekning av direktoratets utgifter over kap. 1427 post 01 til forvaltning av tilskotspostane på kap. 1425 og fondsforvaltninga av Viltfondet og Statens fiskefond med 4,5 mill. kroner. Dette er i samsvar med ein fleirårig praksis.

Løyvinga under kap. 1427 post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene under posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta bistand og bilateralt miljøsamarbeid. Dei tilsvarande utgiftene er budsjetterte på kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter. Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 54 Gebyr

Inntektene på denne posten skal dekkje utgiftene til den obligatoriske jegerprøven som vart sett i verk frå 1. april 1986, og til utgifter i samband med merkepliktig vilt. Posten er auka med 0,6 mill kroner til 2,9 mill. kroner i tråd med venta inntekter.

Kvar jeger som går opp til jegerprøven må betale eit eksamensgebyr på kr 250. Gebyrinntektene skal dekkje dei tilsvarande utgiftene under kap. 1427 post 21 Spesielle driftsutgifter til å drive eksamensordninga.

Frå 1. januar 2005 vart det etablert merkje- og registreringsplikt for dødt vilt som tilfell Viltfondet, sjå vedlegg (artsliste) til forskrift 18. juni 2004 nr. 913 om ivaretaking av dødt vilt. Dei som vil overta merkepliktig vilt frå Viltfondet skal betale eit gebyr. Gebyret er sett til kr 400 pr. individ. Innbetalte gebyr skal nyttast til etablering og drift av ein sentral database for å ivareta informasjon om individa, og til å gjennomføre kostnadsfri ettermerking for allereie preparerte individ. Desse utgiftene blir dekte over kap. 1427 post 21.

Løyvinga under kap. 1427 post 21 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. Forslag til vedtak II nr. 1.

# Programkategori 12.30 Kulturminne og kulturmiljø

Løyvingane under programkategori 12.30 høyrer i hovudsak inn under resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Det blir vist til innleiinga i del II der det er gjort greie for budsjettvise endringar i 2006 innafor resultatområdet.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2006 på om lag 716 mill. kroner inkl. meirverdiavgift. Dette er ein auke på 450,7 mill. kroner, eller 170 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2005. Regjeringa gjer framlegg om å auke kulturminnefondets grunnkapital med 400 mill. kroner, til i alt 800 mill. kroner. Vidare vil løyvinga til kulturminneforsking auke med 1,5 mill kroner.

Satsinga på kulturminneområdet er i samsvar med intensjonane i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* for å hindre tap av kulturminne og ta vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap og oppleving.

Frå 2006 er det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten. Ordninga medfører at meirverdiavgifta blir budsjettert på eit eige felles utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Ordninga er nærare omtalt under kapittel 5 i del I. 4,3 mill. kroner er ramme overført frå denne programkategorien til dette felleskapittelet.

Utgifter under programkategori 12.30 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1429 | Riksantikvaren (jf. kap. 4429) | 226 834 | 252 313 | 294 930 | 16,9 |
| 1432 | Norsk kulturminnefond (jf. kap. 4432) | 13 405 | 13 000 | 416 700 | 3 105,4 |
| | Sum kategori 12.30 | 240 239 | 265 313 | 711 630 | 168,2 |

## Kap. 1429 Riksantikvaren (jf. kap. 4429)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 77 461 | 76 576 | 78 536 |
| 21 | Spesielle driftsutgifter, *kan nyttast under postane 72 og 73* | 35 784 | 22 650 | 22 307 |
| 50 | Tilskot til Samisk kulturminnearbeid | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 72 | Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 82 311 | 110 230 | 145 030 |
| 73 | Brannsikring og beredskapstiltak, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 5 818 | 10 953 | 10 953 |
| 74 | Fartøyvern, *kan overførast* | 18 974 | 29 004 | 29 004 |
| 75 | Internasjonalt samarbeid, *kan overførast* | 987 | 900 | 1 100 |
| 76 | Den nordiske verdsarvstiftelsen | 3 500 | | |
| 77 | Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | | | 6 000 |
| | Sum kap. 1429 | 226 834 | 252 313 | 294 930 |

### Rolle og oppgåver for Riksantikvaren

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og Miljøverndepartementets rådgivande og utøvande faginstans for forvaltning av kulturminne og kulturmiljø. Riksantikvaren skal medverke fagleg til departementets arbeid med kulturminneforvaltning. Innsats og verkemiddel skal rettast mot nasjonalt viktige kulturminne. Verkemiddel skal vidare rettast mot eigarar av freda bygningar og anlegg og prioritere viktige satsingsområde som kystkultur og verdsarvområda. Riksantikvaren har ei viktig rolle i høve til å stimulere eigarar og næringsliv til auka verneinnsats og verdiskaping. Direktoratet har òg ein rådgivande funksjon overfor anna offentleg forvaltning, allmenta og næringslivet.

I saker der Riksantikvaren utøvar mynde etter særlov, skal både kulturminnefaglege og andre samfunnsomsyn leggjast til grunn for avgjerdene. Riksantikvaren har ansvaret for å gjennomføre den statlege kulturminnepolitikken, og har i den samanhengen eit overordna fagleg ansvar for arbeidet til fylkeskommunane, Sametinget, forvaltningsmusea og Sysselmannen på Svalbard som regionale styresmakter for kulturminne. Gjennom tilretteleggings- og stimuleringstiltak skal det medverkast til at kommunane tek omsyn til kulturminne og kulturmiljø som viktige element og ressursar i sine omgivnader. Riksantikvaren skal formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø, representere norske styresmakter i relevante internasjonale organ og sjå til at folkerettsleg bindande avtaler om kulturminne og kulturmiljø blir etterlevde.

Riksantikvaren har utarbeidd serviceerklæringar overfor bl.a. eigarar av freda bygningar og anlegg.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn og godtgjersler til faste og mellombels tilsette, husleige, oppvarming, IT, reiseverksemd, informasjonstiltak og andre driftsutgifter for Riksantikvaren. Posten dekkjer òg kjøp av konsulenttenester til faglege prosjekt/utgreiingar i samband med oppfølging av St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*. Vidare dekkjer posten utgifter knytte til deltaking i kompetansenettverket for miljøretta bistand og anna oppdragsverksemd. Dei tilsvarande inntektene blir førte under kap. 4429 respektive post 02 og 09. Løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under dei to nemnde inntektspostane, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

For å sikre ei effektiv oppfølging av kulturminnemeldinga er posten foreslått auka med 1 mill. kroner når ein ser bort frå kompensasjon for lønnsoppgjeret 2005. Dei auka midlane vil bl.a. gjere det moglege å sikre oppfølging av St.meld. nr 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* og gjennomføring av høgt prioriterte tiltak for å sikre eigarane av freda kulturminne betre rammevilkår.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 1,8 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under postane 72 og 73

Posten dekkjer kostnader ved tiltak som gjeld høgt prioriterte freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, bl.a. når Riksantikvaren står som tiltakshavar i spesielt prioriterte prosjekt. Midlane på post 21 må sjåast i samanheng med midlane som er budsjetterte under tilskotspostane 72 og 73.

Posten dekkjer òg utgifter til innhenting av kunnskap og utviklingsarbeid i samband med oppfølging av St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner*, under dette til betre metodar for teknisk vedlikehald og skjøtsel av ulike typar kulturminne. Midlane blir nytta til kjøp av tenester frå bl.a. forvaltningsmusea og NIKU. Vidare blir det nytta midlar til kjøp av vedlikehald- og istandsetjingstenester for bygningar som Riksantikvaren sjølv har eit eigaransvar for. I tillegg dekkjer posten utvikling og drift av kulturminnedatabasen. Kulturminnedatabasen er avgjerande for å sikre god informasjon om kulturminneverdiar til bl.a. forvaltning, lokalsamfunn, eigarar og andre interesserte.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 2,5 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

### Post 50 Tilskot til samisk kulturminnearbeid

Tilskotsordninga skal ivareta dei overordna kulturminnefaglege omsyna i arbeidet med samiske kulturminne og kulturmiljø. Midlane skal i hovudsak nyttast til større vedlikehalds- og restaureringsarbeid, og blir stilte til disposisjon for Sametinget.

## Post 72 Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, kan overførast, kan nyttast under post 21

(i 1 000 kr)

| Underpost | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 72.1 | Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak | | | 4 000 |
| 72.2 | Vern og sikring av freda bygningar og anlegg | 21 594 | 24 867 | 37 867 |
| 72.3 | Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen | 12 548 | 20 957 | 25 757 |
| 72.4 | Kystkultur | 10 453 | 18 100 | 18 100 |
| 72.5 | Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap | 1 262 | 1 280 | 3 280 |
| 72.6 | Skjøtsel av automatisk freda kulturminne | 1 468 | 8 808 | 10 308 |
| 72.7 | Fartøyvernsentra | 3 084 | 3 550 | 3 550 |
| 72.8 | Tekniske og industrielle kulturminne | 14 702 | 14 702 | 17 202 |
| 72.9 | World Heritage List, nasjonale oppgåver | 17 200 | 17 966 | 24 966 |
| | Sum post 72 | 82 311 | 110 230 | 145 030 |

I medhald av St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* skal rammevilkåra for dei private eigarane av freda kulturminne bli betre. For 2006 er posten foreslått auka med 34,8 mill. kroner for å stanse forfallet på freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Det er foreslått ei tilsegnsfullmakt under posten på 8,5 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

Alle tilskotsordningane under denne posten rettar seg mot resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Posten blir nytta til tiltak som fører til forvaltning og sikring av freda og verneverdige kulturminne, kulturmiljø, og verdifulle landskap. Dette skjer gjennom direkte tilskot til kulturminne som i hovudsak er eigde eller forvalta av private.

Ved større tiltak er det ofte føremålstenleg at Riksantikvaren eller fylkeskommunane står for iverksetjing og gjennomføring av tiltaka. Tiltaket kjem i desse tilfella eigarane/forvaltarane til gode, men kostnadene blir rekneskapsførte som driftsutgifter over post 21, jf. omtale under post 21.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren eller fylkeskommunane.

Tilskotsmidlane blir fordelte etter søknad eller i høve til prioriterte program.

Ein stor del av løyvinga blir fordelt via fylkeskommunane. Ved fordeling av tilskot skal Riksantikvaren og fylkeskommunane, innafor dei disponible budsjettmidla på underposten, utføre ei samla fagleg vurdering av den kulturhistoriske verdien og betydinga som tiltaka har i forhold til målet for tilskotsordninga.

Riksantikvaren kan også sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt fastsette av Regjeringa.

### Underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak (ny post)

I St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* fastslår Regjeringa at staten skal ta ein større del av utgifter til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med *mindre, private tiltak*. Det er satt av 4 mill. kroner til dette formålet i 2006. I 2005 vart det satt av 1,5 mill. kroner til arkeologiske registreringar og utgravingar under underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne. Disse er flytta opp til underpost 72.1. I tillegg aukar midlane til tiltaket med 2,5 mill. kroner i 2006.

#### Mål

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege forpliktingane i § 10 i kulturminnelova og gi heil eller delvis dekning av utgifter som følgjer av pålegg om særskilt gransking av automatisk freda kulturminne eller til særskilte tiltak for å verne dei.

### Tildelingskriterium

Tilskot skal givast til heil eller delvis dekning av utgifter i samsvar med kulturminnelovas føresegn §10 og utfyllande retningslinjer.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging av tiltaket skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskap.

## Underpost 72.2 Vern og sikring av freda bygningar og anlegg

I St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* fastslår Regjeringa at staten skal dekkje ein større del av meirutgiftene i samband med antikvarisk sikring og istandsetjing av freda kulturminne og kulturmiljø. Tilskotsmidlar til vern og sikring av freda bygningar og anlegg blir auka med 13 mill. kroner i 2006.

For å sikre kostnadseffektiv gjennomføring er det nødvendig å prioritere tiltaka.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av freda bygningar og anlegg.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å følgje opp dei statlege forpliktingane i § 15a i kulturminnelova ved å gi heilt eller delvis vederlag til eigarar for fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon, og å dekkje utgifter til andre sikrings- og restaureringstiltak på freda bygningar og anlegg.

### Tildelingskriterium

Midlane skal gå til å dekkje fordyrande vilkår sett ut frå antikvariske omsyn, jf. § 15 i kulturminnelova.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelt etter følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, mellombels sikring av freda bygningar og anlegg som forfell, og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.

### Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

## Underpost 72.3 Vern og sikring av bygningar og anlegg frå mellomalderen.

Regjeringa vil trappe opp den særlege satsinga på nasjonalt viktige og prioriterte kulturminne, som istandsetjing av stavkyrkjene og verdifull kyrkjekunst i desse. Det er sett av 4,8 mill. kroner meir til dette formålet samanlikna med 2005.

Av dette er det avsett midlar til arbeidet med borgruinen Steinvikholm. Prosjektet blir avslutta i 2006.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av automatisk freda kulturminne frå middelalderen og nasjonalt viktige ruinar.

### Mål

Målet for tilskotsordninga er å sikre automatisk freda bygningar og ruinar frå middelalderen, under dette stavkyrkjene.

### Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tiltak på middelalderbygningar og anlegg som er automatisk freda etter kulturminnelova, under dette: tilskot til tiltak innafor eit fleirårig stavkyrkjeprogram for å setje stavkyrkjene i bygningsmessig god stand og til sikring og konservering av den verdifulle kyrkjekunsten i desse kyrkjene, tilskot til tiltak innafor eit fleirårig ruinprogram for å sikre nasjonalt viktige ruinar, og tilskot til andre viktige sikrings- og restaureringstiltak.

Tilskota skal fordelast på grunnlag av same overordna strategi som omtalt under underpost 72.2.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I enkelte tilfelle skjer det òg ved kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

## Underpost 72.4 Kystkultur

I medhald av St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* vil Regjeringa styrkje arbeidet med kystkulturen og leggje til rette for at kulturminne og kulturmiljø kan medverke til å skape attraktive bustader og gode lokalsamfunn.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar av freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne langs kysten.

Det er nødvendig å gjere ei prioritering i startfasen av omfattande og samansette istandsetjingstiltak.

### Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø langs kysten. Det blir elles vist til omtale under kap. 1429 post 77 Verdiskapingsprogrammet.

### Tildelingskriterium

Midlane skal gå til sikring og istandsetjing av freda og spesielt bevaringsverdige kulturminne som er typiske for liv og verksemd langs kysten. Tilskota blir fordelte på grunnlag av følgjande prioriteringar: tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og tiltak som sikrar kulturminne og kulturmiljø som det finst få av. Bygningar og anlegg som forfell skal sikrast mellombels.

### Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografisk dokumentasjon frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen, for å sjå til at kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

## Underpost 72.5 Vern og sikring av freda og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap (ny nemning)

Underposten er auka med 2 mill. kroner i 2006, av dette er det sett av 1 mill. kroner meir til å setje i stand og vedlikehalde Lyngheisenteret.

### Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å ta vare på dei freda kulturmiljøa: Garden Havrå i Hordaland, områda omkring Utstein kloster i Rogaland, Skoltebyen Neiden i Finnmark, Kongsberg Sølvverk i Buskerud, Sogndalstrand i Rogaland, og andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

### Tildelingskriterium

Dei freda kulturmiljøa skal prioriterast ved tildeling av tilskot.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer ved ein generell formalia- og sannsynskontroll av rapportar og rekneskap. Fagleg oppfølgingsansvar kan leggjast til fylkeskommunen og Sametinget.

## Underpost 72.6 Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Underposten er auka med 1,5 mill. kroner i 2006. 1,5 mill. kroner avsett til arkeologiske registreringar og utgravingar i samband med mindre private tiltak er samstundes flytta til underpost 72.1 Tilskot til arkeologiske undersøkingar ved mindre private tiltak.

### Mål

Tilskotsordninga skal sikre at arkeologiske kulturminne blir haldne i hevd gjennom ei tiårig satsing på skjøtsel og restaurering av eit utval arkeologiske kulturminne av nasjonal verdi. Bergkunstprosjekt skal følgjast opp og dei arkeologiske kulturminna skal haldast i hevd.

### Tildelingskriterium

Midlane skal gå til tilskot til prosjekt der det er stort lokalt engasjement og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til kulturminna.

Tilskot kan bl.a. givast til skjøtsel, restaurering og formidling, under dette tiltak som gir auka tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje.

Tilskot kan givast til tiltak som sikrar at resultata frå Bergkunstprosjektet blir nytta i skjøtsel, konservering og formidling. Tilskot kan også givast til vidare metodeutvikling. Målgruppa er eigarar og forvaltarar av arkeologiske kulturminne.

Tilskot til Kaupangprosjektet skal gå til tiltak for å gjere resultata av undersøkingane kjende i Noreg og utlandet. Prosjektet blir avslutta i 2006.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging av tiltaket skjer ved kontroll av om tiltak blir gjennomførte i samsvar med faglege kriterium for tilskotet. Vidare ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren.

### Underpost 72.7 Fartøyvernsentra

#### Mål

Tilskotsordninga skal medverke til at dei tre utvalde fartøyvernsentra: Nordnorsk fartøyvernsenter og båtmuseum, Hardanger fartøyvernsenter og Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter kan fungere som kompetansesenter for restaurering og vedlikehald av fartøy. Tilskot skal bidra til at fartøyvernsentra også kan ivareta fellestenester knytte til dokumentasjon og forsking, fagleg rådgiving og liknande drift og oppgradering.

#### Tildelingskriterium

Tilskot kan givast som driftstilskot for å dekkje sentras utgifter til forsking og dokumentasjon. Noko av tilskotsmidlane kan nyttast til investeringar i anlegga.

#### Oppfølging og kontroll

Generell formalia- og sannsynskontroll av revidert årsrekneskap og årsmelding frå fartøyvernsentra.

### Underpost 72.8 Tekniske og industrielle kulturminne

I samarbeid med eigarane skal det utarbeidast strategiar for å fullføre arbeida med å setje i stand dei ti prioriterte tekniske og industrielle kulturminna.

Målgruppa er i hovudsak private eigarar og forvaltarar av dei ti utvalte anlegga.

Tilskotsmidlane til dette formålet er foreslått auka med 2,5 mill. kroner.

#### Mål

Tilskotsordninga skal i første rekkje medverke til å setje i stand og sikre forvaltning, drift og vedlikehald av følgjande ti tekniske og industrielle anlegg som er valt ut for spesiell oppfølging:

- Fetsund lenser/Fetsund lensemuseum
- Sjølingstad Uldvarefabrikk
- Klevfoss Cellulose- & Papirfabrikk
- Nes Jernverksmuseum
- Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum (Tyssedal kraftanlegg)
- Norsk Fiskeriindustrimuseum/Neptun sildoljefabrikk
- Spillum Dampsag & Høvleri
- Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter
- Folldal gruver
- Kistefos Museet

#### Tildelingskriterium

Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall og tiltak for å fullføre pågåande arbeid med å setje i stand dei respektive anlegga skal prioriterast ved tildeling av tilskot. Det vil bli lagt vekt på at denne typen kulturminne skal kunne gi grunnlag for verdiskaping gjennom ny bruk.

#### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom kontroll av om kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Vidare gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen. Vidare gjennom kontroll av om drifta ved anlegget skjer etter formålet, bl.a. gjennom at Riksantikvaren kontrollerer revidert årsrekneskap og årsmelding og rapportar/uttaler frå fylkeskommunane.

### Underpost 72.9 World Heritage List, nasjonale oppgåver

Regjeringa slår fast i St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* at dei norske verdsarvområda skal forvaltast på ein god måte og at kulturminna skal vere formelt verna gjennom lovverket.

Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av verdsarvområda.

Arbeidet med å følgje opp Unescos retningslinjer om å ta vare på kultur- og naturarv i verda er eit høgt prioritert område.

Satsinga på verdsarvområda aukar med 7 mill. kroner i 2006. Blant anna er det foreslått ein auke på 2 mill. kroner til arbeidet med å sikre Bryggen i Bergen. Der er òg avsett 2,1 mill. kroner til arbeidet med verdsarvområda på kap. 1427 Direktoratet for Naturforvaltning post 77 Tilskot til nasjonalparksenter.

#### Mål

Tilskotsordninga skal medverke til å sikre og setje i stand dei norske områda på Unescos liste over verdas kultur- og naturarv. Desse områda er: Bergstaden Røros, Bryggen i Bergen, Urnes stavkyrkje, Hjemmeluft i Alta, Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap. I tillegg inngår meridianstøtta i Hammerfest og tre andre punkt i Struves triangelkjede, som er det første teknisk-vitskapelege kulturminnet på verdsarvlista.

### Tildelingskriterium

Tilskot skal givast til tiltak for å sikre og setje dei norske områda i stand i tråd med forpliktingane som følgjer av Unescos verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco. Tilskot kan også givast til tiltak som gir betre tilgjenge og som bidrar til å avgrense slitasje.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer gjennom møte og fagsamlingar som blir gjennomførte i samsvar med avtalt arbeidsprogram. Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt at Riksantikvaren eller fylkeskommunen utfører kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

## Post 73 Brannsikring og beredskapstiltak, kan overførast, kan nyttast under post 21

Tilskotsordninga under posten rettar seg mot resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø.

Målgruppa er eigarar og forvaltarar av utvalte kulturminne og kulturmiljø.

Det er foreslått ei tilsegnsfullmakt under posten på 2 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

### Mål

Tilskotsordninga skal sikre utvalde kulturminne og kulturmiljø mot brann og andre ulykker.

### Tildelingskriterium

Midlane under posten blir nytta til tilskot til drift, vedlikehald og oppgradering av sikringsanlegg ved dei 28 stavkyrkjene, til å etablere sikring eller drift av sikringsanlegg i utvalde kulturminne og kulturmiljø, under dette Bergstaden Røros, og til førebyggjande brannsikring av utvalte tette trehusmiljø.

Det blir lagt vekt på prosjekt som har overføringsverdi for brannsikring av andre verdifulle kulturminne og kulturmiljø.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Riksantikvaren kan også sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging og kontroll skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakar. Fysisk kontroll frå Riksantikvaren kan òg vere aktuelt, under dette kontroll av om sikringstiltak, sikringsarbeid eller drift av sikringstiltak er gjennomførte på eit fagleg akseptabelt nivå.

## Post 74 Fartøyvern, kan overførast

I St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* fastslår Regjeringa at fartøyvernets rolle som pådrivar for lokal verdiskaping langs kysten skal styrkjast og utviklast.

I startfasen av omfattande og samansette istandsetjingstiltak skal det skje ei streng prioritering av tiltaka, for å sikre ei kostnadseffektiv gjennomføring.

Tilskotsordninga under posten rettar seg mot resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø.

Det er foreslått ei tilsegnsfullmakt under posten på 8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak VI.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand fartøy der det er inngått avtale med eigarar om vern.

### Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete restaurerings- og istandsetjingsarbeid på freda fartøy og fartøy der det er inngått avtaler med eigarar om vern.

Tilskot til viktige sikrings- og restaureringstiltak vil bli tildelte etter følgjande prioriteringar: prosjekt der det er stort lokalt engasjement, og der det knyter seg særlege opplevings- og formidlingsverdiar til fartøyet, tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall, og fartøy som det finst få av.

Tiltaka skal gjennomførast etter antikvariske retningslinjer og i samsvar med eventuelle andre retningslinjer frå Riksantikvaren.

Tilskotsmidlane blir i hovudsak fordelte etter søknad. Målgruppa er eigarar eller forvaltarar av slike fartøy.

Riksantikvaren kan også sjølv prioritere og initiere oppgåver og tiltak innafor særlege satsingsfelt.

### Oppfølging og kontroll

Kontrollen skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport med fotografi frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden av Riksantikvaren eller fylkeskommunen for å sjå til at kulturminnet er sikra og sett i stand etter antikvariske retningslinjer.

## Post 75 Internasjonalt samarbeid, kan overførast

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i polarområda.

### Mål

Målet med tilskotsordninga er å bidra til internasjonalt samarbeid om kulturminneforvaltning, å markere Noreg som viktig medspelar til nøkkelorganisasjonar innan fagfeltet, og å markere Noreg som eit land med særleg kompetanse på forvaltning av kulturminne i tre.

### Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til: Tilskot til faglege samarbeidsprosjekt med andre land i samsvar med norske politiske og fagpolitiske prioriteringar. Tilskot til medlemsavgifter og utgifter knytte til samarbeidsavtaler og utgreiingsarbeid, under dette det norskrussiske miljøvernsamarbeid under den bilaterale miljøvernavtala.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i møte i organisasjonanes styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, kontingentar og økonomisk styring. Oppfølginga av spesielle prosjekt skjer gjennom referansearbeids- eller styringsgrupper, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet. Kontrollen skjer gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorstadfesta årsrekneskapar frå organisasjonane.

## Post 77 Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, kan overførast, kan nyttast under post 21 (ny post)

I St.meld. nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner* fastslår Regjeringa at det skal etablerast eit verdiskapingsprogram som skal stimulere til at ressursane som ligg i kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og som grunnlag for næringsutvikling.

Under denne posten er det foreslått 6 mill. kroner. I tillegg vil auka avkastning på kap. 1432 Norsk kulturminnefond post 50 på 3,7 mill. kroner i 2006 bli brukt til verdiskapingsprogrammet. Programmet vil slik ha ei totalramme på 9,7 mill. kroner i 2006.

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 3 kulturminne og kulturmiljø.

### Mål

Verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet skal: stimulere til at kulturminne og kulturmiljø blir tekne i bruk i utvikling av lokalsamfunn og næringsliv. Det skal utviklast modellar for samarbeid mellom eigarar, rettshavarar, næringslivet, offentlege aktørar, museum og frivillige organisasjonar, og spreie kunnskap om korleis berekraftig bruk av kulturminne og kulturmiljø fremjar næringsutvikling og styrkjer lokalsamfunn og regionar.

### Tildelingskriterium

Midlane på posten blir nytta til tilskot til konkrete tiltak knytte til verdiskaping med utgangspunkt i kulturminne og kulturmiljø og til kunnskapsoppbygging og formidling.

I den første fasen, som vil vare i fire år, kan det givast tilskot til i alt ti prosjekt frå ti geografiske område, hovuddelen skal leggast til kystsona. Prosjekta kan vare i fire år. Ved tildeling av midlar skal det leggjast vekt på at prosjekta samla sett representerer kulturelt mangfald og geografisk spreiing. Prosjekta skal ha eit vesentleg potensial for verdiskaping – økonomisk, sosialt, kulturelt og miljømessig.

Det blir prioritert prosjekt som inngår i ein lokal eller regional strategi for verdiskaping og innovasjon, der ulike offentlege og private verkemiddel blir sett i samanheng. Prosjekta skal ha ein overføringsverdi, slik at kunnskap om korleis kulturarven kan bidra til verdiskaping blir bygd opp og spreidd.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer hovudsakleg i form av deltaking i møte med prosjektas styrande organ, der det blir fatta avgjersler bl.a. om budsjett, framdrift og økonomisk styring. Oppfølginga av spesielle prosjekt skjer gjennom referansearbeids- og styringsgrup-

per, ved kontakt med slike grupper, eller ved direkte kontakt med prosjektet. Kontrollen skjer i hovudsak gjennom generell formalia- og sannsynskontroll av innsende prosjektrapportar og årsmeldingar, og av revisorfesta årsrekneskapar frå organisasjonane.

## Kap. 4429 Riksantikvaren (jf. kap. 1429)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 02 | Refusjonar og diverse inntekter | 3 780 | 3 167 | 3 268 |
| 09 | Internasjonale oppdrag | 3 812 | 1 170 | 1 207 |
| 16 | Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar | 1 058 | | |
| 17 | Refusjon av lærlingar | 41 | | |
| | Sum kap. 4429 | 8 691 | 4 337 | 4 475 |

### Post 02 Refusjonar og diverse inntekter

Posten gjeld refusjonar og innbetalte midlar frå oppdragsverksemd for andre institusjonar mv., jf. omtale under kap. 1429 post 01. Under posten er det òg budsjettert inntekter ved sal av Riksantikvarens rapportar og andre produkt. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 09 Internasjonale oppdrag

Midlane på posten skal finansiere dei tilsvarande utgiftene til verksemd tilknytt kompetansenettverket i samband med miljøretta arbeid, jf. omtale under kap. 1429 post 01. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1429 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

## Kap. 1432 Norsk kulturminnefond (jf. kap. 4432)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 50 | Til disposisjon for kulturminnetiltak | 13 405 | 13 000 | 16 700 |
| 90 | Fondskapital | | | 400 000 |
| | Sum kap. 1432 | 13 405 | 13 000 | 416 700 |

Løyving under dette kapitlet rettar seg mot resultatområde 3 Kulturminne og kulturmiljø. Norsk kulturminnefond vart oppretta då Stortinget under behandling av St.prp. nr. 63 (2001-2002) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2002*, jf. Innst. S. nr. 255 (2001-2002), løyvde 200 mill. kroner som fondskapital. Fondskapitalen vart auka med 200 mill. kroner i samband med Stortingets behandling av St.prp. nr. 65 (2004-2005) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2005*. Dette vil gi ei auka avkastning på 3,7 mill. kroner i 2006 (halvårsverknad). Den auka avkastninga vil bli brukt til verdiskapingsprogrammet, jf. kap 1429 post 77.

Fondskapitalen er foreslått auka med ytterlegare 400 mill. kroner i budsjettet for 2006. Midlane blir avsette på kap. 1432 Norsk kulturminnefond post 90 Fondskapital.

### Post 50 Til disposisjon for kulturminnetiltak

Beløpet på posten svarer til den samla avkastninga av kapitalen i Norsk kulturminnefond som er budsjettert under kap. 4432 post 80 Avkastning. Midlane under post 50 blir førte tilbake til kapitalen i fondet og gjennom dette stilt til disposisjon for dei formåla og prosjekta Norsk kulturminnefond støttar opp under. Ein mindre del av midlane vil gå til forvaltning av fondet, bl.a. lønn til sekretariatsleiar og administrative funksjonar, styrehonorar og reiser.

For 2006 vil avkastninga utgjere om lag 16,7 mill. kroner.

### Mål

Målet med fondet er å leggje til rette for auka samspel mellom offentlege og private midlar til vern og utvikling av freda og bevaringsverdige kulturminne og kulturmiljø. Ordninga skal stimulere til auka verneinnsats frå eigarar og næringsliv si side, og til meir effektive samarbeidsformer mellom offentlege og private aktørar. Midlane frå fondet skal komme i tillegg til dei ordinære løyvingane til kulturminneformål.

### Tildelingskriterium

Tilskotsmidlane blir fordelte av kulturminnefondets styre etter søknad. Tilskot blir nytta til tiltak som fører til vern og sikring av kulturminne og kulturmiljø og til prosjekt som fremjar verdiskaping, næringsverksemd og aktivitet i lokalsamfunnet. Prosjekt som gir synergieffektar, som løyser ut private midlar eller betydeleg eigeninnsats skal prioriterast. Det skal i gjennomsnitt vere ei privat medfinansiering på 50 pst. i dei prosjekta som fondet engasjerer seg i. Den private medfinansieringa skal vere minst 30 pst. i kvart prosjekt.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølging skjer ved generell formalia- og sannsynskontroll av rekneskap og sluttrapport frå tilskotsmottakaren. I spesielle tilfelle er det òg aktuelt med kontroll på staden for å sjå til at tiltak er gjennomførte etter antikvariske retningslinjer og andre føresetnader for tilskotet.

## Post 90 Fondskapital

Det er foreslått å auke løyvinga til kulturminnefondet med 400 mill. kroner i 2006. Fondskapitalen blir på i alt 800 mill. kroner. Fondskapitalen er plassert som kontolån i Statskassa med rente tilsvarande renta på 10 års statsobligasjonslån. Avkastninga av kapitalen skal nyttast til tilskot til kulturminneformål og til forvalting av tilskotsmidlane, jf. post 50.

## Kap. 4432 Norsk kulturminnefond (jf. kap. 1432)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 80 | Avkastning frå Norsk kulturminnefond | 13 405 | 13 000 | 16 700 |
| | Sum kap. 4432 | 13 405 | 13 000 | 16 700 |

## Post 80 Avkastning frå Norsk kulturminnefond

Posten gjeld avkastninga av Norsk kulturminnefond. Avkastninga skal nyttast til tilskot til kulturminnetiltak og til forvalting av tilskotsmidlane, jf. kap. 1432 post 50. Fondsmidlane er plasserte som kontolån i statskassa med rente tilsvarande renta på 10-års statsobligasjonslån.

Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1432 post 50, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

# Programkategori 12.40 Forureining

Programkategorien omfattar i hovudsak følgjande resultatområde: Resultatområde 4 Overgjødsling og oljeforureining, Resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, Resultatområde 6 Avfall og gjenvinning, Resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy, og Resultatområde 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Ein viser til innleiinga i del II der det blir gjordt greie for budsjettvise endringer i 2006 innafor dei ulike resultatområda.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er på 663,7 mill. kroner inkl. meirverdiavgift i 2006. Dette er ein auke på 41,8 mill. kroner, eller 6,7 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2005. Auken skal bl.a. nyttast til kartlegging av miljøgifter og til opprydding i forureina grunn og sediment. Posten er i tillegg auka som følgje av endringar i den regelstyrte bilvraksordninga grunna auke i talet på innsamla vrak, og høge skrapjernprisar.

Frå 2006 er det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten. Ordninga er innretta slik at meirverdiavgifta blir budsjettert på eit eige felles utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Ordninga er nærare omtalt under kapittel 5 i del I. 14,7 mill. kroner er rammeoverført frå denne programkategorien til felleskapitlet.

Regjeringa vil styrkje kjemikaliepolitikken, med særleg fokus på å redusera utsleppa av dei farlegaste miljøgiftene. Dette inneber ei auka kartlegging av miljøgifter og auka framdrift i arbeidet med opprydding i forureina sediment. Vidare vil Regjeringa styrkje kontroll og tilsyn og stimulere til ein aktiv innsats for internasjonale reguleringar på kjemikalieområdet. Det blir òg satsa på viktige forskings- og overvakingsaktivitetar. Regjeringa vil også greie ut eit generelt forbod mot miljøgifter i produkt retta mot private forbrukarar.

Det er framleis nødvendig med fokus på avfallsfeltet for å nå dei nasjonale måla, og Regjeringa vil føre vidare arbeidet med avfall og gjenvinning utan særlege budsjettendringar. Ei rekkje sentrale verkemiddel er etablerte, fornya og justerte dei siste åra. Særlege utfordringar i tida framover er knytte til ytterlegare innsats overfor farleg avfall på avvegar, og å vurdere ytterlegare tilpassing av avfallspolitikken til klimapolitikken. Det skal vidare arbeidast for at produsentar og importørar får gode nok incentiv til å ta omsyn til produkta sine miljøeigenskapar i heile levetida, under dette i avhendingsfasen. Eksisterande verkemiddel i avfallspolitikken blir fortløpande evaluerte og eventuelt justerte slik at dei fungerer mest mogleg etter føremålet.

Regjeringa vil styrkje arbeidet med den heilskaplege forvaltningsplanen for Barentshavet og gjennomføringa av rammedirektivet for vatn. Rammedirektivet for vatn vil effektivisere vassforvaltninga og bidra til å sikre miljøet i vassdraga og dei kystnære områda. Dette arbeidet vil gi ein meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning av hav-, kyst- og vassdragsområda. Utvikling av ein heilskapleg forvaltningsplan for Barentshavet er høgt prioritert av Regjeringa. Dei marine økosystema i Barentshavet er påverka av ei rekkje menneskelege aktivitetar som går føre seg i havområdet, og av forureining som blir transportert med luft og vatn frå andre område. Formålet med forvaltningsplanen er å etablere rammevilkår som gjer det mogleg å balansere næringsinteressene knytte til fiskeri, sjøtransport og petroleumsverksemd innafor ramma av ei berekraftig utvikling. Forvaltningsplanen skal leggje til rette for verdiskaping basert på ressursane i havområdet, og samtidig stille krav slik at miljøet i Lofoten og Barentshavet blir sikra for kommande generasjonar.

Regjeringa vil vidareutvikle og gjennomføre ein heilskapleg nasjonal klimapolitikk. Regjeringa vil i 2006 særleg leggje til rette for ein meir offensiv lokal klimapolitikk som ledd i arbeidet med å utvikle miljøvernpolitikken på lokalt nivå.

I 2006 vil Regjeringa starte eit arbeid med å vurdere om relevant lovverk og administrative ordningar i tilstrekkjeleg grad tek høgde for klimautfordringa. Det vil bli arbeidd vidare med ein strategi for tilpassingstiltak til klimaendringar. Regjeringa prioriterer òg arbeidet med å finne tilnærmingar til langsikta klimagassreduksjonar. Lågutslepputvalet som starta sitt arbeid i 2005 vil halde fram i 2006 og legg fram utgreiinga si mot slutten av året.

### Utgifter under programkategori 12.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1441 | Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441) | 599 279 | 605 213 | 633 657 | 4,7 |
| 1444 | Produktregisteret | 13 888 | 14 637 | 13 354 | -8,8 |
| 1445 | Miljøvennleg skipsfart | | 2 000 | 1 922 | -3,9 |
| 2422 | Statens miljøfond | 200 | | | |
| | Sum kategori 12.40 | 613 367 | 621 850 | 648 933 | 4,4 |

## Kap. 1441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 195 300 | 190 263 | 173 902 |
| 21 | Spesielle driftsutgifter | 98 | 3 450 | 12 345 |
| 39 | Oppryddingstiltak, *kan overførast* | 45 862 | 64 880 | 67 162 |
| 65 | Tilskot til heilskapleg vassforvaltning, *kan overførast* | 1 445 | | |
| 73 | Tilskot til biloppsamlingssystemet | 146 702 | 127 368 | 154 455 |
| 75 | Utbetaling av pant for bilvrak, *overslagsløyving* | 170 395 | 151 252 | 171 793 |
| 76 | Refusjonsordningar, *overslagsløyving* | 39 477 | 68 000 | 54 000 |
| | Sum kap. 1441 | 599 279 | 605 213 | 633 657 |

Statens forureiningstilsyn sitt ansvar er å delta og medverke sentralt i arbeidet med å skape ei berekraftig utvikling. Statens forureiningstilsyn skal arbeide for forsvarleg miljøkvalitet. Forureining, produkt og avfall skal ikkje føre til helseskade, gå utover trivselen eller skade naturens evne til produksjon og sjølvfornying.

Statens forureiningstilsyn sine roller for å nå måla er å:

– overvake og informere om miljøutviklinga
– utøve mynde for å halde ved like og betre miljøet gjennom reguleringar, kontrolltiltak og prosessar som kan understøtte miljøarbeidet regionalt og lokalt
– gjere tydeleg dei ulike samfunnssektorane sitt ansvar for å oppfylle miljøvernpolitiske mål
– utgreie og gi råd overfor Miljøverndepartementet
– styre fylkesmennenes miljøvernavdelingar innan Statens forureiningstilsyn sitt ansvarsområde
– delta i det internasjonale miljøvernsamarbeidet og hjelpearbeidet
– ha ansvar for å stille beredskapskrav til private bedrifter og kommunar.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter for Statens forureiningstilsyn. Posten dekkjer vidare midlar knytte til forsking, IT-utgifter (under dette utgifter til drifting av resultatdokumentasjonssystemet (RDS), miljøstatus etc.), husleige, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til:

– arbeidet innan overgjødsling og oljeforureining
– arbeidet innan helse- og miljøfarlege kjemikaliar
– arbeidet innan avfall og gjenvinning
– arbeidet innan klimaendringar, luftforureining og støy
– internasjonalt miljøsamarbeid og bistandsarbeid med UD, NORAD o.a.
– miljøtilstanden i Noreg.

Posten kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 4441, postane 04 Gebyr, post 05 Leigeinntekter og post 09 Internasjonale oppdrag, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

For å gjere synleg etatens utgreiingsarbeid er 8 mill. kroner av avsette midlar til utgreiing under

denne posten flytta til kap. 1441 post 21 Spesielle driftsutgifter.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 7,7 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

## Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten er auka med 9,5 mill. kroner. For å gjere synleg etatens utgreiingsarbeid er 8 mill. kroner av avsette midlar til utgreiing under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter flytta til post 21. Vidare er posten styrkt med 1,5 mill. kroner.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 600 000 kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

Posten er fordelt som følgjer:

*Farleg avfall – (beredskap)*

Posten dekkjer utgifter Statens forureiningstilsyn kan få ved å måtte fjerne spesielle typar avfall slik som eigarlaust farleg avfall, farleg avfall frå konkursbu eller farleg avfall som eigaren ikkje klarer å ta hand om på ein forsvarleg måte, jf. forureiningslova §§ 74 og 76.

*Innovasjon – miljøteknologi*

Regjeringa vil gjere Noreg til eit føregangsland for miljøteknologi. Regjeringa ønskjer derfor å leggje til rette for å styrkje utvikling og bruk av miljøteknologi, og medverke til at dette blir meir sentralt i høve til viktige miljøutfordringar, jf. omtale under resultatområde 11. Det blir derfor føreslått å vidareføre 3 mill. kroner til Statens forureiningstilsyn sitt arbeid med å auke kompetanse og stimulere til styrkt utvikling og bruk av miljøteknologi.

*Lokalt klimaarbeid*

Slik Regjeringa varsla i St.meld. nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand vil Regjeringa utvikle miljøvernpolitikken på lokalt nivå. Som ledd i dette vil Regjeringa leggje til rette for eit offensivt lokalt energi- og klimaarbeid. Det vil bli vurdert tiltak for i sterkare grad å involvere det lokale nivået i klimapolitikken. Posten er styrkt med 1,5 mill. kroner til arbeidet med lokalt klimaarbeid (jf. tidlegare omtale).

*Tidsavgrensa oppdrag og utgreiingar (FOU)*

I arbeidet for å nå dei nasjonale miljømåla kjøper etaten bl.a. tidsavgrensa tenester frå forskingsinstitusjonar og private. Dette omfattar utgreiingar og vurderingar knytte til etatanes saksområde. For 2006 gjeld dette i hovudsak arbeidet med helse- og miljøfarlege kjemikaliar, avfall og klima ( bl.a. rammedirektivet for vatn; utsleppsrekneskap klima, kartlegging av helse og miljøfarlege kjemikaliar).

## Post 39 Oppryddingstiltak, kan overførast

Posten er knytt til resultatområda 4 Overgjødsling og oljeforureining, 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar og 6 Avfall og gjenvinning. Posten blir nytta til å dekkje utgifter til undersøkingar og gjennomføring av oppryddingstiltak i vatn, grunn og sediment som er forureina med farlege miljøgifter. Posten skal òg dekkje opprydding i Vansjø og ev. andre vassførekomstar med samansette miljøproblem.

Løyvinga til opprydding i forureina grunn og sediment har blitt auka betydeleg i perioden. Regjeringa vil auke løyvinga med ytterligare 8,2 mill. kroner i 2006.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 5,9 mill. kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

Forureinar betaler-prinsippet ligg til grunn for arbeidet på dette feltet, og så langt det er rimeleg vil pålegg etter forureiningslova bli nytta som verkemiddel for å sikre opprydding i forureina vatn, grunn og sediment. Det vil likevel vere ulike situasjonar der det er aktuelt at miljøvernforvaltninga dekkjer delar av utgiftene til undersøkingar, opprydding eller andre tiltak:

– Der Staten ved miljøvernforvaltninga er den ansvarlege for forureininga.
– Der den ansvarlege ikkje kan identifiserast, ikkje er betalingsdyktig og/eller av andre grunnar ikkje kan stå for ei god opprydding.
– Der det hastar å få rydda opp. Staten forskotterer oppryddingskostnadene for å komme raskt i gang, og vil krevje kostnadene refunderte frå den ansvarlege i etterkant.
– Der miljøforvaltninga vil skaffe fram grunnlag for å leggje til rette for kunnskapsinnhenting og

formidling, bl.a. ved å gjennomføre pilotprosjekt.
- Der det er nødvendig for å medverke til ei samla opprydding eller anna tiltaksgjennomføring i eit område.
- Der det av andre grunnar er urimeleg at den ansvarlege skal dekkje alle kostnadene.

I tillegg kan posten nyttast til å medverke til utarbeiding og oppfølging av fylkesvise tiltaksplanar for opprydding i forureina sediment i større fjordområde, til planmessig kartlegging og oppfølging av forureiningssituasjonen (tilstandsdata), til undersøkingar og utgreiingar for å leggje til rette for ein målretta og effektiv innsats i oppryddingsarbeidet, anna kunnskapsoppbygging og til å dekkje utgifter knytte til det nasjonale rådet for forureina sediment. Fordi tiltaka strekkjer seg over fleire år, er det foreslått å vidareføre bestillingsfullmakta knytt til posten med 25 mill. kroner, jf. forslag til vedtak V nr. 1.

### Post 73 Tilskot til biloppsamlingssystemet

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 6 Avfall og gjenvinning og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

#### Mål

Tilskotsordninga er ein del av oppsamlingssystemet for bilvrak og beltemotorsyklar. Målet med oppsamlingssystemet er å sikre forsvarleg og miljøvennleg innsamling og behandling av bilvrak frå heile landet. Ordninga omfattar driftsstøtte til godkjente biloppsamlingsplassar og støtte til pressing og frakt av vrak frå oppsamlingsplassane til fragmenteringsverka. Ordninga skal vere sjølvfinansierande. Dette vil seie at inntekter og utgifter skal balansere over tid. Inntektene kjem frå vrakpantavgifta på førstegongsregistrerte køyretøy, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, og frå inntekter ved sal av metall i vraka. Vrakpantavgifta blir fastsett på bakgrunn av prognosar for forventa nybilsal og talet på pantevrak, jf. kap. 1441 post 75 Utbetaling av pant for bilvrak. Posten er auka med 23 mill. kroner som følgje av forventningar om auke i talet på vrak og prisjusteringar i forhold til drifts- og pressestøtte. Posten er vidare prisjustert med 4 mill. kroner.

Den delen av det eksisterande avgiftssystemet som gjeld utbetaling av pant til bileigar vil førebels bli ført vidare. Ein viser til omtale under resultatområde 6 når det gjeld omtale av produsentansvar for bilvrak.

#### Tildelingskriterium

- Det blir gitt driftsstøtte på kr 631 pr. motteke vrak til godkjende oppsamlingsplassar for å sikre gjennomføring av dei miljøvernoperasjonane dei er pålagde å utføre i samband med mottak av vrak.
- Det blir gitt transportstøtte til presse- og transportoperatørane til dekning av kostnadene for pressing og frakt av vraka frå oppsamlingsplassane til behandlingsanlegga. Transportstøtta skal sikre at ingen delar av landet fell utanom oppsamlingsordninga på grunn av høge transportutgifter. Storleiken på tilskotet er bl.a. avhengig av kva som kan oppnåast ved sal av bilvraka til fragmenteringsverka, jf. kap. 4441 post 08 Inntekter frå sal av bilvrak. Tilskotet inneber ei plikt for tilskotsmottakaren til å samle inn vrak frå dei godkjende oppsamlingsplassane.
- Posten dekkjer òg utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøvernstyresmaktene treng for å administrere ordninga.

#### Oppfølging og kontroll

Driftstilskotet blir utbetalt av Tollregion Midt-Noreg etter mottak av ei vrakpantkvittering for at bilvraket er motteke for behandling.

### Post 75 Utbetaling av pant for bilvrak, overslagsløyving

Tilskotsordninga rettar seg mot resultatområde 6 Avfall og gjenvinning og resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar.

I budsjettforslaga er det dei seinare åra lagt til grunn at det blir innlevert ca. 100 000 bilvrak som det skal utbetalast pant for. Ein ny gjennomgang av venta levering av bilvrak viser ein auke, og dei to siste åra har det vore innlevert over 110 000 vrak. Det er venta at auken i vrakmengde den seinare tida vil vare ved i tida framover. Innsamlingsnivået er venta å stige til ca. 114 000 vrak i 2006. Som følgje av dette er løyvinga auka med 20,5 mill. kroner.

#### Mål

Tilskotsordninga er ein del av oppsamlingssystemet for bilvrak og beltemotorsyklar. Målet med denne tilskotsordninga er å stimulere bileigar til å levere utrangerte bilar til godkjent biloppsamlingsplass slik at bilvraket kan takast hand om på ein forsvarleg måte og gjenvinnast. Posten dekkjer utbetaling av vrakpant og kostnader ved overføring av vrakpanten til bileigaren. Forskrift om kasserte køyretøy trådde i kraft i juli 2002 og inneber at pro-

dusentar og importørar gradvis fram mot 2007 tek over ansvaret for handtering av kasserte køyretøy. Produsentansvaret er nå ein del av avfallsforskriftas kapittel 4 om kasserte køyretøy. Sjå resultatområde 6 for ytterlegare omtale av ordninga.

### Tildelingskriterium

Vrakpanten blir utbetalt av Tollregion Midt-Noreg mot kvittering for at bilvraket er levert til godkjent biloppsamlingsplass for behandling. Vrakpanten for 2006 vil vere på 1 500 kroner.

### Oppfølging og kontroll

For å sikre at bilvraket har rett til vrakpant, blir kvitteringa kontrollert mot det sentrale motorvognregisteret. Kontrollen skjer elles ved kontroll av lager på oppsamlingsplassane og rekneskap med vedlegg.

## Post 76 Refusjonsordningar, overslagsløyving

Posten dekkjer ulike refusjonsordningar retta mot resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, resultatområde 6 Avfall og gjenvinning og resultatområde 7 Klimaendringar, luftforureining og støy. Posten dekkjer også utgifter til ulike utgreiingar og tiltak som miljøvernstyresmaktene har behov for i samband med administrering av ordningane.

Som følgje av mindre utbetalingar til HFK/PFK enn tidlegare stipulert, er forslaget til løyving over posten redusert med 14 mill. kroner for 2006. Det har vist seg vanskeleg å stipulere utbetalingar til ordninga og overslaga har variert. Foreslått reduksjon er m.a. basert på bransjens eige overslag.

## Refusjon av smørjeoljeavgifta

### Mål

Målet med ordninga er å stimulere til auka innlevering av spillolje til miljøgodkjent behandling. Spillolje er brukt smørjeolje, og er klassifisert som farleg avfall. Smørjeolje er, med unntak av enkelte bruksmåtar, pålagt smørjeoljeavgift, jf. St.prp. nr. 1 (2005 -2006) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*, kap. 5542 post 71. Refusjonsordninga vart innført i 1994 og utvida i 2000 for å sikre høgare innsamlingsgrad.

### Kriterium for måloppnåing

Innsamlingsgrad for spillolje (med og utan rett til refusjon) er i dag i overkant av 80 pst. og har vore stabil dei siste åra. Total mengd innsamla spillolje var i 2004 på om lag 35 000 m$^3$, av dette i underkant av 25 000 m$^3$ med rett på refusjon. Mengd innsamla smørjeolje blir stadig redusert som ein konsekvens av mindre bruk av slik olje. Det er ikkje rekna med vesentleg endring i mengd innsamla spillolje i 2006. Posten dekkjer òg utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga.

### Tildelingskriterium

Det blir utbetalt refusjon for dei fleste typar brukt smørjeolje og andre brukte oljer (transformatoroljer m.m.) med tilsvarande eigenskapar, med unntak av bl.a. spillolje som kjem frå større skip (større enn 250 fot) i internasjonal sjøfart. Refusjonen blir utbetalt til større mottaksanlegg (tankanlegg) med førehandstilsegn frå Statens forureiningstilsyn. I tilsegna er det fastsett ein del vilkår som refusjonsmottakar har plikt til å rette seg etter. Krav om utbetaling blir kontrollerte i forhold til førehandstilsegna.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølginga blir ivareteken gjennom statistikk over årleg innsamla spillolje. Ved kontroll i tankanlegga dei siste åra er det konstatert mange brot på ordninga for refusjonar. Statens forureiningstilsyn følјer opp brota med å nekte refusjonsutbetaling eller krevje tilbakebetaling av feilaktig utbetalte refusjonar. Strengare reaksjonar som tilbaketrekking av tilsegna eller melding til politiet blir òg vurdert i alvorlege tilfelle.

På grunn av dei konstaterte brota vart det i 2005 utarbeidd eit nytt sett av vilkår for refusjon, og tankanlegga vil få nye godkjenningar med tydelegare krav om at vilkåra skal følgjast.

Ei evaluering av refusjonsordninga for spillolje i 2003 konkluderte med at systemet fungerer godt, og har sikra ein auke i innsamlingsgraden frå omtrent 75 pst. i 1994 til 80–85 pst. i 2003.

## Refusjon av avgift på Trikloreten (TRI)

### Mål

Målet med ordninga er å hindre utslepp til miljøet av TRI frå TRI-haldig avfall, og er eit verkemiddel som skal medverke til at avgiftssystemet verkar optimalt.

Trikloreten (TRI) er ei miljøgift. Bruk og utslepp skal reduserast vesentleg. TRI, som er eit løysemiddel som først og fremst blir brukt til avfeitting i industrien, vart frå 1. januar 2000 pålagt avgift, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) *Skatte-, avgifts- og tollvedtak*. Refusjonsordning for innbetalt TRI-

avgift vart innført samtidig, for å auke effekten av verkemidla.

Posten dekkjer utbetaling av refusjon og utgifter til informasjon og administrasjon av ordninga. Det har dei siste åra vore få utbetalingar gjennom ordninga som følgje av at bruken av ny TRI er kraftig redusert. Det er ikkje venta vesentlege endringar i 2006.

### Tildelingskriterium

TRI-haldig avfall skal leverast til godkjent mottak eller behandlingsanlegg for farleg avfall, og ein vil få delvis refusjon av den innbetalte avgifta for den mengd TRI som finst i avfallet. For å stimulere til raskare utfasing av bruken av TRI vart refusjonssatsen sett til 25 kroner per kg, noko som utgjer under halvparten av avgiftssatsen.

### Oppfølging og kontroll

Oppfølginga skjer gjennom statistikk over årleg innsamla mengd TRI. Anlegg som tek imot farleg avfall og gjenvinningsverksemda skal vere godkjent av Statens forureiningstilsyn.

Avgifta har medverka til ein kraftig reduksjon i etterspørselen etter ny TRI. På grunn av dei små mengdene som er i bruk og som er omfatta av refusjonssystemet, vil ein vurdere om det er føremålstenleg å vidareføre refusjonsordninga eller om ein kan sikre innlevering av TRI-haldig avfall på andre måtar.

## Refusjon av avgift på hydrofluorkarbon (HFK) og perfluorkarbon (PFK)

### Mål

Stortinget vedtok i samband med behandlinga si av statsbudsjettet for 2003 å innføre ei avgift på hydrofluorkarbonar (HFK) og perfluorkarbonar (PFK) frå 1. januar 2003. Avgifta er retta mot import og produksjon av HFK og PFK, både som bulkvare og som delemne i produkt. Avgifta for budsjetterminen 2005 er på kr 187 pr. tonn $CO_2$-ekvivalentar, og blir innkravd ved bulkimport og import i produkt der gassane eller bindingar av gassane er nytta. I samsvar med oppmoding frå stortingsfleirtalet i samband med behandlinga av statsbudsjettet for 2003, etablerte Regjeringa ei refusjonsordning i høve til avgifta. Refusjonsordninga trådde i kraft 1. juli 2004. Refusjonsordninga er heimla i forskrift 1. juni 2004 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta), kapittel 8. HFK blir i første rekkje nytta som kuldemedium i kjøle- og fryseanlegg, men betydelege mengder blir òg brukte til brannslokking, og som drivgass til produksjon av isolasjonsmaterial.

Formålet med ordninga er å redusere utslepp til miljøet av HFK og PFK. HFK- og PFK-gassane er klimagassar, og reguleringa av desse er ein del av strategien for å redusere utsleppa av klimagassar i samsvar med Kyotoprotokollen. Ordninga med avgift og refusjon er venta å medverke til ei avgrensing i bruken av gassane til dei mest naudsynte områda, stimulere til produktutvikling, styrkje arbeidet med å hindre lekkasjar og stimulere til innsamling og forsvarleg behandling av brukt gass. Målgruppe for ordninga er aktørar som har større mengder HFK- og PFK-haldig avfall.

### Kriterium for måloppnåing

Det er venta at kombinasjonen av avgift og refusjon vil gi ein vesentleg utsleppsreduksjon i 2010, i høve til kva utsleppet ville ha vore utan avgift og refusjon.

### Tildelingskriterium

Forskrifta inneber at kuldebransjen og andre som leverer HFK og PFK til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon, kan krevje refusjon. Føresetnaden er dokumentasjon som viser kva for mengd og typar av HFK og PFK som er leverte.

Det blir utbetalt refusjon for den mengda HFK og PFK som er levert til godkjent destruksjonsanlegg for destruksjon. Refusjonssatsane vil vere lik dei gjeldande differensierte avgiftssatsane for avgifta på HFK og PFK ved innleveringstidspunktet, jf. Stortingets årlege avgiftsvedtak og forskrift 11. desember 2001 nr. 1 451 om særavgifter § 3-18-2. Det har vore utbetalt vesentleg mindre refusjon enn prognostisert, og løyvinga er redusert i samsvar med nye prognosar, jf. tidlegare omtale.

### Oppfølging og kontroll

Statens forureiningstilsyn fører tilsyn med refusjonsordninga, jf. avfallsforskrifta § 17-3.

## Kap. 4441 Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 04 | Gebyr | 22 360 | 21 059 | 21 059 |
| 05 | Leigeinntekter | 880 | 918 | 947 |
| 08 | Inntekter frå sal av bilvrak | 68 087 | 32 774 | 94 249 |
| 09 | Internasjonale oppdrag | 3 346 | 4 656 | 4 805 |
| 16 | Refusjon av fødsel- og adopsjonspengar | 3 008 | | |
| 17 | Refusjon av lærlingar | 41 | | |
| 18 | Refusjon av sjukepengar | 1 626 | | |
| | Sum kap. 4441 | 99 348 | 59 407 | 121 060 |

### Post 04 Gebyr

I samsvar med prinsippet om at forureinaren skal betale, er det innført gebyr på forureinande verksemd. Posten omfattar Statens forureiningstilsyns gebyrinntekter frå konsesjonsbehandling og kontroll i medhald av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften). Det vurderast å endre forurensningsforskriften slik at Fylkesmannen kan krevje gebyr for arbeid med konsesjonsbehandling og kontroll. Fylkesmannen sine gebyrinntekter vil eventuelt bli førte under denne posten.

Vidare omfattar posten gebyrinntekter frå tilsyn og kontroll med kjemiske stoff og produkt.

Inntekter fastsette i forskrift om førehandsmeldingar av nye kjemiske stoff, jf. resultatområde 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, blir òg førte under denne posten.

Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

I denne posten inngår Statens forureiningstilsyns inntekter frå gebyr betalt i medhald av forskrift om gebyr for deklarering av farlig avfall. Gebyret dekkjer Statens forureiningstilsyns utgifter til kjøp av tenester knytte til behandling og samanstilling av informasjon frå deklarering.

### Post 05 Leigeinntekter

Inntektene omfattar dei leigeinntektene Statens forureiningstilsyn har i samband med utleige av nokre kontorlokale og utleige av konferansesenteret. Meirinntekter under posten gir grunnlag for meirutgifter under kap. 1441 post 01 Driftsutgifter, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 08 Inntekter frå sal av bilvrak

Løyvinga er rekna ut under føresetnad av levering av om lag 114 000 bilvrak til fragmentering, jf. utgifter under kap. 1441 post 73 Tilskot til biloppsamlingssystemet.

### Post 09 Internasjonale oppdrag

Inntektene er knytte til oppdrag i samband med Statens forureiningstilsyns samarbeid med NORAD, bl.a. gjennomgang og evaluering av miljøprosjekt og institusjonsbygging i samarbeidsland. Dette samarbeidet vil bli utvikla vidare og trappa opp, jf. kap. 1441 post 01 Driftsutgifter. Kap. 1441 post 01 Driftsutgifter kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

## Kap. 1444 Produktregisteret

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 13 888 | 14 637 | 13 354 |
| | Sum kap. 1444 | 13 888 | 14 637 | 13 354 |

Meirverdiavgifta knytt til budsjettpostane 01-29 og 30-49 er frå 2006 budsjettert under kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter.

### Rolle og oppgåver for produktregisteret

Produktregisteret er oppretta for å rasjonalisere innsamling av kjemikalieinformasjon til bruk innan HMS-arbeid, og er det sentrale statlege registeret på dette området. Produktregisteret er i første rekkje eit serviceorgan for Arbeidstilsynet, Oljedirektoratet, Giftinformasjonen, Statens forureiningstilsyn, Statens institutt for folkehelse, Statens arbeidsmiljøinstitutt og Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern. Produktregisteret kan dessutan medverke med open informasjon til andre som har oppgåver innan HMS-sektoren. I 2006 vil det bli arbeidd vidare med å effektivisere og fornye Produktregisteret. Produktregisteret og Statens forureiningstilsyn skal vurdere høvet for å integrere Produktregisteret i Statens forureiningstilsyn. Statens forureiningstilsyn er den største brukaren av registeret. Større nærleik mellom registeret og den største brukaretaten vil truleg gi betre og meir effektiv drift av registeret og bidra til auka effektivitet i kjemikalieforvaltninga.

### Mål

Produktregisteret skal samle inn, systematisere og arkivere opplysningar om kjemikaliar, leggje til rette opplysningar ut frå registrerte data, slik at definerte brukarar får tilgang til riktig informasjon, og omarbeide graderte data til ugradert informasjon for å gjere opplysningane meir allment tilgjengelege.

### Post 01 Driftsutgifter

Posten dekkjer lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter, knytte til dette utgreiing, informasjon m.m. for Produktregisteret.

Meirverdiavgifta knytt til posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 424 000 kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

## Kap. 1445 Miljøvennleg skipsfart

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 21 | Spesielle driftsutgifter | | 2 000 | 1 922 |
| | Sum kap. 1445 | | 2 000 | 1 922 |

Meirverdiavgifta knytt til budsjettpostane 01-29 og 30-49 er frå 2006 budsjettert under kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter.

### Rolle og oppgåver for Sjøfartsdirektoratet:

Sjøfartsdirektoratet er fagleg underlagt Miljøverndepartementet i saker som gjeld forureining og vern om det marine miljø, og utfører viktig arbeid innafor dette området. Arbeidet omfattar bl.a. utgreiingsoppgåver, utarbeiding av forskrifter, utferding av sertifikat, flaggstatskontrollar og hamnestatskontrollar. Sjøfartsdirektoratet utfører også betydelege internasjonale oppgåver på miljøområdet retta mot FNs sjøfartsorganisasjon IMO, EU, Nordsjøsamarbeidet og Det arktiske samarbeidet.

Sjøfartsdirektoratet har som ei av sine hovudmålsetjingar å medverke til at skipsfarten er ei miljøvennleg transportform. Dette inneber at direktoratet skal medverke til at norsk maritim verksemd er minst like miljøeffektiv som alternative transportformer, og har gode tekniske og operasjonelle forhold som førebyggjer miljøskadar. I tillegg skal direktoratet medverke til stor tryggleik mot forureining ved effektivt tilsyn av norske skip og hamnestatskontroll av framande skip.

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten bidreg til å dekkje lønn til faste og mellombels tilsette og driftsutgifter for Sjøfartsdirektoratet i arbeidet med ein miljøvennleg skipsfart. Reduksjonar i utslepp av $SO_2$, $NO_x$ og klimagassar står sentralt i dette arbeidet. Vidare skal det gjennomførast tiltak for å redusere faren for utilsikta introduksjon og spreiing av fremmande arter i ballastvatn. Det skal også arbeidast for ein ny konvensjon som tek sikte på forsvarleg opphogging av skip. Posten dekkjer vidare midlar knytte til utgrei-

ingar, informasjon, internasjonalt arbeid og formidling relatert til miljøspørsmål.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Som følgje av dette er 78 000 kroner rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Dette vil ikkje få innverknad i forhold til aktivitetsnivået på posten.

## Kap. 2422 Statens miljøfond

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 70 | Statens miljøfond, rentestøtte | 200 | | |
| | Sum kap. 2422 | 200 | | |

Statens miljøfond vart etablert i 1998 som ei låneordning med formål å sikre finansiering av prosjekt som medverkar til å redusere utslepp av klimagassar og andre miljøskadelege utslepp, jf. resultatområda 4 Overgjødsling og oljeforureining, 5 Helse- og miljøfarlege kjemikaliar, 6 Avfall og gjenvinning og 7 Klimaendringar, luftforureining og støy.

Det er gitt tilsegner for heile den totale utlånsramma på 250 mill. kroner, og alle resterande tilsegner vart utbetalte i 2003. Låneordninga er nedlagt.

### Post 70 Statens miljøfond, rentestøtte

Siste utbetaling av rentestøtte skjedde i april 2004. Posten vart nedlagt i 2005.

## Kap. 5322 Statens miljøfond, avdrag

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 91 | Innbetaling av avdrag | 29 062 | 10 300 | 13 200 |
| | Sum kap. 5322 | 29 062 | 10 300 | 13 200 |

### Post 91 Innbetaling av avdrag

Basert på fortløpande lån og utbetalingar er avdraga utrekna til 13,2 mill. kroner for 2006.

## Kap. 5621 Statens miljøfond, renteinntekter

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 80 | Renteinntekter | 5 373 | 3 500 | 3 400 |
| | Sum kap. 5621 | 5 373 | 3 500 | 3 400 |

### Post 80 Renteinntekter

Basert på fortløpande lån og utbetalingar er renter m.m. utrekna til 3,4 mill. kroner for 2006.

# Programkategori 12.50 Kart og geodata

Utgiftene under programkategori 12.50 høyrer inn under resultatområde 10 Kart og geodata og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Ein viser til innleiinga i del II der det blir gjort greie for budsjettendringar i 2006 innafor resultatområda.

Ei samanlikning med saldert budsjett 2005 viser ein auke på 14,5 mill. kroner, eller omlag 4,2 pst. i 2006. Auken skuldast i hovudsak Kartverkets rolle i MAREANO-programmet og kompensasjon for bortfall av inntekter for grunneigedoms-, adresse- og bygningsinformasjon, som kommunane tidlegare har betalt for. Auken i løyving inneber ingen aktivitetsauke for Kartverket.

Utgifter under programkategori 12.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1465 | Statens kjøp av tenester i Statens kartverk | 355 848 | 336 323 | 350 788 | 4,3 |
| 2465 | Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603) | 7 364 | 12 000 | 12 000 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.50 | 363 212 | 348 323 | 362 788 | 4,2 |

## Kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 21 | Betaling for statsoppdraget, *kan overførast* | 355 848 | 336 323 | 350 788 |
| | Sum kap. 1465 | 355 848 | 336 323 | 350 788 |

Kapitlet dekkjer etablering og drift av infrastruktur for geografisk informasjon. Løyvinga blir sett på som ei inntekt for Statens kartverk, slik at tilsvarande beløp blir inntektsførte under kap. 2465 Statens kartverk, post 24.1 Driftsinntekter.

Auken omfattar bl.a. 7,87 mill. kroner til MAREANO-programmet, som rettar seg mot kartlegging av havbotn i nordområda, jf. omtale under resultatområda 1 og 10. Statens kartverk er dessutan kompensert for bortfall av salsinntekter med 8 mill. kroner.

### Post 21 Betaling for statsoppdraget, kan overførast

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 10 Kart og geodata og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver.

Prioriteringar og innretting av Statens kartverks arbeid er beskrive i St.meld. nr. 30 (2002-2003) *«Norge digitalt» – et felles fundament for verdiskaping*. Sjøkartlegginga skal ha 1. prioritet.

Den gjennomførte omorganiseringa og skarpstillinga av Statens kartverk gjer det mogleg å halde oppe innsatsen på sjøkartlegging og auke kjøp frå private på mellomlang sikt.

Det blir utarbeidd spesifiserte produksjonsmål og aktivitetar som grunnlag for departementets styring med og kontroll av statsoppdraget.

Det er behov for ei bestillingsfullmakt i 2006 på 90 mill. kroner i samband med arbeidet med å etablere moderne elektroniske sjøkart for norskekysten, jf. forslag til vedtak V nr. 2.

Ein gjer framlegg om at inntil 3 mill. kroner kan omdisponerast mellom denne posten og kap. 2465 post 45, jf. forslag til vedtak IV.

## Kap. 2465 Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 24 | Driftsresultat: | 732 | 0 | 0 |
| 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast* | 6 632 | 12 000 | 12 000 |
| | Sum kap. 2465 | 7 364 | 12 000 | 12 000 |

Midlane under posten er i hovudsak retta mot resultatområde 10 Kart og geodata.

### Rolle og oppgåver for Statens kartverk

Miljøverndepartementet legg vekt på at Statens kartverk skal vere eit tydeleg nasjonalt fagorgan innan sitt fagområde. Verksemda skal konsentrerast om styresmaktoppgåver og tilrettelegging for heile den norske geodataverksemda. Her inngår produksjon, standardisering, forvaltning og drift av offentlege data. Oppbygging av kompetanse og kapasitet for å ta hand om tinglysinga pågår. Den vil gradvis bli overført frå domstolane i perioden 2004-2007. Justisdepartementet har ansvar for gjennomføring av tinglysingsreforma.

Hovudoppgåva for Statens kartverk er å byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur, og syte for at brukarane får enkel og effektiv tilgang til stadfesta (koordinatbestemt) informasjon. Den pågåande utbygginga av breiband og nye kommunikasjonskanalar i Noreg vil gjere Kartverket til ein sentral leverandør av data for ei rekkje tenester.

Som statens fagorgan innan kart og stadfesting (koordinatbestemming) skal Kartverket ivareta dei forvaltningsoppgåvene som følgjer med, under dette arbeid med standardar og regelverk og samordning med andre land på området. Kartverket skal dessutan delta i forsking og utvikling av kartteknologi, og samarbeide med norsk industri og kartbransje, bl.a. om eksportretta tiltak. I samarbeid med nokre av mottakarlanda for EØS-finansieringsordningane skal Kartverket prøve å få realisert prosjekt som overfører norsk kart- og geodatakompetanse til desse landa. Kartverket skal syte for at den geografiske informasjonen etaten forvaltar blir sikra for ettertida.

På enkelte område blir basisproduksjonen forsert ut over det statsoppdraget gir grunnlag for, gjennom tilskot frå brukarar eller samarbeid om felles geodataprosjekt gjennom *Noreg digitalt*. Fleire av Kartverkets produksjonsmål føreset at budsjetterte samfinansieringsprosjekt blir realiserte.

Basisproduksjonen omfattar i hovudsak følgjande oppgåver:

- Etablering og drift av nasjonalt geodetisk grunnlag
- Medverknad til etablering av geodetisk grunnlag, og drift og etablering av kartgrunnlag i kommunane
- Drift og utvikling av nasjonal kontrollteneste for satellittposisjonering
- Etablering og drift av geografiske primærdatabasar, bl.a. administrative grenser, eigedomskartverk, GAB (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret), sentralt stadnamnregister og vegdatabase
- Sjøkartlegging
- Etablering og drift av nasjonale kartseriar, bl.a. hovudkartserien for land og sjø i trykt og digital form
- Drift av arkiv og databasetenester, under dette sikring av historisk informasjon
- Norsk bidrag til global geodesi og kartlegging
- Utarbeiding av standardar og fagleg rettleiing
- Samordning av Noreg digitalt
- Forvaltningsoppgåver, bl.a. når det gjeld administrative grenser, eigedomsregistrering og stadnamn
- Beredskapsoppgåver
- Innføring av tinglysinga som eit sentralt register i Statens kartverk
- Drift av luftfartshinderdatabasen

Statens kartverk utfører i tillegg nasjonale oppgåver knytte til andre departements budsjett, for eksempel kontroll av riksgrensa og kart til Forsvarets formål mv.

I 2006 skal Statens kartverk fortsetje å følgje opp St.meld. nr. 30 (2002-2003) *«Norge digitalt» – et felles fundament for verdiskaping*, i samsvar med dei forslaga som vart behandla i Stortinget i juni 2003. Det vil bli svært viktig å få samarbeidet om Noreg digitalt til å fungere i ein langsiktig driftsfase.

## Post 24 Driftsresultat:

(i 1 000 kr)

| Underpost | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 24.1 | Driftsinntekter | -619 116 | -556 323 | -598 288 |
| 24.2 | Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 601 849 | 544 034 | 585 987 |
| 24.3 | Avskrivingar | 10 837 | 9 274 | 9 933 |
| 24.4 | Renter av statens kapital | 2 725 | 3 015 | 2 368 |
| 24.5 | Til reguleringsfondet | 4 437 | | |
| | Sum post 24 | 732 | 0 | 0 |

Statens kartverk er ei statleg forvaltningsbedrift som styrer den interne økonomien etter bedriftsøkonomiske rekneskapsprinsipp, mens statsbudsjettet og statsrekneskapen blir rapporterte etter kontantprinsippet. Kartverket si tilknytingsform vil bli sett i samanheng med overføring av tinglysninga. Driftsresultatet er i budsjettet for 2006 sett til 0 kroner.

### Underpost 24.1 Driftsinntekter

Kartverkets bedriftsøkonomiske driftsinntekter fordeler seg som følgjer:

Tabell 18.9 Kartverkets driftsinntekter

(i mill. kr.)

| | Rekneskap 2004 | Plan 2005 | Plan 2006 |
|---|---|---|---|
| Betaling for statsoppdraget | 356 | 336 | 351 |
| Samfinansiering | 158 | 184 | 206 |
| Belastningsfullmakt fra JD | 9 | 6 | 11 |
| Royalty av sal av kart og geografiske data og salsinntekter frå sjøkart | 56 | 30 | 30 |
| Sum driftsinntekter | 579 | 556 | 598 |

Rekneskap 2004 er ført opp i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap. Plan 2005 refererer seg til St.prp. nr. 1 (2004-2005).

Kartverket sine salsinntekter er i hovudsak knytte til selskapet PRIMAR Stavanger, som formidlar sjøkart i samarbeid med andre land sine sjøkartverk, og royaltyavtale med statsaksjeselskapet Norsk Eigedomsinformasjon som formidlar Kartverket sin basisinformasjon i den kommersielle marknaden.

Behovet for relevante og riktige eigedomsopplysningar aukar innan fleire samfunnssektorar. Stortinget vedtok 9. juni 2005 ny lov om eigedomsregistrering, jf. Ot.prp. nr. 70 (2004-2005). Kommunane betaler i dag for elektronisk oppkopling til grunneigedoms-, adresse- og bygningsregister (GAB). Regjeringa foreslår å oppheve denne ordninga frå 1. januar 2006. Forslaget må sjåast i samanheng med arbeidet for å gjere offentleg informasjon lettare tilgjengeleg for brukane. Statsoppdraget er auka med 8 mill. kroner for å dekkje inntektsbortfallet.

### Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Posten omfattar utgifter til lønn og andre fortløpande driftsutgifter, og etablering og oppgradering av Kartverkets databasar og geografiske infrastruktur elles.

### Underpostane 24.3 Avskrivingar og 24.4 Renter av staten sin kapital

Avskrivingar og renter av statens kapital er budsjetterte ut frå ein venta bokført kapital på 39 mill. kroner pr. 31. desember 2005.

Avskrivingane for Statens kartverk bereknast etter fast praksis på grunnlag av dei kapitalgjenstandane som er bokførte pr. 31. desember året før budsjettåret. Det blir såleis ikkje berekna avskrivingar av kapitalgjenstandar som er skaffa i løpet av budsjettåret.

Avskrivingane skal baserast på historisk innkjøpspris for kvar einskilt kapitalgjenstand. Dette prinsippet vart slått fast ved Stortingets vedtak av 11. juni 1990 på grunnlag av St.prp. nr. 87 (1989-90), jf. Innst. S. nr. 243 (1989-90).

Det skal nyttast eit lineært avskrivingsprinsipp. Avskrivingane på dei einskilde kapitalgjenstandane skal skje med like store beløp kvart år basert på ein fastsett avskrivingsperiode (dvs. anteken levetid for vedkommande kapitalgjenstand).

### Underpost 24.5 Til reguleringsfondet

Eit eventuelt avvik mellom budsjettert beløp under post 24 Driftsresultat og det rekneskapsførte beløpet under posten skal regulerast ved overføringar frå/til reguleringsfondet. Ei vesentleg årsak til avvik mellom det faktiske driftsresultatet og det budsjetterte driftsresultatet vil vere terminforskyvingar i kontante inn- og utbetalingar. Pr. 31. desember 2004 var reguleringsfondet på 50,7 mill. kroner.

### Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten skal omfatte alle varige investeringar over 200 000 kroner. Grensa er valt bl.a. på bakgrunn av nasjonal innkjøpsverdi i reglane for offentlege innkjøp.

Kartverkets produksjonsutstyr er IT-basert. Produksjonsverksemda omfattar behandling av store datamengder frå oppmåling av sjø og land, EDB-basert kartproduksjon mv. Kartverket må fortløpande fornye og utbetre utstyrsparken for å kunne utnytte effektivitetsvinstane i ny teknologi i produksjonen, og møte etterspørselen etter nye produkt. Det budsjetterte investeringsnivået svarer likevel ikkje til meir enn ca. 2 pst. av totalomsetnaden.

Posten kan overskridast ved sal av utstyr der inntektene blir rekneskapsførte under kap. 5465 post 49, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Tabell 18.10 Kartverkets kapitalbalanse

(i mill. kr.)

| | Rekneskap 31.12.03 | Rekneskap 31.12.04 | Venta 31.12.05 | Venta 31.12.06 |
|---|---|---|---|---|
| Eigedelar | | | | |
| Anleggsmidlar: | | | | |
| Driftsmidlar, eigedommar | 48,8 | 44,6 | 46,0 | 48,0 |
| Aksjar, andelar | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Utlån og obligasjonar | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sum anleggsmidlar | 48,8 | 44,6 | 46,0 | 48,0 |
| Omløpsmidlar[1)]: | | | | |
| Varebehaldning, varer i arbeid | 17,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 |
| Kortsiktige fordringar | 52,6 | 76,1 | 76,1 | 76,1 |
| Kortsiktige plasseringar | 0,0 | 0,0 | | 0,0 |
| Kassebehaldning og innskot | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sum omløpsmidlar | 69,6 | 80,7 | 80,7 | 80,7 |
| Sum eigedelar | 118,5 | 125,3 | 126,7 | 128,7 |

Tabell 18.11 Kartverkets gjeld og eigenkapital[1]

(i mill. kr.)

| | Rekneskap 31.12.03 | Rekneskap 31.12.04 | Venta 31.12.05 | Venta 31.12.06 |
|---|---|---|---|---|
| Gjeld og eigenkapital<br>Eigenkapital[2]: | | | | |
| Eigenkapital utan reguleringsfond | -85,0 | -111,8 | -111,8 | -111,8 |
| Reguleringsfondet | 46,2 | 50,7 | 50,7 | 50,7 |
| Sum eigenkapital | -38,7 | -61,1 | -61,1 | -61,1 |
| Langsiktig gjeld[3]: | | | | |
| Staten sin renteberande kapital | 48,8 | 44,6 | 45,9 | 48,0 |
| Anna langsiktig gjeld | 0,0 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Sum langsiktig gjeld | 48,8 | 44,6 | 45,9 | 48,0 |
| Kortsiktig gjeld[4]: | | | | |
| Kortsiktig gjeld | 165,9 | 222,8 | 222,8 | 222,8 |
| Mellomverande med statskassen | -57,6 | -81,0 | -81,0 | -81,0 |
| Sum kortsiktig gjeld | 108,4 | 141,8 | 141,8 | 141,8 |
| Sum gjeld og eigenkapital | 118,5 | 125,3 | 126,7 | 128,7 |

1 Omløpsmidlar. Det blir ikkje gjort overslag over omløpsmidlane før rekneskapsavslutning. Omløpsmidlane blir derfor førte opp uendra i budsjettåret. Omløpsmidlane blir rekneskapsførte i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap.

2 Eigenkapital. Posten kjem fram som ein differanse mellom eigedelar og gjeld. Eventuelt avvik mellom rekneskapsført driftsresultat (etter føring til eller frå reguleringsfondet) og Kartverkets bedriftsøkonomiske resultat blir rekna mot eigenkapitalen.

3 Langsiktig gjeld. Kartverket finansierer alle anleggsmidlar fullt ut som «lån» i statskassen. Statens renteberande kapital fungerer derfor som motpost til anleggskapitalen. Den renteberande kapitalen er fordelt på 5 ulike «lån».

4 Kortsiktig gjeld. Det blir ikkje gjort overslag over kortsiktig gjeld før rekneskapsavslutning. Kortsiktig gjeld blir derfor ført opp uendra i budsjettåret. Kortsiktig gjeld blir rekneskapsført i samsvar med Kartverkets bedriftsøkonomiske rekneskap.

## Kap. 5465 Statens kartverk

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Sal av anleggsmidlar | 10 284 | | |
| 49 | Sal av anleggsmidlar | 54 | | |
| | Sum kap. 5465 | 10 338 | | |

### Post 01 Sal av anleggsmidlar

Posten blei oppretta i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for føring av inntekter knytte til salet av den konkurranseutsette verksemda av Statens kartverk, jf. St.prp. nr. 63/Innst. S. nr. 250 (2003-2004). Salsinntekta er eit eingangsbeløp.

### Post 49 Sal av anleggsmidlar

På posten er det ført tilfeldige inntekter for Statens kartverk, bl.a. inntekter frå sal av anlegg og utstyr, som av regnskapstekniske grunnar skal bruttoførast.

# Programkategori 12.60 Nord- og polarområda

Utgiftene under programkategori 12.60 høyrer inn under resultatområda 7 Klima, luftforureiningar og støy, 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid, og miljøvern i nord- og polarområda og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Ein viser til innleiinga i del II der det blir gjort greie for budsjettendringar i 2006 innafor resultatområdet.

Foreslått løyving knytt til programkategorien er i 2006 på 168,7 mill. kroner inkl. meirverdiavgift. Dette er ein auke på 22,4 mill. kroner, eller 15,3 pst. samanlikna med saldert budsjett for 2005. Løyvinga omfattar heilårsdrift av forskingsstasjonen Troll i Antarktis frå november 2006. Det er elles rekna med reduserte husleigeinntekter til Norsk polarinstitutt som følgje av at Polarmiljøsenteret har overteke leigeansvaret for Polarmiljøsenteret og lågare aktivitet ved forskingsfartøyet Lance. Elles er midlar frå Utdannings- og forskingsdepartementet rammeoverførte til Polarinstituttet for å dekkje opp investeringar til Svalbard forskingspark.

Frå 2006 er det innført ei ordning med nøytral meirverdiavgift for staten. Ordninga er innretta slik at meirverdiavgifta blir budsjetterte på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. Ordninga er nærare omtalt under kapittel 5 i del I. Frå denne programkategorien er det rammeoverført 2,2 mill. kroner til dette felleskapitlet.

Regjeringa prioriterer høgt å styrkje det forskings- og overvakingsbaserte kunnskapsgrunnlaget for miljøforvaltninga av norske nord- og polarområde. Hovudinnsatsen vil vere retta mot klimaendringar, miljøgifter og biologisk mangfald. Betre kunnskap til forvaltninga av isbjørnbestanden, langtransporterte miljøgifter og miljøgifter frå kjelder med lokal betydning vil ha særleg fokus. Vidare er verneområda på Svalbard viktige referanseområde for økologisk forsking, og det er behov for auka kunnskap som grunnlag for forvaltning og vern av desse områda. Noreg har òg eit ansvar for å bringe fram kunnskap om og verne kulturminne som viser den menneskelege verksemda i polarområda gjennom tidene.

Tabell 18.12 Utgifter under programkategori 12.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

| Kap. | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 | Pst. endr. 05/06 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1471 | Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 4471) | 123 522 | 140 912 | 161 054 | 14,3 |
| 1472 | Svalbard miløvernfond (jf. kap. 4472) | | 5 400 | 5 400 | 0,0 |
| | Sum kategori 12.60 | 123 522 | 146 312 | 166 454 | 13,8 |

## Kap. 1471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 4471)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter | 108 324 | 114 779 | 110 065 |
| 21 | Spesielle driftsutgifter, *kan overførast* | 14 700 | 25 635 | 50 491 |
| 50 | Stipend | 498 | 498 | 498 |
| | Sum kap. 1471 | 123 522 | 140 912 | 161 054 |

### Rolle og oppgåver for Norsk Polarinstitutt:

Norsk Polarinstitutt er den sentrale statsinstitusjonen for kartlegging, miljøovervaking og forvaltningsretta forsking i Arktis og Antarktis, jf. St.meld. nr. 42 (1992-93) *Norsk polarforskning,* fagleg og strategisk rådgivar overfor den sentrale forvaltninga og fagleg rådgivar for miljødirektorata og Sysselmannen i polarspørsmål.

Instituttet skal vidare:

- halde ved lag ei brei forskingsbasert kompetanse i miljøvernforvaltning innan viltforvaltning, område- og habitatvern, klimaovervaking og forureiningsproblematikk
- ha ansvar for topografisk og geologisk kartlegging av landområda på Svalbard og norsk biland og territorialkrav i Antarktis
- utvikle og leie overvakingsprogram og system for miljøovervaking av norsk Arktis
- medverke til å stimulere nasjonal og internasjonal forsking på Svalbard gjennom å gi tilgang til instituttets infrastruktur, så som forskingsstasjon, feltutstyr og transport mot dekning av instituttet sine kostnader
- følgje opp og gjennomføre norsk miljølovgiving i Antarktis
- ivareta forvaltningas kunnskapsbehov og utøve nødvendig kontroll saman med dei andre miljødirektorata, fremje miljøforsking og forvaltningsrådgiving innan Barentsregionsamarbeidet og det bilaterale norskrussiske miljøvernsamarbeidet
- fokusere forskinga si på klimaprosessar og klimaendringar, effektane av desse på naturen og økotoksikologi i Arktis og Antarktis
- utforske og overvake det marine miljøet i iskantsona i Barentshavet
- representere Noreg i internasjonale samarbeidsfora og formidle kontakt mellom norske og internasjonale fagmiljø
- medverke til å styrkje Polarmiljøsenteret
- utvikle samarbeidet med dei andre forskingsinstitusjonane i Tromsø og i Nord-Noreg
- drive utovervendt informasjon om polarområda m.a. gjennom samarbeid med Polaria.

## Post 01 Driftsutgifter

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 7 Klimaendringar, luftforureining og støy, 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Posten dekkjer utgifter som Norsk Polarinstitutt har til lønn og godtgjersler for faste og mellombels tilsette. Vidare dekkjer posten ordinære driftsutgifter, drift av forskingsstasjon og luftmålestasjon i Ny-Ålesund og utgifter knytte til instituttets samla forskings- og ekspedisjonsverksemd. Løyvinga under posten omfattar vidare midlar til Svalbardkurset. I 2006 er det rammeoverført 2,3 mill. kroner frå Utdanning og forskingsdepartementet til utstyr for Norsk Polarinstitutts deltaking i Svalbard Forskingspark. Vidare er budsjettet auka med 3,5 mill. kroner for å dekkje auka husleige i Forskingsparken.

Posten dekkjer òg utgifter knytte til sals- og oppdragsverksemd og drift av polarforskingsfartøyet R/V «Lance». Dei tilsvarande inntektene er førte under kap. 4471 postane 01 og 03. Løyving kan overskridast dersom det er tilsvarande meirinntekt under dei to nemnde postane, jf. forslag til vedtak II nr.1.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 2 mill. kroner er som følje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

## Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Midlane under denne posten er retta mot resultatområda 7 Klimaendringar, luftforureining og støy, 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda og 11 Områdeovergripande verkemiddel og fellesoppgåver. Posten dekkjer utgifter til vitskapeleg samarbeid i Antarktis der midlane gjeld deltaking i det internasjonale Antarktis-samarbeidet og midlar til gjennomføring av dei norske Antarktis-ekspedisjonane.

Noreg medverkar gjennom forskingsinnsats og aktiv deltaking i arbeidet under Antarktis-traktaten og Miljøprotokollen til eit globalt samarbeid for vern av det sårbare miljøet i Antarktis. Det er ein nær samanheng mellom å ha innverknad og å vere til stades, og norsk polarforsking i Antarktis har derfor ein viktig politisk og fagleg funksjon.

I tillegg til forskingsaktivitet skal løyvinga dekkje drift av forskingsstasjonen Troll og det internasjonale DROMLAN-prosjektet (Dronning Maud Land Air Network). Med denne satsinga vil Noreg styrkje sitt nærvær i Antarktis betydeleg, og også medverke i større grad til det internasjonale arbeidet for å bevare Antarktis som det reinaste og minst påverka villmarksområdet i verda.

Forskingsstasjonen Troll i Antarktis vart offisielt opna og overteken av Statsbygg i februar 2005. Stasjonen var ikkje fullt ut ferdigstilt, men vart

overteken med ei mangelliste. Trass i dette har det vore gjennomført overvintring sørvinteren 2005 (mars-oktober).

Det vil bli gjennomført ein ekspedisjon sørsommaren 2005-2006 (november 2005 – februar 2006) for å fullføre utbygginga av stasjonen. Etter dette vil stasjonen bli opna for heilårsdrift frå og med november 2006. Heilårsdrifta i 2004-2005 har vist at dei årlege driftskostnadene ved stasjonen vil bli i storleiken 35 mill kroner som også omfattar drift av flystripa DROMLAN. Driftskostnadene vil bli høge fordi ein av sikringsomsyn vil utbetre køyretraseen iskanten – Troll der ein bl.a. passerer store område blåis med sprekker med fare for skadar både på personell og materiell dersom ein skulle køyre ned i ein sprekk. Transportkostnadene både til sjøs og over isen er høge. Dei er særleg knytte til transport av brensel som no blir transportert på fat. Det er derfor rekna med midlar til innkjøp av eit tankanlegg for å redusere desse kostnadene.

Kostnadsramma for stasjonen er no sett til 52 mill. kroner. Av dette er om lag 20 mill. kroner transport- og andre logistikkostnader, mens planlegging, administrasjon, materiell og oppsetjing av stasjonen kjem på om lag 32 mill. kroner.

I budsjettforslaget er det også lagt inn 10 mill. kroner til forsking. Dette må sjåast som ei førebuing og oppbygging av forskingsaktivitet i høve Det internasjonale polarforskingsåret 2007-2008.

Meirverdiavgifta knytt til denne posten er frå 2006 budsjettert på eit eige utgiftskapittel til dekning av meirverdiavgift i statsforvaltninga. 114 000 kroner er som følje av dette rammeoverført til kap. 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 Driftsutgifter i 2006. Den nyoppretta ordninga for føring av meirverdiavgift vil ikkje få innverknad på aktivitetsnivået på posten.

### Post 50 Stipend

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 8 Internasjonalt miljøvernsamarbeid og miljøvern i nord- og polarområda.

#### Mål

Stipendmidlane skal auke rekrutteringa til og kompetansen innafor den norske polarforskinga. Midlane er eit viktig og effektivt verkemiddel for å stimulere norsk polarforsking på Svalbard. Støtte blir primært gitt til norske hovudfags- og doktorgradstudentar. Støtta skal dekkje ekstrautgifter ved opphald i felt.

#### Kriterium for måloppnåing

Gjennomført feltarbeid i tilknyting til hovudfagsstudie eller doktorgrad.

#### Tildelingskriterium

Det blir lagt vekt på relevante polare problemstillingar, fagleg kvalitet og i kor stor grad temaet ligg til rette for forsking.

#### Oppfølging og kontroll

Det blir kravd innsendt ei rekneskapsoversikt og ein kort fagleg rapport om gjennomføringa.

## Kap. 4471 Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 1471)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Sals- og utleigeinntekter | 9 405 | 17 887 | 7 572 |
| 03 | Inntekter frå diverse tenesteyting | 17 387 | 17 882 | 18 454 |
| 16 | Refusjon av fødselspengar/adopsjonspengar | 908 | | |
| 18 | Refusjon av sjukepengar | 471 | | |
| | Sum kap. 4471 | 28 171 | 35 769 | 26 026 |

### Post 01 Sals- og utleigeinntekter

Salsinntektene gjeld sal av kart, flybilete og publikasjonar, mens utleigeinntektene gjeld utleige av feltutstyr, transportmiddel, under dette utleige av forskingsfartøy og andre inntekter. Kap. 1471 post 01 kan overskridast tilsvarande eventuelle meirinntekter under denne posten, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

### Post 03 Inntekter frå diverse tenesteyting

Oppdragsinntektene gjeld inntekter frå eksterne oppdrag for andre offentlege instansar og frå det private næringslivet. Meirinntekter under denne posten gir grunnlag for tilsvarande meirutgifter under kap. 1471 post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

## Kap. 1472 Svalbards miljøvernfond (jf. kap. 4472)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 01 | Driftsutgifter, kan nyttast under post 70 | | | |
| 70 | Tilskot, *kan overførast, kan nyttast under post 01* | | 5 400 | 5 400 |
| | Sum kap. 1472 | | 5 400 | 5 400 |

Svalbardmiljølova føreset oppretting av Svalbards miljøvernfond som vil tre i kraft i 2006. Fondet vil i utgangspunktet vere sett saman av midlar frå eit gebyr for tilreisande til Svalbard, av midlar kravde inn gjennom eit gebyr for kort og for felling i samband med hausting, gebyr for teoretisk eksamen i samband med jegerprøva, verdien av flora og fauna som er handtert i strid med lova, miljøerstatning fastsett av Sysselmannen og tvangsmulkt. Både fondkapitalen og avkastninga skal nyttast til tilskot til tiltak som har til føremål å verne miljøet på Svalbard. Fondet skal sikre si eiga drift slik at ein mindre del av midlane også vil gå til forvaltning av fondsmidlane. Det blir lagt opp til at Svalbards miljøvernfond skal ha eit styre som vil fordele fondsmidlane etter eksterne søknader. Det er utarbeidd eigne vedtekter for verksemda til fondet og det vil bli vedteke retningslinjer for tildeling av fondsmidlar. Fleire av gebyrordningane vil først ta til å gjelde i løpet av 2006 slik at inntektene til fondet vil vere om lag 5,4 mill. kroner dette året. Ved fullt driftsår vil inntektene være på ca. 6 mill. kroner.

### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Posten er knytt til resultatområde 8, Internasjonalt miljøvern og miljøver i nord- og polar-områda.

Tildeling av midlar frå fondet til statlege verksemder vil bli ført under denne posten. I tillegg vil midlar til forvaltning av fondet bli utbetalte her.

### Post 70 Tilskot, kan overførast, kan nyttast under post 01

Midlane under denne posten er retta mot resultatområde 8, Internasjonalt miljøvern og miljøvern i nord- og polarområda.

Svalbards miljøvernfond omfattar midlar til vern av naturmiljø og kulturminne på heile øygruppa. Fondets midlar skal fordelast av styret for fondet til tiltak på Svalbard i samsvar med svalbardmiljølova § 98 og føremålet med fondet slik det er fastsett i vedtektene. Dette omfattar m.a. undersøkingar og tiltak for å kartleggje og overvake miljøtilstanden, årsaker til miljøtilstanden, tilskot til skjøtsel, vedlikehald og gransking i samsvar med svalbardmiljølova og informasjons-, opplærings- og tilretteleggingstiltak. Det vil ikkje vere høve til å bruke midlar frå fondet til miljøforvaltningas ordinære administrative utgifter, og til tiltak som blir dekte av ordinære driftsmidlar for Sysselmannen.

#### Mål

Målet for fondet er å sikre at Svalbards særprega villmarksnatur og dei unike kulturminna blir tekne vare på som grunnlag for oppleving, kunnskap og verdiskaping.

#### Oppfølging og kontroll

Resultatkontroll og oppfølging skjer gjennom generell formaliakontroll av rapportar frå tilskotsmottakarane.

## Kap. 4472 Svalbards miljøvernfond (jf. kap. 4472)

(i 1 000 kr)

| Post | Nemning | Rekneskap 2004 | Saldert budsjett 2005 | Forslag 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 50 | Refusjon frå fondet | | 5 400 | 5 400 |
| | Sum kap. 4472 | | 5 400 | 5 400 |

Under dette kapitlet er budsjettert refusjonane til statsbudsjettet basert på inntektene (m.a. frå diverse gebyr) til Svalbards miljøvernfond. Refusjonane under kap. 4472 gir grunnlag for tilsvarande utgifter som er budsjetterte under kap. 1472 Svalbards miljøvernfond.

### Post 50 Refusjon frå fondet

Under denne posten blir dei midlane som blir refunderte frå Svalbards miljøvernfond til statsbudsjettet budsjetterte. Det er gjort greie for føremålet med og inntektene til fondet under kap. 1472. Svalbards miljøvernfond skal forvaltast av eit styre oppnemnt av Miljøverndepartementet. Utgiftene blir budsjetterte over Miljøverndepartementets budsjett. Dei årlege refusjonane til statsbudsjettet skal normalt svare til fondets stipulerte inntekter same året. Eventuelle overskytande beløp blir kapitaliserte i fondet.

Miljøverndepartementet

t i l r å r :

1. I St.prp. nr. 1 om statsbudsjettet for år 2006 blir dei summane førde opp som er nemde i eit framlagt forslag:

| | | |
|---|---|---|
| a. Sum utgifter under kap 1400-1472 og 2465 | kr | 3 355 932 000 |
| b. Sum inntekter under kap 4400-4472, 5322 og 5621 | kr | 275 650 000 |

# Forslag
# til vedtak om løyving for budsjettåret 2006, kapitla 1400-1472 og 2465, 4400-4472, 5322 og 5621

I
Utgifter:

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m. | | |
| 1400 | | Miljøverndepartementet (jf. kap. 4400) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 158 459 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter | 41 896 000 | |
| | 70 | Grunnstøtte til frivillige miljøvernorganisasjonar | 31 000 000 | |
| | 71 | Internasjonale organisasjonar | 38 507 000 | |
| | 72 | Miljøverntiltak i nordområda, *kan overførast* | 7 000 000 | |
| | 73 | Tilskot til kompetanseformidling og informasjon om miljøvennleg produksjon og forbruk, *kan overførast* | 21 200 000 | |
| | 74 | Tilskot til AMAP, *kan overførast* | 2 200 000 | |
| | 75 | Miljøvennleg byutvikling, *kan overførast* | 5 000 000 | |
| | 76 | Støtte til nasjonale og internasjonale miljøtiltak, *kan overførast* | 9 046 000 | |
| | 78 | Miljøtiltak til nikkelverka på Kola, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 109 000 000 | |
| | 79 | Den nordiske verdsarvstiftelsen | 3 500 000 | |
| | 80 | Tilskot til universell utforming og tilgjenge for alle, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 20 000 000 | |
| | 81 | Tilskot til lokalt miljøvern og berekraftige lokalsamfunn, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 10 000 000 | 456 808 000 |
| 1410 | | Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 4410) | | |
| | 21 | Miljøovervaking og miljødata | 85 230 000 | |
| | 50 | Basisløyvingar til miljøforskingsinstitutta | 102 086 000 | |
| | 51 | Forskingsprogram m.m. | 126 018 000 | |
| | 53 | Internasjonalt samarbeid om miljøvernforsking | 5 000 000 | |
| | 70 | Nasjonale oppgåver ved miljøforskingsinstitutta | 15 151 000 | 333 485 000 |
| | | Sum fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m. | | 790 293 000 |

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Biomangfald og friluftsliv | | |
| 1425 | | Vilt- og fisketiltak (jf. kap. 4425) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 23 885 000 | |
| | 61 | Tilskot til kommunale vilttiltak, *kan overførast* | 5 000 000 | |
| | 70 | Tilskot til fiskeformål, *kan overførast* | 6 500 000 | |
| | 71 | Tilskot til viltformål, *kan overførast* | 30 500 000 | 65 885 000 |
| 1426 | | Statens naturoppsyn (jf. kap. 4426) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 55 439 000 | |
| | 30 | Tiltak i nasjonalparkane, *kan overførast* | 8 272 000 | |
| | 31 | Tiltak i naturvern-, kulturlandskaps- og friluftsområde, *kan overførast* | 20 467 000 | |
| | 32 | Skjergardsparkar o.a., *kan overførast* | 13 139 000 | 97 317 000 |
| 1427 | | Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 4427) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 77 893 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter | 49 311 000 | |
| | 30 | Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde, *kan overførast* | 34 180 000 | |
| | 32 | Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar, *kan overførast* | 17 976 000 | |
| | 33 | Statlege tileigningar, barskogvern, *kan overførast* | 42 664 000 | |
| | 34 | Statlege tileigningar, nasjonalparkar, *kan overførast* | 4 700 000 | |
| | 35 | Statlege tileigningar, nytt skogvern, *kan overførast* | 66 708 000 | |
| | 70 | Tilskot til kalking og lokale fiskeformål, *kan overførast* | 70 000 000 | |
| | 71 | Risikoerstatning i rovviltområde, *kan overførast* | 56 970 000 | |
| | 72 | Erstatning for rovviltskade, *overslagsløyving* | 20 000 000 | |
| | 73 | Førebyggjande og konfliktdempande tiltak i rovviltforvaltninga, *kan overførast* | 37 000 000 | |
| | 74 | Tilskot til friluftslivstiltak, *kan overførast* | 15 520 000 | |
| | 75 | Internasjonale avtaler og medlemskap | 1 010 000 | |
| | 77 | Tilskot til nasjonalparksenter, *kan overførast* | 12 700 000 | |
| | 78 | Friluftsrådas landsforbund og interkommunale friluftsråd, *kan overførast* | 6 000 000 | 512 632 000 |
| | | Sum biomangfald og friluftsliv | | 675 834 000 |

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Kulturminne og kulturmiljø | | |
| 1429 | | Riksantikvaren (jf. kap. 4429) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 78 536 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, *kan nyttast under postane 72 og 73* | 22 307 000 | |
| | 50 | Tilskot til Samisk kulturminnearbeid | 2 000 000 | |
| | 72 | Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 145 030 000 | |
| | 73 | Brannsikring og beredskapstiltak, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 10 953 000 | |
| | 74 | Fartøyvern, *kan overførast* | 29 004 000 | |
| | 75 | Internasjonalt samarbeid, *kan overførast* | 1 100 000 | |
| | 77 | Verdiskapingsprogram på kulturminneområdet, *kan overførast, kan nyttast under post 21* | 6 000 000 | 294 930 000 |
| 1432 | | Norsk kulturminnefond (jf. kap. 4432) | | |
| | 50 | Til disposisjon for kulturminnetiltak | 16 700 000 | |
| | 90 | Fondskapital | 400 000 000 | 416 700 000 |
| | | Sum kulturminne og kulturmiljø | | 711 630 000 |
| | | Forureining | | |
| 1441 | | Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 4441) | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 173 902 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter | 12 345 000 | |
| | 39 | Oppryddingstiltak, *kan overførast* | 67 162 000 | |
| | 73 | Tilskot til biloppsamlingssystemet | 154 455 000 | |
| | 75 | Utbetaling av pant for bilvrak, *overslagsløyving* | 171 793 000 | |
| | 76 | Refusjonsordningar, *overslagsløyving* | 54 000 000 | 633 657 000 |
| 1444 | | Produktregisteret | | |
| | 01 | Driftsutgifter | 13 354 000 | 13 354 000 |
| 1445 | | Miljøvennleg skipsfart | | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter | 1 922 000 | 1 922 000 |
| | | Sum forureining | | 648 933 000 |

| Kap. | Post | | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|---|
| | | Kart og geodata | | | |
| 1465 | | Statens kjøp av tenester i Statens kartverk | | | |
| | 21 | Betaling for statsoppdraget, *kan overførast* | | 350 788 000 | 350 788 000 |
| 2465 | | Statens kartverk (jf. kap. 5491 og 5603) | | | |
| | 24 | Driftsresultat: | | | |
| | | 1 Driftsinntekter | -598 288 000 | | |
| | | 2 Driftsutgifter, *overslagsløyving* | 585 987 000 | | |
| | | 3 Avskrivingar | 9 933 000 | | |
| | | 4 Renter av statens kapital | 2 368 000 | 0 | |
| | 45 | Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, *kan overførast* | | 12 000 000 | 12 000 000 |
| | | Sum kart og geodata | | | 362 788 000 |
| | | Nord- og polarområda | | | |
| 1471 | | Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 4471) | | | |
| | 01 | Driftsutgifter | | 110 065 000 | |
| | 21 | Spesielle driftsutgifter, *kan overførast* | | 50 491 000 | |
| | 50 | Stipend | | 498 000 | 161 054 000 |
| 1472 | | Svalbards miløvernfond (jf. kap. 4472) | | | |
| | 70 | Tilskot, *kan overførast, kan nyttast under post 01* | | 5 400 000 | 5 400 000 |
| | | Sum nord- og polarområda | | | 166 454 000 |
| | | Sum departementets utgifter | | | 3 355 932 000 |

Inntekter:

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m. | | |
| 4400 | | Miljøverndepartementet (jf. kap. 1400) | | |
| | 02 | Ymse inntekter | 96 000 | |
| | 03 | Refusjon frå Utanriksdepartementet | 664 000 | |
| | 21 | Oppdragsinntekter | 761 000 | 1 521 000 |
| 4410 | | Miljøvernforsking og miljøovervaking (jf. kap. 1410) | | |
| | 50 | Refusjon frå diverse fond | 4 000 000 | 4 000 000 |
| | | Sum fellesoppgåver, regional planlegging, forsking, internasjonalt arbeid m.m. | | 5 521 000 |

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Biomangfald og friluftsliv | | |
| 4425 | | Refusjonar frå Viltfondet og Statens fiskefond (jf. kap. 1425) | | |
| | 51 | Refusjon frå Viltfondet | 54 385 000 | |
| | 52 | Refusjon frå Statens fiskefond | 13 500 000 | 67 885 000 |
| 4426 | | Statens naturoppsyn (jf. kap. 1426) | | |
| | 01 | Ymse inntekter | 122 000 | 122 000 |
| 4427 | | Direktoratet for naturforvaltning (jf. kap. 1427) | | |
| | 01 | Ymse inntekter | 7 008 000 | |
| | 09 | Internasjonale oppdrag | 1 953 000 | |
| | 54 | Gebyr | 2 900 000 | 11 861 000 |
| | | Sum biomangfald og friluftsliv | | 79 868 000 |
| | | Kulturminne og kulturmiljø | | |
| 4429 | | Riksantikvaren (jf. kap. 1429) | | |
| | 02 | Refusjonar og diverse inntekter | 3 268 000 | |
| | 09 | Internasjonale oppdrag | 1 207 000 | 4 475 000 |
| 4432 | | Norsk kulturminnefond (jf. kap. 1432) | | |
| | 80 | Avkastning frå Norsk kulturminnefond | 16 700 000 | 16 700 000 |
| | | Sum kulturminne og kulturmiljø | | 21 175 000 |
| | | Forureining | | |
| 4441 | | Statens forureiningstilsyn (jf. kap. 1441) | | |
| | 04 | Gebyr | 21 059 000 | |
| | 05 | Leigeinntekter | 947 000 | |
| | 08 | Inntekter frå sal av bilvrak | 94 249 000 | |
| | 09 | Internasjonale oppdrag | 4 805 000 | 121 060 000 |
| 5322 | | Statens miljøfond, avdrag | | |
| | 91 | Innbetaling av avdrag | 13 200 000 | 13 200 000 |
| 5621 | | Statens miljøfond, renteinntekter | | |
| | 80 | Renteinntekter | 3 400 000 | 3 400 000 |
| | | Sum forureining | | 137 660 000 |

| Kap. | Post | | Kr | Kr |
|---|---|---|---|---|
| | | Nord- og polarområda | | |
| 4471 | | Norsk Polarinstitutt (jf. kap. 1471) | | |
| | 01 | Sals- og utleigeinntekter | 7 572 000 | |
| | 03 | Inntekter frå diverse tenesteyting | 18 454 000 | 26 026 000 |
| 4472 | | Svalbards miljøvernfond (jf. kap. 4472) | | |
| | 50 | Refusjon frå fondet | 5 400 000 | 5 400 000 |
| | | Sum nord- og polarområda | | 31 426 000 |
| | | Sum departementets inntekter | | 275 650 000 |

*Fullmakter til å overskride løyvingar som er gitt*

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 kan:

1.

| dekkje meirverdiavgift under kap. 1633 post 01 og overskride løyvingar under | mot tilsvarande meirinntekter under |
|---|---|
| Kap. 1400 post 01 | Kap. 4400 post 02 |
| Kap. 1400 post 21 | Kap. 4400 post 21 |
| Kap. 1427 post 01 | Kap. 4427 post 01 |
| Kap. 1427 post 21 | Kap. 4427 post 09 og 54 |
| Kap. 1429 post 01 | Kap. 4429 post 02 og 09 |
| Ksp. 1432 post 50 | Kap. 4432 post 80 |
| Kap. 1441 post 01 | Kap. 4441 post 04, 05 og 09 |
| Kap. 1471 post 01 | Kap. 4471 post 01 og 03 |
| Kap. 1472 post 01 og 70 | Kap. 4472 post 50 |

2. overskride løyvinga under kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større innkjøp og vedlikehald og dekkje meirverdiavgift under kap. 1633 post 01, med eit beløp som svarer til rekneskapsførte inntekter frå sal av anleggsmidlar under kap. 5465 Statens kartverk, post 49 Sal av anleggsmidlar. Unytta inntekter frå slikt sal kan takast med ved utrekning av overført beløp.
3. overskride løyvinga under kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning, post 33 Statlege tileigningar, barskogvern og dekkje meirverdiavgift under kap. 1633 post 01, med eit beløp som svarer til rekneskapsførte inntekter frå sal av makeskifteareal under kap. 4427 Direktoratet for naturforvaltning, post 40 Inntekter frå sal av makeskifteareal. Unytta meirinntekter frå sal av makeskifteareal kan takast med ved utrekning av overført beløp under løyvinga.

## III
## Fullmakter til å utgiftsføre utan løyving

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 kan utgiftsføre utan løyving tap som er slått fast på garantiar for lån til miljøverntiltak og energiøkonomiseringsformål som staten juridisk pliktar å dekkje, under kap. 1400 Miljøverndepartementet, post 77 Oppfylling av garantiansvar.

## IV
## Omdisponeringsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 kan omdisponere inntil 3 mill. kroner mellom kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk, post 21 Betaling for statsoppdraget, og kap. 2465 Statens kartverk, post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald.

*Fullmakter til å pådra staten plikter ut over løyvingar som er gitt*

## V
## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 kan gjere bestillingar:

1. av materiell o.l. ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

| Kap | Post | Nemning | Samla ramme inklusiv meirverdiavgift |
|---|---|---|---|
| 1426 | | Statens naturoppsyn | |
| | 32 | Skjergardsparkar mv. | 2,0 mill. kroner |
| 1441 | | Statens forureiningstilsyn | |
| | 39 | Oppryddingstiltak | 25,0 mill. kroner |

2. av sjømålingsdata og kartgrunnlag ut over gitt løyving under kap. 1465 Statens kjøp av tenester i Statens kartverk, post 21 Betaling for statsoppdrag, men slik at ramma for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig 90 mill. kroner inklusiv meirverdiavgift.

## VI
## Tilsegnsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 gir tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

| Kap | Post | Nemning | Samla ramme |
|---|---|---|---|
| 1400 | | Miljøverndepartementet | |
| | 78 | Miljøtiltak i nikkelverka på Kola | 85,3 mill. kroner |
| 1427 | | Direktoratet for naturforvaltning | |
| | 30 | Statlege tileigningar, bandlegging av friluftsområde | 17,2 mill. kroner |
| | 32 | Statlege tileigningar, fylkesvise verneplanar | 56,9 mill. kroner |

| Kap | Post | Nemning | Samla ramme |
|---|---|---|---|
| | 34 | Statlege tileigningar, nasjonalparkar | 74,4 mill. kroner |
| | 35 | Statlege tileigningar, nytt skogvern | 71,4 mill. kroner |
| | 77 | Tilskot til nasjonalparksentra | 2,0 mill. kroner |
| | 79 | Kompensasjon ved flytting av oppdrettsanlegg, | 6,75 mill. kroner |
| 1429 | | Riksantikvaren | |
| | 72 | Vern og sikring av freda og verneverdige kulturminne og kulturmiljø | 8,5 mill. kroner |
| | 73 | Brannsikring og beredskapstiltak | 2,0 mill. kroner |
| | 74 | Fartøyvern | 8,0 mill. kroner |

*Andre fullmakter*

VII
Kjøp av makeskifteareal

Stortinget samtykkjer i at Miljøverndepartementet i 2006 kan nytte inntil 8 mill. kroner av løyvinga under kap. 1427 Direktoratet for naturforvaltning, post 33 Statlege tileigningar, barskogvern, til kjøp av areal som seinare kan makeskiftast med barskogareal som blir verna.